



MØTEINNKALLING

Utval: Kommunestyret
Møtedato: 18.12.2013
Møtetid: 08:30 -
Møtestad: Kommunehuset

Varamedlem skal ikkje møta utan nærare innkalling

Forfall til møtet eller ugildskap må meldast snarast råd til ekspedisjonen (tlf. 56 58 74 00 eller e-post postmottak@samnanger.kommune.no), som vil kalla inn varamedlem.

Klokka 15.00 vert det overlevering og presentasjon av granskingsrapport barnevern ved advokat/partner i Advokatfirmaet Kyrre ANS, Einar Drægebø.

Ordførar

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
059/13	13/784	Faste saker	
060/13	13/611	Kommunale avgifter og gebyr 2014	
061/13	10/336	Husleige kommunale bygg 2014	
062/13	13/596	Godtgjersle til ordfører, varaordfører og andre politisk valde 2014	
063/13	13/340	Budsjett 2014	
064/13	13/170	Økonomiplan 2014 - 2017	
065/13	13/77	Fastsetting av planprogram for revisjon av kommuneplanens arealdel	
066/13	11/631	Revisjonsavtale og vurdering av opsjon	
067/13	11/631	Standard atterhald om kommunal kontroll	
068/13	11/631	Rapport etter selskapskontroll av Business Region Bergen	
069/13	10/197	Vedtak av forskrift om handtering av hushaldsavfall	
070/13	13/220	Oppfølging av sak i arbeidsmiljøutvalet - faktaundersøking. Finansiering	
071/13	10/267	Krav om lovlegkontroll av kommunestyretvedtak i Samnanger 06.11.2013	

Oversikt faste saker
<ul style="list-style-type: none"> • Godkjenning av innkalling og sakliste • Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte • Delegerte vedtak/referatsaker • Utvalet sitt kvarter



SAKSFRAMLEGG

Arkivsaksnr: 13/784	Løpenr: 13/6548
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Kommunestyret	18.12.2013	059/13	MS

FASTE SAKER

Oversikt faste saker:
<ul style="list-style-type: none"> • Godkjenning av innkalling og sakliste • Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte • Delegerte vedtak/referatsaker • Utvalet sitt kvarter

Oversikt delegerte vedtak/referatsaker som er meldt opp til møtet:

Arkivsak	Dok.dato	Dok.type	Avs./mott.	Tittel/innhald
13/783	11.12.2013	X		Kommunereform/kommunestruktur
13/320	11.12.2013	X		Møteplan for 2014
11/641	11.12.2013			Statusrapport ny gjennomgang av interpellasjon om brot på teieplikta

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
 - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
-



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Tone Ramsli	Arkivkode: FE-231
Arkivsaksnr: 13/611	Løpenr: 13/5878
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Formannskapet	12.11.2013	044/13	TR
Kommunestyret	18.12.2013	060/13	TR

KOMMUNALE AVGIFTER OG GEBYR 2014

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunale avgifter og gebyr for 2014 vert fastsett i samsvar med vedlagde oversikt.

12.11.2013 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

Bright Olav Gåsdal (Ap) sette fram følgjande framlegg: "Same som rådmannen sitt framlegg til vedtak med følgjande tillegg/ending: avgifter og gebyr som i rådmannen sitt utkast er auka med omlag 3 %, vert endra til omlag 3,5 %"

Det vart røysta alternativt over dei to framlegga.

Rådmannen sitt framlegg fekk 4 røyster og vart vedteke. 3 røysta for framlegget frå Gåsdal.

Følgjande representantar røysta for rådmannen sitt framlegg;

Gunnar Bruvik (Frp)

Eva Hellevang (H)

Ragnfrid Olsnes (Bl)

Øyvind Røen (Sp)

Følgjande representantar røysta for Gåsdal (Ap) sitt framlegg:
Marit Aase (Krf)
Brikt Olav Gåsdal (Ap)
Birthe Skar-Moum (Ap)

FORM-044/13 VEDTAK:

Kommunale avgifter og gebyr for 2014 vert fastsett i samsvar med vedlagde oversikt.

Dokument som er vedlagt:

Betalingsregulativ 2014 - framlegg til FO 12.11.2013.xlsx
gebyrregulativ 2014.pdf

Kva saka gjeld:

Kommunen utfører ei rekkje tenester for innbyggjarane. Nokre av desse vert det kravd betaling for.

Det er ulike reglar for korleis kommunane kan ta betalt for ulike tenester. På ein del område er det statlege føringar for kva satsar kommunen har høve til å ta, for andre gjeld sjølvkostprinsippet. Sjølvkostprinsippet betyr at kommunen har høve til å ha satsar som gjer at kommunen får dekkja inn alle eller delar av utgiftene til den bestemte tenesta. For atter andre er det sett maksimalsatsar fullt ut eller for dei me lågast inntekt.

Rådmannen har lagt inn ein auke i dei fleste satsane på 3%. Dette er noko mindre enn det som er lagt til grunn i statsbudsjettet (3,5 %).

For fylgjande tenester er det foreslått andre reguleringar:

- Årsgebyret for avløp er foreslått auka med 4%. Sjølv med denne auken er det eit mindre underskot på funksjonen avløp. Denne er dekkja opp ved bruk av fond avløp.
- Kostnaden med feiing og tilsyn er no redusert, noko som gjer at desse kan haldast på same kronesummen som i 2013. I løpet av 2014 vil me ha ein gjennomgang av kvaliteten på tilsynet, m.a. for å sjå om me fylgjer godt nok opp avviksmeldingar. Det kan gjera at me i 2015 må leggja inn meir ressursar og dermed auka avgifta. Det er lagt inn ei ny avgift som omhandlar dei husa som berre har tilsyn, dvs. ikkje har pipe som skal feiast. Tilsyn er meir arbeidskrevjande enn feiing og det skal derfor betalast ein høgare sum. I den kombinerte avgifta – feiing og tilsyn – er det lagt til grunn 1 tilsyn pr. 4.de år og 2 feiingar i same periode. Utgiftene er då delt ut på 4 år.
- Satsane i kulturskulen vert auka med 200 kroner til 2.200 kroner. Desse har stått uendra i fleire år. Auken var drøfta og akseptert i samband med handsaming av økonomiplanen.
- Satsane for bruk av symjebassenget vert uendra.
- Gebyrregulativet for diverse sakshandsaming innan teknisk ein vart lagt vesentleg lagt om for eit år attende. 2013 har vore eit utprøvingår, og det er i løpet av året vore gjort nokre endringar. Det er behov for ytterlegare endringar då me ser at nokre gebyr er urimeleg høge samanlikna med tidsbruken vår. Eininga har gjennom delegert fullmakt redusert gebyra på bestemte saker i påvente av at me kan få endra regulativet. Det vil alltid vera situasjonar der

6 av 243

det er grunn til å bruka skjønn i fastsettinga, men slik me opplever det no er det behov for å endra regulativet.

Nokre mindre punkt er tekne ut av regulativet. Fylgjande område har fått satsane reduserte

5. Dispensasjonssaker

6.1 Tiltak som tiltakshaver sjølv kan søke om

6.2.1 Basisgebyr

6.2.2 Konstruksjonar, anlegg, terrenginngrep

For alle andre området i regulativet som ikkje er nemnde under vert det foreslått å auka satsane med vel 3%.

Betalingsregulativ Samnanger kommune

Oversikt over kommunale avgifter og gebyr 2014

Avgiftene er inkl. mva

Innhald betalingsregulativ 2014	
Heimebaserte tenester	Festeavgift på kyrkjegarden
Matombringning	Feieavgift
Korttidsopphald ved institusjon	Vatn - årsavgift
Tryggleiksalarm	Kloakk - årsavgift
Barnehagetilbod	Tilknytingsavgift vatn og kloakk
Skulefritidsordning	Tømming av slamavskiljar
Kulturskulen	
Kopiering	
Purregebyr	
Bruk av idrettsanlegget i Hagabotnane	
Billettprisar symjebasseng	
Utleige av kommunale bygg	

Vedteke av kommunestyret xx.xx.2013

Avgiftstype	Sats 2013	Forslag sats 2014	Merknader	Prosentauke 2013-2014
HEIMEBASERTE TENESTER				
Kommentar: Som betalingsgrunnlag vert rekna allmen inntekt frå siste kjende likning. 1 G = 82 122 pr. 01.05.2012				
For brukarar som har årsinntekt under 2 G gjeld ei abonnementsordning for heimetenesta pr. måned, uavhengig av hjelpeomfanget.	175	175	Pris pr. mnd for abonnementsordning. Vert regulert i samsvar med statens maksimumssatsar.	Sjå merknader
Timepris for brukarar som har årsinntekt under 2 G og samstundes har under 2 timar hjelp pr. måned.	87	87	Pris pr. time. Vert regulert i samsvar med statens maksimumssatsar.	Sjå merknader
Kommentar: For brukarar som har over 2G i årsinntekt og som får mindre enn 4 timar hjelp i månaden, skal det betalast pr. time. For brukarar som har over 2 G i årsinntekt og som får 4 timar eller meir hjelp i månaden, skal det betalast etter ordning med abonnement, noko som inneber ei fast betaling pr. måned uavhengig av hjelpeomfanget.				
Heimebaserte tenester v/abonnement, pris pr. mnd				
Årsinntekt under 2G	175	175	Pris pr. mnd. Vert regulert i samsvar med staten sine maksimumssatsar	Sjå merknader
Årsinntekt 2-3 G	629	648	Pris pr. mnd	3,00 %
Årsinntekt 3-4 G	1 086	1 119	Pris pr. mnd	3,00 %
Årsinntekt over 4 G	1 557	1 604	Pris pr. mnd	3,00 %
Heimehjelp, pris pr. time				
Årsinntekt under 2 G	87	87	Pris pr. time. Vert regulert i samsvar med staten sine maksimumssatsar.	Sjå merknader
Årsinntekt 2-3 G	152	157	Pris pr. time	3,00 %

Avgiftstype	Sats 2013	Forslag sats 2014	Merknader	Prosentauke 2013-2014
Årsinntekt 3-4 G	258	266	Pris pr. time	3,00 %
Årsinntekt over 4 G	304	313	Pris pr. time	3,00 %
Matombringning				
Pr. middag	79	81		3,00 %
Kaffe + kvelds	45	46		3,00 %
Kvelds	45	46		3,00 %
Korttidsopphald ved institusjonen				
Pris pr. døgn	137	137	Vert regulert i samsvar med staten sine maksimumssatsar.	
Dagopphald - dagsenter	72	74		3,00 %
Dagplass m/kaffe og kvelds	109	112		3,00 %
Tryggleiksalarm pr. måned	309	318		3,00 %

Avgiftstype	Sats 2013	Forslag sats 2014	Merknader	Prosentauke 2013-2014
BARNEHAGETILBOD				
Heildagsbarnehage 5 dagar pr. veke				
<i>Opphald</i>	2 330	2 330		0 %
<i>Mat</i>	209	215		3,00 %
Heildagsbarnehage 4 dagar pr. veke				
<i>Opphald</i>	1 865	1 865		0 %
<i>Mat</i>	188	194		3,00 %
Heildagsbarnehage 3 dagar pr. veke				
<i>Opphald</i>	1 400	1 400		0 %
<i>Mat</i>	141	145		3,00 %
Heildagsbarnehage 2 dagar pr. veke				
<i>Opphald</i>	930	930		0 %
<i>Mat</i>	97	100		3,00 %
Kommentar: Søskenmoderasjon 30% for 2. og evt. fleire born i same husstand. 15% for kvart søsken i kommunal og privat barnehage.				
Sal av ein skilde dagar i barnehagane	222	229	Inkludert mat.	3,00 %
For sein henting	411	423		3,00 %
SKULEFRITIDSORDNINGA (SFO)				
Plasstype				
<i>Heil plass (inntil 100%). Kl. 07.00 - 16.30 alle dagar.</i>	1 982	1 982	Inntil 22 timar pr. veke	3,00 %
<i>Ettermiddagsplass (inntil 70%). Kl. 14.00 - 16.30 alle dagar.</i>	1 389	1 431	Inntil 14,5 timar pr. veke	3,00 %
<i>Kombinasjonsplass (inntil 70%). 3-dagarsplass, morgon og ettermiddag</i>	1 389	1 431	Inntil 14,5 timar pr. veke	3,00 %
<i>Morgonplass (inntil 40%). Kl. 07.00 - 08.30 alle dagar</i>	793	817	Inntil 10 timar pr. veke	3,00 %
<i>Kombinasjonsplass (inntil 40%). 2-dagarsplass, morgon og ettermiddag</i>	793	817	Inntil 10 timar pr. veke	3,00 %

Avgiftstype	Sats 2013	Forslag sats 2014	Merknader	Prosentauke 2013-2014
Kjøp av enkeltdag	206	212	Pris pr. dag	3,00 %
Kjøp av enkelttimar	92	95	Pris pr. time	3,00 %
Gebyr ved for sein henting				
<i>Ved for sein henting etter kl. 16.30 vert det pålagt eit gebyr på</i>	405	417	Pris pr. dag	3,00 %
Kommentar: Søskenmoderasjon 30% for 1. søsken og 50% for 2. søsken. Kan ikkje kombinerast med kjøp av enkeltdagar/enkelttimar.				

Avgiftstype	Sats 2013	Forslag sats 2014	Merknader	Prosentauke 2013-2014
KULTURSKULEN				
Kontingent pr. år pr. elevplass	2 000	2 200	Pris pr. år	10,00 %
Opplæring i keramikk/leire	684	752	Pris pr. år	10,00 %
Instrumentleige	447	492	Pris pr. år	10,00 %
Kommentar: Søskenmoderasjon 30% for 2. evt. fleire born i same husstand.				
KOPIERING				
Pris pr. kopside	3	3		0 %
Pris pr. fargekopi	5	5		0 %
Meir enn 50 kopsider til lag og organisasjonar, pr. kopi	2	2		0 %
PURREGEBYR				
Kommentar: Kommunen fakturerer purregebyr i samsvar med gjeldande lover og satsar på rekningar som ikkje er betalte innan forfallsdato.				
TAKSTAR FOR BRUK AV IDRETTSANLEGGET				
Kampar for utanbygds lag	5 721	5 893		3,00 %
Trening (1,5 time) for utanbygds lag	2 434	2 507		3,00 %
Reklame pr m2	1 220	1 257		3,00 %
SYMJEBASSENG				
Billettpris vaksne	40	40	Auka med 5 kr i 2012	0,00 %
Billettpris born	25	25	Auka med 5 kr i 2012	0,00 %

Avgiftstype	Sats 2013	Forslag sats 2014	Merknader	Prosentauke 2013-2014
UTLEIGE AV KOMMUNALE BYGG				
Lag og organisasjonar				
Ekstra reinhald for bruk av kjøkken (vask, kjøkken og boss)	418	431		3,00 %
Ekstra reinhald ved større arrangement for bruk av gymsal/kommunestyresal og kjøkken (vask kjøkkne, boss, vask golv kjøkken og gymsal)	831	856		3,00 %
Private				
Utleige av kjøkken med klasserom/kantine kommunehuset	695	716		3,00 %
Utleige av kjøkken med gymsal/kommunestyresal	1 374	1 415		3,00 %
Utleige av gymsal/kommunestyresal	695	716		3,00 %
Utleige av klasserom/kantine kommunehuset	277	285		3,00 %
Utleige fast aktivtetar 1 gong pr. veke i 1/2 år	2 080	2 142		3,00 %
TAKSTAR FOR FESTEAVGIFT PÅ KYRKJEGARDEN				
Festeavgift for for vanlege graver	184	190		3,00 %
Festeavgift for barnegraver i barnegravfelt	109	112		3,00 %
Kommentar:				
Festeperioden er på 10 år - avgifta vert krevd inn for 5 år om gongen.				
Avgift for feiing og tilsyn				
Avgift for feiing og tilsyn pr. år	509	509		0,00 %
Avgift for feiing og tilsyn pr. år for andre og fleire piper på same hus	263	263		0,00 %
Avgift for ekstra tilsyn pr hus	987	987		0,00 %
Avgift for fresing av pipe	1 694	1 694		0,00 %
Avgift for branntilsyn pr. gong	-	750	(Ny avgift i 2014)	

ÅRSavgIFT FOR VATN									
Årsavgift for vatn - Husstandar utan vassmål	Stipulert vassforbruk	Fastdel 2013	Forbruksdel 2013	Sum avgift 2013	Fastdel 2014	Forbruksdel 2014	Sum avgift 2014	Merknader	Prosentauke 2013 - 2014
Fritidshus	80 m ³	5 903	1 912	7 814	6 080	1 969	8 049		3,00 %
Forsamlingshus		2 861	1 912	4 772	2 947	1 969	4 916		3,00 %
Bustadhus inntil 80 m ²	90 m ³	5 903	2 153	8 055	6 080	2 217	8 297		3,00 %
Bustadhus 81 m ² - 100 m ²	100 m ³	5 903	2 390	8 292	6 080	2 462	8 541		3,00 %
Bustadhus 101 m ² - 120 m ²	110 m ³	5 903	2 633	8 536	6 080	2 712	8 792		3,00 %
Bustadhus 121 m ² - 140 m ²	120 m ³	5 903	2 871	8 774	6 080	2 957	9 037		3,00 %
Bustadhus 141 m ² - 160 m ²	130 m ³	5 903	3 110	9 013	6 080	3 203	9 283		3,00 %
Bustadhus 161 m ² - 180 m ²	140 m ³	5 903	3 349	9 252	6 080	3 450	9 529		3,00 %
Bustadhus 181 m ² - 200 m ²	145 m ³	5 903	3 470	9 373	6 080	3 574	9 654		3,00 %
Bustadhus 201 m ² - 220 m ²	150 m ³	5 903	3 588	9 491	6 080	3 696	9 776		3,00 %
Bustadhus 221 m ² - 240 m ²	160 m ³	5 903	3 826	9 729	6 080	3 941	10 021		3,00 %
Bustadhus større enn 240 m ²	170 m ³	5 903	4 069	9 971	6 080	4 191	10 270		3,00 %
Årsavgift for vatn - Husstandar med vassmål		Fastdel 2013	Forbruksdel 2013 (kr pr m ³)		Fastdel 2014	Forbruksdel 2014 (kr pr m ³)		Merknader	Prosentauke 2013-2014
Målt forbruk		5 903	21,74		6 080	22,39			3,00 %
Kommentar: Husstandar med vassmål betalar fastdel + forbruksdel pr m ³ forbruk. Alle næringsabonnentar og offentlege bygg skal ha vassmål.									
Årsavgift for vatn - Fleirbustadbygg	Stipulert vassforbruk (m ³ pr m ²)	Fastdel 2013	Forbruksdel 2013 (kr pr m ³)		Fastdel 2014	Forbruksdel 2014 (kr pr m ³)		Merknader	Prosentauke 2013-2014
Blokker									
2 bustader	1,00	5 903	21,74		6 080	22,39			3,00 %
3 - 4 bustader	1,00	11 805	21,74		12 159	22,39			3,00 %
5 eller fleire bustader	1,00	17 708	21,74		18 239	22,39			3,00 %
Bukollektiv / bufellesskap									
2 bustader	1,00	5 903	21,74		6 080	22,39			3,00 %
3 - 4 bustader	1,00	11 805	21,74		12 159	22,39			3,00 %
5 eller fleire bustader	1,00	17 708	21,74		18 239	22,39			3,00 %

ÅRSavgift FOR KLOAKK								
-----------------------------	--	--	--	--	--	--	--	--

Årsavgift for kloakk - Husstandar utan vassmålar	Fastdel 2013	Forbruksdel 2013	Sum avgift 2013	Fastdel 2014	Forbruksdel 2014	Sum avgift 2014	Merknader	Prosentauke 2013-2014
Forsamlingshus	1 159	1 200	2 359	1 206	1 248	2 453		4,00 %
Hytter, fritidshus	1 159	1 200	2 359	1 206	1 248	2 453		4,00 %
Bustadhus inntil 80 m ²	1 159	1 403	2 563	1 206	1 459	2 665		4,00 %
Bustadhus 81 m ² - 100 m ²	1 159	1 498	2 658	1 206	1 558	2 764		4,00 %
Bustadhus 101 m ² - 120 m ²	1 159	1 649	2 808	1 206	1 715	2 921		4,00 %
Bustadhus 121 m ² - 140 m ²	1 159	1 797	2 956	1 206	1 869	3 074		4,00 %
Bustadhus 141 m ² - 160 m ²	1 159	1 948	3 107	1 206	2 025	3 231		4,00 %
Bustadhus 161 m ² - 180 m ²	1 159	2 098	3 258	1 206	2 182	3 388		4,00 %
Bustadhus 181 m ² - 200 m ²	1 159	2 171	3 331	1 206	2 258	3 464		4,00 %
Bustadhus 201 m ² - 220 m ²	1 159	2 247	3 407	1 206	2 337	3 543		4,00 %
Bustadhus 221 m ² og oppover	1 159	2 396	3 555	1 206	2 492	3 698		4,00 %

Årsavgift for kloakk - Husstandar med vassmålar	Fastdel 2013	Forbruksdel 2013 (kr pr m ³)		Fastdel 2014	Forbruksdel 2014 (kr pr m ³)	Merknader	Prosentauke 2013-2014
Målt forbruk	1 159	14,96		1 205	15,56		4,00 %
Kommentar: Alle næringsabonnentar og offentlege bygg skal ha vassmålar.							

Årsavgift for kloakk - Fleirbustadbygg	Stipulert forbruk (m ³ pr m ²)	Fastdel 2013	Forbruksdel 2013 (kr pr m ³)		Fastdel 2014	Forbruksdel 2014 (kr pr m ³)	Merknader	Prosentauke 2013-2014
Blokker								
2 bustader	1,00	1 159	14,96		1 206	15,56		4,00 %
3 - 4 bustader	1,02	2 321	14,96		2 414	15,56		4,00 %
5 eller fleire bustader	1,05	3 480	14,96		3 620	15,56		4,00 %
Bukollektiv / bufellesskap								
2 bustader	1,00	1 159	14,96		1 206	15,56		4,00 %
3 - 4 bustader	1,02	2 321	14,96		2 414	15,56		4,00 %
5 eller fleire bustader	1,05	3 480	14,96		3 620	15,56		4,00 %

TILKNYTINGSavgift VATN OG KLOAKK

Tilknytingsavgift vatn og kloakk	Vatn 2013	Kloakk 2013		Vatn 2014	Kloakk 2014	Merknader	Prosentauke 2013-2014
Nybygg bustader / fritidshus							
Første eining uansett storleik	13 686	12 785		14 096	13 169		3,00 %
Tillegg pr. eining under 80 m ² BRA	4 148	3 875		4 273	3 991		3,00 %
Tillegg pr. eining over 80 m ² BRA	8 296	7 442		8 544	7 665		3,00 %
Maksimumsgebyr	41 481	38 746		42 725	39 909		3,00 %
Næringslokale / forsamlingshus							
For areal inntil 100 m ² BRA	13 686	12 785		14 096	13 169		3,00 %
For areal inntil 500 m ² BRA	34 564	32 286		35 601	33 254		3,00 %
For areal over 500 m ² BRA	57 515	53 723		59 240	55 334		3,00 %
Kommentar: Tilkoplingsavgifta skal betalast før påkopling.							

GEBYR FOR SLAMTØMMING								
		2013			2014		Merknader	Prosentauke 2013-2014
Avgift for abonnentar tilkople kommunalt anlegg		1 333			1 373			3,00 %
Tømming av private septiktankar etter avtale annakvart år								
Slamavskiljar med volum 0-4 m3		2 200			2 266		Uendra	3,00 %
Slamavskiljar med volum 4,1 -7 m3		3 732			3 844		Endra frå 4-10 m3	3,00 %
Slamavskiljar med volum over 7 m3. Pris pr m3		580			597		Endra frå 10 m3	3,00 %
Pris pr. ekstra tømming av private septiktankar								
Tankar 0-4 m3		3 793			3 907		Uendra	3,00 %
Tanka 4,1 -7 m3		5 158			5 313		Endra frå 4-10 m3	3,00 %
Slamavskiljar med volum over 7 m3. Pris pr m3		580			597		Endra frå 10 m3	3,00 %
Fakturagebyr		50			50			0,00 %



Samnanger kommune

Gebyrregulativ

Bygge- og delingssaker

Plansaker

Saker etter matrikkellova

Regulativet vart vedteke av kommunestyret den som sak /13 og gjeld frå 01.01.2014.

Gebyrregulativet er vedteke med følgjande heimlar:

- § 33-1 i plan- og bygningslova av 27. juni 2008
- § 32 i lov om eigedomsregistrering (matrikkellova) av 17. juni 2005
- § 7 i lov om eigarseksjonar av 20. mars 1997
- Forskrift om gebyr for handsaming av konsesjonssaker m.m. av 29. desember 1993 (forskrift til forvaltningslova § 27 a)
- § 52 i lova av 13.mars 1981 nr 6 om vern mot ureining og om avfall (ureiningslova)

Regulativet avløyser tildlegare gjeldande regulativ.

INNHALD

		Sidetal
1	Generelle reglar	3
1.1	Betalingsplikt og frist	
1.2	Kva regulativ som skal nyttast	
1.3	Betalingstidspunkt	
1.4	Søknader som vert trekt, stansa eller ikkje sett i gang	
1.5	Søknader som fører til avslag	
1.6	Urimeleg gebyr	
1.7	Kommunen sine kostnader til sakkunnig hjelp	
1.8	Klage på gebyr	
1.9	Gebyr til statlege etatar	
2	Tenester som skal betalast etter medgått tid	4
2.1	Timepris	
	Gebyr for arbeid etter plan- og bygningslova	
3	Kart- og eigedomsoppgåver	4
3.1	Digitale situasjonskart	
3.2	Analoge situasjonskart på papir	
4	Plansaker	4
4.1	Reguleringsplan § 12-8 - § 12-12)	
4.2	Reguleringsplan – endring (§ 12-14)	
4.3	Andre gebyr/utgifter	
5	Dispensasjonssaker	5
6	Delingssøknader etter pbl § 20-1	5
6.1	Sakshandsaming	
7	Søknadspliktige tiltak	6
7.1	Tiltak som tiltakshavar sjølv kan søkje om	
7.2	Tiltak som krev kvalifisert ansvarleg føretak	
7.3	Ulovleg byggearbeid	
8	Gebyr for arbeid etter matrikkellova (§ 32)	8
	Saker som krev oppmålingsforretning	
	Saker som ikkje krev oppmålingsforretning	
	Andre gebyr	
9	Gebyr for arbeid etter lov om eigarseksjonar (Esl § 7)	10
10	Forureining	10

1. Generelle reglar

1.1 Betalingsplikt og frist

Den som får utført tenester etter dette regulativet, skal betala gebyr i samsvar med satsane og retningslinene i regulativet. Gebyrkravet skal rettast mot tiltakshavar eller den som har bedt om å få utført aktuelt arbeid.

Saksgebyr skal betalast sjølv om søknaden skulle verta avslått.

Kommunen skal av eige tiltak betala attende der kommunen ved feil har kravd og motteke for mykje i gebyr.

For alle gebyr gjeld betalingsfrist på 30 dagar frå fakturadato dersom ikkje anna er avtala. Ved for sein betaling kan kommunen krevja purregebyr på 10 % av rettsgebyret. Må kommunen purra fleire gongar, vil kommune krevja morarenter i samsvar med morarentelova frå forfallsdato.

1.2 Kva regulativ som skal nyttast

Gebyret skal reknast ut etter det regulativ som er/var gjeldande på det tidspunkt fullstendig søknad, tilleggsøknad eller revidert søknad vert motteken av kommunen.

For saker som medfører fleire sjølvstendige avgjerdstrinn, t.d. nokre reguleringsplansaker, byggesaker med del saksbehandling (ramme-/igangsettingsløyve), refusjonssaker og delingsaker, vert det gebyrregulativet som er eller var gjeldande då føresetnadene for å sluttbehandla neste ledd i saksbehandlinga er til stades.

Gebyr som er relatert til timesatsar, skal utreknast til gjeldande satsar då arbeidet vart utført.

1.3 Betalingstidspunkt

Før kommunen skriv ut *mellombels bruksløyve eller ferdigattest* skal tilhøyrande gebyr vera betalt. Like eins skal gebyr for kartforretning og andre gebyrsaker som skal matrikkelførast og tilhøyrande tinglysingsgebyr og dokumentavgift vera betalt før aktuelle dokument vert matrikkelført.

For søknadssaker **kan** kommunen krevja at tilhøyrande gebyr skal vera betalt **før** saksbehandlinga tar til. For saker som skal betalast etter medgått tid og utlegg til sakkunnig hjelp, skal kommunen ved forskotsbetaling skriva ut eit førebels gebyr i samsvar med gitt overslag. Når kommunen sine arbeid er fullført, skal kommunen rekna ut det endelege gebyret og skriva ut tilleggsrekning eller betala attende for mykje betalt gebyr. Også for andre arbeid kan kommunen krevja at gebyret vert betalt før kommunen sine arbeid tek til. Til vanleg bør gebyr som skal reknast ut etter medgått tid og/eller til dekking av sakkunnig hjelp skrivast ut i ettertid. Ved store oppdrag kan kommunen skriva ut rekning på utførte delar av arbeidet, men ikkje oftare enn månadsvis.

Klage på fastsettinga av eit gebyr eller avgjerd av søknad om heilt eller delvis fritak for å betala gebyr medfører ikkje lengd betalingsfrist.

1.4 Søknader som vert trekt, stansa eller ikkje sett i gang

Når ein tiltakshavar/revirent er årsak til at kommunen sitt arbeid blir avbrote, skal det betalast gebyr i høve til det som er utført eller som kommunen må utføra. Dersom ein byggesøknad vert trekt etter løyve er gitt, eller ved bortfall av løyve (jmf. Pbl § 21-9) vert gebyret ikkje refundert.

1.5 Søknader som fører til avslag

Saka vert sett på som avslutta dersom det ikkje er sendt endring/klage innan klagefristen.

Ved avslag på søknad etter Pbl § 20-1 (tiltak som krev søknad og løyve) § 20-2 (tiltak som krev søknad og løyve og som kan utførast av tiltakshavar) kapittel 19 (dispensasjonssøknader) og søknad om ansvarsrettar/ lokal godkjenning skal det betalast fullt gebyr.

1.6 Urimeleg gebyr

Når særskilde grunnar tilseier det, kan kommunen etter søknad heilt eller delvis gi fritak for betaling av gebyr til kommunen i ei konkret sak. Søknad om redusert gebyr utset ikkje fristen for betaling. Personlege/ sosiale tilhøve vert ikkje rekna som særskild grunn.

1.7 Kommunen sine kostnader til sakkunnig hjelp

I saker eller problemstillingar som medfører at kommunen må leiga inn fagkunnig hjelp i saksbehandlinga for å tilfredsstilla lovkrava, kan kommunen i tillegg til gebyret krevja å få refundert utlegga til slik hjelp av den som skal betala saksgebyret.

1.8 Klage på gebyr

Fylkesmannen er klageinstans for enkeltvedtak gjort i medhald av dette regulativet for gebyr etter plan- og bygningslova.

Kommunal klagenemnd er klageinstans for tilsvarende gebyrvedtak etter ureiningslova. Det kan ikkje klagast på at regulativet vert brukt, berre på feil bruk. Klagen skal grunnjevast.

1.9 Gebyr til statlege etatar.

Der kommunen krev inn gebyr til statlege etatar for saker etter dette regulativet, skal utskrivning og innkrevjing av kommunale og statlege gebyr skje samordna.

Kostnader som kommunen vert påført i samband med innhenting av relevante opplysningar med oppmålingsforretning skal dekkast av rekvirenten.

2 Tenester som skal betalast etter medgått tid**2.1 Timepris**

For gebyr som skal betalast etter medgått tid, jmf. dette regulativ skal ein bruka desse timesatsane.

Type arbeid	Timesats
Kontorarbeid	Kr 810
Feltarbeid	Kr 1.010

Gebyr for arbeid etter plan og bygningslova**3 Kart og eigedomsoppgåver****3.1 Digitale situasjonskart**

Gebyr i samsvar med kommunen sin Geovekstavtale for basiskart.

Sjå <http://www.statkart.no/Kart/Geodatasamarbeid/Geovekst/Salg-av-Geovekst-data/>

Resten av situasjonskartet (nabooppgåve og planinformasjon) er medrekna i det aktuelle saksgebyret.

Om planarbeid, sjå pkt. 4.1.3.

3.2 Analoge situasjonskart på papir

Gebyret for situasjonskart på papir er rekna inn i alle sakshandsamingsgebyr for

Dispensasjonssak, tiltakssak, refusjonssak, seksjoneringssak, konsesjonssak og saker etter ureiningslova.

4 Plansaker (Pbl kap 12)**4.1 Reguleringsplan (§ 12-8 - § 12-12)**

Reguleringsplan i tråd med overordna plan opp til 5 da planområde

25 800

Reguleringsplan i tråd med overordna plan 5 - 10 da planområde	30 300
Reguleringsplan i tråd med overordna plan over 10 da planområde	36 200
Reguleringsplan i strid med overordna plan utan krav til konsekvensutgreiing	54 700
Reguleringsplan i strid med overordna plan med krav til konsekvensutgreiing	62 600

4.2 Reguleringsplan – endring (§ 12-14)

Små (bagatellmessige) endringer som kan godkjennast administrativt	4 900
Mindre endringer utan partsmerknader. Krev politisk handsaming	7 800
Større endringer. Gebyr som under pkt. 4.1.1	

4.3 Andre gebyr/utgifter

Gebyra inkluderer tilgang til digitalt kartgrunnlag for det aktuelle planområdet, då det er krav om å levera planframlegg i digital form (jf. kart- og planforskrifta § 7).
Kostnad med all aviskunngjering gjennom planprosessen skal dekkjast av tiltakshavar.

5 Dispensasjonssaker (Pbl kap 19)

Permanent eller mellombels dispensasjon frå:

Strandsone. Pbl § 1-8 2. ledd (100 –meters beltet mot sjø)	7000
Planføreemål. Planfastsett arealbruk/føreemål i arealplanar	5000
Mellombels byggjeforbod – jmf pbl § 13-1	5000
Permanent eller mellombels dispensasjon for oppføring av tilbygg inntil BRA 50m2 eller frittstående uthus inntil BRA 70 m2 i område avsett til LNF	2500
Reguleringsplan.	
a) Andre byggegrensar enn skildra i plankart eller i føresegn	3000
a) Andre reglar/føresegner som er gitt i eller i medhald av pbl (t.d. fråvik frå avstandskrava eller føresegn om høgde, grad av utnytting m.m.)	3000
b) Føresegner gitt med heimel i pbl av 1985	1000
Veglova. Enkle dispensasjonar	1000
TEK Permanent eller mellombels løyve frå/for tekniske krav til byggverk. Jmf pbl § 29-5	1000

Gebyr for dispensasjon kjem i tillegg til byggesaksgebyr. Gebyret skal betalast uansett utfall på søknaden.

6 Delingssøknader etter pbl § 20 -1

6.1. Sakshandsaming

Bustad- og hyttetomter, samt p-plass og anna, i regulert område	3400
Bustad- og hyttetomter, samt p-plass og anna, i uregulert område	5650
Tilleggsparcellar og mindre areal i regulert område	2250
Tilleggsparcellar og mindre areal i uregulert område	3400

Inneber søknaden dispensasjonsvurdering, skal det ikkje betalast gebyr etter pkt. om deling. For delingssak som også krev godkjenning etter jordlova skal det i tillegg betalast eit gebyr (kr 2000,- i 2013) til Bjørnefjorden landbrukskontor. Faktura vert sendt frå Fusa kommune.

7 Søknadspliktige tiltak (bygge- og anleggssaker pbl. Kap 20)

Gebyra er faste gebyr til dekking av kommunen sine gjennomsnittskostnader med ei sak som er fullstendig tilrettelagt frå søkjar si side. Satsane gjeld for kvart einskild omsøkt bygg med tilhøyrande konstruksjonar. For større utbyggingar/byggjefelt vert VVA-anlegg handsama som eiga byggesak med påfølgjande gebyr.

7.1 Tiltak som tiltakshavar sjølv kan søkje om etter pbl § 20-2

Sak som medfører oppdatering av off. kart eller register	3500
Sak som ikkje medfører oppdatering av off. kart eller register	2000
Søknad om ansvarsrett pr. stk..	200
Avvist/mangelfull sak. Ved manglar kan kommunen om det er mest føremålstenleg rette opp mangelen	1000

7.2 Tiltak som krev kvalifisert ansvarleg føretak etter pbl § 20 – 1 2. ledd

Kommunen fastset kva punkt i regulativet gebyret skal reknast etter. Der ei søknadssak medfører ekstra arbeid for kommunen, skal det krevjast tilleggsgebyr.

Følgjande sakstypar skal ha basisgebyr og tilleggsgebyr:

- Ramme- og 1. trinnsøknader

Følgjande sakstypar skal berre ha tilleggsgebyr:

- Førehandskonferanse
- Eigen søknad om igangsetting
- Eigen søknad om ansvarsrett
- Søknad om endring av løyve inkl. søknad om nye ansvarsrettar
- Søknad om mellombels bruksløyve.(Gjeld for byggjeløyve gitt etter 1.7.2009).

7.2.1 Basisgebyr

Nærings/erhvervbygg (nybygg, påbygg og underbygg) under 100 m2	12000
Arealtillegg pr 1 m2 BRA utover 100 m2	40
Bustadbygg med 1 buening	10000
Tillegg for budstbygg med fleire bueningar pr eining	
Eining nr 2 100%	
Eining nr 3-7 50%	
Eining nr 8 25%	
Alle andre søknadssaker	4000
Døme er garasje, naust, uthus, tilbygg, påbygg og underbygg, anlegg, konstruksjonar, støttemurar, veg- og vassanlegg	
Små saker (som krev ansvarleg føretak)	1000
T.d. fasadeendring, pipe, skilt, mindre støttemurar, mindre terrasser og andre tiltak der ordinært sakshandsamingsgebyr verkar urimeleg høgt i høve til byggekostnad	
Rivingssaker	2000
Avvising/retting	1000
Kommune avgjer forhold rund avvising/retur/retting	

Gebyr inkluderer handsaming av medfølgjande konstruksjonar, anlegg og terrengendringar som skildra i søknaden. For tilbygg, påbygg eller underbygg som gjev ny bu- eller bruksendring, eller som vesentleg endrar eksisterande bygning, skal det belastast gebyr som for nytt bygg.

7.2.2 Konstruksjonar, anlegg, terrenginngrep

Mindre anlegg, jf. pbl § 20-2 d)	2000
Større anlegg, jf. pbl § 20-1 a)	4000
Tekniske anlegg i grunnen (VA-anlegg)	4500
Idretts-/sportsanlegg utan bygning/tribune t.d. fotball-, skeisebane og liknande	4500
Nærmiljøanlegg m/offentleg stønad er unnateke for gebyr.	
Vesentleg terrenginngrep (utan dispensasjon), jf. pbl § 20-1 k)	1000
Ny avkjørsle frå kommunal veg (veglova)	1000

7.2.3 Tilleggsgebyr

Tilleggsgebyr vert og nytta til å dekkja kommune sine utgifter til kjøp av ekstern spesialkompetanse.

Arbeid som krev inntil ½ dagsverk	2650
Arbeid som tek inntil 2 dagsverk	7800
Arbeid som krev minst 2 dagsverk. Det kan også krevjast etter medgått tid. I tillegg kjem evt. utgifter til fagkunning hjelp.	15450

7.3 Ulovleg byggearbeid

Uloveleg byggearbeid handsamast i utgangspunktet som vanleg søknad og ”som om tiltaket ikkje er bygd” og etter gjeldande byggesaksgebyr. Gebyra for ulovlege byggearbeid kjem i tillegg til gebyr for ordinær sakshandsaming.

7.3.1 Påpeiking av uloveleg byggearbeid med rettingsrettlegg

For skriftleg melding til tiltakshavar om oppdaga ulovleg tiltak i høve til krava i plan- og bygningslova med rettlegg/opplysning om kva tiltakshavar må gjera for å få tiltaket i samsvar med regelverket vert det kravd betaling.

Påpeiking av ulovleg byggearbeid for tiltak som tiltakshavar sjølv står for pbl § 20 - 2 (75% av 6.1 første punkt)	5000
Påpeiking av ulovleg byggearbeid for tiltak som krev ansvarleg føretak pbl § 20 – 1, 2.ledd	10000

7.3.2 Oppfylgjande sakshandsaming av ulovlege byggearbeid

Dersom tiltakshavar innan sett frist ikkje har retta dei pålegg han/ho har fått for å få tiltaket i lovlege former, skal det betalast tilleggsgebyr etter medgått tid dersom tidsbruken overstig minstegebyret. I tillegg kan kommunen krevja dekkja kostnader til sakkunnig hjelp.

Minstegebyr:

Tiltak som tiltakshavar sjølv står for Pbl § 20 - 2	6150
Tiltaks som krev kvalifisert ansvarleg føretak Pbl § 20 – 1 2. ledd	12350

7.3.3 Mulkt

Dersom det ulovlege forholdet ikkje er retta innan fastsett frist, vil kommunen vurdere å gje pålegg om retting i medhald av pbl § 32-3. Saman med eit eventuelt vedtak om pålegg om retting, kan kommunen gje tvangsmulkt etter pbl § 32-5, jf. §32-3, 3 ledd. Det kan gjerast utan vidare varsel

Eingongsmulkt	10300
Dagsmulkt	515
Dagsmulkta vil gå frå og med fristoverskriding for retting gitt i pålegg og vare inntil det t ulovlege forhold er dokumentert retta.	

8. Gebyr for arbeid etter matrikkellova

Vintersesong jmf. Matrikkelforskrifta § 18 3.ledd.

Kommunestyret har vedteke at tida **1.11. – 30.4** skal reknast som vintersesong i Samnanger kommune i høve til forskriftfesta frist for fullføring av oppmålingsforretning.

Rekvisisjonstidspunkt er den dagen alle løyve og dokumentasjonar er klare slik at saka kan handsamast etter matrikkellova. For oppmålinga er det siste vedtaksdato når det gjeld delingsløyve eller andre løyve som må føreliggja før oppmålingsforretning kan rekvirerast. Gebyr skal betalast etter dei reglar og satsar som gjeld den dagen alle løyve til deling av eigedomen ligg føre.

8.1 Oppmålingsforretning. Saker som krev oppmålingsforretning etter §6

8.1.1 Oppretting av matrikkeleining (grunneigedom, festegrund og jordsameige)

Areal 0-2000 m2	12 250
Areal 2001-5000 m2	16 750
Areal 5001-20000 m2	20 600
Areal over 20000 m2 minstegebyr	25 750

Ved vesentleg meirarbeid ut over det som er rekna inn i ovannemnde satsar, skal meirarbeidet gebyrleggast etter medgått tid.

8.1.2 Oppretting av anleggseigedom

Volum 0-5000 m3	25 750
Volum 5001 m3 og over	30 900

Ved vesentleg meirarbeid ut over det som er rekna inn i ovannemnde satsar, skal meirarbeidet gebyrleggast etter medgått tid.

8.1.3 Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn (grunneigedom og festegrund) og registrering av uregistret jordsameige eller endring i sameigefordelinga.

Areal 0-2000 m2	12 250
Areal 2001-5000 m2	16 750
Areal 5001-20000 m2	20 600
Areal over 20000 m2 minstegebyr (+ medgått tid jfr 2 c))	25 750

For matrikulering av umatrikulert offentleg vegggrund der kommunen sjølv held oppmålingsforretning gjeld satsar som over. For matrikulering av fylkes-, riks- og europaveg gjeld satsar for medgått tid ved matrikkelføring.

8.1.4 Arealoverføring

Areal 0-500 m2	15 450
Areal 501-1000 m2	20 600
Areal over 1000 m2 minstegebyr	25 750

Ved vesentleg meirarbeid ut over det som er rekna inn i ovannemnde satsar, skal meirarbeidet gebyrleggast etter medgått tid.

8.1.5 Klarlegging av eksisterande grenser der grensa tidlegare er koordinatbestemt ved kartforretning, oppmålingsforretning eller jordskiftesak

For inntil 4 punkt	3 600
For overskytande grensepunkt pr punkt	310

8.1.6 Klarlegging av grenser og rettar der grensa tidlegare ikkje er koordinatbestemt ved kartforretning, oppmålingsforretning eller jordskiftesak

For inntil 4 punkt	7 200
For overskytande grensepunkt pr punkt	460

8.1.7 Grensejustering

Areal 0-100 m2	4 100
Areal 101-500 m2	5 150

8.1.8 Oppmåling av uteareal til eigarseksjon eller endring av areal til eksisterande eigarseksjon. Prisar pr. seksjon

Areal 0-50 m2	4 600
Areal 51-250 m2	5 650
Areal 251-2000 m2	7 700
Areal over 2000 m2 for kvar 1000 m2 over	1 550

8.1.9 Oppmålingsforretning utført utan markarbeid

Dersom oppmålingsforretning vert utført utan markarbeid, skal det betalast eit gebyr på 75% av satsane over.

8.1.10 Oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning

Ved fullført oppmålingsforretning innan fristen på 3 år skal vanlege gebyrsatsar betalast + eit tilleggsgebyr ved parkering av saka pr. matrikkeleining 3 600

8.1.11 Avbrot oppmålingsforretning eller matrikulering

Når ei sak vert trekt, avvist eller av andre årsaker ikkje lar seg gjennomføre vert det fakturert 1/3 av gebyret, ved avbrot etter oppmålingsforretning vert gebyret sett til 2/3

8.2 Saker som ikkje krev oppmålingsforretning m.m**8.2.1 Justering av eksisterande grense for grunneigedom, festegrunn og jordsameige**

Vert betalt i høve til medgått tid ved matrikkelføring.
Eventuelle kartdata vert fakturert i høve til punkt 7.3.

8.2.2 Matrikkelføring av saker som ikkje krev oppmåling etter §10 4. ledd

Avtale om eksisterande grense. Vert betalt etter medgått tid.

8.2.3 Utsteding av matrikkelbrev (gebyr fastsett av Kartverket)

Matrikkelbrev 0-10 sider	185
Matrikkelbrev over 10 sider	375

8.3 Andre gebyr

Utskrift av kartdata	
A4 /A3	360
A0	515

Sal av digitale Fkb-produkt, ortofoto og kommunale planar via Norsk Egedomsinformasjon AS (NE):
 Nærare vilkår for bruk og rettar til våre digitale kart og informasjonsprodukt sjå www.infoland.no.
 Samnanger kommune bestemmer pris på alle sine produkt i INFOland, medan NE gjer påslag for leveransekostnader ol.

9 Saker etter eigarseksjonslova**Handsaming av saker etter eigarseksjonslova § 7**

Krav om seksjonering/reseksjonering	
Saker som ikkje krev synfaring – 3x gjeldande rettsgebyr	2580
Saker som krev synfaring – 5x gjeldande rettsgebyr	4300

10. Forureining**10.1 Handsaming av avfall**

Handsaming av planar for avfallsdisponering etter forskrift om avfall	2550
Dette gjeld:	
Overføring, tilbygging, påbygging, underbygging over 300m2 BRA (§ 15 -29)	
Rehabilitering for tiltak over 100 m2 BRA (§ 15 -2 b)	
Reiving av bygning eller del av bygning over 100 m2 BRA (§ 15 – 2c)	
Oppføring, tilbygging, påbygging, underbygging , rehabilitering eller riving av konstruksjonar og anlegg dersom det genererer over 10 tonn bygge- og rivingsavfall (§ 15-2 d)	

10.2 Utslepp av sanitært avløpsvatn frå mindre avløpsanlegg

Handsaming av saker etter kapittel 12 i forureiningsforskrifta	4500
--	------



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Tone Ramsli	Arkivkode: FE-613, TI-&52
Arkivsaksnr: 10/336	Løpenr: 13/5879
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Formannskapet	12.11.2013	045/13	TR
Kommunestyret	18.12.2013	061/13	TR

HUSLEIGE KOMMUNALE BYGG 2014

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Husleigene i kommunale bygg vert regulert i samsvar med tabelloppsett i saksutgreiinga.

12.11.2013 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Samrøystes vedteke.

FORM-045/13 VEDTAK:

Husleigene i kommunale bygg vert regulert i samsvar med tabelloppsett i saksutgreiinga.

Kva saka gjeld:

Husleigene i kommunale bygg vert som hovudregel justert ein gong pr. år. I nokre avtalar er det bestemt at reguleringa skal skje i samsvar med ein offentleg indeks. T.d. konsumprisindeksen. Desse husleigene er ikkje omfatta av denne saka.

I husleigene inngår kostnad med kommunale avgifter, vedlikehald, forsikring og avskrivning. Som hovudregel bør kommunen få dekkja alle desse utgiftene. Det bør og kunne påreknast inndekking av andre type utgifter som ikkje er ført på den einskilde funksjon. Dette vil m.a. vera administrative kostnader.

Vurderingar og konsekvensar:

Ved fastsetjing av husleigene i kommunale bygg er det fleire omsyn å ta. Kommunen bør i utgangspunktet få dekkja inn alle kostnadene sine. Vedlikehaldskostnader vil variera over tid, og dei aukar som oftast med bygningens alder. Leigeinntektene bør derfor samla ligga over dei faste utgiftene slik at det vil kunne setjast av midlar til framtidig vedlikehald. Dette er ikkje tilfelle i dag.

Dei kommunale utleigebustadane til bustad må i stor grad seiast å koma inn under sosial bustadbygging. Dvs. at dei fleste leigetakarane som oftast har låg inntekt eller har trygd som hovudinntektskjelde. Staten har ordningar som vil hjelpa til at den einskilde kan få redusert buutgiftene sine dersom dei er urimeleg høge samanlikna med inntektene. Dette bør tilseia at kommunen må fastsette husleigene langt på veg ut frå kostnad for kommunen og ikkje ut frå økonomien til bebuarane. Husleigene bør då stå i høve til kostnad og i høve til standard. T.d. bør den nyaste bustaden – legebustaden – ha ei husleige på nivå med det som finnast i den private marknaden. Dette er nok ikkje tilfelle i dag og heller ikkje med ei justering på 3% som er foreslått for 2014.

Kommunen leiger og ut til næringsdrivande. Same prinsipp bør nyttast her, dvs. at kommunen som eit minimum må få inn kostnad med bygget også kapitalutgifter der bygga er relativt nye. Kommunen har ikkje mange slike bygg og delar av dei ligg i bygg som også huser kommunale tenester – på Samnangerheimen og på helsetunet-. Kostnadfordeling her er derfor vanskeleg å fastsetta. Når det gjeld næringsbygget på Bjørkheim, går det klart fram av rekneskapen kva utgifter kommunen har. Husleiga for den eine leigetakaren er auka meir enn for den andre. Dette har bakgrunn i ein problematikk i høve til mva. ved starten på leigetilhøve for den eine leigetakaren. Ein situasjon som ikkje lenger er til stades.

			husleige 2013	2014	%-auke
Skottabakken	18/11	Omsorgsbustad	5500	5665	3,0
Skottabakken	18/11	Omsorgsbustad	5215	5375	3,06
Skottabakken	18/11	Omsorgsbustad	5215	5375	3,06
Skottabakken	18/11	Omsorgsbustad	5215	5375	3,06
Skottabakken	18/11	utleigebustad	5215	5375	3,06
Skottabakken	18/11	hybel omsorgsbustad	3750	3865	3,06
Hamnahaugen 1	27/170	Omsorgsbustad	5500	5665	3,0
Hamnahaugen 2	27/170	Ungdomsbustad	5500	5665	3,0
Hamnahaugen 3	27/170	Omsorgsbustad	5500	5665	3,0
Hamnahaugen 4	27/170	Omsorgsbustad	5500	5665	3,0
Hamnahaugen 5	27/171	Omsorgsbustad	5270	5430	3,03
Hamnahaugen 6	27/171	Omsorgsbustad	5270	5430	3,03
Hamnahaugen 7	27/171	utleigebustad	4870	5020	3,08
Hamnahaugen 8	27/171	Utleigebustad	4870	5020	3,08
Skjervo 1	26/81	Aldersbustad	4000	4120	3,0
Skjervo 2	26/81	Aldersbustad	4000	4120	3,0
Skjervo 3	26/81	Aldersbustad	4000	4120	3,0
Skjervo 4	26/81	Aldersbustad	4000	4120	3,0
Skjervo 5	26/81	Aldersbustad	4000	4120	3,0
Skjervo 6	26/81	Aldersbustad	4000	4120	3,0
Hagamulen	27/88	Utleigebustad	4400	4535	3,06
Hagamulen	27/88	Utleigebustad	4200	4330	3,09

30 av 243

Legebustad	24/19	Utleigebustad	8000	8240	3,0
Samnangerheimen		Bukollektiv	4450	4585	3,03
Samnangerheimen		Bukollektiv	4450	4585	3,03
Helsetunet		Fysioterapi	7300	7550	3,42
Samnangerheimen		næring	635	655	3,14
Samnangerheimen		næring	635	655	3,14
Næringsbygg Bjørkheim		blomsterbutikk	4800	4950	3,12
Næringsbygg Bjørkheim		Butikk mat m.m.	4500	4700	4,44



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Jan Erik Boge	Arkivkode: FE-082
Arkivsaksnr: 13/596	Løpenr: 13/5687
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Formannskapet	12.11.2013	046/13	JEB
Kommunestyret	18.12.2013	062/13	JEB

GODTGJERSLE TIL ORDFØRAR, VARAORDFØRAR OG ANDRE POLITISK VALDE 2014
Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding frå rådmannen.

12.11.2013 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

Brigt Olav Gåsdal (Ap) sette fram følgjande framlegg: ” Godtgjersla til ordførar vert regulert opp med 1,2 %. Alle andre godtgjersler til folkevalde vert regulert tilsvarande. Vedtaket gjeld frå 1. jan. 2014.”

Øvind Røen (Sp) sette fram følgjande framlegg: ”Godtgjerslene til folkevalde, medrekna ordførar og varaordførar, vert auka med 0,75 %.”

Det vart røysta alternativt over dei to framlegga. 2 røysta for framlegget frå Røen og 5 for framlegget frå Gåsdal som då vart vedteke.

Følgjande representantar røysta for Røen (Sp) sitt framlegg;

Ragnfrid Olsnes (Bl)

Øyvind Røen (Sp)

Følgjande representantar røysta for Gåsdal (Ap) sitt framlegg:

- Marit Aase (Krf)

-
- Brigt Olav Gåsdal (Ap)
 - Birthe Skar-Moum (Ap)
 - Gunnar Bruvik (Frp)
 - Eva Hellevang (H)

FORM-046/13 VEDTAK:

Godtgjersla til ordførar vert regulert opp med 1,2 %. Alle andre godtgjersler til folkevalde vert regulert tilsvarende. Vedtaket gjeld frå 1. jan. 2014.

Dokument som ikkje er vedlagt:

Reglement for godtgjersle til folkevalde i Samnanger kommune

Kva saka gjeld:

Etter pkt. 1 og 2 i *Reglement for godtgjersle til folkevalde i Samnanger kommune* har formannskapet ansvar for å vurdera godtgjersla til ordføraren og varaordføraren kvart år. Dersom formannskapet meiner at godtgjersla til ein eller begge av desse bør endrast, må det fremjast sak til kommunestyret om dette.

Vurderinga av ordførargodtgjersla skal etter reglementet gjerast seinast 1. oktober. Det er ikkje fastsett nokon tidsfrist for vurderinga av varaordførargodtgjersla. Ingen av desse vurderingane har vorte gjort til no i 2013.

- Ordførargodtgjersla er i 2013 på 587.600 kroner. Utviklinga i godtgjersla har dei siste åra vore som følgjer:
 - 587.600 kroner i 2013
 - 565.000 kroner i 2012
 - 505.000 kroner i 2011
 - 490.000 kroner i 2010
 - 472.500 kroner i 2009
 - 450.000 kroner i 2008
- Varaordførargodtgjersla er i 2013 på 34.300 kroner. Utviklinga i godtgjersla har dei siste åra vore som følgjer:
 - 34.300 kroner i 2013
 - 33.000 kroner i 2012
 - 29.000 kroner i 2011
 - 28.300 kroner i 2010
 - 27.300 kroner i 2009
 - 26.000 kroner i 2008

33 av 243

Regulering av godtgjersle til andre folkevalde i kommunen

Godtgjersla til andre folkevalde i kommunen (unnateke varaordførar) vert rekna i prosent av ordførargodtgjersla. Det vil seia at godtgjersla til andre folkevalde automatisk vert regulert med same prosentsats som ordførargodtgjersla. Dette gjeld møtegodtgjersle og godtgjersle til leiarar av utvala.

Godtgjersle til andre folkevalde i Samnanger kommune utgjer i 2013 om lag 300.000 kroner.

Informasjon om lønnsoppgjering 2013 for kommunalt tilsette

Det vart gitt eit lønstillegg pr. 01.05.2013 på i gjennomsnitt ca 1% til dei tilsette i kommunen som er omfatta av det sentrale lønnsoppgjeringet. Dette gjeld om lag 90% av dei tilsette i kommunen. Det er ikkje lokale lønsforhandlingar for denne gruppa av tilsette i 2013.

For dei gruppene av tilsette som berre har lønsregulering gjennom lokale forhandlingar, ser det ut til at lønstillegga i 2013 i gjennomsnitt vil liggja på i overkant av 1%. Lønstillegga gjeld frå 01.05.2013. Det er førebels ikkje gjennomført lønsforhandlingar for rådmann, assisterande rådmann og einingsleiarane.

Utviklinga i ordførargodtgjersla i forhold til lønnsnivået for administrative leiarar i Samnanger kommune

Nedanfor følgjer oversikt som viser utviklinga i ordførargodtgjersla og lønnsutviklinga for administrative leiarar i kommunen i perioden 01.01.2008 – 01.01.2013.

Verv/stilling	Løn/ godtgjersle 01.01.2008	Lønn/ godtgjersle 01.01.2013	Prosentvis auke i perioden
Ordførar	450.000	587.600	30%
Varaordførar	26.000	34.300	32%
Rådmann	546.000	700.000	28%
Assisterande rådmann	525.000	675.000	29%
Einingsleiarar (gj.snitt årslønn)	439.000	583.500	33%

**Det er ulike verknadsdatoar for endring av godtgjersle til ordføraren/varaordføraren og lønn for administrative leiarar (vanlegvis 1. januar for ordførar/varaordførar og 1. mai for administrative leiarar), men begge grupper fekk godtgjersle/årslønn regulert fem gongar i tidsrommet 01.01.2008 – 01.01.2013.*

Saksdokumenter i sak 063/13 (Budsjetten 2014) er lagt ut som eiga fil i folkevaldportalen.



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Tone Ramsli	Arkivkode: FE-150
Arkivsaksnr: 13/170	Løpenr: 13/5880
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Formannskapet	12.11.2013	049/13	TR
Formannskapet	27.11.2013	051/13	TR
Kommunestyret	18.12.2013	064/13	TR

ØKONOMIPLAN 2014 - 2017

12.11.2013 FORMANNSKAPET

FORM-049/13 VEDTAK:

Saka vert utsett til neste møte 27.11.2013.

27.11.2013 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

Formannskapet drøfta ulike tiltak som kunne gjerast for å få til ein realistisk økonomiplan i balanse. Utgangspunktet er at dersom kommunen skal makta å byggja ny sjukeheim, må driftskostnadene ned for mange år framover dersom det ikkje er mogleg å auka inntektene til kommunen.

Tiltak som vart drøfta:

- Eigedomsskatt. Dersom det vart aktuelt, var det ei klar oppfatning om at det må lagast ein informasjonsstrategi for å få fram kva alternativ som finst. Folkemøte vart og drøfta.
- Sal av kommunale eigedommar/tomter. For området på Steinsland må det til regulering. Delar av forventa salssum må brukast til det.
- Premiavvik, pensjon og skatteinntekter
- Skulestruktur
- Vurdering om heimetenestene kan lokaliserast annan plass enn i ny sjukeheim og på den måten få ned kostnaden med bygget. Evt. også byggja sjukeheimen på anna tomt enn på Haga.
- Kjøkkendrift – dvs. kjøp av mat til bebruarane på sjukeheimen m.fl frå eksterne leverandørar. Her vil den største innsparinga vera i drifta, men det ligg og ein mindre innsparing i bygget.

Rådmannen la fram forslag til saldering av økonomiplanen der det var lagt til grunn at det vart innført eigedomsskatt for alle. Det vart og peika på kva alternativ som låg dersom kommunen ikkje ønskjer å innføra eigedomsskatt.

Gunnar Bruvik (Frp) varsla at Frp mest truleg vil kome med eit alternativt budsjettframlegg til økonomiplanen til kommunestyremøtet der det vart lagt til grunn eit rimelegare alternativ for bygging av sjukeheim.

Bright Olav Gåsdal (Ap) sette fram følgjande framlegg:

”Samnanger kommune står framfor store økonomiske utfordringar i dei kommande åra. For å greia å halda drifta på same nivå som no, og samstundes greia å byggja ny sjukeheim og senter for funksjonshemma, er det naudsynt å ta i bruk inntektsgrunnlaget som fins.

Rådmannen førebur ei sak om å utvida grunnlaget for eigedomsskatt til alle eigedomar i kommunen.

Saka må m.a. opplysa om inntekspotensialet ved ulike skattesatsar, botnfridag for nye bustader og ev andre fritaksgrunnar.

Birthe Skar-Moum (Ap) sette fram slikt tillegg til framlegget frå Gåsdal:

I forlenginga av vedtak om økonomiplan 2014-2017 vert det sendt ut ei pressemelding frå Samnanger kommune vedrørande vedtaket. Pressemeldinga vert sendt ut innan neste utgåve av lokalavisa og skal omtala bakgrunn for val av innføring av eigedomsskatt.

Røysting:

Det vart røysta over framlegg til økonomiplan 2014 – 2017 slik den går fram av tabellane i saksutgreiinga med dei endringane som var vist i rådmannen sitt framlegg til saldering i møtet.

Det vart vidare røysta over framlegga frå Gåsdal og Skar-Moum.

Alle desse framlegga vart vedtekne med 5 mot 2 røyster.

Følgjande røysta for dei framlegga som fekk fleirtal:

Eva Hellevang (H)

Rangfrid Aadland Olsnes (Bl)

Birthe Skar-Moum (Ap)

Bright Olav Gåsdal (Ap)

Marit Aase (Krf)

Følgjande røysta imot;

Gunnar Bruvik (Frp)

Øyvind Røen (Sp)

FORM-051/13 VEDTAK:

Samnanger kommune står framfor store økonomiske utfordringar i dei kommande åra. For å greia å halda drifta på same nivå som no, og samstundes greia å byggja ny sjukeheim og senter for funksjonshemma, er det naudsynt å ta i bruk inntektsgrunnlaget som fins.

Rådmannen førebur ei sak om å utvida grunnlaget for eigedomsskatt til alle eigedomar i kommunen.

Saka må m.a. opplysa om inntekspotensialet ved ulike skattesatsar, botnfridag for nye bustader og ev andre fritaksgrunnar.

I forlenginga av vedtak om økonomiplan 2014-2017 vert det sendt ut ei pressemelding frå Samnanger kommune vedrørande vedtaket. Pressemeldinga vert sendt ut innan neste utgåve av lokalavisa og skal omtala bakgrunn for val av innføring av eigedomsskatt.

Følgjande økonomiplan vert gjort gjeldande for 2014 – 2017:

Budsjettskjema 1 A - driftsbudsjettet	Regnskap 2012	Budsjett 2013	Budsjett 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017
Skatt på inntekt og formue	-52 444 177	-53 778 000	-56 464 000	-56 164 000	-56 164 000	-56 164 000
Ordinært rammetilskudd	-72 565 427	-74 877 000	-78 683 000	-79 283 000	-79 383 000	-80 059 000
Skatt på eiendom	-9 931 379	-11 969 500	-12 432 860	-16 732 860	-17 012 860	-17 637 860
Andre direkte eller indirekte skatter	-5 297 684	-5 368 443	-5 368 443	-5 368 443	-5 368 443	-5 368 443
Andre generelle statstilskudd	-2 939 412	-2 290 833	-1 586 833	-994 833	-992 833	-850 833
Sum frie disponible inntekter	-143 178 079	-148 283 776	-154 535 136	-158 543 136	-158 921 136	-160 080 136
Renteinntekter og utbytte	-1 623 124	-1 185 000	-1 110 000	-1 110 000	-1 110 000	-1 110 000
Gevinst på finansielle instrumenter	-21 742	0	0	0	0	0
Renteutgifter provisjoner og andre finansutgifter	2 979 956	3 070 000	3 131 000	4 394 000	6 753 000	6 699 579
Tap på finansielle instrumenter	97 868	0	0	0	0	0
Avdrag på lån	4 786 888	5 462 000	5 075 000	5 197 000	5 348 000	6 850 000
Netto finansinntekter/-utgifter	6 219 846	7 347 000	7 096 000	8 481 000	10 991 000	12 439 579
Til bundne avsetninger	2 045 700	898 443	1 408 175	2 408 175	1 408 175	1 408 175
Til ubundne avsetninger	2 233 000	93 000	108 979	108 979	1 091 310	108 979
Bruk av tidl års regnsk m mindreforbruk	-2 358 479	0	0	0	0	0
Bruk av ubundne avsetninger	-480 000	-522 000	0	-42 402	0	-283 413
Bruk av bundne avsetninger	-5 105 858	-1 829 713	-3 355 933	-1 345 933	-995 933	-995 933
Netto avsetninger	-3 665 637	-1 360 270	-1 838 779	1 128 819	1 503 552	237 808
Overført til investeringsbudsjettet	7 682 038	7 695 000	1 050 000	426 000	426 000	426 000
Til fordeling drift	-132 941 832	-134 602 046	-148 227 915	-148 507 317	-146 000 584	-146 976 749
Sum fordelt til drift fra skjema 1B	130 009 956	134 602 046	148 227 915	148 507 317	146 000 584	146 976 749
Merforbruk/mindreforbruk	-2 931 876	0	0	0	0	0

Hovudoversikt drift	Regnskap 2012	Budsjett 2013	Budsjett 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017
Brukerbetalinger	-6 665 434	-6 030 000	-6 114 000	-6 114 000	-6 114 000	-6 114 000
Andre salgs- og leieinntekter	-12 207 028	-10 809 874	-12 012 527	-11 393 527	-12 012 527	-11 393 527
Overføringer med krav til motytelse	-26 031 855	-19 490 868	-13 621 215	-11 525 931	-11 475 931	-11 475 931
Rammetilskudd	-72 565 427	-74 877 000	-78 683 000	-79 283 000	-79 383 000	-80 059 000
Andre statlige overføringer	-2 939 412	-2 290 833	-1 586 833	-994 833	-992 833	-850 833
Andre overføringer	-2 673 976	-4 092 699	-4 492 699	-4 192 699	-3 712 699	-3 412 699
Skatt på inntekt og formue	-52 444 177	-53 778 000	-56 464 000	-56 164 000	-56 164 000	-56 164 000
Eiendomsskatt	-9 931 379	-11 969 500	-12 432 860	-16 732 860	-17 012 860	-17 637 860
Andre direkte og indirekte skatter	-5 297 684	-5 368 443	-5 368 443	-5 368 443	-5 368 443	-5 368 443
SUM DRIFTSINTEKTER (B)	-190 756 372	-188 707 217	-190 775 577	-191 769 293	-192 236 293	-192 476 293
Lønnsutgifter	97 572 309	96 574 408	97 984 649	97 590 268	97 912 320	98 303 048

Hovudoversikt drift	Regnskap 2012	Budsjett 2013	Budsjett 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017
Sosiale utgifter	25 525 907	28 042 587	30 294 434	30 401 433	30 647 648	30 878 885
Kjøp av varer og tjenester som inngår i komm tjenesteprod	23 778 301	20 189 740	22 454 521	20 842 021	20 327 021	20 384 221
Kjøp av varer og tjenester som erstatter komm tjprod	19 686 995	17 041 005	19 663 005	19 034 005	16 053 005	15 434 005
Overføringer	11 026 402	13 177 747	14 071 747	13 865 747	14 375 747	14 372 747
Avskrivninger	6 470 356	6 458 355	7 807 227	7 807 227	7 807 227	7 807 227
SUM DRIFTSUTGIFTER (C)	184 060 270	181 483 842	192 275 583	189 540 701	187 122 968	187 180 133
BRUTTO DRIFTSRESULTAT (D = B-C)	-6 696 102	-7 223 375	1 500 006	-2 228 592	-5 113 325	-5 296 160
Renteinntekter, utbytte og eieruttak	-1 623 124	-1 185 000	-1 110 000	-1 110 000	-1 110 000	-1 110 000
Gevinst på finansielle instrumenter	-21 742	0	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån	-1 663	-10 000	0	0	0	0
SUM EKSTERNE FINANSINNTEKTER (E)	-1 646 529	-1 195 000	-1 110 000	-1 110 000	-1 110 000	-1 110 000
Renteutgifter, provisjoner og andre finansutgifter	2 979 956	3 070 000	3 131 000	4 394 000	6 753 000	6 699 579
Tap på finansielle instrumenter	97 868	0	0	0	0	0
Avdrag på lån	4 786 888	5 462 000	5 075 000	5 197 000	5 348 000	6 850 000
Utlån	0	10 000	0	0	0	0
SUM EKSTERNE FINANSUTGIFTER (F)	7 864 712	8 542 000	8 206 000	9 591 000	12 101 000	13 549 579
RESULTAT EKSTERNE FINANSIERINGSTRANSAKSJONER	6 218 183	7 347 000	7 096 000	8 481 000	10 991 000	12 439 579
Motpost avskrivninger	-6 470 358	-6 458 355	-7 807 227	-7 807 227	-7 807 227	-7 807 227
NETTO DRIFTSRESULTAT (I)	-6 948 277	-6 334 730	788 779	-1 554 819	-1 929 552	-663 808
Bruk av tidligere års regnskapsmessig mindreforbruk	-2 358 479	0	0	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	-480 000	-522 000	0	-42 402	0	-283 413
Bruk av bundne fond	-5 105 858	-1 829 713	-3 355 933	-1 345 933	-995 933	-995 933
SUM BRUK AV AVSETNINGER (J)	-7 944 337	-2 351 713	-3 355 933	-1 388 335	-995 933	-1 279 346
Overført til investeringsregnskapet	7 682 038	7 695 000	1 050 000	426 000	426 000	426 000
Dekning av tidligere års merforbruk	0	0	0	0	0	0
Avsetninger til disposisjonsfond	2 233 000	93 000	108 979	108 979	1 091 310	108 979
Avsetninger til bundne fond	2 045 700	898 443	1 408 175	2 408 175	1 408 175	1 408 175
SUM AVSETNINGER (K)	11 960 738	8 686 443	2 567 154	2 943 154	2 925 485	1 943 154
REGNSKAPSMESSIG MER-MINDREFORBRUK (L = I+J-K)	-2 931 876	0	0	0	0	0
Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter	3,64 %	3,35 %	-0,41 %	0,81 %	1 %	0,34 %

Budsjettskjema 2 A - Investeringsbudsjett	Regnskap 2012	Budsjett 2013	Budsjett 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017
Investeringer i anleggsmidler	36 933 575	44 411 000	47 317 125	59 302 500	20 000 000	0
Utlån og forskutteringer	20 392 170	7 043 000	3 926 000	426 000	426 000	426 000
Avdrag på lån	868 888	442 000	357 000	387 000	7 419 000	425 000
Avsetninger	92 011	0	300 000	2 000 000	1 000 000	0
Årets finansieringsbehov	58 286 644	51 896 000	51 900 125	62 115 500	28 845 000	851 000
Bruk av lånemidler	-26 880 196	-42 909 000	-40 841 600	-46 201 400	0	0
Inntekter fra salg av anleggsmidler	-458 000	-500 000	-300 000	-2 000 000	-1 000 000	0
Tilskudd til investeringer	0	0	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån og refusjoner	-21 809 527	-592 000	-6 132 525	-13 488 100	-27 419 000	-425 000
Andre inntekter	0	0	0	0	0	0
Overført fra driftsregnskapet	-7 682 038	-7 695 000	-1 050 000	-426 000	-426 000	-426 000
Bruk av avsetninger	-1 456 882	-200 000	-3 576 000	0	0	0
Sum finansiering	-58 286 643	-51 896 000	-51 900 125	-62 115 500	-28 845 000	-851 000
Udekket/udisponert	1	0	0	0	0	0

Beskrivelse	Regnskap 2012	Budsjett 2013	Budsjett 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017
Salg av driftsmidler og fast eiendom	-458 000	-500 000	-300 000	-2 000 000	-1 000 000	0
Andre salgsinntekter	0	0	0	0	0	0
Overføringer med krav til motytelse	-940 639	-150 000	0	-1 548 000	-16 152 000	0
Kompensasjon for merverdiavgift	0	0	-5 775 525	-11 553 100	-3 848 000	0
SUM INNTEKTER (L)	-1 398 639	-650 000	-6 075 525	-15 101 100	-21 000 000	0
Lønnsutgifter	967 451	710 000	636 000	370 000	264 000	0
Sosiale utgifter	307 355	150 000	228 000	133 000	95 000	0
Kjøp av varer og tj som inngår i kommunal tj.prod.	28 434 474	34 894 000	39 647 100	46 212 400	15 393 000	0
Kjøp av varer og tj som erstatter kommunal tj.prod	44 875	0	0	0	0	0
Overføringer	6 783 014	7 652 000	5 775 525	11 553 100	3 848 000	0
Renteutg, provisjoner og andre finansutg	396 406	1 005 000	1 030 500	1 034 000	400 000	0
SUM UTGIFTER (M)	36 933 575	44 411 000	47 317 125	59 302 500	20 000 000	0
Avdragsutgifter	868 888	442 000	357 000	387 000	7 419 000	425 000
Utlån	20 350 000	7 000 000	0	0	0	0
Kjøp av aksjer og andeler	42 170	43 000	3 926 000	426 000	426 000	426 000
Avsetning til ubundne	92 011	0	0	1 300 000	1 000 000	0

Beskrivelse	Regnskap 2012	Budsjett 2013	Budsjett 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017
investeringsfond						
Avsetninger til bundne fond	0	0	300 000	700 000	0	0
SUM	21 353 069	7 485 000	4 583 000	2 813 000	8 845 000	851 000
FINANSIERINGSTRANSAKSJONER (N)						
FINANSIERINGSBEHOV (O = M+N-L)	56 888 005	51 246 000	45 824 600	47 014 400	7 845 000	851 000
Bruk av lån	-26 880 196	-42 909 000	-40 841 600	-46 201 400	0	0
Mottatte avdrag på utlån	-20 868 888	-442 000	-357 000	-387 000	-7 419 000	-425 000
Salg av aksjer og andeler	0	0	0	0	0	0
Overføringer fra driftsregnskapet	-7 682 038	-7 695 000	-1 050 000	-426 000	-426 000	-426 000
Bruk av disposisjonsfond	-924 969	0	-1 800 000	0	0	0
Bruk av bundne fond	-531 913	-200 000	-1 776 000	0	0	0
SUM FINANSIERING (R)	-56 888 004	-51 246 000	-45 824 600	-47 014 400	-7 845 000	-851 000
UDEKKET/UDISPONERT (S = O-R)	1	0	0	0	0	0

04.12.2014 ARBEIDSMILJØUTVALET

(Sak om budsjett 2014 og økonomiplan 2014-2017)

Handsaming i møtet:

Marit Aase orienterte innleiingsvis om formannskapet sitt økonomiplanvedtak 27.11.2013 (dette vedtaket var ikkje sendt ut til AMU).

Åse Waage Tveit sette fram følgjande framlegg til vedtak:

AMU har merka seg at formannskapet legg opp til tiltak som gjer at drifta kan haldast på same nivå som i dag. AMU støttar dette.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

AMU-017/13 VEDTAK:

AMU har merka seg at formannskapet legg opp til tiltak som gjer at drifta kan haldast på same nivå som i dag. AMU støttar dette.

Dokument som er vedlagt:

Økonomiplan 2014 - 2017 - notat som grunnlag for vidare drøftingar

Uttale frå Utdanningsforbundet

Kva saka gjeld:

Kommunelova krev at kommunane skal utarbeida ein økonomiplan for minst 4 år. I Samnanger har me dei siste åra handsama økonomiplanen i juni med korrigeringar i desember. Dette kjem i staden for å handsama både detaljert årsbudsjett og økonomiplan samstundes i desember. Usikkerheita rundt kostnaden med ny sjukeheim gjorde at det ikkje vart fatta endeleg vedtak om økonomiplan for 2014 – 2017. Kommunestyret fatta slikt vedtak i sak 28/13

Uvissa knytt til kostnaden med utbygging ved Samnangerheimen er stor, og den er vesentleg for økonomien til Samnanger kommune i økonomiplanperioden. Det gjer at endeleg vedtak om økonomiplan vert først gjort i desember.

Rådmannen sitt framlagde dokument – Styringsdokument – Økonomiplan 2014 – 17 – vert grunnlaget for det vidare arbeidet med økonomiplanen. Dette inkluderer m.a. at prinsippet om at delingstalet i skulen på 28/30 vert gjeldande sjølv om det medfører endringar i løpet av skuletida, sjølvkostprinsippet skal nyttast fullt ut og det skal vera eit særleg fokus på inntektene.

Målsettingane i styringsdokument vert vedtekne slik dei er presenterte. Det vert arbeidd vidare med måltala for å få dei meir operative for dei ulike tenesteområda.

Det vert forsøkt å innarbeida ekstra midlar til teknisk eining i økonomiplanen. Første året vil dette vera på ca. 90 000 kr til leige og/eller kjøp av maskinelt utstyr for å fjerna gras og buskar langs vegkanten. Det vert vidare gitt midlar på ca. 60 000 kr i året til dette arbeidet.

Dette blir gjort for å avgrensa bruk av sprøytemiddel til eit absolutt minimum, slik at ein kan ta vare på miljøet på best mogleg måte. Dette må gjerast i samarbeid med teknisk eining.

I kommunelova § 44 står fylgjande om økonomiplan

- 1. Kommunestyret og fylkestinget skal en gang i året vedta en rullerende økonomiplan.*
- 2. Økonomiplanen skal omfatte minst de fire neste budsjettår.*
- 3. Økonomiplanen skal omfatte hele kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og gi en realistisk oversikt over sannsynlige inntekter, forventede utgifter og prioriterte oppgaver i planperioden. Planen skal være satt opp på en oversiktlig måte.*
- 4. I økonomiplanen skal det for hvert enkelt år økonomiplanen omfatter anvises dekning for de utgifter og oppgaver som er ført opp, jf. § 46 nr. 6.*
- 5. Planer som omfatter avgrensede deler av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, skal integreres i økonomiplanleggingen og bruken av midler innarbeides i planen.*
- 6. Kommunestyret og fylkestinget vedtar selv økonomiplanen og endringer i denne. Vedtaket treffes på grunnlag av innstilling fra formannskapet eller fylkesutvalget. Ved parlamentarisk styreform skal rådet avgi innstilling som nevnt.*
- 7. Innstillingen til økonomiplan, med de forslag til vedtak som foreligger, skal legges ut til alminnelig ettersyn minst 14 dager før den behandles i kommunestyret eller fylkestinget. Dette gjelder likevel ikke ved innstilling som gjelder endringer i økonomiplanen.*
- 8. Økonomiplanen og endringer i denne oversendes departementet til orientering.*

Endret ved lover 10 jan 1997 nr. 8 (ikr. 1 mars 1997), 16 apr 1999 nr. 18 (ikr. 1 juli 1999 iflg. res. 16 apr 1999 nr. 388), 7 juli 2000 nr. 71 (ikr. 1 jan 2001 iflg. res. 7 juli 2000 nr. 730).

Årsbudsjettet for 2014 er første året i økonomiplanen. Utgiftene her er store og større enn det som var foresatt i økonomiplan 2014 – 2017. Det inneber at for å få balanse i økonomiplanperioden, må det til vesentlege reduksjonar evt. at det må leggjast inn nye inntekter. Den einaste inntekta av nokon storleik som kommunen ikkje har nytta seg av er eigedomsskatt på private bustader og fritidsbustader. I utrekningane våre har me lagt inn at det vert gitt konsesjon for Sandelva i Rolvsvåg. Auka eigedomsskatt er stipulert til 280.000. Kommunen vil vera fallrettseigar med ca 18%, og me får derfor eit mindre utbyte. Summane er lagt inn frå 2016.

Rådmannen har ikkje signal frå politisk hald om korleis ein situasjonen med stort meirforbruk skal handterast. Dette gjer at rådmannen i denne omgang legg fram ei skisse til moglege måtar å få balanse i økonomiplanen, og ber om signal frå formannskapet om korleis ein skal arbeida vidare med økonomiplan for 2014 – 2017.

- Eigedomsskatt. Takseringsarbeidet kan no gjerast på ein enklare måte enn tidlegare då det er mogleg å leggja likningstal til grunn. Det er likevel ein god del arbeid,. Skal me få full effekt av eigedomsskatten i 201, må det løyvast midlar til arbeidet med innføringa i 2014. Grunnlaget for inntektene våre vil vera rundt 900 einebustader og 700 hytter. .
- Forskyving av avdrag på lån. På førespurnad til kommunalbanken har me fått opplyst at me kan utsetja tilbakebetaling på lån dersom tiltaket er forseinka. Innsparing i 2014 vil vera rundt 1 mill. kroner. I 2015 vert summen minst 1,5 mill. og rundt 1,5 mill. i 2016, men ingen verknad i 2017.
- Kutt i drifta – Jmf m.a. kuttliste i tiltakslista for budsjett 2014. Lista må gåast igjennom og det må leggjast fram ei konsekvensutgreiing.

Under vert presentert tabellar som viser situasjonen etter at det er teke omsyn til foskyving i avdraga. Overskotet på 1 mill. i 2014 føreset me vert brukt til å dekkja delar av underskotet i 2015. Dette er ikkje lagt inn i oversikten under.

Driftsbudsjett

	2014	2015	2016	2017
Over-/underskudd konsekvensj. budsjett	1 218 540	4 905 767	6 527 557	6 286 177
Sum alle valgte tiltak	-1 680 540	-1 228 365	-1 221 145	558 400
Over-/underskudd budsjettversjon	-1 000 000	4 081 402	7 400 412	9 513 682
Valde tiltak				
Totale driftskostnader fra investeringsbudsjett	-538 000	404 000	2 094 000	2 669 105
<i>Økonomiplan 2014 - 2017 Rådmann</i>	-538 000	404 000	2 094 000	2 669 105
Konsekvensjusterte tiltak og politiske vedtak	62 500	449 675	828 895	1 108 440
<i>1201.1205 Konsekvensjustert tiltak - Betaling av 3-årig lisens på antivirusprogram</i>	0	100 000	0	0
<i>Eining for interne tenester (1201)</i>	0	100 000	0	0
<i>1600.3390 Nødnett konsekvensjustering</i>	62 500	150 000	150 000	150 000
<i>2210 konsekvensjustert tiltak, klasseendring i</i>	0	0	199 675	479 220

<i>økonomiperioden</i>				
2030 konsekvensjustert tiltak, klasseendring i økonomiplanperioden.	0	199 675	479 220	479 220
Samnanger ungdomsskule (2030)	0	199 675	479 220	479 220
Skule og barnehage	0	0	0	0
Klima og miljøstasjon SBS og Dråpeslottet	0	0	0	0
Andre tiltak	-1 625 000	-1 500 000	-1 872 000	-372 000
9001. rente i 2014 sett til 2,25 %, med 0,25 %	-325 000	0	0	0
1400 Marknadsføring - dråpen som symbol	0	0	0	0
8000 Skatt	-300 000	0	0	0
1400. Kraftutbygging i Rolvsvåg	0	0	-372 000	-372 000
Næringsføremål (1400)	0	0	-92 000	-92 000
Skatt og rammetilskot (9000)	0	0	-280 000	-280 000
9001 Minimumsavdrag	-1 000 000	-1 500 000	-1 500 000	0
Samnanger kyrkjestyre	60 000	0	0	0
1300 kyrkja - pri 1 reparasjon tak Samnanger kyrkje	60 000	0	0	0

Investeringsbudsjett

	2014	2015	2016	2017
Netto investering i konsekvensjustert budsjett	0	0	0	0
Sum investeringer fra nye tiltak	51 200 125	60 115 500	20 845 000	851 000
Sum fond	-3 876 000	0	0	0
Sum bruk av driftsmidler	-5 825 525	-11 979 100	-4 274 000	-426 000
Sum lån	-40 841 600	-46 201 400	0	0
Sum tilskudd	0	0	0	0
Sum annet	-657 000	-1 935 000	-16 571 000	-425 000
Netto finansiering	0	0	0	0
Sum renter og avdrag	0	0	0	0
Sum andre driftskonsekvenser	-538 000	404 000	2 094 000	2 669 105
Netto driftskonsekvenser	-538 000	404 000	2 094 000	2 669 105
Valde tiltak				
Vatn og avløp	20 563 375	0	0	0
11 1600.3251 Industriområdet Rolvsvåg - vva	4 068 375	0	0	0
Andre driftskonsekvenser	-82 500	0	0	0
11 1601.3454 Vassforsyning Frøland	6 270 000	0	0	0
Andre driftskonsekvenser	-174 000	0	0	0
11 1601.3533 Bjørkheim - utbygging av VVA	2 500 000	0	0	0

11 1601.345x VA -Eikedalen	7 725 000	0	0	0
Bygg	25 553 750	59 302 500	20 000 000	0
11 1602. Ny sjukeheim total ramme kr 100 mill	20 000 000	55 600 000	20 000 000	0
Andre driftskonsekvenser	-150 000	0	1 652 000	2 217 000
11 1602.2346 Senter for funksjonshemma. Pri.4	5 553 750	3 702 500	0	0
Andre driftskonsekvenser	-186 000	-34 000	0	0
Andre investeringstiltak	5 083 000	813 000	845 000	851 000
11 1601.3320 Vedlikehold og opprusting vegar sum kr 1 mill inkl mva	500 000	0	0	0
Andre driftskonsekvenser	4 500	12 000	16 000	26 105
3200 Formidling husbanklån. Konsekvensjustert	357 000	387 000	419 000	425 000
9001. KLP eigenkapitaltilskot - konsekvensjustert	3 926 000	426 000	426 000	426 000
Andre driftskonsekvenser	50 000	426 000	426 000	426 000
1600 sal av tomter på Lønnebakken	300 000	0	0	0

I budsjettframlegg for 2014 ligg det ved ein oversikt over alle tiltak som er spelt inn for heile planperioden.

Nye opplysningar i saka (etter formannskapet si handsaming 27.11.2013):

Arbeidsmiljøutvalet har gitt uttale i saka. Uttalen er teken inn ovanfor i saksframlegget.

Framlegget til økonomiplan ligg ute til offentleg gjennomsyn fram til 18.12.2013. Det har pr. d.d. kome inn ein uttale:

- Uttale frå Utdanningsforbundet.

Uttalen frå Utdanningsforbundet gjeld både økonomiplan 2014-2017 og budsjett 2014. Uttalen følgjer som vedlegg til saksframlegget.



Informasjonsnotat / orientering

**Frå: Tone Ramsli/ Nina Erdal/
Tone Ramsli**

ØKONOMIPLAN 2014 - 2017 - NOTAT SOM GRUNNLAG FOR VIDARE DRØFTINGAR

Saknr/Journalnr
13/170/13/6066/ASK/TR

Arkivkode
FE-150

Dato:
21.11.2013

Økonomiplanperioden	2014	2015	2016	2017
Underskot	0	4 078 402	7 769 412	9 882 682

Utgangspunktet for arbeidet er eit samla underskot i planperioden på **kr 21.730.496**

Rådmannen har gjort desse grepa:

Eigedomsskatt på verk og bruk.

Det vert lagt til grunn at det vert gitt konsesjon "Samnangervassdraget" og at arbeidet vert sett i gang/ferdigstilt i 2017. Det vert rekna med alternativ Frøland som i følge konsesjonssøknaden gir auka inntekter på **kr 625 000**.

Det er søkt konsesjon for opprusting av linja til Evanger. Legg me til grunn at taksten vert auka i samsvar med investeringane vil det gje ca **kr 300.000** pr. år. Dersom linja vert ferdig i 2015 kan talet gangast med 3. Dvs. **kr 900.000**

Konsesjonskraft

Det vert og lagt til grunn høgare pris på konsesjonskrafta enn det som er lagt inn i framlegget frå rådmannen. Samla for perioden legg me inn **kr 1.000.000**.

Auke i rammetilskot og skatt

Det vert lagt til grunn at Samnanger får ein viss auke i folketalet i perioden og at det inneber auka folketal. Samla for heile perioden vert det lagt inn vekst i desse inntektene på **kr 500.000**.

Driftsutgifter

Det vert lagt til grunn at det vert redusert bemanning på kjøkkenet i byggjeperioden. I denne perioden skal kjøkkenet berre levera mat til bebuarane på sjukeheimen. Med 18 md. byggetid

og oppstart i oktober 2014 vil det samla gje innsparing på **kr 500.000**. Det vert i tillegg lagt til grunn ei viss innsparing av kjøkkendrifa også etter at ny sjukeheim står klar. **Kr 100.000** vert lagt inn i tillegg.

Det vert og lagt til grunn at behovet for spesielle tenester i PLO vert redusert på slutten av perioden. Innsparing **kr 3,7 mill.**

Forskottering Tysse-tunellen

Samnanger kommune har forskottert kr 7 mill til Tyssetunellen. Dette er pengar som kommunen får tilbakebetalt, men tidspunktet er ikkje avklart. Erfaring som Fusa kommune har hatt med tilsvarende prosjekt har vist at pengane kan komme fordelt over fleire år. I økonomiplanen har me forutsett at pengane blir tilbakebetalt i 2016. Dette er pengar som kommunen ikkje kan bruke i drift, men som kan redusere behovet for låneopptak og dermed indirekte redusera driftsutgiftene. Alternativt kan beløpet betalast inn som ekstraordinært avdrag på lån, effekten på drifta vil bli den same. Driftseffekten av å redusera lånegjelda vil gje reduserte utgifter til avdrag og rente i 2016 og 2017 på **kr 420 000**.

Låneopptak

Det vart i budsjettvedtaket for 2014 bestemt at lån i samband med bygging av sjukeheim og senter for funksjonshemma skal takast opp med nedbetalingstid på 50 år med 4 avdragsfrie år. Dette har betydning for 2017 i økonomiplanperioden, men har størst effekt for 2018. Auken i avdraga i 2018 er redusert frå kr 2,7 mill til kr 1,6 mill. Effekten i 2017 er på **kr 182 000**

Samla oversikt :

	2015	2016	2017	Samla
Eigedomsskatt verk og bruk – Samnangerkonsesjon			625 000	625 000
-linje mot Evanger	300 000	300 000	300 000	900 000
Konsesjonskraft auka pris	300 000	300 000	400 000	1 000 000
Auka rammetilskot og skatt som fylgje av fleire innbygarar	100 000	200 000	300 000	500 000
Reduserte utgifter kjøkkendrifa	300 000	230 000	70 000	600 000
Ekstra tiltak plo			3 700 000	3 700 000
Tilbakebetalt forskottering		420 000	420 000	840 000
Låneopptak 50 år			182 000	182 000
Sum				8 347 000

Det gjer at underskotet i økonomiplanperioden er redusert til vel **13,3 mill. kroner.**

Det er fleire usikre moment i økonomiplanen. Med aukande lånegjeld vil spesielt renteutviklinga ha stor betydning. Dersom renta aukar meir enn det som ligg til grunn i økonomiplanperioden vil dette få store konsekvensar for økonomien. For eks vil ei renteauke på 0,1 % gje kr 130 000 i auka renteutgifter med dagens lånegjeld.

Kommunen har i dag flytande rente på nesten 80 % av lånegjelda. Dette er innafør maksimumskravet i finansreglementet. Nye lån i økonomiplanperioden må takast opp med bunden rente for å oppfylgje kravet i finansreglementet. Låneopptak med bunden rente vil vera dyrare enn lån med flytande rente.

Over tid vil det sjeldan svare seg å binde renta på lån, men då må kommunen ha reserver som kan ta rentesvingingar.

Det er minimalt med fondsmidlar tilgjengeleg dersom det skulle skje noko uføresett som for eks. problem med veg, tyngre pleietrengande brukarar, svikt i inntekter mm. Kommunen må arbeide med å få på plass ein buffer til å ta slike uføresette svingingar. Det er ikkje lagt inn avsetjing til disposisjonsfond i økonomiplanen.

	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Underskot	0	3 081	6 322	3 875	5 548	5 552	6 059
		402	412	413	591	199	698

Tiltak som kan vurderast

Eigedomsskatt på bustader og fritidsbustader

Kommunen har i dag eigedomsskatt på verk og bruk. Dersom det skal innførast eigedomsskatt som omfamnar fleire områder vil det bli etter eigedomsskattelova § 3 a) ”faste eigedomar i heile kommunen”. Dette vil då gjelde hytter, hus, næringsseigedommar og utmark i tillegg til verk og bruk.

Det er betydeleg arbeid som må leggast ned dersom eigedomsskatt skal innførast for fleire områder. Nytt frå 2014 er at kommunen kan velja å bruka likningsverdien som skattegrunnlag for bustadhus, korrigert med ein lovbestemt reduksjonsfaktor. Skattegrunnlaget vil då endrast kvart år og vil, samanlikna med taksering, gje eit lågare utgangspunkt for skatt, spesielt i starten av ein 10 års periode. Denne måten å gjere det på er meint å spare kommunane for både tid og pengar. Dei andre områda må framleis takserast kvart 10.år.

Kommunen har ulike moglegheiter for å bestemma nivået på eigedomsskatten. Først og fremst er det kommunen som bestemmer kva sats (promille) som skal nyttast. Maksimal sats er 7 promille, og Samnanger kan nytta denne fordi det alt er vedteke eigedomsskatt på verk og bruk. Dvs. ein treng ingen opptrapping. Det er ulike satsar i nabokommunane, men dei fleste nyttar ein lågare sats enn maks-sats. Vidare kan det leggast inn fritak jfr eigedomsskattelova §7, botnfrådrag for bustadhus m.m. Dette må utgreiast vidare.

Basert på kjennskap til nivået i nabokommunane og med om lag same praksisen som der, kan me forventa ei inntekt på eigedomsskatt frå fritidsbustader på rundt 1 mill. kroner og på bustader på rundt 2,5 mill. kroner. Årlege meirinntekter kan ut frå dette reknestykke verta på **kr 3,5 mill.** Det vil gå med ein del midlar til arbeidet med innføringa mm første året evt. året før det vert innført.

Redusert driftsnivå

Som vist i ulike statistikkar har Samnanger høgare utgifter på mange tenester enn mange andre kommunar. Dette kan det vera mange årsaker til. Til tross for det vil det vera mogleg å redusera driftsrammene. Det er vanskeleg på så kort varsel å legge fram konkrete tiltak og kva konsekvensane vert av reduserte løyvingar. Dette er eit arbeid einingsleiarane og tillitsvalde må gå igjennom saman med rådmannen. Det bør likevel verte lagt føringar i form av storleik på reduksjon og om det evt. er nokre område som skal skjermast. Rådmannen vil foreslå at det vert arbeidd ut frå reduksjonar på 2 mill. kroner i frå 2015.

Dersom kutta skal fordelast likt på alle einingane i forhold til driftskostnad vil kuttet pr eining bli på 1,43%.

Eining	Kutt i kr
Interne tenester	174 000
Kultur	53 000
Teknisk eining	123 000
Samnanger barneskule	274 000
Samnanger ungdomsskule	159 000
Barnehageeininga	227 000
Helse- og sosialeininga	262 000
Pleie- og omsorgseininga	728 000
Sum	2 000 000

Når me skal arbeida med å redusere driftsrammene innafor alle eller nokre einingar vil nok mesteparten av kutta kome innafor lønspostane. Kommunen må prioritere ut frå kva som er lovpålagte oppgåver og kva som ikkje er det. Andre nøkkelord vil vere krav om lovpålagt minimumsbemanning, organisering både administrativt og politisk, primæroppgåver og konsekvensar av kutt. Det er lite økonomisk å henta på å redusere utgiftene til vedlikehald, inventar, utstyr og for eks kursutgifter.

I samband med bygging av sjukeheim og perioden med midlertidig drift bør tal bebuarar reduserast med ei avdeling. Dersom dette skal vere på plass til rivearbeidet startar må nedtaket starte umiddelbart. Eit alternativ som i tillegg må vurderast er om pasientar kan dela rom i kortare periodar. Eininga vil då på eit tidlegare tidspunkt få ei avdeling mindre å drifta og den økonomiske gevinsten kan settast av til seinare bruk. Noko auka utgifter til heimesjukepleie må me rekna med når tal plassar på sjukeheimen blir redusert. Det er og politisk forslag om at sjukeheimsbebuarar som delar rom skal betale mindre for opphaldet.

For dei andre einingane er det vanskeleg å peika på eksakte kuttområde for 2015, men nedtaket vil føre til at kvaliteten på tenestene må gå ned. Det kan sjå ut til bli eit ytterlegare nedtak i delingstimar i skulen, reduksjon av ressursar til språkstimulering i barnehagen og færre kroner å fordele til kulturmidlar. Innan for teknisk kan det gå utover vedlikehaldet når me må fordele arbeidet over fleire år. I interne tenester bør kostnaden med dagens politiske organisering verta vurdert. Ein reduksjon i sosial og helse kan føre til nedgang i aktiviteten på det førebyggjande arbeidet.

Sjølv eit kutt på 2 millionar kroner vil gå utover kvaliteten, og må verte gjennomført der det er forsvarleg og lovleg. Kutt utover 2 millionar kroner vil resultere i ytterlegare reduksjon og kommunen må då særskilt vurdere kutt som særleg vil ramme kultursektoren.

Privatisering – Barnehagane og evt andre tenesteområde.

Samnanger kommune har hatt høgare utgifter til barnehage målt pr. barn enn det som er den statlege satsen. Den private barnehagen skal ha tilskot i tråd med kommunen sine utgifter. Privatisering av dei kommunale barnehagane vil dermed i teorien gjera at utgiftene går ned. Dei kommunale barnehagane sitt driftsbudsjett er redusert og satsen kan dermed gå ned. Det er derfor stor usikkerheit omkring dette og om det vil føre til innsparing på sikt. Dersom det er politisk ønskje om privatisering kan tiltaket reknast vidare på. Det er også usikkert om det er aktørar som ønskjer å driva barnehage i Samnanger. Nokre kommunar i Hordland har berre private barnehagar. Austevoll har og privatisert andre tenesteområde.

Reduksjon i låneopptak

Som ein tommelfingerregel kan ein seia at 1 mill. i lån belastar drifta med kr 50.000 gitt ei rente på 3% og tilbakebetaling over 50 år.

Rådmannen la fram framlegg om å bruka 1 million kroner meir av Sima-Samnanger pengar til å dekkja pensjonsutgifter i 2014 enn formannskapet var viljuge til. Kommunestyret har fatta vedtak om bruken av desse pengane. Det kan sjå ut som om nokre av midlane ikkje vil verta brukt før om nokre år. T.d. er arealplan forventa ferdig sommaren 2015 og det er usikkert korleis me klarer å finansiera kunstgrasbana. Dette er midlar som då evt. kan "lånast" av. Sal av kommunale eigedomar/tomteland – til bustadføremål og næringsføremål. Denne type inntekter kan berre nyttast til investeringar. Når det gjeld låneopptak til arbeidet med å få fram tomter i industriområdet i Rolvsvåg, er det føresett at delar av kapitalutgiftene skal betalast med næringsfondet i påvente av inntekter frå tomtosal. Av fleire grunnar er det viktig å få til ny næringsverksemd i kommunen, så her må me vera aktive. Frigjering av midlar på næringsfondet kan brukast på andre prosjekt og slik erstatta lån med fondsmidlar.



5650 Tysse
tlf. 90916374
e-post: post@Samnanger.utdanningsforbundet.no

Tysse, 06.12.2013

Samnanger kommune
Tyssevegen 217
5650 Tysse

Høyringsuttale til merknadane til rådmann sitt framlegg til budsjett for 2014

Skulane:

I Samnanger har ein utfordringa at mange av årskulla ligg rundt det tidlegare lovfesta delingstalet. Det vil seie at årskull med fleire enn 28 elevar på barnesteget og 30 på ungdomssteget vert delte i to mindre grupper, mens årskull med nokre færre elevar må gå i store klasser.

Ei utfordring har kan vera tilflytting og fråflytting som gjer at same årskull kan verta delt i nokre skuleår og må gå i samla gruppe andre. No er det framlegg om at noverande 5. trinn faktisk skal slåast saman midt i dette skuleåret. Endring i klassestorleik fører til ein lite forutseieleg situasjon, som også kan gå utover tryggleiken til mange elevar.

Noverande 5. trinn fekk ein krevjande start, då kullet var samla i 1. og 2. trinn. Kommunen valde den gongen ikkje å ta omsyn til gammal delingsregel som var maksimalt 19 elevar på 1. trinn. Hå dette trinnet hadde ein ikkje prioritert «tidleg innsats» som er eit av prioriteringsområda i Samnanger. Seinare i 3., 4. og no 5. trinn blei kullet delt, og står no i fare for å bli slått saman igjen rett etter jul. Det seier seg sjølv at dette ikkje er optimalt for skuleløpet til den einskilde eleven, og spesielt dei som er avhengig av struktur.

I høve opplæringslova skal gruppestorleiken i dag vera «pedagogisk forsvarleg». Grunnen til at dei gamle reglane vart fjerna var at mange kommunar satsa på baseskular i denne perioden der ein kan bruka ei meir fleksibel organisering, har større rom, fleire elevar, men gjerne også fleire lærarar til stades. Sidan Samnanger ikkje har baseskular valde skuleeigar å halda på dei gamle delingstala, slik at gruppene i alle fall ikkje skal verta større enn det som tidlegare var lovfesta.

Vårt spørsmål vert no: Kven skal avgjera om storleiken på ei gruppe er «pedagogisk forsvarleg»? Årskull er forskjellige og nokre har større utfordringar enn andre. Ressursane må stå i stil med utfordringane. Derfor må også årskull på færre enn 28/ 30 kunne krevja å verta delte. Det bør ikkje vera kommunebudsjettet som avgjer kva som er pedagogisk forsvarleg eller ikkje.

Hovudfokuset i 2014 skal vera kvalitet i opplæringa og læringsutbyte. Det er sjølvsagt at ein har betre føresetnadar å ha fokus på dette om gruppene er mindre og ein lærar har betre tid til å følgja opp den einsilte eleven. Om ein likevel har store grupper er det viktig med delingstimar i alle fall i dei praktiske faga, men også i matematikk der ofte mange elevar treng hjelp samtidig.

Utfordringa på ungdomsskulen er at ein ut frå delingstalet berre vil få ei gruppe på kvart av trinna hausten 2014. Dette er uheldig på mange måtar:

- Det er berre skuleåret 2014/2015 at det er 3 grupper
 - Ungdomsskulen har ikkje 3 rom som er store nok for å husa 3 store grupper jf. lovfesta rom norm, dvs. at om skulen berre har 3 storgrupper, må ein fjerna ein av veggene. Utgifta til dette bør ein heller bruka på undervisningstimar.
 - Ein stor klasse treng uansett delingstimar i dei praktiske fag, valfag fremmandspråk og helst også i matematikk.
 - Om skulen har færre timar, vil det føra til færre lærarårsverk i eitt år. Ein vil mista kvalifiserte og dyktige lærar pga dette. Me viser til at rekrutteringa av fagutdanna lærarar ikkje har vore så lett dei siste åra.
 - Fagmiljøet vert også redusert om det er færre lærarar som kan samarbeida rundt eit fag.
- Sjølv sagt gjeld også her argumentasjonen at fulldeling av eit årskull i to klasser hadde vore det beste for å kunne gje elevane best mogleg oppfølging, både fagleg og sosialt.

Skulane har hatt fokus på psykisk helse dei siste åra. Likevel er utviklinga i Samnanger lik den som er i resten av landet, nemleg at fleire og fleire elevar slit med sjølvbiletet og kvardagen. Dei treng tett oppfølging. Lærarane og administrasjonen har ikkje den rette kompetansen og svært lite tid til å følgja opp den einskilde eleven. Me ynskjer derfor at støttefunksjonane, som helsesyster og tid til sosiallærer vert auka.

Rektorane sine framlegg til skulebudsjetta 2014 har vore nøkterne, likevel får dei 5 timar mindre til deling av klassane enn dei ynskde.

Kommentar til Økonomiplanen 2014-2017:

Utdanningsforbundet Samnanger er svært kritisk til vidare kutt i skule- og barnehagebudsjetta, slik det er foreslått i høyringsutkastet. Skulebudsjetta i Samnanger har vorte kraftig reduserte dei siste åra. Ein av hovudgrunnane er sjølv sagt skulesamanslåing men også at ein del av årskulla ligg under delingstalet. Om det kjem fleire tilflyttarar, noko som kommunen i utgangspunktet ynskjer, kan det fort føra til at årskull som per i dag berre har ei gruppe vert delte. I dette tilfellet må ressursane i skulen aukast.

Barnehagane har i dag fulle avdelingar, og dei driv så kostnadseffektivt som mogleg og forsvarleg. Ei vidare reduksjon er ikkje forsvarleg utan at det går utover tryggleik og kvaliteten. Barnehagane har likevel rom for å opna fleire avdelingar. Om ein må opna nye avdelingar utan at dei vert fylt opp, vil nettoutgiftene for barnehagane gå opp.

Med venleg helsing

Katja Oberle
-for styret i Utdanningsforbundet Samnanger -



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Ragnhild Lønningdal	Arkivkode: FE-142
Arkivsaksnr: 13/77	Løpenr: 13/6238
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Naturutvalet	09.12.2013	072/13	RLØ
Kommunestyret	18.12.2013	065/13	RLØ

FASTSETTING AV PLANPROGRAM FOR REVISJON AV KOMMUNEPLANENS AREALDEL

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Planprogrammet for kommuneplan for Samnanger kommune blir fastsett slik det låg ute til offentlig ettersyn, med følgjande justeringar:

- Teksten «fylkesveg» blir lagt til som presisering av «hovudveg» under punkt 6.2.
- På lista over lover under punkt 5.1 blir Vassressurslova teken inn.
- I tabellen under punkt 7.3 blir «snøskred og steinsprang» endra til «skredfarekartlegging».
- Teksten «Transportkostnadane for næringslivet vil bli eit moment i vurderingane» blir teken inn i siste avsnitt under punkt 6.3 om Næring.
- Landbruksplan for Os, Fusa og Samnanger (2009) blir teken med på lista over kommunale planar som ligg til grunn for arbeidet med arealplanen (punkt 5.4).

Heimel for fastsetting av planprogrammet er plan- og bygningslova § 11-13 andre ledd.

09.12.2013 NATURUTVALET

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

NAT-072/13 VEDTAK:

Planprogrammet for kommuneplan for Samnanger kommune blir fastsett slik det låg ute til offentlig ettersyn, med følgjande justeringar:

- Teksten «fylkesveg» blir lagt til som presisering av «hovudveg» under punkt 6.2.
- På lista over lover under punkt 5.1 blir Vassressurslova teken inn.
- I tabellen under punkt 7.3 blir «snøskred og steinsprang» endra til «skredfarekartlegging».

- Teksten «Transportkostnadane for næringslivet vil bli eit moment i vurderingane» blir teken inn i siste avsnitt under punkt 6.3 om Næring.
- Landbruksplan for Os, Fusa og Samnanger (2009) blir teken med på lista over kommunale planar som ligg til grunn for arbeidet med arealplanen (punkt 5.4).

Heimel for fastsetting av planprogrammet er plan- og bygningslova § 11-13 andre ledd.

Dokument som er vedlagt:

Planprogram KPA - til endeleg fastsetjing.pdf

Samnanger kommune Hordaland - Høyring av planprogram for revisjon av kommuneplanens arealdel - uttale

FRÅSEGN - HØYRING AV PLANPROGRAM FOR REVISJON AV
KOMMUNEPLANENS AREALDEL – SAMNANGER KOMMUNE.pdf

Statens vegvesen sin uttale - Høyring av planprogram for kommuneplanens

Høyring - Planprogram for revisjon av kommuneplanens arealdel - Samnanger - 2015-2025.pdf

Høyring av planprogram - Revisjon av kommuneplanens arealdel 2015-2025

Planutkast kommuneplanens arealdel 2015 - 2025.docx

Innspel til arealplanarbeidet

Planprogrammet for arealdelen i kommuneplanen

Kva saka gjeld:

Plan- og bygningslova § 11-1 krev at kommunen har ein samla kommuneplan som femner om samfunnsdel med handlingsdel og arealdel. Gjennom vedtak av kommunal planstrategi i oktober 2012 avgjorde kommunestyret at det snarast skulle starta opp revisjon av arealdelen, medan samfunnsdelen (2007 – 2017) kunne stå seg ei tid til. Sjølv oppstartsvedtaket vart gjort i kommunestyret 06.03.13.

Som grunnlag for planarbeidet skal det fastsetjast eit planprogram som viser korleis planprosessen skal gjennomførast. Eit utkast til planprogram vart presentert for regionalt planforum i august, der fylkeskommunen, fylkesmannen og kartverket kom med tilbakemeldingar og råd for utforming av eit godt planprogram. Administrasjonen utarbeidde deretter eit planprogram som naturutvalet la ut til offentleg ettersyn i perioden 17. oktober til 30. november 2013.

Det har kome 9 innspel til planprogrammet, desse vert gjennomgått nedanfor. Planprogrammet skal no endeleg fastsetjast av kommunestyret og planarbeidet kan så starta opp.

Vurderingar og konsekvensar:

Tabellen under listar dei innkomne merknadane og administrasjonen sine framlegg til oppfølging.

<i>Merknad frå</i>	<i>Innhald</i>	<i>Svar og framlegg til oppfølging</i>
Direktoratet for mineralforvaltning	Har ingen kommentarar eller innspel.	–
Fiskeridirektoratet region vest	<p>Understrekar at det er viktig å sjå arealbruk på land i samanheng med arealbruk i tilgrensande sjøområde.</p> <p>Ber om at sjøområda som er merkt av som einkategori fiske- og akvakulturområde i gjeldande kystsoneplan, ikkje vert endra gjennom revisjon av planen.</p> <p>Det er viktig at ein legg til rette for at næringsinteressene får kome med sine innspel i planprosessen.</p>	<p>Det er tanken at desse skal vidareførast.</p> <p>Dette vil me prøva å få til gjennom opplegget for medverknad.</p>
Kystverket vest	<p>For Kystverket er det viktig at kommunen gjer greie for sjøtransporten i planarbeidet.</p> <p>Ser positivt på at ein gjennom revisjon av kommuneplanens arealdel vil integrera både sjø- og landområda, sjølv om hovudfokus no er arealbruk på land. Kystsoneplanen er av nyare dato og det er såleis ikkje trong for revisjon av sjøareala. Dei peikar på viktigheita av å sjå arealbruk på land i samanheng med tilgrensande sjøområde, noko som kan ha nær samanheng med utbygging av småbåthamner, marine hamner, utlegg av leidningar og kablar i sjø m.m., samt areal for sjøtrafikk og farleier.</p>	<p>Dette er ikkje særleg relevant, med mindre det blir gjort endringar i kystsoneplanen.</p>
Statens vegvesen	<p>Rammeplan for avkørsler og byggjegranser på riks- og fylkesveggar i region vest (2013-2016) må takast omsyn til i det vidare planarbeidet.</p> <p>I samband med alle typar utbygging er det viktig å sjå heilskapen mot tilrettelegging for mjuke trafikantar og universell utforming. Tilkomst, kollektivtransport og tryggleik er viktige faktorar å tenkja på i alle byggeområde. I tillegg kjem at det er viktig å tenkja avstand frå veg.</p>	<p>Rammeplanen er alt nemnt i planprogrammet på lista over regionale planar.</p> <p>Viktige punkt som me tek med oss vidare. Ingen endringar i planprogrammet naudsynt.</p>
Fylkesmannen i Hordaland	<p>Tema som vert føreslått tekne opp i planen synest dekkjande for utfordringane i kommunen, men kan vera så omfattande at planprosessen vert svært ressurskrevjande i høve til det tidsskjemaet som er lagt til grunn.</p>	<p>Det blir utfordrande, men me ynskjer å prøva.</p>

	<p>Kommunen bør vera tydeleg på kor ein ønskjer å opna for nye bustader. Nye bustadområde bør lokaliserast til eksisterande infrastruktur, senterområde og med nærleik til arbeidsplassar, eventuelt med sikte på å korta ned pendlaravstandar. Spreidd bustadbygging bør berre nyttast i område der presset er lågt.</p> <p>Dei støttar den planlagde kartlegginga av lokale område for friluftsliv, då det er svært viktig at kommunen har oversyn over kva for område som vert nytta av befolkninga, og kva kvalitetar dei ulike områda har.</p> <p>Samnanger har tidlegare gjennomført «første generasjon» kartlegging av naturtypar og viltområde. I samband med nye registreringar er det særleg viktig å konsentrere registreringar om eventuelle nye utbyggingsområde.</p> <p>Kommunen må skaffa seg oversyn over trua og sårbare artar, for at dette skal danna eit nødvendig kunnskapsgrunnlag for planlegginga. Kommunen må basera arbeidet på informasjon i relevante datakjelder som Artsdatabanken sitt Artskart, Naturbase, INON-basen og kommunens eigne rapportar om naturtype og viltområder. Dette bør gå fram av planprogrammet.</p>	<p>Dette er moment me alt har med oss i planprogrammet.</p> <p>Dette momentet tek me med oss inn i bestillingane til konsulent.</p> <p>Eit slikt oversyn vil me laga i ein innleiande fase av konsekvens- utgreiingane.</p> <p>Me meiner planprogrammet gjer tilstrekkeleg greie for at det skal nyttast alle tilgjengelege kart og databasar med relevans for utgreiingane og planlegginga.</p>
Hordaland fylkeskommune	<i>Ingen uttale er motteke.</i>	<i>Eventuell uttale vil bli ettersendt eller delt ut i møtet.</i>
NVE	<p>(Uttalen er her berre gjengjeve i to punkt, då den vart motteken seint)</p> <p>I planprogrammet er det nemnd kartlegging av snøskred og steinsprang i alle nye og eksisterande byggeområde (pkt. 7.3). Dei rår til at kartlegginga omfattar <i>alle</i> skredtypar, ein vil då kunna nytta kartlegginga direkte i byggesakshandsaminga.</p> <p>I punkt 5.1 Lovverk bør Vassressurslova takast inn.</p>	<p>Me endrar teksten tabellen under punkt 7.3 til skredfarekartlegging.</p> <p>Me tek Vassressurslova inn på lista.</p>
Samnanger næringsforum	Næringsforumet meiner planprogrammet er godt gjennomarbeida og tek hand om viktige føresetnader for ei positiv utvikling i	

	<p>Samnanger.</p> <p>Det er viktig at ein held fokus på målet (busetting og arbeidsplassar) gjennom heile planprosessen.</p> <p>Næringsforumet er forundra over at berre naturutvalet er representert i styringsgruppa, etter deira meining burde representantar frå alle tre hovudgruppene vera med.</p> <p>Dei meiner at hovudveg (i samband med kriterium for bustadbygging) må definerast; er det snakk om fv. 7 eller alle fylkesvegane i kommunen?</p> <p>Gjennom planarbeidet skal ein vurderer den faktiske byggeaktiviteten i LNF- områda. Næringsforumet meiner ein først må definera kva som i dag er kjerneområda for jord- og skogbruk, og deretter vurderer kva område som naturleg skal setjast av til natur og friluft. Etter vår meining er for store områder i eksisterande plan definert som LNF, noko som kan føra til unødig byråkrati f.eks. i samband med søknad om byggeløyve for bustad.</p> <p>Næringsforumet saknar eit punkt om estetikk på lista med retningsliner for handsaming av innspel med bustader og hytter.</p> <p>Under Næring (kap. 6.3) meiner næringsforumet at marknadsføring er så viktig at ein burde laga eit eige planprogram for dette.</p> <p>Dei meiner at ein bør ha med eit eige delmål om transportkostnadane for næringslivet.</p>	<p>Dette vil me prøva på!</p> <p>I Samnanger er det naturutvalet som er det faste utvalet for plansaker, såleis er hovudregelen at dei skal vera styringsgruppe ved utarbeiding av kommunale planar. Arbeidsoppgåver på tema er fordelt til dei andre utvala.</p> <p>Det er meint alle fylkesvegane. Me tilføyer «fylkesveg» i parentes bak «hovudveg» i planprogrammet.</p> <p>Det er lova sitt system at alle område som ikkje spesifikt er utgreidd og deretter avsett til byggeområde, skal setjast av som LNF-område. Dette sikrar at alle interesser vert høyrte før ein opnar for utbygging, og at ein opnar opp for rett mengde utbygging på rett stad etter kvart som ein treng utbyggingsareal.</p> <p>Det som i denne omgang skal gjerast for å minska byråkratiet er at det skal kartfestast område med spreidd busetnad der det kan opnast for tiltak på eksisterande bebygd eigedom.</p> <p>Estetiske omsyn eignar seg ikkje som eit kriterium på lista det er vist til. Det vil derimot bli laga føresegner til arealplanen som omhandlar estetikk, og desse vil bli førande for påfølgjande reguleringsplanar.</p> <p>Dette er eit tema som naturleg høyrer innunder samfunnsdelen til kommuneplanen (ikkje arealdelen).</p>
--	--	--

	<p>Næringsforumet meiner det er viktig at dei som ikkje bur i nærleiken av fv. 7 også får eit tenleg kollektivtilbod. Opning av Tyssetunellen kan få negative konsekvensar for kollektivtilbodet, slik Hagaåstunellen hadde.</p> <p>Næringsforumet er samd i at det må arbeidast mot målet om internett-tilkopling for alle i kommunen, men vil også minna om at mobildekninga ikkje er tilfredsstillande mange stader i kommunen.</p>	<p>Delmåla er henta frå den gjeldande samfunnsdelen til kommuneplanen, og kan ikkje endrast. Me vil i staden ta dette momentet inn i siste avsnitt av kapittelet om næring.</p> <p>Arbeidsgruppa for infrastruktur vil sjå på slike problemstillingar.</p> <p>Arbeidsgruppa for infrastruktur vil sjå på slike problemstillingar.</p>
Lokale ungdommar	Ynskjer areal til motocrossbane	Dette skal me sjå på, det er alt nemnt i planprogrammet.
Øyvind Røen	Landbruksplan for Os, Fusa og Samnanger (2009) må takast med på lista over kommunale planar som ligg til grunn for arbeidet med arealplanen.	Planen blir teken med på lista i planprogrammet.

Administrasjonen rår til at planprogrammet blir fastsett slik det låg ute til offentleg ettersyn, med følgjande justeringar:

- Teksten «fylkesveg» blir lagt til som presisering av «hovudveg» under punkt 6.2.
- På lista over lover under punkt 5.1 blir Vassressurslova teken inn.
- I tabellen under punkt 7.3 blir «snøskred og steinsprang» endra til «skredfarekartlegging».
- Teksten «Transportkostnadane for næringslivet vil bli eit moment i vurderingane» blir teken inn i siste avsnitt under punkt 6.3 om Næring.
- Landbruksplan for Os, Fusa og Samnanger (2009) blir teken med på lista over kommunale planar som ligg til grunn for arbeidet med arealplanen (punkt 5.4).

Heimel for fastsetting av planprogrammet er plan- og bygningslova § 11-13 andre ledd.

Nye opplysningar i saka:

Eldrerådet handsama 26.11.2013 sak om offentleg ettersyn av planprogram for kommuneplanens arealdel 2015 – 2025. Ved ein feil vart ikkje eldrerådet sitt vedtak sendt til saksbehandlaren før naturutvalet sitt møte 09.12.2013. Eldrerådet sitt vedtak 26.11.2013 vert derfor teke inn under ”nye opplysningar i saka” i dette saksframlegget. Eldrerådet sitt vedtak 26.11.2013 var som følgjer:

- *Eldrerådet sluttar seg samrøystes til vedtak i naturutvalet sak 57/13.*



Samnanger Kommune

Kommuneplanens arealdel 2015 - 2025

Planprogram – til fastsetting i kommunestyremøte 18.12.2013

KS – Vedtak:

...

02.12.2013

Innhold

1. Innleiing	3
1.1. Oppstartsvedtak	3
1.2. Mål for planarbeidet	3
1.3. Rammer for planarbeidet	3
1.4. Planprogrammet sin plass i arbeidet	4
1.5. Planprosessen i korte trekk	4
2. Organisering av planarbeidet	5
3. Innbyggjarmedverknad	6
3.1. Opplegg for innbyggjarmedverknad	6
3.2. Tilrettelagt medverknad	7
4. Medverknad frå andre forvaltingsorgan	7
5. Føringar for planarbeidet	7
5.1. Lovverk	8
5.2. Nasjonale forventningar	8
5.3. Regionale planar og føringar	10
5.4. Kommunale planar	11
6. Tema for revisjon av arealplanen	11
6.1. Levekår	12
6.2. Bustad og hytter	13
6.3. Næring	15
6.4. Infrastruktur	16
7. Konsekvensutgreiing og ROS-analyse	17
7.1. Metode for konsekvensutgreiing	17
7.2. Risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS)	18
7.3. Kartleggingar og avklaringar	19
8. Framdriftsplan	20
9. Høyringspartar	21
10. Vedlegg	23
Vedlegg 1: Skjema for innspel om utbygging til arealplanarbeidet	23
Vedlegg 2: Skjema for generelle innspel til arealplanarbeidet	25

1. Innleiing

Plan- og bygningslova § 11-1 krev at kommunen har ein samla kommuneplan som femner om samfunnsdel med handlingsdel og arealdel. Gjennom vedtak av kommunal planstrategi i oktober 2012 avgjorde kommunestyret at det snarast skulle starta opp revisjon av arealdelen, medan samfunnsdelen (2007 – 2017) kunne stå seg ei tid til.

Samnanger kommune har to arealplankart som til saman dekkar alt areal i kommunen; kommunedelplan for kystsona (2011 – 2023) og kommuneplanens arealdel (2004 – 2014). Kommuneplanens arealdel, gjeldande for perioden 2004 til 2014, er i ferd med å bli «forelda» og denne revisjonen blir den første for heile kommunen etter at ny plan- og bygningslov tok til å gjelda. Kommunedelplan for kystsona skal innarbeidast i den nye arealplanen, slik at det blir berre eitt plankart å forhalda seg til.

Gjeldande planar er å finna på kommunen si nettside:

- [Kommuneplanens samfunnsdel \(2007 – 2017\)](#)
- [Kommuneplanens arealdel \(2004 – 2014\)](#)
- [Kommunedelplan for kystsona \(2011 – 2023\)](#)

1.1. Oppstartsvedtak

KS-004/13 VEDTAK: *Samnanger kommune startar arbeidet med ny arealplan for kommunen. Sentralt i arbeidet med planen er å sikra tilstrekkelege og gode areal til bustadbygging. Kommuneplanarbeidet vert organisert som eit prosjekt med naturutvalet som styringsgruppe og med ei administrativ prosjektgruppe som skissert i saksutgreiinga. Planleggjar Ragnhild Lønningdal vert prosjektleiar.*

Det politiske gruppearbeidet med deltaking frå kommunestyrerepresentantane vert lagt til dei tre faste hovudutvala og fordelt slik:

Arbeidsgruppe Bustad – Formannskapet. Arbeidsgruppe Levekår – OO utvalet. Arbeidsgruppe Næring og Infrastruktur – Naturutvalet.

Medverknad skal vera ein sentral del av planprogrammet.

Det vert løyvd kr 100.000 til dekking av utgifter til planarbeidet. Midlane vert tekne frå disposisjonsfondet.

1.2. Mål for planarbeidet

Hovudmålet med planarbeidet er å få fleire folk til å bu i Samnanger, leggja til rette for fleire arbeidsplassar og å vidareutvikla eit samfunn som er godt å leva i. I eit klima- og miljøperspektiv blir det viktig å satsa på busetnad og næringsutvikling på dei rette stadane.

1.3. Rammer for planarbeidet


Plan- og bygningslova § 11-5 seier at kommunen skal ha ein arealplan for heile kommunen som syner samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk. Den gjeldande samfunnsdelen (2007 – 2017) skal ikkje reviderast, og revisjonsarbeidet for arealdelen vil difor trekkja linene tilbake til denne. Levekår, bustad, arbeid/næring, infrastruktur, kommuneorganisasjon og marknadsføring vert i samfunnsdelen kalla

- Innspel kjem inn frå både private, organisasjonar og myndigheiter. Det kan potensielt koma motsegn mot planen frå andre myndigheiter på dette stadiet i prosessen.
- Det vert gjort omarbeidingar og suppleringar i større eller mindre grad. Dersom det vert gjort store endringar, eller nye arealforslag vert teke inn må planen leggjast ut til 2. gongs offentleg ettersyn.
- Kommunestyret gjer endeleg vedtak av planen, og planen vert kunngjort og gjort offentleg tilgjengeleg. Vedtak av kommuneplan kan ikkje påklagast.

Framdriftsplan for arealplanarbeidet er å finna i [kapittel 8](#).

2. Organisering av planarbeidet

Etter kommunelova og plan- og bygningslova er utgangspunktet at kommunestyret har ansvaret for leiinga av planarbeidet. Det har full instruksjonsrett ovanfor planutval og eigen administrasjon. Ut i frå dette står kommunestyret fritt til å organisera planprosessen på passande vis. Kommunestyret i Samnanger har i vedtak om oppstart, som referert i pkt. 1.1., bestemt korleis arealplanarbeidet skal organiserast og gjennomførast. Nedanfor er det sett opp ein modell for organisering. Meir om dette i [kapittel 6](#).



*Den administrative prosjektgruppa skal bestå av rådmann, ass. rådmann, einingsleiar teknisk, einingsleiar kultur, planleggjar, representant frå landbrukskontoret og oppmålingsingeniør.

Det er etablert system for rapportering og det skal lagast prosjektrekneskap. Prosjektleder rapporterer til styringsgruppa om arbeid og framdrift i dei underliggjande gruppene.

3. Innbyggjarmedverknad

I kommunestyret sitt oppstartsvedtak er dette punktet framheva som viktig del av planprogrammet. Me presenterer difor medverknad som ein innleiande del av dette. Det gjev interesserte innbyggjarar ein sjanse til å raskt finna fram til kapittelet som er relevant for dei.

Medverknad er i planleggingssamanheng den deltakinga innbyggjarane, interessegrupper og organisasjonar utøvar i planprosessen. Plan- og bygningslova § 5-1 stiller krav om at det skal leggjast til rette for medverknad, og at det skal sikrast medverknad på vegne av grupper som ikkje er i stand til å medverka direkte. Førearbeida til plan- og bygningslova ([NOU 2001:7](#)) definerer medverknad som at enkeltpersonar og grupper vert gjeve høve til å delta direkte i planprosessen.

Medverknad er svært viktig for å få ei lokal forankring av planen, at alle interesser får moglegheit til bli høyrt og at det vert ein offentleg debatt. Utgangspunktet for utarbeiding av ein arealplan er å få eit verktøy til å gjennomføra tiltak for å nå dei måla kommunen har sett for lokalsamfunnsutviklinga, samstundes som ein vernar dei områda som av ulike grunnar ikkje skal byggjast ut. Idealet er å få til ei balansert utvikling som veg private interesser opp mot samfunnet sine kollektive interesser og behov for langsiktige utviklingsperspektiv. For å førebyggja detaljfokusert grunneigarstyring må kommunestyret allereie i planprogrammet leggja føringar og ta styring på arbeidet.

3.1. Opplegg for innbyggjarmedverknad

Planprogrammet skal etter offentleg ettersyn endeleg fastsetjast av kommunestyret. Deretter vil det vera føremålstenleg å halda eitt eller fleire oppstartsmøte der opplegget vert presentert for ålmenta. Det vil bli halde separate møte for lag/organisasjonar/utval/forum og ålmenta elles. Slike møte kan få i gong dialog om korleis ein ynskjer at Samnanger skal utvikla seg, og kunnskapsgrunnlaget for planlegginga kan betrast.

Samstundes med oppstartsmøta vert det òg opna opp for konkrete areal- eller temainnspel til planen, til dømes ynskje om byggjeområde for bustad, friluftsområde eller motocrossbane. Det vert ikkje opna opp for innspel som ikkje på ein eller annan måte fell innunder eitt av dei fire temaa som er oppe til rullering; levekår, bustad og hytter, næring og infrastruktur. Ved tvilstilfelle skal spørsmålet avgjerast av styringsgruppa (naturutvalet). Det vert heller ikkje opna for innspel innanfor kystsoneplanen sitt dekningsområde. Meir om dette i [kapittel 6](#).

For å strukturera innspela og letta arbeidet med vurderinga av dei, må innspela innehalda visse kjerneopplysningar. Det har blitt utarbeidd to skjema som skal nyttast for å senda inn innspel, sjå [vedlegg](#). Det eine skjemaet er for konkrete utbyggingsframlegg, det andre er for generelle innspel om korleis areala i kommunen kan leggjast til rette for at Samnanger skal vera ein stad "der du vil leva og bu" (kommunen sin visjon).

- Alle som sender inn innspel skal få eit skriftleg svar om at innspelet er motteke, samt innanfor kva tidsramme ein kan forventa å få eit meir konkret svar.

Når det ligg føre eit planframlegg som skal leggjast ut på offentleg ettersyn, skal det haldast nytt(nye) folkemøte i samband med utlegginga. Føremål med dette vil vera å forklara korleis innkomne innspel har blitt vurderte, korleis ein har arbeidd med konsekvensutgreiing og korleis ein har prøvd å få til ein heilskapleg plan for utvikling av Samnanger. I perioden planframlegget ligg ute til offentleg ettersyn vil det ikkje bli opna for å koma med **nye** arealinnspel. Dette følgjer av at konsekvensutgreiingsfasen då er over, og ingen nye areal kan takast med utan å vera konsekvensutgreidd og lagt ut til 2. gongs offentleg ettersyn. Innspela som kjem inn i denne perioden må difor dreia seg om det planframlegget som er utarbeidd. Det er ei målsetting både administrativt og politisk å få til ein planprosess som ikkje dreg lenger ut i tid enn strengt naudsynt.

3.2. Tilrettelagt medverknad

Det vil gjennom prosessen bli lagt opp til fleire (arbeids)møte med følgjande råd, som stiller på vegne av grupper som sjølv kan ha vanskar med å delta i planprosessen:

- Ungdomsrådet/barn og unge sin representant
- Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne
- Eldrerådet

Møta vil bli haldne på dei same tidspunkta i planprosessen som innbyggjarmøta.

4. Medverknad frå andre forvaltingsorgan

Regionalt planforum er ein møtestad der kommunar og andre forvaltingsorgan kan drøfta planar som er under arbeid, og vert stelt i stand av Hordaland fylkeskommune. *«Planforum skal bidra til gjensidig informasjon, drøfting og avklaring av planspørsmål og sektorinteresser mellom kommunar, fylke og sektormynd. Det er skal òg bidra til betre samordning av ulike interesser og syn, raskare avklaring og ein meir samstemt praktisk i plansaker i fylket. Planforum medverkar til å styrke planlegginga generelt og til å redusere talet på motsegner.»¹*

Eit utkast til planprogram vart presentert for regionalt planforum 27.08.2013. Fylkeskommunen (fleire avdelingar), Fylkesmannen (planseksjonen) og Kartverket deltok i møtet.

Når me er ferdige med konsekvensutgreiingsfasen vil me ha eit nytt møte i regionalt planforum, for å drøfta utkast til planframlegg før det vert lagt ut til offentleg ettersyn. Slike drøftingar vil vera med på å førebyggja motsegner mot planframlegget.

5. Føringer for planarbeidet

Kommunal planlegging er tett kopla mot samfunnsutvikling, framtidvisjonar og politikk, både på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå. Planlegginga er hierarkisk bygd opp med eit regelverk med nasjonale mål og retningsliner for arealbruk, og med sanksjonsmoglegheiter gjennom motsegn frå statlege myndigheiter. Dette kapittelet er ein gjennomgang av alle føringar som ligg på arbeidet med kommuneplanens arealdel.

¹ <http://www.hordaland.no/Hordaland-fylkeskommune/planlegging/Regionalt-planforum/Om-regionalt-planforum/>

Økt fortetting og transformasjon, en mer effektiv og attraktiv kollektivtrafikk og bedre tilrettelegging for syklende og gående er nødvendig for å oppnå en bærekraftig by- og tettstedsutvikling. Ved å lokalisere forretninger, kontorer og boliger sentralt eller i kort avstand til kollektivknutepunkter reduseres transportbehovet og avhengighet av bil. (...)

Byer og tettsteder skal gi muligheter for sosial og fysisk utfoldelse og samfunnsdeltakelse for alle befolkningsgrupper. Samtidig som områder fortettes, er det viktig å bevare utearealer med tilstrekkelig størrelse og kvalitet der folk bor. Dette gjelder ikke minst for barn og unge, eldre og mennesker med nedsatt funksjonsevne. Mange steder er det også behov for å utvikle uformelle møteplasser og varierte bo- og omsorgstilbud med sentral beliggenhet.»⁴

Samferdsel og infrastruktur

«Dagens transportsystem medfører betydelige negative konsekvenser gjennom inngrep i viktige naturområder og nedbygging av verdifull dyrket mark, tap av naturmangfold og kulturminner, utslipp av klimagasser og lokal luftforurensning og støy. For at transportsystemet skal bidra til en bærekraftig utvikling må transportbehovet reduseres og trafikkveksten baseres på mer miljøvennlige transportformer.

Utviklingen i transportsektoren er avhengig av utviklingen i arealbruken. En spredt arealbruk med store avstander mellom bolig, arbeidsplasser og fritidsaktiviteter øker transportbehovet. Omvendt vil en høyere arealutnyttelse og bevisst lokalisering av ulike virksomheter redusere transportbehovet. En aktiv regional og kommunal planlegging som samordner areal- og transportpolitikken og som reduserer transportbehovet er derfor nødvendig for å nå målene for miljøpolitikken.

For å redusere veksten i biltrafikken er det nødvendig med gode løsninger for kollektivtrafikken og et godt utbygd gang- og sykkelvegnett. (...) Bedre forhold for syklist og fotgjengere fører også til tryggere skoleveger, økt fysisk aktivitet og reduserte utslipp. (...) Behov og utfordringer knyttet til transport varierer i ulike deler av landet og mellom byer og tettsteder og mer spredtbygde områder. Det er viktig å sikre transportmuligheter i distriktene for å opprettholde aktive og levende distrikter. Dette har også betydning for tilgjengeligheten til helsetjenester.»⁵

Verdiskaping og næringsutvikling

«Verdiskaping som ivaretar en langsiktig og bærekraftig utvikling må omfatte både økonomiske, miljømessige, kulturelle og sosiale dimensjoner. De naturgitte og kulturelle ressursene som finnes i landets ulike regioner kan i større grad utnyttes som grunnlag for sysselsetting, verdiskaping og framtidig velferd. (...)

Innovasjon og næringsutvikling skjer på tvers av administrative grenser og sektorer. Dette forutsetter god og helhetlig planlegging i den enkelte kommune og på tvers av kommunale

⁴ Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging (MD, 2011): s. 17-18.

⁵ Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging (MD, 2011): s. 21.

og fylkeskommunale grenser. Ved å kombinere næringslivets og det offentliges behov for tilrettelegging av egnede arealer med en bærekraftig forvaltning av natur- og kulturgrunnet, skapes det forutsigbarhet for lokalisering og grunnlag for tilflytting av attraktiv arbeidskraft.»⁶

Natur, kulturmiljø og landskap

«Norge er kjent for sin storslåtte natur og vakre landskap, og det er av nasjonal betydning å ta vare på disse verdiene. Kulturlandskapet opprettholdes bare gjennom aktiv bruk. Også hverdagslandskapet der vi bor og jobber er viktig for folks trivsel og livskvalitet. Norge har sluttet seg til den europeiske landskapskonvensjonen, og dette forplikter oss til å fremme vern, forvalte og planlegge bruk av alle typer landskap. (...)

Samvirke mellom plan- og bygningsloven, sektorlover og naturmangfoldloven er nødvendig for å sikre en kunnskapsbasert forvaltning av natur og for å oppfylle naturmangfoldlovens forvaltningsmål, prinsipper og regler om bærekraftig bruk og vern av natur. (...)

I fjell- og utmarksområdene skal natur- og kulturressurser, friluftslivsinteresser og næringsmessig bruk ivaretas og utfylle hverandre.»⁷

Helse livskvalitet og oppvekstmiljø

«Befolkningens helse er blant samfunnets viktigste ressurser. Å ivareta innbyggernes helse er en viktig del av fylkeskommunenes og kommunenes ansvar. Målet med folkehelsearbeidet er flere leveår med god helse for den enkelte og reduserte sosiale helseforskjeller i befolkningen. (...)

Befolkningsutviklingen stiller samfunnsplanleggingen overfor nye og store utfordringer. De nærmeste tiårene vil andelen eldre fordobles, noe som blant annet medfører behov for tjenester og tilrettelegging. Det gjør det nødvendig å ivareta og styrke befolkningens helse og arbeids- og funksjonsevne. Dette er utfordringer som bare kan løses ved å involvere de fleste samfunnssektorer.

Den norske befolkningen sett under ett er blant de minst fysisk aktive i Europa, og utviklingen går i negativ retning. Fysisk aktivitet kan medvirke til å forebygge, utsette eller lindre kroniske sykdommer, og gjennom planleggingen kan det legges gode rammer for økt aktivitet for alle grupper i befolkningen.»⁸

5.3. Regionale planar og føringar

Hordaland fylkeskommune har fylldig rettleiingsmateriell på nettsida si, under fana [Planlegging](#). Me nemner difor her berre kort gjeldande regionale planar og rettleiingsmateriell:

- ◆ Forvaltingsplan for vassregion Hordaland (2010 – 2015)

⁶ Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging (MD, 2011): s. 25.

⁷ Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging (MD, 2011): s. 29.

⁸ Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging (MD, 2011): s. 33.

- ◆ Fylkesdelplan Deltaking for alle – Universell utforming (2006 – 2009)
- ◆ Fylkesdelplan for kulturminne (1998 – 2010)
- ◆ Fylkesdelplan for kystsona (2001 – 2004)
- ◆ Fylkesdelplan for senterstruktur og lokalisering av service og handel (2002)
- ◆ Fylkesdelplan for små vasskraftverk (2009 – 2021)
- ◆ Fylkesdelplan Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv (2008 – 2012)
- ◆ Fylkesplan for Hordaland – arealdelen (2005 – 2008) (forlenga inntil den blir avløyst av nye regionale planar)
- ◆ Klimaplan for Hordaland (2010 – 2020)
- ◆ Regional næringsplan
- ◆ Regional transportplan (2013 – 2024)
- ◆ Rammeplan for byggjegranser og avkøyrslar på riks- og fylkesveggar i Region vest (2013 – 2016)
- ◆ Råd om landskap i kommunal planlegging i Hordaland
- ◆ Strandsonerettleiar

Følgjande regionale planar er under utarbeiding:

- ◆ Forvaltingsplan for vatn – vassregion Hordaland
- ◆ Regional areal- og transportplan for Bergensområdet
- ◆ Regional plan for attraktive senter i Hordaland
- ◆ Regional plan for folkehelse

5.4. Kommunale planar

Følgjande kommunale planar ligg til grunn for arealplanarbeidet:

- ◆ Kommuneplanens samfunnsdel (2007 – 2017)
- ◆ Kommuneplanens arealdel (2004 – 2014)
- ◆ Kommunedelplan for kystsona
- ◆ Energi- og klimaplan
- ◆ Landbruksplan for Os, Fusa og Samnanger
- ◆ Trafikksikringsplan
- ◆ Beredskapsplan
- ◆ Bustadpolitisk handlingsplan
- ◆ Folkehelseplan
- ◆ Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv – *skal vedtakast våren 2014*
- ◆ Kommunedelplan for kulturminne
- ◆ Gjeldande reguleringsplanar, både private og kommunale

6. Tema for revisjon av arealplanen


Av dei seks satsingsdropane i samfunnsdelen er det bestemt at fire av dei er aktuelle å ha som utgangspunkt for arbeidet med arealplan; levekår, bustad, arbeid/næring og infrastruktur. Temaa er tekne inn i fire politiske arbeidsgrupper og fordelte på tre politiske utval. I tillegg ser me behov for å sjå på område for hytter, både revurdering av område som ligg som framtidige i eksisterande arealplan og opning for å koma med nye innspel til område. Dette temaet vert handtert av arbeidsgruppa for bustad.

Det skal berre opnast for innspel som fell innunder ei av dei fire arbeidsgruppene; levekår, bustad og hytter, næring og infrastruktur. Vidare må det vera ei klår føring på arealplanarbeidet at kystsonenplanen ligg fast, då denne er av ny dato og det ikkje kan prioriterast ressursar til omkampar om denne.

6.1. Levekår

Det politiske gruppearbeidet for temaet levekår er lagt til utval for oppvekst og omsorg (OO).

I kommuneplanens samfunnsdel kan me trekkja fram følgjande om levekår:



Frå vogge til grav og livslang læring

Sentrale styresmakter set ei rekkje føringar på kva tilbod kommunen skal tilby innbyggjarane. Ny barnehagelov og rammeplan set krav til barnehageeigar om innhaldet. Kunnskapsløftet regulerer innhaldet i grunnskulane våre og føreset eit tett samarbeid med både barnehage og vidaregåande skular. Folkehelsa og psykisk helse skal forbetrast, og det skal vera kulturtilbod som alle kan delta i. Eldre skal ha ein trygg og meiningsfull alderdom. E-samfunnet og eit meir internasjonalt samfunn veks fram.

Hovudmål: Samnanger kommune skal vera eit attraktivt og livskraftig samfunn for alle innbyggjarane

Dei fem delmåla:

- Alle skal oppleva at dei tilhøyrrer eit sosialt og inkluderande fellesskap.
- Samnanger skal ha gode tilbod til innbyggjarar i alle livsfasar.
- Samnanger kommune set barn og unge i fokus.
- Samnanger vil satsa på universell utforming slik at alle får tilgang til uterom, parkar, vegar og bygningar på ein likestilt måte.
- Samnanger vil styrkja folkehelsa og innbyggjarane sitt mot til å ta vare på seg sjølve og kvarandre.

Kommuneplanens arealdel legg viktige premisser for levekåra i ein kommune. Planen bestemmer til dømes kor folk bur, kva slags hus som kan byggjast, korleis bumiljøa er utforma, kor leikeplassane og friområda skal vera, og kor arbeidsplassane og offentlege insitusjonar er lokaliserte. Desse faktorane verkar inn på korleis folk har det. Det er kunnskap ein må ha med seg når ein arbeider med alle arealbruksføremlåa. Når me her har teke levekår med som ei eiga arbeidsgruppe i arealplanarbeidet, er det for å skapa ekstra merksemd rundt dette, og for å få gode idear og innspel til korleis arealplanarbeidet kan føra oss nærare visjonen vår – *”der du vil leva og bu”*.

Samnanger har ein barneskule og ein ungdomsskule, og mange av elevane våre treng skuleskyss. Skulane har god kapasitet til å ta i mot ein auke i folketalet. Det må leggjast vekt på trygg skuleveg ved ny bustadbygging.

Denne arbeidsgruppa må sjå på den sosiale infrastrukturen. Kva vil behova for offentlege institusjonar bli i framtida? Kor stort areal er det behov for, og kor skal institusjonane lokaliseras?

Det er gunstig med ein variert bustadstruktur for å dekkja behovet i alle aldersgrupper og for alle familietypar; einbustadar, fleirfamiliebustadar, og leilegheitsbygg. Arbeidsgruppa for levekår må vera med på å avgjera korleis samansetnaden av bustadområde i arealplanen skal gjerast.

Arbeidsgruppa må også vera med på å spela inn kva kvalitetar areala rundt bustadområde og offentlege område skal ha. Det kan i arealplanen gjevast føresegner om rekkjefølgje for utbygging av til dømes leikeplassar og kvalitetar ved uteareala.

Friluftsområde, idrettsanlegg og kulturanlegg er andre tema for denne arbeidsgruppa. Den nyleg vedtekne kommunedelplanen for kulturminne kan til dømes følgjast opp gjennom skilting av kulturstiar. Ein annan ting å tenkja på er å leggja opp til fleirbruk ved planlegging av nye idretts- eller kulturanlegg.

6.2. Bustad og hytter

Det politiske gruppearbeidet for temaet bustad og hytter er lagt til formannskapet (FORM).

I kommuneplanens samfunnsdel kan me trekkja fram følgjande om bustad:

Utbygging/utvikling

Samnanger ønskjer fleire innbyggjarar. For å få dette til må det byggjast fleire husvære og det må innflytting til. Tomtesalet og utbygginga i eksisterande felt har gått snarare enn tenkt, og det hastar med å skaffa nye byggjeklare tomter.

Endringar i familiemønster med m.a. fleire einslege og større mobilitet krev andre buformer enn det tradisjonelt har vore i Samnanger. Planlegginga må leggja til rette for stor grad av variasjon i tilbodet både med tanke på storleik på husværa og eigarskap, utforming av bustaden og bumiljøa.

For å vera konkurransedyktig må bustadtilbodet i Samnanger vera minst like godt som det er i Bergensregionen elles. Me må kunna konkurrera på område som pris, bumiljø, tomtestorleik, estetikk og nytenking både innan teknologi og bruk av energikjelder.

Hovudmål: I Samnanger skal det finnast attraktive og varierte bustadtilbod

Delmål:

- Det skal vera variasjon i bustadmassen.
- Tilgjengeleg areal til bustadføremål i alle delar av kommunen.
- Alle større bustadfelt skal planleggjast med tanke på universell utforming, estetikk, miljøomsyn og framtidsretta teknologi.
- Bustadområda må gje plass for menneske i ulike livsfasar.

Samnanger har to tettstader – Tysse og Bjørkheim. Tysse er den eldste tettstaden i kommunen og er delt i to av Tysseelva. Ytre og Indre Tysse har ulik karakter og er sterkt skilt frå kvarande med fossen og elveosen. Ytre Tysse er den opphavlege tettstaden. Ytre Tysse vaks fram rundt elva Tysse og etableringa av ullvarefabrikken i 1850-åra. Rundt

fabrikken etablerte det seg eit lite industrisamfunn. På det meste var det over 30 ulike butikkar og småverksemder på Tysse. Indre Tysse er yngre og meir dominert av bustader frå ulike periodar. Det er lite plass til meir utbygging på Ytre og Indre Tysse.

Bjørkheim hotell vart etablert på 1920-tallet og har gitt namn til staden Bjørkheim, men fram til slutten av 80-talet var det lite andre funksjonar her. På slutten av 80-talet vart det gamle hotellet erstatta med kro og motell, og bensinstasjonen vart etablert. På 90 -talet kom sentertunet. No framstår staden som eit lite handelssentrum. Ein nyleg vedteken områdeplan opnar for utvikling av Bjørkheim som ein tettstad, og det er meir ledig areal i nærområdet som kan vurderast for bustadbygging. Områdeplanen ligg fast og skal ikkje revurderast, jf. tabellen i [pkt. 7.3](#).

Behovet for nye bustader må byggja på dokumentasjon som talfestar og grunngjev framskriving av folketalsveksten me ser for oss. Dei mykje omtala prognosane for Bergensregionen (ni kommunar) med 160 000 fleire innbyggjarar innan 2040 er ein vekst Samnanger ynskjer å ta del i. Potensialet for bustadbygging som ligg i eksisterande arealplan må talfestast, og det må vurderast om noko av arealet som har lege ubrukt på planen lenge, skal takast ut.

Samansetnaden av bustadmassen i kommunen er slik:

- 949 einebustader, 40 av desse med hybel/sokkelleilegheit
- 74 tomannsbustader
- 19 rekkehus og andre småhus med 3 eller fleire bueiningar
- 2 store frittliggjande bustadbygg på 2 etasjar
- 4 store frittliggjande bustadbygg på 3 og 4 etasjar

Kommuneplanens arealdel må mellom anna ta utgangspunkt i pendlarstatistikk for å prioritera kvar nye bustadområde skal koma – kor folk vil bu for å koma seg på jobb på ein enkel måte. I eit klima- og miljøperspektiv er det viktig å satsa på busetnad på dei rette stadane. Det må leggjast vekt på å finna løysingar for fortetting i eksisterande bustadområde i sentrale strøk. Alle heilt nye bustadområde må liggja i nærleiken av hovudveg (fylkesveg).

LNF-spreidde bustadområde er eit arealføremål som kan brukast i grisgrendte strøk, når ein ynskjer å opna for bustadbygging utan at det er krav til søknad om dispensasjon. Det er likevel ikkje høve til å setja av store område til dette arealføremålet, det er difor vanskeleg for kommunen å treffa godt med plasseringa av områda. Arbeidsgruppa må gå igjennom dei eksisterande LNF-spreiddområda og sjå på den faktiske byggjeaktiviteten i og rundt områda. Det må vidare avgjerast korleis me kan handtera desse problemstillingane betre i den nye arealplanen.

Det er eit behov for å revurdere enkelte uregulerte hytteområde i eksisterande arealplan og å opna for nye hytteområde i fjellområda under tregrensa. Langsmed fjorden vart desse vurderingane gjort gjennom arbeidet med kystsoneplanen. Vidare er det i ein overordna arealplan ikkje opning for å teikna inn enkelttomter for hytter. Alle innspel vil måtta sjåast i ein fortettingssamanheng i eksisterande område, eller som nye område med reguleringsplankrav. Nye område må liggja i nærleiken av eksisterande infrastruktur.

For å avgjera kva innspel som kjem vidare til konsekvensutgreiingsfasen må det allereie i planprogrammet stillast opp nokre kriterium som silar vekk innspel som ikkje kan akseptast i kommuneplanens arealdel, og som bestemmer korleis ein del innspel kan omformast til å likevel passa inn i planen. Det er difor sett opp følgjande retningslinjer for handsaming av innspel:

- Det skal satsast på fortetting og utviding av eksisterande bustadområde.
- Det kan leggjast til rette for nye bustadområde som ligg sentralt plassert.
- Nye bustad- og hytteområde skal i hovudsak liggja i nærleiken av hovudveg (fylkesveg).
- Ein skal unngå å blanda bustad- og hytteområde
- Enkelttomter utanom eksisterande bebygde område kan ikkje takast inn i planen.
- Enkelttomter for bustad innanfor eksisterande bebygde område vert tekne med i vurderingane av behov for LNF-spreidde bustadområde, eventuelt som fortettingsområde.
- Enkelttomter for hytter innanfor bebygde område vert tekne med i vurderingane av behov for fortettingsområde.

6.3. Næring

Det politiske gruppearbeidet for temaet næring er lagt til naturutvalet (NAT).

I kommuneplanens samfunnsdel kan me trekkja fram følgjande om næring:

Nyskaping og bygdeutvikling

Det har vore liten tradisjon i Samnanger for å starta eiga verksemd. Meir enn halvparten av dei yrkesaktive reiser ut av kommunen for å arbeida. Dei fleste arbeidsplassane i kommunen har tilknytning til lokale ressursar eller tradisjonar som vasskraft og anleggsdrift.

Nærleiken til arbeidsmarknader i andre kommunar gjer det lett å bu i Samnanger og arbeida andre stader, som f.eks. i Bergen. Med ei reisetid på 45 min. eller mindre til Bergen sentrum, er det mange som finn eit pendlarliv heilt ok. Lang arbeidsreise er ikkje eit godt alternativ for alle, det vera seg av omsyn til eiga helse, omsorgsfunksjonar e.l. Både av omsyn til desse, men like mykje for utvikling av kommunen, er det viktig at det finst eit aktivt næringsliv.


Med stor mobilitet i befolkninga er det viktig å utvikla utfordrande og spennande jobbar som gjer at ungdommen finn seg arbeid i Samnanger.

Hovudmål: Samnanger kommune skal vera ein aktiv samarbeidspart med næringslivet for å styrkja eksisterande verksemder og for å få etablert nye arbeidsplassar

Delmål:

Samnanger kommune skal:

- ha ledige tomteareal tilgjengeleg til ei kvar tid.



- nytta næringsfondet og andre offentlege støtteordningar aktivt for å fremja næringsutvikling.
- ha ei positiv og open haldning til og dialog med næringsdrivande samt ha eit apparat for råd og rettleiing for næringslivet.
- leggja til rette for bygdeutvikling.

Ein felles næringsarealplan for Os, Fusa og Samnanger er nyleg starta opp. Dette skal verta ein interkommunal plan for næringsareal i Bjørnefjordregionen. Areal som vert peika ut må takast inn i arealdelen til kommuneplanen. Det ligg ikkje føre planprogram for næringsplanen enda, det er difor noko uklårt om konsekvensutgreiingane for desse næringsområda skal gjerast gjennom næringsplanen eller gjennom kommuneplanens arealdel.

Kommunen har under arbeid ein kommunedelplan for små vasskraftverk som mellom anna skal munna ut i framlegg til omsynssoner og føresegner som kan takast med inn i arealplanarbeidet. Planframdrifta legg opp til at planen vert lagt ut til offentlig ettersyn sommaren 2014.

Den nyleg vedtekne kommunedelplanen for kulturminne kan gjennom arealplanarbeidet danna grunnlag for å setja i gong med kulturbasert næringsliv.

Rett lokalisering av ny næringsverksemd er viktig i arbeidet med arealplanen. Transportkostnadane for næringslivet vil bli eit moment i vurderingane. Bilavhengige næringar må plasserast langs fylkesveggar, og arbeidsplassintensive næringar må plasserast i nærleiken av sentrumsområde og kollektivknutepunkt.

6.4. Infrastruktur

Det politiske gruppearbeidet for temaet næring er lagt til naturutvalet (NAT).

I kommuneplanens samfunnsdel kan me trekkja fram følgjande om infrastruktur:

Framtidsretta, trygt og miljøvennleg

Miljøutfordringane er store og krev endringar i levemåten også i Samnanger. Reduksjon av utslepp frå bilar krev betre tilrettelegging for kollektivtrafikken, eit busetnadsmønster som krev mindre transport og etablering av tenester som gjer det mogleg å nytta ny teknologi.

Rv 7 har store utfordringar, både i form av problematiske utkjørslar, breidde, stigningsforhold og manglande gang- og sykkelveg.

Det kjem stadig strengare krav til drikkevassforsyning og til utslepp. Det er ei utfordring å byggja ut / rehabilitera VA-anlegg i tråd med utviklinga. Nye bustadområde krev ein infrastruktur som er funksjonell og framtidsretta. Auka miljøkrav krev rehabilitering av gamle avløpsanlegg, f.eks. delar av anlegget på Tysse.

Hovudmål: Samnanger kommune sin innsats innan infrastruktur skal gje eit godt, trygt og framtidsretta tilbod

Delmål:

- Lokalsamfunnet må gjera seg nytte av framtidretta teknologi.
- Samnanger skal vera føregangskommune på miljøretta energi.
- Det skal vera god standard på offentlege vegar. Vegar med blanda trafikk skal vera godt tilrettelagde for mjuke trafikantar.
- Samnanger kommune skal ha eit oversiktleg vegnett.
- Det skal vera eit godt og tenleg kollektivtilbod.
- Kommunale VA-anlegg skal halda høg kvalitet der miljøomsyn vert prioriterte.

Arbeidet med revisjonen av kommuneplanen må ta utgangspunkt i ei oversikt over vegnettet i kommunen og tilstanden på dette; fylkesveg, kommunal veg og privat veg. I vurderingane av utbyggingsområde må det leggjast vekt på korleis tilførsel til fylkesveg kan skje på ein god måte.

Kollektivknutepunkta må styrkjast og ein må kopla kollektivtrafikken opp mot pendling. Det må setjast av areal til såkalla "park and ride". Dette vil vera med på å jobba mot ambisjonen om større andel arbeidskollektivreiser.

Status for kommunale vatn- og avløpsanlegg må omtalast i arealplanen, og det må avklarast kva behov ein har for å setja av areal til offentlig infrastruktur. Teknisk eining er i gong med eit dokument om status for VA-anlegga i kommunen, dette kan danna eit underlag for arealplanarbeidet.

Arealplanprosessen må også sjå på korleis det kan arbeidast mot målet om internettilkopling for alle innbyggjarane i kommunen.

7. Konsekvensutgreiing og ROS-analyse

Alle kommuneplanar med retningslinjer eller rammer for framtidig utbygging skal i tråd med plan- og bygningslova § 4-2 ha ei særskild vurdering og skildring av planens sine verknadar på miljø og samfunn – ei *konsekvensutgreiing*. I tillegg, eller som integrert del av konsekvensutgreiinga, skal det etter plan- og bygningslova § 4-3 gjerast ein *risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS)*. Analysen skal visa alle risiko- og sårbarheitsforhold som har innverknad på om arealet er eigna til utbyggingsføremål, og eventuelle endringar i desse som følgje av planlagt utbygging.

Gjennom desse utgreiingane og analysane vil det enkelte areal/område som er vurdert bli tilrådd eller frårådd etablert, ut i frå konsekvensane det har på miljø, samfunn og tryggleik.

Forskrift om konsekvensutgreiingar og Miljøverndepartementet sin retteleiar om konsekvensutgreiingar for kommuneplanens arealdel er viktige styringsdokument for konsekvensutgreiingsarbeidet. I tillegg er Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) sin retteleiar om samfunnstryggleik i arealplanlegging sentral.

7.1. Metode for konsekvensutgreiing

Før arbeidet med sjølve konsekvensutgreiinga tek til må innspela frå ålmenta silast. Det skal ikkje takast inn nye innspel innanfor dekningsområdet til kystsoneplanen. Vidare vil

innspel som ikkje kan knytast til eitt av dei fire fokusområda ikkje koma med vidare til konsekvensutgreiingsfasen, og blir følgjelig ikkje tekne inn i den nye planen.

Konsekvensutgreiinga skal ta føre seg konsekvensane for kvart nytt einskildområde som vert vurdert å ta med i den nye planen, dette gjeld både heilt nye byggjeområde og område der det vert vesentlege endringar i arealbruken. I tillegg skal konsekvensutgreiinga ha ei oppsummerande, samla vurdering av konsekvensane som planframlegget totalt sett vil få for ulike undertema.

Innanfor miljø og samfunn skal følgjande undertema vurderast i konsekvensutgreiinga:

- Forureining og støy
- Naturmangfald
- Landbruksressursar
- Klimaendringar og havnivåstiging
- Landskap og grønstruktur
- Kulturminne og kulturmiljø
- Friluftsliv
- Transportbehov og energibruk
- Folkehelse
- Barn og unge sine oppvekstvilkår
- Universell utforming

Konsekvensutgreiinga skal i hovudsak tuftast på eksisterande kunnskap, men enkelte kartleggingar, revisjonar og avklaringar må gjerast, sjå [punkt 7.3](#).

Store mengder relevante data kan finnast i kart og databasar gjennom www.miljokommune.no, Hordaland fylkeskommune si [regionale startpakke](#), samt i kommunen sine arkiv.

Metode for gjennomføring av konsekvensutgreiingsarbeidet vi ta utgangspunkt i kapittel 5. i Miljøverndepartementet sin [retteleiar](#) om konsekvensutgreiingar for kommuneplanens arealdel: «5. *Generell metode for konsekvensutredning av kommuneplanens arealdel.*»

7.2. Risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS)

Ein ROS-analyse skal belysa alle risiko- og sårbarheitsforhold som verkar inn på om det aktuelle arealet er eigna til utbyggingsføremål, og eventuelle endringar som ei utbygging vil føra med seg. Dette arbeidet må kjøpast inn frå konsulent, då kommunen sjølv ikkje har tilstrekkeleg kompetanse. Risiko- og sårbarheitsanalysen blir såleis ikkje ein integrert del av konsekvensutgreiingane. Konklusjonar omkring arealframlegga må trekkjast når begge utgreiingane er klare.

Datagrunnlaget som ligg føre om risiko og sårbarheit er truleg noko mangelfullt, og det må nok gjerast datainnsamling av varierende omfang. Kommunen har tidlegare utarbeidd ein overordna ROS-analyse, og i den samanheng vart det laga akseptkriterium for risiko. Desse vart utarbeidd for denne eine overordna analysen, utan at det var tenkt at desse skulle gjelda for anna planarbeid. Me lyt difor sjå gjennom akseptkriteria og eventuelt gjera endringar slik at dei tilfredsstillar detaljeringsgrada

kommuneplanarbeidet skal ha. Akseptkriteria må vedtakast av kommunestyret før ROS-arbeidet kan ta til.

Store delar av kommunen er dekt av NGU sine aktsemdområde for snøskred- og steinsprang, og me har stort behov får å få ei heilskapleg og detaljert kartlegging av alle byggjeområde i kommunen, både eksisterande og dei som skal konsekvensutgreiast. Difor ynskjer me i denne samanheng også å henta inn pristilbod på ei slik kartlegging. Avdekt fare i nye utbyggingsområde vert datagrunnlag for den vidare ROS-analysen, medan fare i eksisterande utbyggingsområde må takast inn i arealplankartet som omsynssoner. Det må vidare takast stilling til kva følgjer dette får for kommunen sitt ansvar.

7.3. Kartleggingar og avklaringar

For å gjera heilskaplege vurderingar av utviklingsretning og konkrete endringsforslag til planen, er det behov for ein del nye kartleggingar og avklaringar. Dette er for å gjera ei god konsekvensutgreiing og utarbeida plankart og føresegner som er føreseielege å styra etter, slik at ein får den utviklinga ein ynskjer.

I tabellen under vert det presentert kva tema me har mangelfull kunnskap om, og kva som bør reviderast eller supplerast. Dette arbeidet må skje i forkant av sjølve konsekvensutgreiinga. Me bør søkja Hordaland fylkeskommune om tilskot til noko av dette arbeidet gjennom deira [Partnerskap i kommune- og tettstadplanlegging](#).

Kartleggingsbehov	Kan utførast av	
Skredfarekartlegging i alle eksisterande og nye byggjeområde	Innleigd hjelp	Ny kartlegging
Naturtypekartlegging	Innleigd hjelp	Supplering
Viktige lokale område for friluftsliv	Eigeninnsats kultur/plan	Supplering
Omforming av LNF-område med vekt på landbruk til kjerneområde for landbruk	Eigeninnsats landbruk	Oppdatering
Kartfesting av kulturminne frå kulturminneplanen – vurderer omsynssoner	Eigeninnsats kultur/plan	Supplering
Avklaringsbehov	Kan avklarast av	
Behov for areal til framtidig infrastruktur	Arbeidsgruppe infrastruktur, styringsgruppa	
Behov for areal til offentleg føremål	Arbeidsgruppe levekår, styringsgruppa	
Byggjegranser mot kommunal veg	Arbeidsgruppe infrastruktur, driftsavdelinga, byggjesakshandsamar	
Detaljeringsgrad i føresegner for byggesak	Arbeidsgruppe bustad, byggjesakshandsamar, planleggjar	
Vurdering av gamle reguleringsplanar – bør dei vidareførast eller opphevast?	Aktuell arbeidsgruppe, styringsgruppa	
Framtidige område (i eksisterande kart) med reguleringsplankrav må revurderast dersom dei ikkje er påbyrja.	Aktuell arbeidsgruppe, styringsgruppa	

8. Framdriftsplan

År	Periode	Aktivitatar			
2013	jan-feb	Planoppstart			
	mar-apr				
	mai-jun	Utarbeiding av plan-program			
	jul-aug	Planforum 27. august			
	sep-okt	Offentleg ettersyn 17. oktober – 30. november	Gjennomgang og innarbeiding av merknadar	Vedtak av planprogram i kommunestyret: 18. desember	
	nov-des				
2014	jan-feb	Oppstarts-møte for medverknad	Jf. tabell i pkt. 7.3: Lokale område for friluftsliv, kartfesting av kulturminne, kjerneområde for landbruk		Innhenta pristilbod på ROS-analyse og naturtype-kartlegging
	mar-apr	Frist for å koma med innspel til planen: 31. mars		Siling av innspel før konsekvensutgreiing Oppstart av konsekvensutgreiing	Oppstart ROS-analyse og naturtype-kartlegging
	mai-jun			Konsekvensutgreiings-arbeidet vert utført	ROS-analyse og naturtype-kartlegging vert fullført
	jul-aug				
	sep-okt		Møte i planforum	Planskildring, plankart og føresegner vert produsert	KU og ROS/natur vert kopla saman
nov-des	Folkemøte med presentasjon av plan-framlegget	Offentleg ettersyn i minst 6 veker, helst opp mot 10 veker			
2015	jan-feb				
	mar-apr		Gjennomgang og innarbeiding av merknadar		
	mai-jun		Endeleg vedtak: juni		
	jul-aug		Kunngjering av endeleg vedtak		

9. Høyringspartar

- Hordaland fylkeskommune
- Fylkesmannen i Hordaland
- Statens vegvesen, Region vest
- Noregs vassdrags- og energidirektorat, Region vest
- Fiskeridirektoratet, Region vest
- Direktoratet for mineralforvaltning
- Kystverket Vest
- Mattilsynet, Hordaland og Sogn og Fjordane
- Nabokommunane Os, Bergen, Vaksdal, Kvam og Fusa
- Bergen og omland friluftsråd
- BIR AS
- BKK Nett AS
- Business Region Bergen (BRB)
- Bergensalliansen
- Dei kommunale tenesteeiningane
- Lokale lag og organisasjonar
 - Antons Kulturhistoriske Senter
 - Eikedal velforening
 - Fjordtønna
 - Frøylandsdal ungdomslag
 - Interessentselskapet Vonheim
 - Nordbygda Ungdomslag
 - Rolvsvåg forening for NSSR
 - Rolvsvåg Turlag
 - Samnanger barnekor (King Sing)
 - Samnanger Blues Club
 - Samnanger bondelag
 - Samnanger bridgeklubb
 - Samnanger båtforening
 - Samnanger historielag
 - Samnanger idrettslag
 - Samnanger indremisjon
 - Samnanger jeger- og fiskarlag
 - Samnanger Kameraklubb
 - Samnanger Lions Club
 - Samnanger misjonsforsamling (Nesodden bedehus og Tysse bedehus)
 - Samnanger næringsforum
 - Samnanger pensjonistforening
 - Samnanger Røde Kors Besøktjeneste
 - Samnanger Røde Kors Hjelpekorps

- Samnanger beitelag
- Samnanger skulemusikklag
- Samnanger sundagsskulelag
- Sandvik grendalag
- Sandvik misjonsforening for NLM
- Soul X
- Sætervikaringen
- Tomas Martin Nordviks stiftelse
- Tveit ungdomslag
- Tysse og Nordbygda musikklag
- Tysse skyttarlag
- Urd ungdomslag

10. Vedlegg

Vedlegg 1: Skjema for innspel om utbygging til arealplanarbeidet

Skjema med kartvedlegg skal sendast til Samnanger kommune, Tyssevegen 217, 5650 TYSSE eller postmottak@samnanger.kommune.no

Gnr. og Bnr. :

Namn på heimelshavar:

Namn på forslagsstillar:

Adresse:

Telefonnr. (valfritt):

Tema (set kryss):

Levekår

Bustad/Hytter

Næring

Infrastruktur

Skildring av føreslått tiltak, inkludert vegtilkomst:

Grunngjeving for forslaget:

Skildring av eventuelt alternativ:

Det må leggjast ved eit kartutsnitt med påteikningar av forslaget.

Bruk til dømes ei av desse karttenestene:

bergensregionkart.no

seeiendom.no

gardskart.skogoglandskap.no

kilden.skogoglandskap.no

norgeskart.no

Eventuelt kan ein ringja kommunen for å få tilsendt kartutsnitt på e-post eller i posten. 56 58 74 40/44

Vedlegg 2: Skjema for generelle innspel til arealplanarbeidet

Skjema skal sendast til Samnanger kommune, Tyssevegen 217, 5650 TYSSE eller postmottak@samnanger.kommune.no

Namn på forslagsstillar:

Adresse:

Telefonnr. (valfritt):

Tema (set kryss):

Levekår		Bustad/Hytter		Næring		Infrastruktur	
Anna							

Skildring av føreslått tiltak, korleis kan Samnanger (for)bli ein stad "der du vil leva og bu"?

Fra: Ola Midttun

Sendt: 04.11.2013

Til: Postmottak

Kopi:

Emne: Samnanger kommune Hordaland - Høyring av planprogram for revisjon av kommuneplanens arealdel - uttale

Samnanger kommune

Sakshandsamar:

Ola Midttun

Kommunehuset

Telefon:

46888567

Seksjon:

Region Vest forvaltningsseksjon

5650 TYSSE

Vår referanse:

13/14346

Dykkar referanse:

Ragnhild Lønningdal

Vår dato:

04.11.2013

Dykkar dato:

17.10.2013

Att:

Elektronisk post

Samnanger kommune Hordaland - Høyring av planprogram for revisjon av kommuneplanens arealdel - uttale

Vi viser til e-post av 17.10.2013 frå Samnanger kommune med høyring av planprogram for revisjon av kommuneplanen sin arealdel.

Fiskeridirektoratet region vest sin medverknad i plansaker

Fiskeridirektoratet region vest er statlig sektormyndede for forvaltning av fiskerinæringa og akvakulturnæringa i Hordaland og Sogn og Fjordane. I plansaker og søknader om tiltak som kjem i berøring med vårt sektorområde, ber vi om at sjømat næringane sine interesser vert ivareteke og at ein tek omsyn til bevaring av marint biologisk mangfald.

Merknader til planprogrammet

Vi ser positivt på at ein gjennom revisjon av arealplanen vil integrere både land og sjøareala i ein samla arealplan. Av planprogrammet kjem det fram at gjeldande arealplan 2004-2014 er i ferd med å bli "forelda", og at revisjonsarbeidet i første rekke vil gjelde arealbruk på land. Kystsoneplanen vart vedteke så seint som i 2012, og såleis ser vi mindre trong for revisjon av arealbruk i sjøområda. Vi understrekar samstundes at det er viktig å sjå arealbruk på land i samanheng med arealbruk i tilgrensande sjøområde. Ved planlegging av areal som grenser mot sjøen, vil det vere naturleg også å vurdere arealbruk i sjøområda, t.d. planlegging for småbåthamn- og marinaanlegg tilknyta bustad- og fritidsbustadområde. Primært ber vi om at sjøområda som er merkt av som einkategori fiske- og akvakulturområde i gjeldande kystsoneplan, ikkje vert endra gjennom revisjon av planen. Dersom kommunen likevel ser trong for å vurdere arealbruka i desse områda, ber vi om at slike spørsmål vert avklart med oss og næringsinteressene før planframlegg vert sendt på høyring. Det er viktig at ein legg til rette for at næringsinteressene får kome med sine innspel i planprosessen. Fiskeridirektoratet region vest bidrar gjerne med vidare informasjon om fiskeri og akvakultur, og vi viser elles til kartløyisinga på vår heimeside www.fiskeridir.no <<http://www.fiskeridir.no>> der ein finn informasjon om fiske, akvakultur og marint biologisk mangfald. Til sist minner vi om at framlegg til plan med tilhøyrande dokument vert å sende på høyring til Fiskeridirektoratet region vest.

Med helsing

Paul Jacob Helgesen
seksjonssjef

Ola Midttun
seniorrådgiver

Brevet er elektronisk godkjent og vert sendt utan underskrift

Kopi til:

Kystverket Vest
Plan- og Kystforvaltningsavdelingen
6025
ÅLESUND
Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020
BERGEN
Hordaland Fylkeskommune
Postboks7900
5020
BERGEN
Fiskarlaget Vest
Slottsgt. 3
5003
BERGEN



KYSTVERKET

Vest

Samnanger kommune
Tyssevegen 217
5650 TYSSE

Dykkar ref:

Vår ref:
2013/3502-3

Arkiv nr:

Saksbehandlar:
Johan Sørensen

Dato:
04.11.2013

FRÅSEGN - HØYRING AV PLANPROGRAM FOR REVISJON AV KOMMUNEPLANENS AREALDEL – SAMNANGER KOMMUNE

Vi viser til e-post av 17. oktober 2013 om ovannemnte.

Kort om Kystverkets ansvar

Kystverket er ein nasjonal etat for kystforvaltning og sjøverts samferdsle. Etaten er eit forvaltningsorgan underlagt Fiskeri- og kystdepartementet, frå 1. januar 2014 Samferdselsdepartementet og har det faglege ansvaret for sikker og effektiv sjøtrafikk i norske farvatn og hamner.

I kommunale arealplanprosessar etter plan- og bygningslova deltar Kystverket for å ivareta sikker og effektiv sjøtrafikk, og forsvarleg bruk og forvaltning av farvatnet, samt effektiv hamneverksemd.

Kystverket skal ivareta nasjonale interesser og føringar med bakgrunn i mellom anna:

- *Havne- og farvannsloven av 17.4.2009 nr. 19*
- *Ot.prp. nr. 75, (2007-08) om lov om havner og farvann.*
- *Nasjonal transportplan 2010-2019, St.melding nr. 16 (2008-09).*
- *Handlingsprogram for Kystverket 2010-2019.*
- *På den sikre siden – Sjø sikkerhet og oljevernberedskap, St.melding nr. 14 (2004-05).*

For å ivareta sjøsikkerheita i norske farvatn og for å bidra til livskraftige kystsamfunn, har Kystverket etablert ein omfattande infrastruktur og maritime tenester. Den fysiske infrastrukturen er mellom anna fyr, sjømerker, skilting, etablering og utbeting av farleier og fiskerihamner.

Dei maritime tenestene omfattar mellom anna lostenesta, farledsbevis, trafikkovervaking og trafikk kontroll, elektroniske navigasjonshjelpemiddel, meldings- og informasjonstenester (is-, bølge-, straum- og vindvarsling samt navigasjonsvarslar).

Kystverket har og ansvar for statens beredskap mot akutt ureining, og hamnesikring i norske hamner med internasjonal trafikk.

Merknader til planprogrammet

For Kystverket er det viktig at kommunen gjer greie for sjøtransporten i planarbeidet.

Vest - Plan- og kystforvaltningen

Sentral postadresse: Kystverket, postboks 1502,
6025 ÅLESUND

Telefon: +47 07847
Telefaks: +47 70 23 10 08
Bankgiro: 7694 05 06766

Internett: www.kystverket.no
E-post: post@kystverket.no
Org.nr.: NO 970 237 372

Det er særleg knytt til arealdelen at Kystverket vil minne om sjøtransporten som ein viktig brukar av sjøområda, særleg i hovudleia langs kysten og bileier inn til viktige hamner, men og elles i kommunens sjøområde.

Kystverket ser positivt på at ein gjennom revisjon av kommuneplanens arealdel vil integrere både sjø og landområda, sjølv om hovudfokus nå synes å være arealbruk på land. Kommunens kystsoneplan er av nyare dato og vi ser såleis ikkje den sterke trongen for revisjon av sjøareala. Dog ser vi viktigeita av å sjå arealbruk på land i samanheng med tilgrensande sjøområder, noko som kan ha nær samanheng med utbygging av småbåthamner, marine hamner, utlegg av leidningar og kablar i sjø m.m., samt areal for sjøtrafikk og farleier.

Utover dette har ikkje Kystverket merknader til planprogrammet, men ser fram til eit godt samarbeid med den vidare planlegginga i Samnanger kommune. Vi bidrar gjerne med ytterlegare informasjon, og vi viser også til informasjon som finns på Kystverkets heimesider www.kystverket.no/ særleg kystinfo kart.

Med helsing

Knut Stenevik
avdelingssjef

Johan Sørensen
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Eksterne kopimottakere:
Fiskeridirektoratet region Vest Postboks 185 Sentrum 5804 BERGEN



Statens vegvesen

Samnanger kommune
Tyssevegen 217
5650 TYSSE

SAMNANGER KOMMUNE SENTRALADMINISTRASJONEN	
SAK.NR.....	J.NR.....
11 NOV 2013	
EMNEKODE:.....	
OBJEKTKODE:.....	
SAKSH:.....	GRADERING.....

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Kari Veseth Kinden - 56520261

Vår referanse:
2013/122012-002

Dykkar referanse:

Vår dato:
08.11.2013

Statens vegvesen sin uttale - Høring av planprogram for kommuneplanens arealdel 2015 - 2025

Me viser til oversending mottatt 17.10.13, vedkommande høring av planprogram for kommuneplanen sin arealdel 2015 – 2025.

Statens vegvesen sine interesser i alle plan- og forvaltningssaker omfattar primært etaten sitt ansvar for planlegging, bygging, drift og vedlikehald av riks- og fylkesvegnettet. Vår hovudmålsetting er å skapa størst mogleg trygg og god trafikkavvikling, eit godt miljø og i tillegg ta omsyn til naboar og samfunnsinteresser elles.

I Rammeplan for avkøyrslar og byggegrenser på riks- og fylkesvegar i Region vest (2013-2016) er vegnettet delt inn i strekningar med einsarta haldning til handsaming av avkøyrslar og byggegrensespørsmål. Rammeplanen skal takast omsyn til i det vidare planarbeidet.

Statens vegvesen ynskjer å peika på nokre punkt me meiner er særleg viktige i samband med arbeidet de har framføre dykk:

- I samband med all utbygging, både i høve bustadbygging, næring, og tilrettelegging av andre område for aktivitet som genererer trafikk, er det viktig å sjå heilskapen mot tilrettelegging for mjuke trafikkantar og universell utforming.
- I samband med alle byggeområde må ein tenkja tilkomst, kollektivtransport, tryggleik.
- Det er også viktig å tenkja avstand frå veg, både i høve til omlegging og utbetring av veg, drifting av veg, støy og støv frå veg, trafikktryggleik m.m.

Statens vegvesen har ikkje fleire merknadar til planprogrammet, men tek atterhald om å koma med merknadar under det offentlege ettersynet.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Flyplassvegen
5705 VOSS

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordveien 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

Plan og forvaltning, Voss og Hardanger
Med helsing

for Fredt & Steen

Carl Erik Nielsen
Seksjonsleiar

Kari Veseth Kinden

Kari Veseth Kinden

Kopi: Hordaland fylkeskommune, Pb 7900, 5020 Bergen.
Fylkesmannen i Hordaland, Pb 7310, 5020 Bergen.



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Jan Vidar Voster, 5557 2034

Vår dato
28.11.2013
Dykkar dato
17.10.2013

Vår referanse
2013/13484 421.3
Dykkar referanse

Samnanger kommune
Tyssevegen 217
5650 Tysse

Høyring - planprogram for revisjon av kommuneplanens arealdel - Samnanger - 2015-2025

Vi viser til brev av 10.07.2013 med ettersendt planprogram for kommuneplanen sin arealdel.

Planprogrammet syneste gjennomarbeidd og gjev god oversikt over prosessen så vel som problemstillingane. Det er gjort grundig greie for bakgrunnen for arbeidet, kopling til samfunnsdelen og grunnlaget for prosessen.

Generell kommentar

Tema som vert føreslått tekne opp i planen synest dekkjande for utfordringane i kommunen, men kan vere så omfattande at planprosessen kan verte svært ressurskrevjande i høve til det tidsskjemaet som er lagt til grunn.

Bustader

Kommunen bør vere tydeleg på kor ein ønskjer å opne for nye bustader. Nye bustadområde bør lokaliserast til eksisterande infrastruktur, senterområde og med nærleik til arbeidsplassar, eventuelt med sikte på å korte ned pendlaravstandar. Spreidd bustadbygging bør berre nyttast i område der presset er lågt, og bør ikkje leggjast opp til etablering av bustader på dyrka mark.

Friluftsområde

Kommunen har lagt opp til å kartleggje «*viktige lokale område for friluftsliv*». Fylkesmannen støtter dette, då vi meiner det er svært viktig at kommunen har oversyn over kva for område som vert nytta av befolkninga, og kva kvalitetar dei ulike områda har. Dette satsingsområdet går og fram av «*Nasjonalt strategi for et aktivt friluftsliv - en satsing på friluftsliv i hverdagen 2014 – 2020*» frå Miljøverndepartementet.

Fylkesmannen viser til metode knytt til [kartlegging og verdsetting av regionale friluftsområde i Hordaland](#), basert på DN handbok (Handbok 25-2004 Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder), som kan forenklast og tilpassast regionalt nivå. Fleire kommunar i Hordaland har gjennomført lokal kartlegging og verdsetting av område av verdi for friluftsliv. Fylkesmannen oppmodar Samnanger kommune til å følgje opp dette arbeidet ved å nytte tilsvarende metodar i arbeidet med kartlegginga si.

Naturtypar og biologisk mangfald

Samnanger har gjennomført «første generasjon» kartlegging av naturtypar og viltområde. I samband med nye registreringar er det særleg viktig å konsentrere registreringar om eventuelle nye utbyggingsområde.

Kommunen må skaffe seg oversyn over trua og sårbare artar, for at dette skal danne eit nødvendig kunnskapsgrunnlag for planlegginga. Førekomsten av elvemusling i kommunen er eit godt døme på dette.

Kommunen må basere arbeidet på informasjon i relevante data kjelder som Artsdatabanken sitt Artskart, Naturbase, INON-basen og kommunens egne rapportar om naturtype og viltområder. Dette bør gå fram av planprogrammet.

Vi ønskjer lykke til med planarbeidet.

Med helsing

Rune Fjeld
assisterande fylkesmann

Else Kristin Foss Vikenes
avdelingsdirektør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.



Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

Samnanger kommune
Tyssevegen 217
5650 TYSSE

SAMNANGER KOMMUNE
SENTRALADMINISTRASJONEN

SAK.NR.....J.NR.....

29 NOV 2013

EMNEKODE:.....

OBJEKTKODE:.....

SAKSH:.....GRADERING.....

Vår dato: 28 NOV. 2013
Vår ref.: NVE 201306554-2 rv/toot
Arkiv: 323
Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Toralf Otnes

Høyring av planprogram - Revisjon av kommuneplanens arealdel 2015-2025 - Samnanger kommune

Vi syner til brev datert 17.10.2013. Saka gjeld høyring av planprogram for revisjon av kommuneplanens arealdel.

Av planprogrammet går det fram at arbeidet med arealplanrevisjonen er avgrensa til fire av dei seks innsatsdropane i samfunnsdelen; levekår, bustad, arbeid/næring og infrastruktur. I tillegg er det definert trong for å sjå på område for fritidsbustader.

Naturfare

I planprogrammet ser vi at Risiko- og sårbarheitsvurderingar skal nyttast for å sile arealframlegg. Det er då viktig at kommunen rår over god kunnskap om potensiell naturfare som skred, flaum og erosjon. Vi vil kort nemne hjelpemiddel og framgangsmåtar for å avdekke potensiell fare:

- Aktsemdkart for skredfare på www.skrednett.no. Indre delar av kommunen er dekkja av NGI sine aktsemdkart. I desse områda rår NVE til at desse karta vert nytta framfor dei landsdekkande karta.
- Lausmassekart på www.ngu.no. Særleg merksemd må ein syne i område under marin grense.
- Ein 20 m buffer til kvar side av mindre vassvegar/bekkar/elver vil i dei fleste tilfelle vere tilstrekkeleg for å unngå fare for flaum, erosjon og skred i bekkeløpet.
- Flaumfare lang større elvar og vassdrag må vurderast særskilt.
- På NVE sine nettsider www.nve.no kan kommunen finne faktaarket "Identifisering av skredvifter"
- Kommunen bør samle kunnskap frå tidlegare skred- og flaumfarerapportar som er gjennomført.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthungsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Nausdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsvæien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



NVE vil elles syne til at tryggleikskrava i Byggteknisk forskrift (TEK10) kap. 7 gjeld all utbygging i kommunen, uavhengig av reguleringsstatus, arealføremål i plan, om det er nye utbyggingsområde eller fortetting. Det er difor viktig at kommunen kartlegg potensiell fare i alle dei områda det er aktuelt med ny eller vidare utbygging/fortetting.

Kommuneplanens arealdel må byggast opp slik at plankartet med sine føresegner heimlar naudsynte tiltak og utgreiningar for heile kommunens areal, samstundes som kjende potensielt farlege område er synleggjort på ein lett tilgjengeleg måte. Planprogrammet bør reflektere at kommunen må vurdere potensiell fare for heile planområdet der utbygging kan være aktuelt.

I Plan og Bygningslova er omsynssoner innført som eit svært godt verkemiddel for å synleggjere ulike omsyn som skal takast i vidare planlegging og sakshandsaming av einskildsaker. Omsynssonene og føresegner/retningslinjer knytt til dei kan gå på tvers av arealbruksføremål, på tvers av eksisterande og framtidig bruk, og på tvers av regulerte og ikkje regulerte areal. For omsynssone Fareområde (§ 11-8a) gjev PBL heimel til å gi føresegner knytt til sona som det ikkje er heimel til å gi til det einskilde arealbruksføremål på kommuneplannivå.

NVE rår Samnanger kommune til å innarbeide alle område som potensielt kan vere utsett for flaum- og skredfare i kommuneplankartet som omsynssoner. Til omsynssonene må det knytast til føresegner med krav om nærare kartlegging av faren i alle plan og byggesaker.

NVE retningsline 2/2011 "*Flaum og skredfare i arealplanar*" med vedlegg gjev meir utfyllande oversikt over korleis flaum, erosjon og skred kan utgjere ein fare og korleis desse bør utgreiast og innarbeidast i kommuneplanar.

Klimaframskrivingar tilseier at det vil bli hyppigare episodar med styrtregn og difor hyppigare og større flaumar i små vassdrag. Dette gjeld heile landet. For alle vassdrag med nedslagsfelt mindre enn ca 100 km² må ein rekne med minst 20% auka flaumvassføring i løpet av dei neste 50 – 100 år. Dette er skildra i rapporten "*Hydrological projections for floods in Norway under a future climate*" (Lawrence og Hisdal 2011, NVE-rapport 5-2011). Det er naudsynt at arealplanlegginga tek omsyn til den auka flaumfaren langs små vassdrag. Det beste generelle rådet er å halde nye bygg i god avstand frå vassdraga. Det må synast særleg aktsemd langs bratte vassdrag der vatnet kan grave ut nye laup eller rive med seg massar i farlege flaumskred.

Vi merkar oss at det i planprogrammet pkt.7.3 er nemnd kartlegging av snøskred og steinsprang i alle eksisterande og nye byggeområde. Dersom kommunen med dette legg opp til faresonekartlegging i utvalde område rår vi til at kartlegginga omfattar alle skredtypar. Ein vil då kunne nytte kartlegginga direkte i byggesakshandsaminga.

Vassdrag

Alle vassdrag med årsikker vassføring bør merkast tydeleg i plankartet. Område i og langs vassdrag er verdfulle for miljø og friluftsliv. Generelt gjeld at utbygging tett inn til vassdrag bør unngåast. Kommunen bør vurdere å innføre eit byggeforbod i eit bestemt meterbelte langs vassdrag. Breidd kan differensierast ut frå vassdraget og omgjevndane sin karakter. For å gi god oversikt og sikre god styring med vassdrag og vassdragsnære areal rår NVE til at kommunen nyttar arealbrukskategorien *Bruk og vern av sjø og vassdrag*, jf PBL § 11-7 nr.6 til å merke alle vatn, elvar og bekkar inkludert kantsoner.

Frølandselvi er verna mot kraftutbygging til utlaupet av Frølandsvatnet. Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag skal leggjast til grunn i planarbeidet. Retningslinjene gjeld hovudelv, sideelvar, større bekkar, sjø og tjern og eit område på inntil 100 m breidd på sidene av desse. Det må leggast opp til ein



arealbruk som ikkje reduserer verneverdiane knytt til vassdraget. I konsekvensutgreiinga bør det gå fram som eige vurderingstema korleis nye planlagde tiltak påverkar verneverdiane i vassdraget. Dette bør innarbeidast i planprogrammet

I pkt 5.1 bør Vassressurslova takast inn.

Vassdrags- og energianlegg

Sentral og regionalnettsanlegg, transformatorstasjonar og andre større kraftleidningar som krev konsesjon etter energilova er unnateke frå PBL. Eksisterande og vedtekne større høgspenningsanlegg og transformatorstasjonar skal avsettast som omsynssoner (PBL § 11-8 d) i plankartet.

Mindre kraftleidningsanlegg innanfor områdekonsesjonane fell innanfor verkeområdet til PBL og kan settast av i plankartet som teknisk infrastruktur etter PBL §11-7 nr. 2.


NVE ber kommunen kontakte Statnett, regional netteigar og områdekonsesjonær, slik at det kan takast omsyn til planlagde nye kraftleidningar og oppgradering av eksisterande kraftleidningar.

Reguleringsmagasin bør markerast i plankartet som omsynssone/område som er bandlagt etter vassdragslovverket (utan tidsavgrensing), med føremål "Reguleringsmagasin" (PBL " 11-8 d). Sævellavatnet, Holmavatn, Fiskevatn, Grøndalsvatn, Kvittingvatn, Nedre Dukevatn og Øvre Dukevatn er reguleringsmagasin Samnanger kommune

Vasskraftverk bør settast av som område for "Bebyggelse og anlegg".

Med helsing


Brigte Samdal
regionsjef


Toralf Øtnes
senioringeniør

Kopi: Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN

Samnanger Næringsforum
(Org. No 992 811 870 – Enhetsregisteret)

Samnanger Kommune
v/prosjektleder Ragnhild Lønningdal
5650 - Tysse

Årland, 29.11.2013

Re. Høyringsuttale til planprogram for kommuneplanens arealdel 2015 – 2025.

Planprogrammet vart handsama av Samnanger næringsforum i styremøte 25.11.2013, der det var einigheit om fylgjande uttale:

Næringsforumet meiner planprogrammet er godt gjennomarbeid og tek hand om viktige forutsetningar for ei positiv utvikling i Samnanger,

Næringsforumet støttar fullt og heilt målet for planarbeidet, nemleg å få fleire til å busetja seg i kommunen og å leggja til rette for fleire arbeidsplassar og å vidareutvikla eit samfunn som er godt å leva i. Det er viktig at ein held fokus på dette målet gjennom heile planprosessen.

Styret er forundra over at kun Naturutvalget er representert i styringsgruppa. Etter vår meining er det naturleg at representantar frå alle tre hovodgruppene er representert i styringsgruppa. Frå teksten nederst på side 5 går det fram at prosjektleder skal rapportera til styringsgruppa om arbeid og framdrift i dei underliggjande gruppene. Dette synes naturleg sjølv om det ikkje går fram av organisasjonskartet (på side 5).

Side 14 av planen legg føringar på kor nye bustadområder bør liggje dvs. i nærleiken av hovodveg. Styret i næringsforumet samtykkjer i dette, men meiner at hovudveg bør difinerast klarare. (Meiner ein fv. 7? eller gjeld det alle fylkesveiane i kommunen?)

Nest siste avsnitt på side 14 omhandlar LNF områder. Arbeidsgruppa skal vurdere den faktiske byggeaktiviteten i og rundt desse områda. Næringsforumet meiner ein først må difinera kva som i dag er kjerneområda for jord- og skogbruk, og deretter vurdere kva områder som naturleg skal setjast av til natur og friluft. Etter vår meining er for store områder i eksisterande plan difinert som LNF, noko som kan føre til unødig byråkrati f.eks. i samband med søknad om byggeløyve for bustad.

Under bustad og hytter (Kap. 6.2) side 15 er det skissert retningsliner for handsaming av innspel. Næringsforumet samtykkjer i dei kriteria som er lista opp, men savner eit punkt som omhandlar etikk. Me meiner i byggefelt bør ein leggja vekt på utforming, byggestil og plassering av bustadhusa. Dette gjeld også hyttefelt. Med andre ord, ein må tilstrebe å skapa eit godt heilheitsintrykk av felta.

Under Næring (kap. 6.3) - Delmål meiner Næringsforumet at markedsføring er så viktig at ein burde laga eit eige planprogram for dette.

Ein nyleg landsomfatande spørreundersøkelse viser at næringsdrivande er spesielt opptatt av:

- Sikra god kvalitet på vidaregåande opplæring.
- Sikra betre vegløyningar.
- Tilrettelegging for auka innovasjon og entreprenørskap.

I andre avsnitt (side 16) ser ein at felles næringsplan for Os, Fusa og Samnanger er nyleg starta opp. Næringsforumet meiner det er viktig og naturleg at også ein representant frå næringslivet i Samnanger vert utpeika til å ta del i dette planarbeidet.

Til Kap. 6.4 Infrastruktur – delmål har næringsforumet fylgjande kommentarar:

Styret er usikker på kva ein meiner med oversiktleg vegnett? Vidare meiner styret at ein bør ha med eit eige delmål om transport kostnadene for næringslivet. Ein bør tilstreba at transportkostnadane for næringsdrivende i kommunen er konkurransedyktige samanlikna med kostnader i nabo-kommunane, som det er naturleg å samanlikna seg med.

Styret meiner også at kommunen bør stilla seg positiv, dersom det vert aktuelt med vidare utredning av høghastighetsbane gjennom Samnanger.

Når det gjeld kollektivtilbodet meiner styret det er viktig at dei som ikkje bur i nærleiken av hovudvegen (fv. 7) også får eit tenleg kollektivtilbod. Opning av Tyssetunnelen kan ha negative konsekvensar for kollektiv transporten frå Gaupholm til Nesodden og vidare til Bjørkheim. Opning av tunnelen kan føra til dårlegare kollektivtilbod, slik ein var vitne til når Hagaåstunnelen vart opna. Det er og viktig at ein får tenleg kollektivtilbod frå Samnanger inn mot Bergen. Ein må unngå ventetid ved omstigning frå buss til bane ved Arna stasjon.

På side 17 - 5. avsnitt vert det hevda at arealplanprosessen må sjå på korleis det kan arbeidast mot målet om internett -tilkobling for alle innbyggjarane i kommunen.

Næringsforumet er samd i dette, men vil minna om at mobiltelefondekning er ikkje tilfredsstillende i store deler av kommunen. For næringslivet er det i mange tilfelle avgjerande at ein har tilfredsstillande og tenleg dekning.

Under kap. 7.3 - Kartlegging og avklaringar - er det ført opp to tiltak der ein tek sikte å bruka inleigd hjelp. Styret går utfrå at Kommunen vil undersøka muligheitene for tilskot til desse prosjekta.

Næringsforumet ynskjer lykke til i det vidare arbeidet med arealplanen.

Med beste helsing

For styret i **SAMNANGER NÆRINGSFORUM**
Knut Bjørnås
(Sign)

Vedlegg 2: Skjema for generelle innspel til arealplanarbeidet

Skjema skal sendast til Samnanger kommune, Tyssevegen 217, 5650 TYSSE eller

postmottak@samnanger.kommune.no

Namn på forslagsstillar: Simon Hauge

Adresse: Lønnebakken 14

Telefonnr. (valfritt): 94130243

Tema (set kryss): Motocrossbane

Levekår Bustad/Hytter Næring Infrastruktur

Anna

SAMNANGER KOMMUNE SENTRALADMINISTRASJONEN	
SAK.NR.....	J.NR.....
21 NOV 2013	
EMNEKODE:.....	
OBJEKTKODE:.....	
SAKSH:.....	GRADERING.....

Skildring av føreslått tiltak, korleis kan Samnanger (for)bli ein stad "der du vil leva og bu"?

Me er ein flokk ungdommar som ønskjer å halda på med noko i fritida vår. Me er veldig interesserte i motocross og nokon av oss er medlem i Os sin motocrossklubb. Som fartsglade og energifulle ungdommar her i Samnanger saknar me noko som er lovleg å bruka syklane våras på. Ei crossbane kan gjøre at Samnanger kjem på kartet og blir meir attraktiv blant crosskjørarar, og vidare førar dette til gode opplevingar og godt sosialt miljø blant andre innan same idrett.

Har dykk i kommunen eit område som kan eigna seg for crossbane?

MVH: Simon Hauge (15)
 Håvard P. Gubbet (15)
 Gunnar Østebø (58)
 Elisabeth H. Hauge
 Joachim Hauge (17)
 Isak Aadland (15)
 Odin Aadland (15)
 Tal. Getz (15)
 Fabian Tveterås (15)
 Torkel moe (15)

Vegard Lemme (15)
 Sondre Skar (15)
 Mathias Reistad (15)
 Erlend Bogem (15)
 RUBEN Skjoldal (15)
 Sivert Andersen (15)
 Sander Vangem (19)
 Arne-Olaf T. Tandrup

August. I. Tuvitejas
Hakon Martin H. Hadeland

Odin. Hanevik. moc
Matias Torse Reistad (3/)

Sondre Veivle

Thorvald Lov

Viktor stikkholmen girde

Bodil K. Opsteber (54)

||

Øyvind

Fra: Øyvind Røen
Sendt: 27.11.2013
Til: Postmottak
Kopi:
Emne: Planprogrammet for arealdelen i kommuneplanen

Røen
Vågabygda 9
5652 Årland

Samnanger kommune
v. Ragnhild Lønningdal

Planprogrammet som naturutvalet har lagt ut til høyring, listar i punkt 5.4 opp dei kommunale planane som ligg til grunn for det vidare arbeidet med arealplanen. Her har ein ikkje teke med landbruksplanen for Os, Fusa og Samnanger. Denne vart vedteken 25.11.2009 i sak 47/09.

Eg ber om at landbruksplanen vert teken inn i planprogrammet.

Helsing
Øyvind Røen



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Jan Erik Boge	Arkivkode: FE-033, TI-&17
Arkivsaksnr: 11/631	Løpenr: 13/6515
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Kommunestyret	18.12.2013	066/13	JEB

REVISJONSAVTALE OG VURDERING AV OPSJON

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

1. Samnanger kommune vel å nytta opsjon på kjøp av revisjonstenester, slik at Deloitte AS også er revisor for 2014 og 2015 inkludert reviderar rekneskapen for 2015. Det ver lagt til grunn at Deloitte AS er kommunen sin revisor tom 30.06.2016.
2. Kontrollutvalet får fullmakt til å gjennomføra ny konkurranse. Tidsramma må leggjast slik at den som vert valt ut frå konkurransen, er revisor fom 01.07.2016. Fullmakta omfattar gjennomføring av heile prosessen, herunder:
 - a. Utarbeiding og godkjenning av tilbodsokument.
 - b. Knytta til seg naudsynt ekstern hjelp.
 - c. Vurdera mottekne tilbod og innstilla overfor kommunestyret på val av revisor.

Dokument som er vedlagt:

Særutskrift frå kontrollutvalet 17.09.2013 - revisjonsavtale
Saksframlegg kontrollutvalet - revisjonsavtale

Kva saka gjeld:

Sekretariatet for kontrollutvalet arbeider ikkje i same saksbehandlingssystem som Samnanger kommune. Saksdokumenta finn ein difor som vedlegg til dette saksframlegget.

**Samnanger kommune****Til: Kommunestyret****SÆRUTSKRIFT**

Sakshandsamar Kari Nygard

Saksgang	Møtedato	Saknr.
Kontrollutvalet	17.09.13	28/13

28/13 REVISJONSAVTALE OG VURDERING AV OPSJON**FORSLAG TIL INNSTILLING:**

1. Samnanger kommune vel å nytta opsjon på kjøp av revisjonstenester, slik at Deloitte AS også er revisor for 2014 og 2015 inkludert reviderar rekneskapen for 2015. Det vert her lagt til grunn at Deloitte AS er kommunen sin revisor tom. 30.06.2016.
2. Kontrollutvalet får fullmakt til å gjennomføra ny konkurranse. Tidsramma må leggjast slik at den som vert valt ut frå konkurransen, er revisor fom. 01.07.2016. Fullmakta omfattar gjennomføring av heile prosessen, herunder:
 - a. Utarbeiding og godkjenning av tilbodsdocument.
 - b. Knytta til seg naudsynt ekstern hjelp.
 - c. Vurdera mottekne tilbod og innstilla overfor kommunestyret på val av revisor.

HANDSAMING I MØTET

Kontrollutvalet gjennomgjekk og drøfta saka. Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

INNSTILLING:

1. Samnanger kommune vel å nytta opsjon på kjøp av revisjonstenester, slik at Deloitte AS også er revisor for 2014 og 2015 inkludert reviderar rekneskapen for 2015. Det vert her lagt til grunn at Deloitte AS er kommunen sin revisor tom. 30.06.2016.
2. Kontrollutvalet får fullmakt til å gjennomføra ny konkurranse. Tidsramma må leggjast slik at den som vert valt ut frå konkurransen, er revisor fom. 01.07.2016. Fullmakta omfattar gjennomføring av heile prosessen, herunder:
 - a. Utarbeiding og godkjenning av tilbodsdocument.
 - b. Knytta til seg naudsynt ekstern hjelp.
 - c. Vurdera mottekne tilbod og innstilla overfor kommunestyret på val av revisor.

RETT UTSKRIFT:

DATO: 19. september 2013

Hogne Haktorson
Kontrollsjef**Kopi:** Rådmann
Ordførar
Utvalsleiar
Postmottak



SAKSFRAMLEGG

Til: Kontrollutvalet **Dato:** 17. september 2013
Sakshandsamar: Kari Nygard
Kopi til: **Sak:** 28/13

28/13 REVISJONSAVTALE OG VURDERING AV OPSJON

Bakgrunn for saka:

Deloitte AS vart valt som revisor for Samnanger kommune, med verknad frå 01.07.2010.

I kontrakten står det om avtaleperioden:

- Avtalen trer i kraft 01. juli 2010 og utløpar 30. juni 2014. Kunden (Samnangers kommune) har ein-sidig opsjon på å kunne forlenge avtalen med 2 år.
- Revisjon for 2013 inneheld revisjon av årsrekneskapen for 2013, ferdig gjennomført våren 2014. Tilsvarande forhold gjeld og for årsrekneskapen for 2015, ferdig gjennomført våren 2016, ved eventuell bruk av opsjon.
- Seinast 3 månader før utløpet av avtalen skal revisor venda seg til kunden med spørsmål om det er ønskjeleg å forlengje avtalen. Dersom kunden ønskjer å forlengje avtalen, skal han gje melding om det seinast 2 månader før utløpet av avtalen. Oppdrag som er timebetalte, og som er starta før utløpet av avtaleperioden, skal slutførast.

Drøfting:

I drøftinga vert det lagt opp til å koma innom desse punkta:

- ”Byttekostnader”.
- ”Særskilte grunnar”.
- Prosess med ny konkurranse.

”Byttekostnader”

Det vil alltid vera ein del kostnader knytt til det å skifta leverandør, enten det gjeld revisjonstenester eller andre tenester. Her kan nemnast utarbeiding av tilbodsdocument, utlysing, vurdering av tilboda og vedtaksprosessen. Dersom det vert valt ny revisor, går det og ei tid for kommunen til å bli kjent med denne. Dette talar for at det er ei føremon å bruka opsjonstida, før ein tar desse kostnadene, så sant det ikkje er særlege grunnar for ikkje å gjera det.

Prisen er og regulert i tidlegare tilbodsdocument, for gjeldande avtaleperiode med opsjonstid, medan det er usikkert korleis ein kjem ut i neste avtaleperiode. Det kan for så vidt slå ut med både høgare og lågare totalpris, ut frå marknads- og konkurransesituasjonen.

”Særskilte grunnar”.

Sekretariatet har kontaktflate mot politisk miljø, særleg gjennom kontrollutvalet, revisjonen og administrasjonen. Det er ikkje fanga opp noko signal om utføring av oppdraget, som tilseier at ein ikkje bør utvida tenesteoppdraget med ei ny opsjonstid.

Prosess med ny konkurranse.

Når opsjonstida er ute må ein uansett ha ny konkurranse, for å følgja regelverket om offentlege innkjøp. Såleis er det greitt om ein også uttalar noko om det arbeidet.

Kontrollutvalet er av lovgjevar tildelt ein sentral plass med denne prosessen.

”Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner”, §16, 2. lekk, er slik:

”Dersom kommunestyret eller fylkestinget vedtar å konkurransesette hele eller deler av revisjonen, foretar kommunestyret eller fylkestinget selv valg av revisor etter innstilling frå kontrollutvalet”.

Departementet sine merknader til §16, 2. lekk, er slik:

”Det er kontrollutvalget som innenfor de rammer som konkurranselovgivningen setter – herunder regelverket om offentlige anskaffelser og om offentlig støtte – forbereder sak om valg av revisor for kommunestyret eller fylkestinget”

Samnanger kommune har gjort vedtak om å konkurransesette revisjonsordning. Såleis er det val av revisor saka gjeld no. Då er det altså kontrollutvalet som saksførebur og innstiller, medan det er kommunestyret som vel revisor.

Framlegg om kva fullmakter kontrollutvalet bør ha når dei saksførebur, følgjer av framlegg til innstilling. Kontrollutvalsleiaren bør orientera kommunestyret undervegs om prosessen.

Proessen frå utarbeiding av tilbodsdokument til val av revisor, tar gjerne ¾ år. Dersom framlegg til innstilling vert vedteken, startar denne prosessen om 1 til 2 år. Dersom kommunestyret ikkje ønskjer ny opsjonstid, må prosessen starta like etter at kommunestyrevedtaket om det evt. er fatta.

Konklusjon:

Det vert invitert til vedtak om:

- Å nytta resterande opsjonstid, for kjøp av revisjonstenester.
- Å gje fullmakt til kontrollutvalet når det gjeld konkurranse om revisjonsoppdraget for neste avtaleperiode.

FORSLAG TIL INNSTILLING:

1. Samnanger kommune vel å nytta opsjon på kjøp av revisjonstenester, slik at Deloitte AS også er revisor for 2014 og 2015 inkludert reviderar rekneskapan for 2015. Det vert her lagt til grunn at Deloitte AS er kommunen sin revisor tom. 30.06.2016.
2. Kontrollutvalet får fullmakt til å gjennomføra ny konkurranse. Tidsramma må leggjast slik at den som vert valt ut frå konkurransen, er revisor fom. 01.07.2016. Fullmakta omfattar gjennomføring av heile prosessen, herunder:
 - a. Utarbeiding og godkjenning av tilbodsdokument.
 - b. Knytta til seg naudsynt ekstern hjelp.
 - c. Vurdera mottekne tilbod og innstilla overfor kommunestyret på val av revisor.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Kari Nygard
Seniorrådgjevar



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Jan Erik Boge	Arkivkode: FE-033, TI-&17
Arkivsaksnr: 11/631	Løpenr: 13/6528
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Kommunestyret	18.12.2013	067/13	JEB

STANDARD ATTERHALD OM KOMMUNAL KONTROLL

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret vedtek at det skal innarbeidast standard atterhald om kontroll der det av kommunale midlar vert ytt nye tilskot til:
 - a. Kjøp av aksjar og andre eigardeler i selskap
 - b. Stiftingar
 - c. Organisasjonar, aktivitetar og liknande.
2. I slike døme skal det takast atterhald om høve for kommunen og kommunen sin revisor til å setja i verk kontroll med at midlane vert forvalta slik som føresett. Kommunen og kommunen sin revisor skal ha rett til dei opplysningane ein finn naudsynt for sin kontroll.

Dokument som er vedlagt:

Særutskrift frå kontrollutvalet 17.09.2013 - standard atterhald
Saksframlegg kontrollutvalet - standard atterhald

Kva saka gjeld:

Sekretariatet for kontrollutvalet arbeider ikkje i same saksbehandlingssystem som Samnanger kommune. Saksdokumenta finn ein difor som vedlegg til dette saksframlegget.

**Samnanger kommune****Til: Kommunestyret****SÆRUTSKRIFT**

Sakshandsamar Kari Nygard

Saksgang	Møtedato	Saknr.
Kontrollutvalet	17.09.13	23/13

23/13 STANDARD ATTERHALD OM KOMMUNAL KONTROLL**FORSLAG TIL INNSTILLING:**

- 1 Kommunestyret vedtek at det skal innarbeidast standard atterhald om kontroll der det av kommunale midlar vert ytt nye tilskot til:
 - a Kjøp av aksjar og andre eigardeler i selskap
 - b Stiftingar
 - c Organisasjonar, aktivitetar og liknande.
- 2 I slike døme skal det takast atterhald om høve for kommunen og kommunen sin revisor til å setja i verk kontroll med at midlane vert forvalta slik som føresett. Kommunen og kommunen sin revisor skal ha rett til dei opplysningane ein finn naudsynt for sin kontroll.

HANDSAMING I MØTET

Kontrollutvalet drøfta saka og merka seg at Samnanger kommune ikkje har innarbeidd rutine for å nytta seg av standard atterhald i slike saker i dag. Kontrollutvalet gjekk samrøystes inn for å innføra slik ordning. Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

INNSTILLING:

- 1 Kommunestyret vedtek at det skal innarbeidast standard atterhald om kontroll der det av kommunale midlar vert ytt nye tilskot til:
 - a Kjøp av aksjar og andre eigardeler i selskap
 - b Stiftingar
 - c Organisasjonar, aktivitetar og liknande.
- 2 I slike døme skal det takast atterhald om høve for kommunen og kommunen sin revisor til å setja i verk kontroll med at midlane vert forvalta slik som føresett. Kommunen og kommunen sin revisor skal ha rett til dei opplysningane ein finn naudsynt for sin kontroll.

RETT UTSKRIFT:

DATO: 19. september 2013

Hogne Haktorson
Kontrollsjef**Kopi:** Rådmann
Ordførar
Utvalsleiar
Deloitte
Postmottak



SAKSFRAMLEGG

Til: Kontrollutvalet **Dato:** 17. september 2013
Sakshandsamar: Kari Nygard
Kopi til: **Sak:** 23/13

23/13 STANDARD ATTERHALD OM KOMMUNAL KONTROLL

Bakgrunn for saka:

Tidlegare har det i plan for selskapskontroll vore innarbeida eit standard atterhald om kontroll. Dette er ikkje teke med i Samnanger kommune sin plan som gjeld for perioden 2012 – 2016.

Eit slikt atterhald vil vere aktuelt der kommunale midlar vert ytt som tilskot til verksemder/aktivitetar som ikkje er undergitt kommunal kontroll. I slike døme skal det takast atterhald om høve for kommunen og kommunen sin revisor til å setja i verk kontroll med at midlane vert forvalta slik som føreset. Kommunen og kommunen sin revisor skal ha rett til dei opplysningane ein finn naudsynt for sin kontroll.

Dette gjeld i hovudsak selskap som fell utanfor kommunelovas § 80 og tilskot til frivillige organisasjonar, stiftingar, selskap med private og/eller statlege eigarar. Kommunelova § 80 gjeld berre for heileigde kommunale og fylkeskommunale selskap.

§ 80. Selskapskontroll

«I interkommunale selskaper etter lov 29. januar 1999 nr. 6 og i aksjeselskaper der en kommune eller fylkeskommune alene eller sammen med andre kommuner eller fylkeskommuner eier alle aksjer, og i heleide datterselskaper til slike selskaper, har kommunens eller fylkeskommunens kontrollutvalg og revisor rett til å kreve de opplysninger som finnes påkrevd for deres kontroll, så vel fra selskapets daglige leder som fra styret og den valgte revisor for selskapet. I den utstrekning det finnes nødvendig, kan kontrollutvalget og kommunens revisor selv foreta undersøkelser i selskapet.

Kommunestyret eller fylkestinget kan fastsette regler om kontrollutvalgets og revisors kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskapet og herunder fastsette hvilke dokumenter mv. som skal sendes kommunens eller fylkeskommunens kontrollutvalg og revisor.

Kontrollutvalget og kommunens eller fylkeskommunens revisor skal varsles og har rett til å være tilstede på selskapets generalforsamling, samt møter i representantskap og tilsvarende organ.»

Drøfting:

Det kan vera føremålstenleg at kommunen legg inn eit standard atterhald ved økonomisk støtte til verksemder / aktivitetar, slik at kommunen sikrar kontroll gjennom eigen revisor og kontrollutval. Dette må og gjelda i saker der kommunen går inn på eigarsida i statlege og private organisasjonar, stiftingar og selskap.

Føremålet med dette vil vera:

- a) sikre at kommunen kan føre tilsyn med selskap der kommunen går inn på eigarsida der det er private og eller statlege eigarar frå før, eller ved oppretting av slike selskap.
- b) Føre tilsyn og kontroll med kommunale midlar i til dømes stiftingar.
- c) Føre tilsyn og kontroll i private organisasjonar, aktivitetar og liknande, som mottak kommunal støtte eller løyvingar.

Konklusjon:

Det er etter sekretariatet si meining viktig at kommunen sikrar kontroll med midlar som vert løyvt, der dette ikkje automatisk følgjer av lov.

Standard atterhald er og vanleg ved statlege løyvingar, som tilsvarende sikrar rettar for Riksrevisjonen.

FORSLAG TIL INNSTILLING:

- 1 Kommunestyret vedtek at det skal innarbeidast standard atterhald om kontroll der det av kommunale midlar vert ytt nye tilskot til:
 - a Kjøp av aksjar og andre eigardeler i selskap
 - b Stiftingar
 - c Organisasjonar, aktivitetar og liknande.
- 2 I slike døme skal det takast atterhald om høve for kommunen og kommunen sin revisor til å setja i verk kontroll med at midlane vert forvalta slik som føresett. Kommunen og kommunen sin revisor skal ha rett til dei opplysningane ein finn naudsynt for sin kontroll.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Kari Nygard
Seniorrådgjevar



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Jan Erik Boge	Arkivkode: FE-033, TI-&17
Arkivsaksnr: 11/631	Løpenr: 13/6529
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Kommunestyret	18.12.2013	068/13	JEB

RAPPORT ETTER SELSKAPSKONTROLL AV BUSINESS REGION BERGEN

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret i Samnanger merkar seg det som kjem fram i rapport etter selskapskontroll av Business Region Bergen AS.
2. Når det gjeld den gjennomførte selskapskontrollen av Business Region Bergen AS, ber kommunestyret selskapet syta for å:
 - a. Ferdigstille arbeidet med å utarbeide fullmaktsstruktur for selskapet og styreinstruks for styret.
 - b. Sikre at samarbeidsavtalane i tilstrekkeleg grad avklarar rollar- og forventningar mellom partane.
 - c. I samband med revidering av Strategisk næringsplan i 2014 arbeider for å tydeleggjere ansvarslinjene mellom tiltakseigarar, eigarkommunane og andre samarbeidsaktørar når det gjeld oppfølging av tiltak i planen.
 - d. Utarbeide skriftlege rutinar for innkjøp og kontraktsoppfølging, og sikrar at innkjøp vert gjennomført i samsvar med regelverket om offentlege anskaffingar.
 - e. Etablere eit system for å registrere og følgje opp avvik, som er tilpassa selskapet sin storleik og risikoforholda for verksemda.
 - f. Innføre følgjande praksisar tilrådd av KS:
 - i. Styrevertregistrering
 - ii. gjennomføre årleg eigenevaluering av styret
 - iii. utarbeide plan for kompetanseutvikling
 - g. Utarbeide skriftlege rutinar for budsjettering og oppfølging av budsjett, som inkluderer retningslinjer for rapportering om avvik frå budsjettet.
 - h. Etablere system og rutinar for prosjektstyring, og fastsetje budsjetttrammer for prosjekt av vesentleg storleik.
 - i. Utarbeide retningslinjer for bruk av innleidde ressursar.

- j. Vurdere om det er behov for at selskapet i større grad rapporterer til alle eigarane om ressursbruken i selskapet (jf. praksis med rapportering til Hordaland fylkeskommune).
3. Laga ein plan innan 01.03.14., som syner kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Dokument som er vedlagt:

Særutskrift frå kontrollutvalet 05.12.2013 - selskapskontroll BRB

Saksframlegg kontrollutvalet - selskapskontroll BRB

Rapport etter selskapskontroll av BRB

Kva saka gjeld:

Sekretariatet for kontrollutvalet arbeider ikkje i same saksbehandlingssystem som Samnanger kommune. Saksdokumenta finn ein difor som vedlegg til dette saksframlegget.

**Samnanger kommune****Til: Kommunestyret****SÆRUTSKRIFT**

Sakshandsamar Kari Nygard

Saksgang	Møtedato	Saknr.
Kontrollutvalet	05.12.13	35/13

35/13 RAPPORT ETTER SELSKAPSKONTROLL AV BUSINESS REGION BERGEN**FORSLAG TIL INNSTILLING:**

1. Kommunestyret i Samnanger kommune merkar seg det som kjem fram i rapport etter selskapskontroll av Business Region Bergen AS.
2. Når det gjeld den gjennomførte selskapskontrollen av Business Region Bergen AS, ber kommunestyret selskapet syta for å:
 - a. Ferdigstille arbeidet med å utarbeide fullmaktsstruktur for selskapet og styreinstruks for styret.
 - b. Sikre at samarbeidsavtalane i tilstrekkeleg grad avklarar rollar- og forventningar mellom partane.
 - c. I samband med revidering av Strategisk næringsplan i 2014 arbeider for å tydeleggjere ansvarlinjene mellom tiltakseigarar, eigarkommunane og andre samarbeidsaktørar når det gjeld oppfølging av tiltak i planen.
 - d. Utarbeide skriftlege rutinar for innkjøp og kontraktsoppfølging, og sikrar at innkjøp blir gjennomført i samsvar med regelverket om offentlege anskaffingar.
 - e. Etablere eit system for å registrere og følgje opp avvik, som er tilpassa selskapet sin storleik og risikoforholda for verksemda.
 - f. Innføre følgjande praksisar tilrådd av KS:
 - i. Styrevervregistrering
 - ii. gjennomføre årleg eigenevaluering av styret
 - iii. utarbeide plan for kompetanseutvikling
 - g. Utarbeide skriftlege rutinar for budsjettering og oppfølging av budsjett, som inkluderer retningslinjer for rapportering om avvik frå budsjett.
 - h. Utarbeide retningslinjer for bruk av innleidde ressursar.
 - i. Vurdere om det er behov for at selskapet i større grad rapporterer til alle eigarane om ressursbruken i selskapet (jf. praksis med rapportering til Hordaland fylkeskommune).
3. Laga ein plan innan 01.03.14., som syner kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

HANDSAMING I MØTE

Stine Karoline Olsen frå Deloitte presenterte rapporten og informerte om arbeidet med selskapskontrollen og tilrådingane som revisor legg fram. Ordførar var med under handsaminga av saka. Ho orienterte litt om korleis Samnanger kommune har samarbeidd med BRB og nytta seg av prosjekt som er initiert gjennom selskapet. Det vart og opplyst om det kan vera vanskar med å få denne saka med på førstkomande kommunestyremøte. Kontrollutvalet oppmoda om at rapporten etter selskapskontrollen av BRB kan koma med nå, og at ein heller kjem tilbake til ei orientering til kommunestyret om verksemda til BRB i eit seinare kommunestyremøte.

Ein av tilrådingane frå revisor er ikkje kome med i tilråding til vedtak, og dette skal rettast opp. Med denne endringa vart framlegg til innstilling samrøystes vedteke.

INNSTILLING:

1. Kommunestyret i Samnanger kommune merkar seg det som kjem fram i rapport etter selskapskontroll av Business Region Bergen AS.
2. Når det gjeld den gjennomførte selskapskontrollen av Business Region Bergen AS, ber kommunestyret selskapet syta for å:
 - a. Ferdigstille arbeidet med å utarbeide fullmaktsstruktur for selskapet og styreinstruks for styret.
 - b. Sikre at samarbeidsavtalane i tilstrekkeleg grad avklarar rollar- og forventningar mellom partane.
 - c. I samband med revidering av Strategisk næringsplan i 2014 arbeider for å tydeleggjere ansvarlinjene mellom tiltakseigarar, eigarkommunane og andre samarbeidsaktørar når det gjeld oppfølging av tiltak i planen.
 - d. Utarbeide skriftlege rutinar for innkjøp og kontraktsoppfølging, og sikrar at innkjøp blir gjennomført i samsvar med regelverket om offentlege anskaffingar.
 - e. Etablere eit system for å registrere og følgje opp avvik, som er tilpassa selskapet sin storleik og risikoforholda for verksemda.
 - f. Innføre følgjande praksisar tilrådd av KS:
 - i. Styrevervregistrering
 - ii. gjennomføre årleg eigenevaluering av styret
 - iii. utarbeide plan for kompetanseutvikling
 - g. Utarbeide skriftlege rutinar for budsjettering og oppfølging av budsjett, som inkluderer retningslinjer for rapportering om avvik frå budsjett.
 - h. Etablere system og rutinar for prosjektstyring, og fastsetje budsjetttrammer for prosjekt av vesentleg storleik.
 - i. Utarbeide retningslinjer for bruk av innleidde ressursar.
 - j. Vurdere om det er behov for at selskapet i større grad rapporterer til alle eigarane om ressursbruken i selskapet (jf. praksis med rapportering til Hordaland fylkeskommune).
3. Laga ein plan innan 01.03.14., som syner kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

RETT UTSKRIFT:

DATO: 06. desember 2013

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Kopi: Rådmann
Ordførar
Utvalsleiar
Deloitte
Postmottak



SAKSFRAMLEGG

Til: Kontrollutvalet

Dato: 05. desember 2013

Sakshandsamar: Kari Nygard

Kopi til:

Sak: 35/13

35/13 RAPPORT ETTER SELSKAPSKONTROLL AV BUSINESS REGION BERGEN

Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet i Hordaland Fylkekommune gjorde i sitt møte 18.12.2012 vedtak om å bestilla selskapskontroll av Business Region Bergen AS (BRB). Det vart og gjort vedtak om å invitera dei andre eigarkommunane til å delta i denne selskapskontrollen. Oppstart av prosjektet skulle skje når det var avklara kor mange som ville vera med.

I møte 07.02.13 gjorde kontrollutvalet i Samnanger kommune vedtak om å delta:

«VEDTAK:

1. *Kontrollutvalet i Samnanger kommune seier nei til å delta i felles regional selskapskontroll av Business Region Bergen når det gjeld den delen som gjeld eigarskapskontroll.*
2. *Kontrollutvalet i Samnanger kommune seier ja til å delta i felles regional selskapskontroll av Business Region Bergen når det gjeld den delen som omfattar forvaltningsrevisjon.*
3. *Selskapskontrollen skal utførast av Deloitte i tråd med forslag til prosjektplan som ligg føre.*
4. *Kontrollutvalet ber om at Deloitte presenterer resultatet av selskapskontrollen for kontrollutvalet når den er ferdig.*
5. *Kostnadene til deltaking i prosjektet vert godkjent i tråd med utrekningsmodellen i invitasjon dagsett 09.01.13. I tillegg kjem kostnader til presentasjon av rapport for kontrollutvalet og opsjon på eventuell presentasjon for kommunestyret.*
6. *Tidspunkt for levering av revisjonsrapport vert å komme tilbake til i neste møte.*

Oppstart av prosjektet starta etter slikt vedtak i kontrollutvalet i Hordaland Fylkeskommune 07.05.13.:

1. *Kontrollutvalet ber Deloitte starte opp selskapskontroll (Forvaltningsrevisjon) av Business Region Bergen AS med utgangspunkt i prosjektplan dagsett 4.12.12 samt vedtak i kontrollutvala i Hordaland fylkeskommune og kommunane Bergen, Samnanger, Austevoll, Fusa, Os og Askøy.*
2. *Kontrollutvalet ber Deloitte starte opp selskapskontroll (Eigarskapskontroll) i Hordaland fylkeskommune av Business Region Bergen AS med utgangspunkt i prosjektplan dagsett 4.12.12.*
3. *Det er ønskjeleg at revisjonsrapportar er klare frå Deloitte si side innan 1.11.2013, ferdig verifisert og med naudsynnte uttaler frå dagleg leiar, styreleiar, fylkesrådmann/rådmann/byråd vedlagt og/eller innarbeidd.*

Denne selskapskontrollen har Deloitte gjennomført som eit felles prosjekt etter bestilling, jf. punkt 1 i vedtaket over, frå 7 av eigarane: Hordaland fylkeskommune og kommunane Bergen, Askøy, Samnanger, Austevoll, Fusa og Os. Desse 7 eigarane utgjer 83,2 % av eigarskapen i selskapet. I tillegg har Hordaland fylkeskommune og Askøy kommune bestilt gjennomgang av eigarstyringa i fylkeskommunen/kommunen i høve selskapet, jf. punkt 2 i vedtaket.

Av den godkjende prosjektplanen går det fram at føremålet med selskapskontrollen har vore å undersøke om BRB har etablert system og rutinar for å sikre at selskapet driv i samsvar med vedtekter, politiske vedtak og aksjelova.

Problemstillingar knytt til drifta i selskapet:

1. I kva grad driv Business Region Bergen i samsvar med vedtektene?
2. Har selskapet ei tydeleg rolle- og ansvarsfordeling mellom eigarar, styret og selskapet si daglege leiing?
3. Har selskapet etablert system og rutinar for å sikre at selskapet driv i samsvar med aksjelova?
 - a. I kva grad gjennomfører selskapet generalforsamlingar i samsvar med føresegner i aksjelova?
 - b. I kva grad utøver styret sitt tilsynsansvar i samsvar med føresegner i aksjelova?
 - c. Har selskapet eit system for å kartleggje og setje i verk tiltak for å sikre at krav i regelverket blir overhaldne?
4. Er resultatet og ressursbruk i samsvar med dei måla som er sett opp for selskapet?
 - a. I kva grad er det sett konkrete mål for selskapet?
 - b. I kva grad følgjer Business Region Bergen opp fylkeskommunale / kommunale vedtak og andre føringar?
 - c. I kva grad har selskapet ei økonomisk forsvarleg drift sett i høve til fastsette mål?

Drøfting:

Deloitte har no gjort ferdig selskapskontrollen av Business Region Bergen AS og revisjonsrapport er levert og ligg ved.

Deloitte har nytta dokumentanalyse, intervju, stikkprøvegjennomgang av innkjøp og verifisering og høyring som metodar i denne selskapskontrollen. Etter sekretariatet si vurdering har Deloitte levert ein grundig og god rapport som er i samsvar med kontrollutvalet sine bestillingar.

Når det gjeld verifisering og høyring skriv Deloitte m.a. dette i punkt 2.4 i rapporten:

«Intervjureferata er verifisert av intervjupersonane. Datadel av rapporten er verifisert av selskapet ved administrasjonen, og faktafeil er retta opp.»

Det er og gjort greie for korleis rapporten har vore på høyring. Uttalen frå Business Region Bergen ligg ved rapporten som vedlegg 1.

Ut frå den gjennomførte selskapskontrollen av BRB har sekretariatet merka seg dei vurderingar som revisor har gjort. I rapporten kjem og revisor med tilrådingar i 10 punkt på tiltak for å betra rutine i selskapet.

Konklusjon:

Sekretariatet vil tilrå at kontrollutvalet innstiller til kommunestyret om å følgja opp dei tilrådingane som er gjort i rapporten. Forslag til vedtak føl opp dei 10 punkta med tilråding.

Vidare meiner sekretariatet at kontrollutvalet bør tilrå at kommunestyret ber om at Business Region Bergen syter for at det vert laga ein plan som viser kva tiltak selskapet skal setja i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk, og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

FORSLAG TIL INNSTILLING:

1. Kommunestyret i Samnanger kommune merkar seg det som kjem fram i rapport etter selskapskontroll av Business Region Bergen AS.
2. Når det gjeld den gjennomførte selskapskontrollen av Business Region Bergen AS, ber kommunestyret selskapet syta for å:

- a. Ferdigstille arbeidet med å utarbeide fullmaktsstruktur for selskapet og styreinstruks for styret.
 - b. Sikre at samarbeidsavtalane i tilstrekkeleg grad avklarar rollar- og forventningar mellom partane.
 - c. I samband med revidering av Strategisk næringsplan i 2014 arbeider for å tydeleggjere ansvarslinjene mellom tiltakseigarar, eigarkommunane og andre samarbeidsaktørar når det gjeld oppfølging av tiltak i planen.
 - d. Utarbeide skriftlege rutinar for innkjøp og kontraktsoppfølging, og sikrar at innkjøp blir gjennomført i samsvar med regelverket om offentlege anskaffingar.
 - e. Etablere eit system for å registrere og følgje opp avvik, som er tilpassa selskapet sin storleik og risikoforholda for verksemda.
 - f. Innføre følgjande praksisar tilrådd av KS:
 - i. Styrevervregistrering
 - ii. gjennomføre årleg eigenevaluering av styret
 - iii. utarbeide plan for kompetanseutvikling
 - g. Utarbeide skriftlege rutinar for budsjettering og oppfølging av budsjett, som inkluderer retningslinjer for rapportering om avvik frå budsjett.
 - h. Utarbeide retningslinjer for bruk av innleidde ressursar.
 - i. Vurdere om det er behov for at selskapet i større grad rapporterer til alle eigarane om ressursbruken i selskapet (jf. praksis med rapportering til Hordaland fylkeskommune).
3. Laga ein plan innan 01.03.14., som syner kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Kari Nygard
Seniorrådgjevar

Vedlegg:

- Rapport etter selskapskontroll av Business Region Bergen

Selskapskontroll | Hordaland fylkeskommune og kommunane
Askøy, Bergen, Samnanger, Austevoll, Fusa og Os
Business Region Bergen



Samandrag

På oppdrag frå kontrollutvala i Hordaland fylkeskommune og kommunane Askøy, Bergen, Samnanger, Austevoll, Fusa og Os har Deloitte gjennomført ein selskapskontroll av Business Region Bergen AS. Kontrollutvala i Hordaland fylkeskommune og Askøy kommune har i tillegg bestilt ein kontroll av fylkeskommunen/kommunen si eigarstyring av selskapet. Delane av rapporten som omhandlar dette er berre inkludert i rapporten til den respektive kommunen.

Business Region Bergen blei etablert i 2007 og har som føremål å drive regional næringsutvikling, etablererteneste, profilering og marknadsføring, samt andre tenester som naturleg fell saman med dette. Selskapet skal også ha eit aktivt forhold til regionen sine nettverksorganisasjonar innan utvalte næringssegment. Business Region Bergen er per oktober 2013 eigd av følgjande eigarkommunar:

- Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune (33 % kvar)
- Regionrådet Nordhordland IKS og kommunane, Stord, Askøy, Os og Voss (3,6 % kvar)
- Kommunane Austevoll, Fusa, Samnanger, Sund, Vaksdal, Øygarden og Tysnes (2 % kvar)

Kontrollkriteria som er lagt til grunn for revisjonen sine vurderingar går fram av kapittel 3, medan faktagrunnlaget blir presentert i kapittel fire. For ein meir utfyllande versjon av revisjonen sine vurderingar blir det vist til kapittel fem i rapporten. Høyringsuttale frå selskapet er vedlagt. Selskapskontrollen er gjennomført i perioden juni 2013 – oktober 2013.

Gjennomføring av selskapskontrollen

I denne selskapskontrollen har revisjonen har undersøkt og vurdert om Business Region Bergen har etablert system og rutinar som sikrar at selskapet driv i samsvar med vedtekter, politiske vedtak og sentralt regelverk.

Revisjonen har gjennomgått dokumentasjon frå Business Region Bergen og gjennomført intervju med til saman fem personer. Dette inkluderer representantar frå selskapet sin administrasjon og frå styret.

Drifta i Business Region Bergen (BRB) AS

Problemstilling 1: *I kva grad driv Business Region Bergen i samsvar med vedtektene?*

Revisjonen si vurdering:

Det er revisjonen si vurdering at Business Region Bergen AS utøver drifta i samsvar med gjeldande vedtekter og at vedtektene tilfredsstiller krav til innhald i aksjelova. Selskapskontrollen viser at dei som er intervjuet opplever at vedtektene for selskapet er tilstrekkeleg oppdaterte og relevante for drifta av selskapet

Business Region Bergen har oppretta dotterselskapet BRB Vekst, for å tilfredsstille regelverket knytt til offentlege anskaffingar. Revisjonen vil også understreke at det er viktig at selskapet fullfører arbeidet med å etablere system og rutinar som sikrar at det ikkje skjer overføring av ressursar frå BRB til BRB Vekst anten gjennom personell eller andre tenester, som kan gje BRB Vekst konkuransmessige fortrinn.

Problemstilling 2: Har selskapet ei tydeleg rolle- og ansvarsfordeling mellom eigarar, styret og selskapet si daglege leiing?

Revisjonen si vurdering:

Det er førebels verken utarbeidd ein fullmaktstruktur for selskapet eller ein styreinstruks for styret som regulerer forholdet mellom styret og administrasjonen i BRB. Det er imidlertid starta opp eit arbeid med å utarbeide slike dokument, og revisjonen meiner dette kan medverke til å klargjere rolle- og ansvarsfordelinga mellom partane i større grad.

Per i dag har Business Region Bergen inngått nokså likelydande samarbeidsavtalar med dei 20 eigarkommunane. Likevel varierer forventningane eigarane har til rolle- og ansvarsfordeling mellom selskapet og kommunen. Revisjonen meiner samarbeidsavtalane i større grad kan avklare roller og forventningar mellom partane enn det som er tilfellet i dag.

Problemstilling 3: Har selskapet etablert system og rutinar for å sikre at selskapet driv i samsvar med aksjelova (og anna sentralt regelverk)?

Revisjonen si vurdering:

Revisjonen meiner at Business Region Bergen har etablert rutinar som bidrar til å sikre at generalforsamlingar i selskapet blir gjennomført i samsvar med føresegner i aksjelova. Vidare meiner revisjonen at styret i BRB utøver sitt tilsynsansvar i samsvar med aksjelova. Samstundes peiker revisjonen på at det er viktig at styret og administrasjonen er samde om kva type rapportering som er mest føremålstenleg for styret, og at det i tilstrekkeleg grad blir lagt til rette for strategiske drøftingar mellom partane i forkant av utarbeiding av budsjett.

Business Region Bergen har utarbeidd malar for tilbodsinnbydelse og for anskaffingsprotokoll. Revisjonen meiner det er føremålstenleg om selskapet i tillegg utarbeider skriftlege rutinar for innkjøp og kontraktsoppfølging, som kan bidra til å sikre at regelverket knytt til offentlege anskaffingar blir følgt.

Revisjonen har gått gjennom innkjøp frå seks leverandørar som BRB har betalt ut til 2012. To av seks innkjøp er ikkje konkurranseeksponert. BRB pliktar å gjennomføre innkjøp på ein kostnadseffektiv måte basert på konkurranse, og revisjonen meiner desse to innkjøpa bryt med desse krava i innkjøpsregelverket (jf. LOA § 5 og FOA § 3-1). I tillegg stiller revisjonen spørsmål ved om verdivurderinga ved innkjøp frå to av leverandørane (begge innkjøpa er del av same avtale) var forsvarleg (jf. krav i FOA § 2-3). BRB vurderte prosjektet til å koste 1,6 millionar kroner, og det enda med å koste 7,6 millionar kroner. Revisjonen meiner at dersom selskapet hadde gjort ein riktig verdivurdering skulle anskaffinga ha vore utført i samsvar med kapittel III i anskaffingsforskrifta, noko som ville hatt vesentlege følgjer for konkurransegjennomføringa.

Business Region Bergen har ikkje etablert eit system for registrering av HMS-avvik, kvalitetsavvik og/eller avvik frå krav i regelverk. Registrering og oppfølging av avvik er viktige tiltak for å sikre læring og forbetring i selskapet.

Selskapskontrollen viser at fleire av KS sine tilrådde praksisar ikkje er etablert i selskapet. Berre to av ni styrerepresentantar har registrert sitt styreverv, det er ikkje utarbeidd styreinstruks, det blir ikkje gjennomført årleg eigenevaluering av styret og styret har ikkje utarbeidd plan for kompetanseutvikling. Revisjonen meiner at selskapet bør etablere rutinar i samsvar med KS sine tilrådingar.

Problemstilling 4: *Er resultatet og ressursbruk i tråd med dei måla som er sett opp for selskapet?*

Revisjonen si vurdering:

Det er i stor grad sett konkrete mål for selskapet gjennom Strategisk næringsplan (SNP), dei årlege verksemdplanane og gjennom nyleg gjennomført strategiprosess.

Selskapsavtalen og samarbeidsavtalane er ikkje reviderte etter at Strategisk næringsplan blei vedtatt av alle eigarkommunane i 2010.¹ Revisjonen meiner det kan vere føremålstenleg å revidere samarbeidsavtalane slik at forventinga om oppfølging av Strategisk næringsplan blir tydeleggjort som ein tenesteleveranse frå selskapet.

Selskapskontrollen har ikkje avdekkja fylkeskommunale/kommunale vedtak eller andre føringar frå eigar som ikkje blir følgt opp av Business Region Bergen. Både administrasjonen og styret i Business Region Bergen er opptatt av å følgje opp eigarane sine føringar, og prosjekta som BRB arbeider med er i stor grad initiert med utgangspunkt i anten Strategisk næringsplan eller andre tenester til eigarane som er skissert i samarbeidsavtalen (t.d. konferansen Grow og etablerertenesta). Selskapskontrollen viser at fleire av SNP-tiltaka er ferdigstilt, og at administrasjonen i BRB opplever at fleirtalet av tiltaka som er planlagt å vere ferdig i 2013 eller 2014 er i rute. Samtundes peiker revisjonen på at det er viktig at ansvarslinjene for oppfølging av tiltak blir tydeleggjort i samband med den planlagde revisjonen av Strategisk næringsplan i 2014.

Nøkkeltal for selskapet viser at selskapet har ein forsvarleg eigenkapital og ein tilfredsstillande likviditetsgrad. Revisjonsmeldingane for selskapet i perioden 2010-2012 er gjeve utan presiseringar eller atterhald. Samla sett meiner revisjonen at Business Region Bergen har ei økonomisk forsvarleg drift. Når det gjeld ressursbruken sett i høve til fastsette mål meiner revisjonen likevel det er fleire område som kan forbetrast.

Fleire av tiltaka i Strategisk næringsplan og skildringane av tenester i samarbeidsavtalen er svært generelt utforma, og BRB har hatt stor handlingsfridom når det gjeld å operasjonalisere tiltaka. Eit døme på slik operasjonalisering er Vekstlandetkampanjen, som inngår under SNP-tiltak 8 «enhetlig profilering av regionen». Kampanjen er initiert av BRB og har stått for ein vesentleg del av BRB sine totale prosjektkostnadar i 2012. Revisjonen meiner det er grunnlag for å stille spørsmål ved om det er føremålstenleg at over halvparten av selskapet sine prosjektmidlar, blir nytta til eitt prosjekt (Vekstlandet) som i rapportering til Hordaland fylkeskommune blir skildra som eit av fire delprosjekt under SNP-tiltak 8. BRB har ikkje budsjettert midlar konkret til Vekstlandetprosjektet. Revisjonen meiner det er viktig at det blir etablert budsjetterrammer for prosjekt av denne storleiken, for å kunne føre kontroll med at kostnadene i prosjektet er i samsvar med budsjett og for å redusere risikoen for meirforbruk.

Selskapskontrollen viser at BRB ikkje har utarbeidd skriftlege rutinar for budsjettering og oppfølging av budsjett. Revisjonen meiner det er viktig at slike rutinar blir utarbeidd, og at rutineane inkluderer retningslinjer for rapportering om avvik frå budsjett. Revisjonen meiner vidare at det er viktig at Business Region Bergen etablerer system og rutinar for prosjektstyring som kan

¹ Unntaket her er samarbeidsavtalen med Bergen kommune, som blei revidert i 2012.

bidra til å redusere risikoen for at prosjekt ikkje blir gjennomført i samsvar med vedtatte tids- og budsjетtrammer.

Med bakgrunn i at innleige av eksterne ressursar (underentreprise) utgjorde om lag 80 % av BRB sine *eksterne prosjektkostnader* i 2012 meiner revisjonen meiner det er viktig at Business Region Bergen også utarbeider retningslinjer for bruk og oppfølging av innleigde ressursar.

Revisjonen meiner vidare at BRB med fordel kan ha større fokus på rapportering av ressursbruken i selskapet til eigarane. I dag er det berre Hordaland fylkeskommune som får detaljert rapportering på ressursbruk, som følgje av at fylkeskommunen har sett krav om dette.

Revisjonen anbefaler at Business Region Bergen:

1. *Ferdigstiller arbeidet med å utarbeide fullmaktsstruktur for selskapet og styreinstruks for styret.*
2. *Sikrar at samarbeidsavtalane i tilstrekkeleg grad avklarar roller- og forventningar mellom partane.*
3. *I samband med revidering av Strategisk næringsplan i 2014 arbeider for å tydeleggjere ansvarslinjene mellom tiltakseigarar, eigarkommunane og andre samarbeidsaktørar når det gjeld oppfølging av tiltak i planen.*
4. *Utarbeider skriftlege rutinar for innkjøp og kontraktsoppfølging, og sikrar at innkjøp blir gjennomført i samsvar med regelverket om offentlege anskaffingar.*
5. *Etablerer eit system for å registrere og følgje opp avvik, som er tilpassa selskapet sin storleik og risikoforholda for verksemda.*
6. *Vurderer å innføre følgjande praksisar tilrådd av KS:*
 - *styrevervregistrering*
 - *gjennomføre årleg eigenevaluering av styret*
 - *utarbeide plan for kompetanseutvikling*
7. *Utarbeider skriftlege rutinar for budsjettering og oppfølging av budsjett, som inkluderer retningslinjer for rapportering om avvik frå budsjett.*
8. *Etablerer system og rutinar for prosjektstyring, og fastsett budsjетtrammer for prosjekt av ein vesentleg storleik.*
9. *Utarbeider retningslinjer for bruk av innleigde ressursar.*
10. *Vurderer om det er behov for at selskapet i større grad rapporterer til alle eigarane om ressursbruken i selskapet (jf. praksis med rapportering til Hordaland*

Innhald

1. Innleiing	3
1.1 Bakgrunn	3
1.2 Om selskapet.....	3
1.3 Føremål og problemstillingar	3
2. Metode	5
2.1 Dokumentanalyse	5
2.2 Intervju	5
2.3 Stikkprøvegjennomgang av innkjøp	5
2.4 Verifisering og høyring.....	5
3. Kontrollkriterium	6
3.1 Aksjelova	6
3.2 Offentlege innkjøp	6
3.3 Offentlegheit	8
3.4 Kommunesektorens organisasjon (KS) sine retningslinjer for eigarstyring	8
3.5 Vedtekter for Business Region Bergen AS	13
3.6 Aksjonæravtale	14
3.7 Strategisk næringsplan Bergensregionen 2010-2014.....	14
4. Selskapskontroll av Business Region Bergen	15
4.1 Om selskapet Business Region Bergen AS.....	15
4.1.1 Organisering	16
4.1.2 Styret i Business Region Bergen.....	16
4.1.3 Generalforsamling og eigarmøte	16
4.1.4 Etske retningslinjer.....	17
4.1.5 Offentlegheit.....	17
4.1.6 Avvikssystem	17
4.2 Rolle- og ansvarsfordeling.....	17
4.2.1 Ansvarsforhold og samhandling mellom administrasjonen og styret.....	17
4.2.2 Ansvarsforhold og samhandling mellom Business Region Bergen og eigarane	18
4.3 Styrings- og måldokument for Business Region Bergen	19
4.3.1 Vedtekter.....	19
4.3.2 Samarbeidsavtaler med eigarkommunane.....	19
4.3.3 Strategisk næringsplan for Bergensregionen 2010-2014	20
4.3.4 Årleg verksemdplan	21
4.3.5 Strategiarbeid 2012-2013	21
4.4 Oppfølging av Strategisk næringsplan og verksemdplanar	22
4.4.1 Samhandling med andre tiltakseigarar og samarbeidsaktørar	25
4.4.2 Måling av resultat og rapportering på SNP-tiltak.....	25
4.4.3 Arbeid med andre prioriterte oppgåver i verksemdplanen	26
4.5 Økonomistyring og ressursbruk.....	27
4.5.1 Rutinar for utarbeiding av budsjett og rekneskap.....	27
4.5.2 Rutinar for prosjektstyring.....	28
4.5.3 Business Region Bergen sin økonomiske situasjon	29
4.5.4 Ressursbruk i Business Region Bergen.....	29

4.6 Rutinar for innkjøp	34
4.7 Etablering av BRB vekst.....	36
4.8 Oversikt relevante praksisar.....	37
5. Vurderingar	38
5.1 I kva grad driv Business Region Bergen i samsvar med vedtektene?	38
5.2 Har selskapet ei tydeleg rolle- og ansvarsfordeling mellom eigarar, styret og selskapet si daglege leiing?.....	38
5.3 Har selskapet etablert system og rutinar for å sikre at selskapet driv i samsvar med aksjelova?.....	38
5.3.1 I kva grad gjennomfører selskapet generalforsamlingar i samsvar med føresegner i aksjelova?	38
5.3.2 I kva grad utøver styret sitt tilsynsansvar i samsvar med føresegner i aksjelova?.....	38
5.3.3 Har selskapet eit system for å kartleggje og setje i verk tiltak for å sikre at krav i regelverket blir overhaldne?	39
5.4 Er resultatet og ressursbruk i samsvar med dei måla som er sett opp for selskapet?	40
5.4.1 I kva grad er det sett konkrete mål for selskapet?	40
5.4.2 I kva grad følgjer Business Region Bergen opp fylkeskommunale / kommunale vedtak og andre føringar?	41
5.4.3 I kva grad har selskapet ei økonomisk forsvarleg drift sett i høve til fastsette mål?	41
6. Tilrådingar	43
Vedlegg 1: Høyringsuttale frå Business Region Bergen AS	44
Vedlegg 2: Oversikt over sentrale dokument og litteratur	47

1. Innleiing

1.1 Bakgrunn

Deloitte har gjennomført ein selskapskontroll av Business Region Bergen AS. Prosjektet blei bestilt av kontrollutvala i Hordaland fylkeskommune og kommunane Askøy, Bergen, Samnanger, Austevoll, Fusa og Os i mai 2013. Selskapskontrollen er gjennomført i tidsrommet juni 2013 – oktober 2013.

Kontrollutvala i Hordaland fylkeskommune og Askøy kommune har i tillegg bestilt ein kontroll av fylkeskommunen/kommunen si eigarstyring av selskapet. Delane av rapporten som er knytt til dette er berre inkludert i rapporten til den respektive kommunen.

1.2 Om selskapet

Business Region Bergen (BRB) AS blei etablert 2007. Selskapet sitt føremål er å drive regional næringsutvikling, etablerertjeneste, profilering og marknadsføring, samt andre tenester som naturleg fell saman med dette. Selskapet skal også ha eit aktivt forhold til regionen sine nettverksorganisasjonar innan utvalte næringssegment.

BRB er per oktober 2013 eigd av følgjande eigarkommunar:

Bergen kommune	(33 %)
Hordaland fylkeskommune	(33 %)
Regionrådet Nordhordland IKS	(3,6 %)
Fjell kommune	(3,6 %)
Stord kommune	(3,6 %)
Askøy kommune	(3,6 %)
Os kommune	(3,6 %)
Voss kommune ²	(3,6 %)
Austevoll kommune	(2 %)
Fusa kommune	(2 %)
Samnanger kommune	(2 %)
Sund kommune	(2 %)
Vaksdal kommune	(2 %)
Øygarden kommune	(2 %)
Tysnes kommune ³	(2 %)

1.3 Føremål og problemstillingar

Føremålet med selskapskontrollen har vore å undersøke om Business Region Bergen har etablert system og rutinar for å sikre at selskapet driv i samsvar med vedtekter, politiske vedtak og aksjelova.

² Voss kommune blei medeigar i selskapet etter vedtak i generalforsamling 7. juni 2013.

³ Tysnes kommune blei medeigar i selskapet etter vedtak i generalforsamling 7. juni 2013.

Problemstillingar knytt til drifta i selskapet:

1. I kva grad driv Business Region Bergen i samsvar med vedtektene?
2. Har selskapet ei tydeleg rolle- og ansvarsfordeling mellom eigarar, styret og selskapet si daglege leiing?
3. Har selskapet etablert system og rutinar for å sikre at selskapet driv i samsvar med aksjelova?
 - a. I kva grad gjennomfører selskapet generalforsamlingar i samsvar med føresegner i aksjelova?
 - b. I kva grad utøver styret sitt tilsynsansvar i samsvar med føresegner i aksjelova?
 - c. Har selskapet eit system for å kartleggje og setje i verk tiltak for å sikre at krav i regelverket blir overhaldne?
4. Er resultatet og ressursbruk i samsvar med dei måla som er sett opp for selskapet?
 - a. I kva grad er det sett konkrete mål for selskapet?
 - b. I kva grad følgjer Business Region Bergen opp fylkeskommunale / kommunale vedtak og andre føringar?
 - c. I kva grad har selskapet ei økonomisk forsvarleg drift sett i høve til fastsette mål?

2. Metode

Prosjektet er utført i samsvar med RSK 001, standard for forvaltningsrevisjon, og rettleiar for gjennomføring av selskapskontroll.⁴

2.1 Dokumentanalyse

Rettsregler, etablerte tilrådingar for god eigarstyring og fylkeskommunale / kommunale vedtak er nytta som kontrollkriterier. Vidare er relevant selskapsinformasjon, styringsdokument og dokumentasjon på etterleving av interne rutinar og regelverk m.m. samla inn og analysert. Innsamla kjeldemateriale er vurdert i forhold til kontrollkriteria.

2.2 Intervju

Revisjonen har intervjuet tre representantar frå administrasjonen (inkludert administrerende direktør) og to representantar frå styret i BRB.

2.3 Stikkprøvegjennomgang av innkjøp

Revisjonen har gjennomført ein stikkprøvegjennomgang av seks innkjøp utført av BRB i 2012. Revisjonen fekk oversendt ei oversikt over alle leverandørtransaksjonar i 2012 som viser storleik på beløp som er utbetalt og kva leverandør som har fått utbetalinga. Lista blei sortert etter leverandør, og beløpa blei summert for å vise totale utbetalingar.

I lista blei det tilfeldig trekt seks leverandørar som alle hadde fått samla utbetalingar over NOK 100 000,- i løpet av 2012. Business Region Bergen vart bede om å sende over ytterlegare informasjon om utbetalingane til desse leverandørane for å identifisere kva konkrete avtalar utbetalingane høyrte til. Då avtalane var identifiserte, fekk revisjonen tilsendt dokumentasjon knytt til konkurransegjennomføring og avtaleinngåing for dei ulike avtalane.

2.4 Verifisering og høyring

Intervjureferata er verifisert av intervjupersonane. Datadel av rapporten er verifisert av selskapet ved administrasjonen, og påpekte faktafeil er retta opp.

Rapporten med revisjonen sine vurderingar og forslag til tiltak har vore på høyring hjå selskapet ved administrerende direktør og styreleiar. Høyringuttale frå selskapet ligg ved rapporten.

Generalforsamlingsrepresentanten i Hordaland fylkeskommune, og kommunene Askøy, Bergen, Samnanger, Austevoll, Fusa og Os har også fått tilsendt rapporten og gjeve anledning til å gje høyringsuttale, men ingen av generalforsamlingsrepresentantane har valt å gje ei høyringsuttale.

⁴ *Selskapskontroll - fra a –å. (Praktisk veileder)*, Utarbeidd av NKRF 2010 og *Kontrollutvalgsboka*. Kommunal- og regionaldepartementet 2010.

3. Kontrollkriterium

Innsamla data er vurdert opp mot kontrollkriterium i form av relevante rettsregler og relevante politiske vedtak og retningslinjer.

3.1 Aksjelova

I følgje aksjelova⁵ § 5-1 fyrste ledd representerer aksjeeigarane det øvste mynde i selskapet gjennom generalforsamlinga. Kvar aksje gjev ei stemme dersom ikkje anna følgjer av lov eller vedtekter (jf. § 5-3). Innan seks månader etter utgangen av kvart rekneskapsår skal selskapet ha gjennomført ordinær generalforsamling (§ 5-5, fyrste ledd). På den ordinære generalforsamlinga skal følgjande saker handsamast og avgjerast (§ 5-5, andre ledd):

- Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding, under dette utdeling av utbytte
- Andre saker som etter lova eller vedtektene høyrer inn under generalforsamlinga.

Årsrekneskap, årsmelding og revisjonsmelding skal seinast ei veke før generalforsamling sendast til kvar aksjeeigar med kjent adresse (jf. § 5-5, tredje ledd).

Forvaltninga av selskapet høyrer til under styret, og styret skal syte for forsvarleg organiseringa av verksemda (jf. § 6-12, fyrste ledd). Styret skal også halde seg orientert om selskapet si økonomiske stilling og plikter å sjå til at selskapet si verksemd, rekneskap og formuesforvaltning er gjenstand for tryggande kontroll (jf. § 6-12, tredje ledd). Styret skal vidare føre tilsyn med den daglege leiinga av selskapet og selskapet si verksemd for øvrig (jf. § 6-13). Medlemmane av styret blir valt av generalforsamlinga (jf § 6-3).

Daglig leiar står for den daglege leiinga av selskapet sin verksemd og skal følgje dei retningslinjer og pålegg som styret har gjeve (jf § 6-14, fyrste ledd). Dagleg leiar skal også sørge for at selskapet sitt rekneskap er i samsvar med lov og forskriver, og at formuesforvaltninga er ordna på en tryggande måte (jf. § 6-14, fjerde ledd).

Styremedlemmer tenestegjer i to år. I vedtektene kan tenestetida settast kortare eller lenger, men ikkje meir enn fire år (jf § 6-6).

Selskapet skal til ei kvar tid ha ein eigenkapital som er forsvarleg ut frå risikoen ved og omfanget av verksemda i selskapet (jf § 3-4).

3.2 Offentlege innkjøp

Når det offentlege skal foreta anskaffingar skal *Lov om offentlige anskaffelser* (LOA)⁶ med tilhørende *forskrift om offentlige anskaffelser* (FOA)⁷ følgjast. I lov om offentlege anskaffingar § 1 går det fram at:

⁵ Justis- og beredskapsdepartementet (JD): Lov om aksjeselskaper (aksjeloven), LOV 1997-06-13 nr. 44

⁶ Fornyings- og administrasjonsdepartementet (FAD). Lov om offentlige anskaffelser. LOV-1999-07-16 nr. 69

⁷ Fornyings- og administrasjonsdepartementet (FAD). Forskrift om offentlige anskaffelser. FOR-2006-04-07 nr. 402

«Loven og tilhørende forskrifter skal bidra til økt verdiskapning i samfunnet ved å sikre mest mulig effektiv ressursbruk ved offentlige anskaffelser basert på forretningsmessighet og likebehandling. Regelverket skal også bidra til at det offentlige opptrer med stor integritet, slik at allmennheten har tillit til at offentlige anskaffelser skjer på en samfunnstjenlig måte.»

Av lov om offentlege anskaffingar § 5 går det mellom anna fram at ein anskaffing så langt det er mogleg skal vere basert på konkurranse og oppdragsgjevar skal sikre at omsynet til føreseielegheit, gjennomsiktigheit og etterprøvbarhet blir ivaretatt gjennom anskaffingsprosessen.

Sentrale prinsipp som går fram av forskrift om offentlege anskaffingar som vil vere særleg relevant i denne samanhengen er kravet om konkurranseeksponering og krav til føring av protokoll.

Krav om konkurranseeksponering

For kjøp med verdi over 500.000 kr skal innkjøpet bli kunngjort i Doffin, jf. forskrift om offentlege anskaffingar § 2-1 (2) og § 9-1. Doffin er ein database for offentlege innkjøp i regi av Fornyings- og administrasjonsdepartementet (FAD).⁸

Det er ikkje krav om slik utlysing for oppdrag med lågare verdi, men det er fastsett eit generelt forholdsmessigprinsipp, som krev at oppdragsgjevar gjennomfører konkurransen på ein måte som står i forhold til innkjøpet (jf. forskriften § 3-1, femte ledd). Av dette prinsippet følgjer det at kravet til korleis konkurransen skal gjennomførast, og kor mange aktørar som skal vere med i konkurransen, auker med verdien og betydningen av innkjøpet.⁹

Krav til protokoll

Oppdragsgjevar skal føre protokoll fra konkurranser med verdi over 100 000, jamfør forskrift om offentlege anskaffingar § 3-2. Føremålet med plikta til å føre protokoll, er å gjere det mogleg i ettertid å kontrollere at konkurransen har vore gjennomført i samsvar med regelverket. Protokollen skal innehalde informasjon om alle vesentlege forhold og viktige avgjersler gjennom heile innkjøpsprosessen.

Regelverket sitt verkeområde

Anskaffingsregelverket gjeld for offentlege oppdragsgjevarar, herunder statlege, kommunale og fylkeskommunale mynde og offentlegrettslege organ (jf LOA § 2). For at eit organ skal bli definert som eit offentlegrettsleg organ må det i følgje FOA § 1-2 oppfylle tre vilkår:

- sjølvstendig rettssubjekt
- finansiert eller kontrollert av offentlege mynde
- tene allmennheita sitt behov, og ikkje vere av industriell eller forretningsmessig karakter

I følgje rettleiaren til forskrifta vil selskap som er 100 % eigd av det offentlege som regel vere omfatta av forskrifta.¹⁰

⁸ For innkjøp etter forskrifta del III skal konkurransen kunngjerast i TED-databasen for heile EØS-området. Kunngjeringa blir då sendt til Doffin og vidare til TED-databasen (jf. forskrifta § 18-1).

⁹ Fornyings- og administrasjonsdepartementet (FAD). *Rettleiar til reglane om offentlege anskaffingar. 2006*

¹⁰ Fornyings- og administrasjonsdepartementet (FAD). *Rettleiar til reglane om offentlege anskaffingar. 2006*

3.3 Offentlegheit

Føremålet med Lov om rett til innsyn i dokument i offentlig verksemd (offentleglova)¹¹ er å leggje til rette for at offentlege verksemdar er opne og gjennomsiktlige. Det er i hovudsak to prinsipp som følgjer av lova:

- Rett til innsyn
- Plikt til å føre journal

Av § 3 i offentliglova går det fram at «saksdokument, journalar og liknende som virksomheten har registrert er åpne for innsyn dersom ikke annet følger av lov eller forskrift med hjemmel i lov. Alle kan krevje innsyn i saksdokument, journalar og liknende register til organet hos vedkommande organ.» Offentlege verksemdar som er omfatta av lova har plikt til å føre journal etter reglane i arkivlova med forskrifter jf. § 10.

I offentliglova § 2 fremgår loven sitt verkeområde:

«Lova gjeld for

- a) staten, fylkeskommunane og kommunane,
- b) andre rettssubjekt i saker der dei gjer enkeltvedtak eller utferdar forskrift,
- c) sjølvstendige rettssubjekt der stat, fylkeskommune eller kommune direkte eller indirekte har ein eigardel som gir meir enn halvparten av røystene i det øvste organet i rettssubjektet, og
- d) sjølvstendige rettssubjekt der stat, fylkeskommune eller kommune direkte eller indirekte har rett til å velje meir enn halvparten av medlemmene med røysterett i det øvste organet i rettssubjektet.»

3.4 Kommunesektorens organisasjon (KS) sine retningslinjer for eigarstyring

Kommunesektorens organisasjon (KS) sitt eigarforum har utarbeidd eit sett med tilrådingar¹² for korleis kommunale/fylkeskommunale eigarskap bør forvaltast og kva system og rutinar kommunar og fylkeskommunar bør etablere. Av tilrådingane går det innleiingsvis fram følgjande om aktivt eigarskap i kommunar/ fylkeskommunar:

«Et aktivt eierskap er grunnleggende for en best mulig lokalpolitisk forvaltning av de samlede verdier og har direkte konsekvenser for selskapene, deres disponeringer og deres markedsposisjon. Samtidig vil et aktivt eierskap gi viktige signaleffekter overfor omverden og styrke kommunens/fylkeskommunens omdømme.»¹³

I den sist oppdaterte versjonen (2011) omtalar KS 19 tema med tilhøyrande tilrådingar.

1. Obligatorisk opplæring av og informasjon til folkevalde,
2. Utarbeiding av eigarskapsmeldingar,
3. Utarbeiding og revidering av selskapsstrategi og selskapsavtale/vedtekter,
4. Vurdering og val av selskapsform,
5. Fysisk skilje mellom monopol og konkurranseverksemd,
6. Tilsyn og kontroll med kommunale føretak og med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap,

¹¹ Justis- og beredskapsdepartementet (JD). Offentleglova. LOV-2006-05-19 nr. 16

¹² *Anbefaling om eierskap, selskapsledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak* (februar 2011)

¹³ *Anbefaling om eierskap, selskapsledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak* (februar 2011) s.2.

7. Samansetting og funksjon av eigarorgan,
8. Gjennomføring av eigarmøte,
9. Eigar sine krav til profesjonelle styre i kommunal sektor,
10. Valkomit  for styreutnemning i aksjeselskap og interkommunale selskap,
11. Rutinar for kompetansevurdering av selskapsstyra,
12. Styresamansetting i konsernmodell,
13. Oppnemning av vararepresentantar,
14. Habilitetsvurderingar og politisk representasjon i styra,
15. K nnsrepresentasjon i styra,
16. Godtgj ring og registrering av styreverv,
17. Arbeidsgjevartilknytning i sj lvstendige rettssubjekt,
18. Utarbeiding av etiske retningslinjer,
19. Administrasjonssjefen si rolle i kommunale og fylkeskommunale f retak.

Av KS sine tilr dingar g r det fram at kommunen som ein del av folkevaldoppl ringa b r **gjennomf re obligatoriske kurs og/eller eigarskapsseminar** for alle folkevalde i dei ulike aspekta knytt til eigarstyring av utskilt verksemd. Det g r fram at den fyrste oppl ringa b r bli gjennomf rt i l pet av dei fyrste 6 m nadene av valperioden og f lgjast opp etter to  r. I KS sine tilr dingar blir det vist til at politikarar ofte har liten eller manglande kompetanse knytt til eigarstyring av selskap. Det er derfor viktig at dei folkevalde f r innsikt i ulike roller ein innehar som b de folkevald og som t.d. styremedlem og representantskapsmedlem. Dei folkevalde m  vere medvitne om roller, styringslinjer og ansvarsdeling. Vidare framhevar KS at for   styrke kompetansen og sikre informasjon til kommunestyrepolitikarane, b r det  rleg etter gjennomf ring av generalforsamling, bli gjevne informasjon om status for selskapa, drift og n kkeltal.

Av KS sine tilr dingar g r det fram at kommunen b r **utarbeide eigarskapsmelding**. Av tilr dingane g r det fram at ein eigarskapsmelding kan definerast som eit overordna politisk styringsinstrument for verksemder som er lagt til eit anna rettssubjekt, eige styre, ein vertskommune eller til eit anna interkommunalt organ. Ei eigarskapsmelding b r som minimum innehalde tre hovudpunkt:

1. Oversikt over kommunen sine verksemder som er lagt til selskap og samarbeid
2. Politisk (prinsipp for eigarstyring) og juridiske styringsgrunnlag knytt til dei ulike selskaps- og samarbeidsformane
3. F rem lsdiskusjon og selskapsstrategi knytt til dei ulike selskapa, herunder vedtektsrevisjon

Det g r vidare fram at ei eigarskapsmelding vil sikre naudsynte styringssignal til selskapa og tydeleggjere lokalpolitikarane sitt ansvar. Ei eigarskapsmelding vil bidra til   gje oversikt over kommunen si samla verksemd, og gje dei folkevalde ei moglegheit til   setje seg inn i dei juridiske styringsmoglegheitene som ligg i dei ulike selskapsformane. Eigarskapsmeldinga kan ogs  innehalde eit eige punkt om selskapa sitt samfunnsansvar, t.d. politiske m lsettingar knytt til milj , likestilling, openheit, etikk osv. Eigarskapsmeldinga b r ogs  reflektere det rettslege ansvarsmessige forholdet mellom selskapsform og eigar. KS tilr r at eigarskapsmeldinga blir gjennomg tt og eventuelt revidert kvart  r i kommunestyre.¹⁴

Det g r ogs  fram av KS sine tilr dingar at kommunen b r **utarbeide og revidere selskapsstrategi og vedtekter**. KS peiker p  at selskapet si verksemd skal gjerast tydeleg i

¹⁴ Anbefaling om eierskap, selskapsledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak (februar 2011), s.7-8.

vedtektene/selskapsavtalen, og at selskapet innafor ramma av vedtektene/selskapsavtalen bør ha klare mål og strategiar for si verksemd. Vidare bør føremålet i selskapsavtale/vedtekter bli vurdert med jamne mellomrom for å sjå om det er behov for endringar.

Av KS sine tilrådingar går det vidare fram at ein grunnleggjande føresetnad for ei strategisk drift av selskapa er ein klar og presis eigarstrategi for selskapa der eigar sine forventningar til selskapet er formulerte. Dette vil også vere ein føresetnad for gjennomføring av selskapskontroll. Det er anbefalt at eigar klargjer sine forventningar til styret og selskapet gjennom selskapsstrategiane. Selskapsstrategiane bør som del av eigarmeldinga bli revidert jamleg. Det går vidare fram at eigar skal ha eit bevisst forhold til eventuell forventa avkastning. For selskap som opererer innanfor eit marknad, skal prinsipp for ein eventuell utbyttepolitikk klargjerast og deretter blir fremja for eigarorganet gjennom selskapsavtalen/vedtektene. Langsiktigheit og samfunnsansvar bør leggjast til grunn for kommunale eigarskap. I selskapsstrategien bør det klargjerast forventningar knytt til type avkastning, anten det er i finansiell forstand eller på anna måte. Dette vil avhenge av type selskap og koplast opp mot føremålet med selskapet.¹⁵

Når det gjeld **vurdering og val av selskapsform** går det fram av KS sine tilrådingar at det er eigar sitt ansvar å sikre at selskap har ein selskapsform som er tilpassa verksemda sitt føremål, eigarstyringsbehov, marknadsmessige forhold og konkurranseregulering.¹⁶

Dersom kommunen har eigarskap i selskap som opererer i konkurranseverksemd i tillegg til monopolverksemd, bør det som hovudregel etablerast eit **fysisk skilje mellom monopol og konkurranseverksemd**, for å unngå mistanke om rolleblanding og kryssubsidiering. Organiseringa av konkurranseutsett verksemd bør så langt som mogleg ha åtskilt leining og bemanning, i tillegg til å vere fysisk åtskilt frå monopolverksemda.¹⁷

Av tilrådingane går det vidare fram at kommunestyre har **eit tilsyns- og kontrollansvar** for å sikre at kommunen når sine mål, at regelverket blir etterlevd og at etiske omsyn blir tryggja. Kontrollutvalet skal på vegner av kommunestyre sjå til at det blir ført kontroll med kommunen sine eigarinteresser i selskap. Det er viktig at det blir lagt til rette for at kontrollutvalet kan utøve sin funksjon på ein god måte. KS tilrår at kommunestyre innafor kommunelova sine føresegner fastsett regler for selskapskontroll. Dette bør omfatte kva dokument som uoppfordra skal sendast til kontrollutvalet og kven denne plikta gjeld for. Kontrollutvalet og kommunen sin revisor skal bli varsla når generalforsamling/representantskap og tilsvarande organ held møte, og kontrollutvalet/revisor har rett til å vere til stades på slike møte.¹⁸

KS sine tilrådingar omhandlar også **samansetting og funksjon av eigarorgan**. For aksjeselskap anbefalar KS at kommunestyre vel politisk leining som eigarrepresentant i selskapet sitt eigarorgan. Eigarutøvinga skal spegle kommunestyret si samla avgjerse eller fleirtalsavgjerse. Det er sentralt at det blir oppretta ein føreseieleg og klar kommunikasjon mellom eigarorgan og kommunestyre i forkant av generalforsamlingar. Innanfor selskapsformene AS og IKS bør det for å sikre engasjement, debatt og reell politisk avklaring av eigarorganet si mynde, etablerast føreseielege kommunikasjonsformer mellom kommunestyret og eigarorgan som forankrast i eigarskapsmeldinga.¹⁹

¹⁵ *Anbefaling om eierskap, selskapsledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak* (februar 2011), s.8-9.

¹⁶ *Anbefaling om eierskap, selskapsledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak* (februar 2011), s.9.

¹⁷ *Anbefaling om eierskap, selskapsledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak* (februar 2011), s.9.

¹⁸ *Anbefaling om eierskap, selskapsledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak* (februar 2011), s.10.

¹⁹ *Anbefaling om eierskap, selskapsledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak* (februar 2011), s.11-12.

KS tilrår også at det blir **gjennomført eigarmøte**. Generalforsamling er det formelle eigarmøtet, men det kan også bli kalla inn til eigarmøte utover generalforsamlingar. Tilrådinga om gjennomføring av eigarmøte er ei presisering av lova. KS tilrår at styret bør leggje til rette for at flest mogleg av eigarorganet sine medlemmer kan ta del i generalforsamling og at dette blir ein effektiv møteplass for aksjeeigarane og styret. Styreleiar og dagleg leiar har plikt til å delta på generalforsamlinga i aksjeselskap. Revisor har rett til å vere til stades, og nokre gonger har revisor plikt til å møte når det er saker på dagsorden som gjer dette naudsynt. I tillegg til generalforsamling kan det bli gjennomført andre eigarmøte, til dømes for å drøfte ei sak utan at det blir gjort formelle vedtak. Det er opp til eigarane sjølve å vurdere behovet for, og korleis slike eigarmøte skal bli gjennomført.²⁰

KS sine tilrådingar omhandlar også eigar sine krav til **profesjonelle styre** i kommunal sektor. Av tilrådingane går det fram at det er eigar sitt ansvar å setje saman styret og gje styret dei naudsynte styringsrammene for å utøve si verksemd som eit profesjonelt organ. Det er eigar sitt ansvar å gje informasjon om rammene for og innhaldet i det å sitte i eit styre. Det går vidare fram at eit profesjonelt styre som kollegium består av personar med eigna personlege eigenskapar som utfyller kvarandre kompetansemessig. Eit styre skal ha generalist- og fagspesifikk kompetanse. Føremålet for dei kommunale selskapa er ulikt, frå t.d. finansielt, politisk eller meir samfunnsnyttig motivert eigarskap. Det inneber at kompetanse bør sjåast i lys av selskapet sitt føremål. Eit profesjonelt samansett styre har kompetanse som er naudsynt for å oppfylle eigar sine forventningar.²¹ KS har også kome med tilrådingar til kva kompetanse styremedlemmer bør ha:

- Kunnskap om aksjelova, IKS-lova, kommunelova, andre relevante lover, forskrifter og avtalar som har betydning for selskapet si drift,
- Kunnskap om selskapet sitt føremål, vedtekter, organisasjon og historie,
- Kompetanse om private og kommunale rekneskapsprinsipp, evne til å lese økonomiske utviklingstrekk og foreta naudsynte grep når naudsynt,
- Kompetanse på offentleg forvaltning og de politiske og samfunnsmessige utfordringane til ei kvar tid,
- Spesialistkompetanse og erfaring på eit eller fleire område som t.d. juss, økonomi, marknadsføring, forvaltning, kommunalkunnskap, teknikk, HMT, leiging eller organisasjon,
- Ha kunnskap om trendar og utviklingstrekk innafor bransjen,
- Ha kunnskap om konkurrerande verksemdar.²²

Ved val av styre til selskap organisert etter aksjelova og lov om interkommunale selskap tilrår KS at det bør vedtektsfestast **bruk av valkomité**. Føremålet er å sikre samansetting av styre med komplementær kompetanse og i samsvar med eigar sitt føremål med selskapet. Representantskapet /generalforsamlinga sin leiar vel leiaren av valkomiteen. I selskap med fleire eigarkommunar bør valkomiteen bli samansett for å spegle eigardel. Fleirtalet av valkomiteen bør vere uavhengige av styret og tilsette. Valkomiteen si innstilling bør grunnleggjast.²³

Vidare viser KS sine tilrådingar til at eigar har ansvar for å sikre at styret innehar den naudsynte kompetansen for å nå selskapet sine mål. I dette ligg det også at eigar står fritt til å skifte ut

²⁰ Anbefaling om eierskap, selskapsledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak (februar 2011), s.12.

²¹ Anbefaling om eierskap, selskapsledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak (februar 2011), s.13.

²² Anbefaling om eierskap, selskapsledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak (februar 2011), s.13.

²³ Anbefaling om eierskap, selskapsledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak (februar 2011), s.14.

styremedlemmer innafor valperioden. Styret har eit sjølvstendig ansvar for å gjere **jamlege kompetansevurderingar av eget styre** i forhold til eigarane sitt føremål med selskapet. For å sikre utvikling av naudsynt kompetanse i styret tilrår KS at det blir etablert følgjande rutinar som ein del av styret sine rammer. Styret skal:

- Fastsette instruksar for styret og den daglege leiinga med særleg vekt på klar intern ansvars- og oppgåvefordeling,
- Gjennomføre ein eigenevaluering kvart år både når det gjeld kompetanse og arbeid,
- Bli gjeve jamleg moglegheit til ekstern styreopplæring. Nye styremedlemmar skal få opplæring om ansvar, oppgåver og rollefordeling,
- Gjennomføre eigne styreseminar der fokus går på roller, ansvar og oppgåver,
- Fastsette ein årleg plan for sitt arbeid med vekt på mål, strategi og gjennomføring,
- Gje ein samla utgreiing for selskapet si styring og leiing i ein årsrapport. Dersom dette ikkje er gjort skal det forklarast.

Rutinen er ein rettesnor og vil naturleg nok avhenge av selskapet sin størrelse og verksemd.²⁴

Når det gjeld **styresamansetting i konsernmodell** tilrår KS at styret i morselskap ikkje bør sitje i styret til dotterselskap. Konserndirektøren kan vere representert i dotterselskapa sine styre. Dersom dotterselskap yter tenester til morselskap i konkurranse med andre bør det vere leiingsmessig og funksjonelt skilje mellom selskapa for å unngå inhabilitet og rolleblending i anbudsprosessar. Dersom det i konsernet er eit dotterselskap som yter monopoltenester til sine eigarar eller innbyggjarane i eigarane sine kommunar bør eksterne kandidatar ha fleirtal i dotterstyret.²⁵

Vidare tilrår KS at når det utpeikast **vara til styret** bør ordninga med numerisk vara bli nytta for å sikre kontinuitet og kompetanse i styret.²⁶

Når det gjeld **habilitetsvurderingar og politisk representasjon i styra** viser KS til at det er opp til kvart einskilde eigarorgan (representantskap/generalforsamling) å avgjere kva type kompetanse eit styre skal ha. I utgangspunktet tilrår KS å unngå situasjonar der styret sine medlemmer jamleg blir vurdert i forhold til forvaltningslova sine reglar om habilitet og derfor kritisk vurderer bruken av leiande politikarar i selskapsstyra. KS tilrår at styra etablerer faste rutinar for å handtere moglege habilitetskonflikar, og at kommunestyre opprettar ein valkomité som innstiller til det organ som skal velje styrerepresentantar.²⁷

KS sine tilrådingar omhandlar også **kjønnsrepresentasjon i styre**. KS tilrår at reglane i aksjeloven § 20-6 om representasjon av begge kjønn i styret i statsaksjeselskap gjeld tilsvarande for aksjeselskap der kommunar og fylkeskommunar til saman eig minst to tredeler av aksjane i selskapet. For statsaksjeselskap med fem styremedlemmer er det krav om 40 % kjønnsrepresentasjon. KS føreslår at eigarorgan uavhengig av organisasjonsform søker å få til ein balansert kjønnsrepresentasjon i styre for å betre utnytte eksisterande kompetanse i regionen/kommune/kommunen.²⁸

²⁴ *Anbefaling om eierskap, selskapsledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak* (februar 2011), s 15.

²⁵ *Anbefaling om eierskap, selskapsledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak* (februar 2011), s 15.

²⁶ *Anbefaling om eierskap, selskapsledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak* (februar 2011), s 15.

²⁷ *Anbefaling om eierskap, selskapsledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak* (februar 2011), s 16.

²⁸ *Anbefaling om eierskap, selskapsledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak* (februar 2011), s 17.

KS sine tilrådingar omhandlar vidare **godtgjøring og registrering av styreverv**. KS tilrår at kommunen i samband med utarbeiding og eventuell revidering av eigarmelding gjennomfører ein prinsipiell diskusjon om honorar som grunnlag for eigarorganet si fastsetting av styrehonorar, uavhengig av organisasjonsform. Vidare tilrår KS at alle som tar på seg styreverv for kommunale selskap bør registrere verva på www.styrevervregister.no.²⁹

Vidare tilrår KS at selskapa ved utskilling av verksemd til sjølvstendige rettssubjekt søker medlemskap i ein **arbeidsgjevarorganisasjon**.³⁰

KS tilrår vidare at eigar ser til at selskapsstyra utarbeider og jamleg reviderer **etiske retningslinjer for selskapsdrifta**.³¹

Den siste av tilrådingane frå KS omhandlar **administrasjonssjefens rolle**. Det går fram at administrasjonssjefen eller andre i leiande administrative posisjoner samt medlemmer av kommunalråd ikkje kan sitte i styra i føretak.³²

3.5 Vedtekter for Business Region Bergen AS

Av § 3 i vedtektene går selskapet sitt føremål fram:

«Selskapets formål er å drive regional næringsutvikling, etablerertjenester, profilering og markedsføring og andre tjenester som naturlig faller saman med dette, herunder å ha et aktivt forhold til regionens nettverksorganisasjoner innen utvalgte næringssegmenter. Selskapet har ikke erverv som formål. Selskapet skal ikke utdele utbytte.

Ved en eventuell likvidasjon av selskapet skal likvidasjonsutbytte anvendes til å fremme næringsutvikling i Bergensregionen ved at midlene skal gis til en organisasjon som oppfyller betingelsen».

Av § 5 går det fram at askjen ikkje er fritt omsetteleg, men regulert av ein eigen aksjonæravtale.

Av § 6 går det fram at selskapet sitt styre skal ha frå fem til ni medlemmar.

Av § 8 går det fram at bekjentgjøring til aksjonær ikkje skjer i offentleg tiding. Ordinær generalforsamling skal bli avholdt innan utgangen av juni månad, og innkalling skal bli sendt med 14 dagers varsel til aksjonærane.

Av § 10 går det fram at følgjande spørsmål skal handsamast og avgjerast på selskapet si ordinære generalforsamling:

1. «Godkjennelse av årsberetning og årsregnskapet
2. Val av styre og revisor
3. Eventuelle vedtektsendringer
4. Andre saker som ligger til generalforsamlingen å behandle».

²⁹ *Anbefaling om eierskap, selskapsledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak* (februar 2011), s 17.

³⁰ *Anbefaling om eierskap, selskapsledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak* (februar 2011), s 18.

³¹ *Anbefaling om eierskap, selskapsledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak* (februar 2011), s 18.

³² *Anbefaling om eierskap, selskapsledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak* (februar 2011), s 19.

3.6 Aksjonæravtale

Aksjonærene i BRB inngjekk 31. oktober 2007 ein aksjonæravtale som regulerer forholdet mellom aksjeeigarane. Aksjonæravtalen blei justert i 2012.³³

Av § 2 går det fram at dersom ein av aksjonærene ønskjer å selje seg ut, skal aksjeposten bli fordelt på dei andre eigarane i selskapet.

Av § 3 går det fram at selskapet har behov for styrerepresentantar med variert bakgrunn. Ulike næringsområde bør vere representert, FoU-miljøer, samfunnsliv/politikk og offentlig forvaltning. Opphavelag innehaldt denne føresegna følgjande setning: «representanter fra samfunnsliv/politikk kan ikke være aktive folkevalgte.» Setninga blei imidlertid fjerna i samband med justering av aksjonæravtalen i 2012.

Av § 4 i aksjonæravtala mellom eigarane går det fram følgjande:

«Partene er enig om at det skal utarbeides prinsipper for aktiv eieroppfølging gjennom eiermøte/representantskapsmøter mellom eierne og selskapets styre og administrasjon.»

Av § 5 går det fram at det er oppretta ein valkomité bestående av ein representant frå Hordaland fylkeskommune, ein representant for Bergen kommune og ein representant frå dei andre eigarkommunane.

3.7 Strategisk næringsplan Bergensregionen 2010-2014

Strategisk næringsplan (SNP) er eit felles overordna plandokument, vedtatt av alle eigarkommunane til BRB, som samanfatter visjon, målsettingar og strategiar for næringsutvikling i Bergensregionen.

Planen byggjer på Strategisk næringsplan for Bergen kommune 2006-2009, Bergensscenarier 2020 og Hordaland fylkeskommune sitt plandokument Regionalt utviklingsprogram.³⁴ Innhaldet i Strategisk næringsplan vil bli nærare omtalt i datadelen av rapporten (kapittel fire).

³³ Justeringa gjaldt berre for § 3. *Aksjonæravtale for Business Region Bergen*. Justert 2012

³⁴ *Strategisk næringsplan for Bergensregionen 2010-2014. Perspektiver mot 2025*. Business Region Bergen, s.5.

4. Selskapskontroll av Business Region Bergen

4.1 Om selskapet Business Region Bergen AS

Business Region Bergen (BRB) AS blei etablert i 2007. Selskapet sitt vedtektsfesta føremål er å drive regional næringsutvikling, etablererteneste, profilering og marknadsføring, under dette å ha eit aktivt forhold til regionen sine nettverksorganisasjonar innan utvalte næringssegment. Eigarane av selskapet er per 19. august 2013 som følgjer (eigardel i parentes):

Bergen kommune	(33 %)
Hordaland fylkeskommune	(33 %)
Regionrådet Nordhordland IKS	(3,6 %)
Fjell kommune	(3,6 %)
Stord kommune	(3,6 %)
Askøy kommune	(3,6 %)
Os kommune	(3,6 %)
Voss kommune ³⁵	(3,6 %)
Austevoll kommune	(2 %)
Fusa kommune	(2 %)
Samnanger kommune	(2 %)
Sund kommune	(2 %)
Vaksdal kommune	(2 %)
Øygarden kommune	(2 %)
Tysnes kommune ³⁶	(2 %)

På generalforsamling 7. juni 2013 blei kommunane Tysnes og Voss vedtatt som medaksjonærar i BRB, etter at begge kommunane hadde søkt om medlemskap. Vedtaket innebar mellom anna at BRB sin aksjekapital blei utvida frå kr. 1 000 000 til kr. 1 056 000. Vedtaket inneber også at Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune sine eigardelar blei endra frå 35 % til 33 % kvar, og at dei resterande aksjeeigarane sin samla eigardel blei endra frå 30 % til 34 %.³⁷

Det varierer kor mykje eigarkommunane betaler for tenestene frå BRB, og dette er avtalt gjennom samarbeidsavtalar inngått mellom selskapet og den einskilde eigarkommune. I 2012 hadde BRB inntekter frå Bergen kommune på om lag kr. 10 212 000, frå Hordaland fylkeskommune på om lag 5 088 000 og samla inntekter frå dei andre eigarane på om lag kr 1 345 000.³⁸

I tillegg til eigarkommunane, har BRB omfattande samarbeid med nettverksorganisasjonar (medlemsorganisasjonar for bedrifter) som er etablert innanfor dei prioriterte næringane i Strategisk næringsplan (SNP) for Bergensregionen 2010-2014 (sjå punkt 4.3.3 for nærare

³⁵ Voss kommune blei medeigar i selskapet etter vedtak i generalforsamling 7. juni 2013.

³⁶ Tysnes kommune blei medeigar i selskapet etter vedtak i generalforsamling 7. juni 2013.

³⁷ *Generalforsamling i Business Region Bergen. Protokoll frå møtet 7. juni 2013.*

³⁸ Informasjonen er henta frå urevidert rekneskap 2012, Business Region Bergen.

omtale). BRB har særleg samarbeid med Bergen Reiselivslag, Design Region Bergen, Fiskeriforum Vest, HOG Energi, MediArena, Maritimt Forum Bergensregionen og Utdanning i Bergen.³⁹ Andre sentrale samarbeidspartnarar er FoU-miljøa i regionen og Næringsalliansen (der Bergen Næringsråd er den største organisasjonen), NCE Subsea, NHO Hordaland, Innovasjon Norge, Gode Sirklar og Samarbeidsrådet for Sunnhordland.⁴⁰

4.1.1 Organisering

BRB har kontor i Bergen, og har per i dag ti tilsette, tre menn og sju kvinner. Stillingane utgjorde 9,7 årsverk ved utgangen av 2012, der ein tilsett knytt til etablerersenteret arbeider i 70 % stilling. I tillegg er ein tilsett som arbeider 100 % i BRB utlånt 50 % til Bergens Næringsråd vederlagsfritt for å arbeide med eit felles prosjekt. BRB fekk tilsett ny administrerande direktør i august 2013.

Dei som er intervjuva frå selskapet meiner det er ei avklart rolle- og ansvarsfordeling mellom dei tilsette i selskapet. Det er ikkje etablert ei «leiargruppe» i selskapet. Dette blir grunna med at BRB er ein liten organisasjon med få tilsette.

Det er ikkje utarbeidd eigne stillingsinstruksar for stillingane, men ansvarsområde og arbeidsoppgåver for kvar stilling er skildra i tilbodsbrief for stillinga. I intervju gjev tilsette i BRB uttrykk for at det er avklart kva oppgåver som ligg til stillingane deira. Det blir vidare peikt på at selskapet for tida gjennomfører ei omorganisering, som eit resultat av nyleg gjennomført strategiarbeid. Arbeidsskildringane skal bli oppdaterte etter at omorganiseringa er fullført.

BRB gjennomfører driftsmøte kvar veke, der alle tilsette rapporterer om status for pågåande arbeid. Prosjektleiara gjev i tillegg meir detaljert prosjektrapportering kvartalsvis, i samband med at det blir utarbeidd prosjektrapportering til styret.

4.1.2 Styret i Business Region Bergen

Styret i BRB består av ni representantar. Av desse er fem menn og fire kvinner. I 2012 blei det gjennomført åtte styremøte. Styret gjennomfører årleg strategisamling på hausten. Budsjett og verksemdsplan for selskapet blir handsama i fyrste styremøte etter strategisamlinga.

I 2012 vedtok eigarkommunane til selskapet ei endring i aksjonæravtalen som opna for at aktive politikarar kunne bli valt inn i selskapet sitt styre. Ved val til styre i generalforsamlinga 2012 blei næringsbyråd i Bergen kommune valt til styreleiar og fylkesordførar i Hordaland fylkeskommune valt til nestleiar. Ordførar i Askøy kommune er valt inn som styremedlem. I intervju opplyser styreleiar at endringa var basert på at eigarane/politisk nivå i eigarkommunane ønskte ei tettare oppfølging av selskapet. Styreleiar meiner dette er oppnådd med det nye styret.

Administrasjonen i selskapet forklarar at den nye styresamansettinga medfører at det no er veldig kort avstand til dei to største eigarane i selskapet, Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune.

BRB har førebels ikkje utarbeidd ein styreinstruks, men det er i styremøte 03. september 2013 tatt initiativ til at dette skal bli utarbeidd saman med ei styrehandbok.

4.1.3 Generalforsamling og eigarmøte

BRB gjennomfører årleg generalforsamling. Protokollane frå generalforsamlingane i 2012 og 2013 viser at det har vore 98 % aksjerepresentasjon. Protokollane viser også at sakene som er handsama samsvarer med krava som er stilt til generalforsamling i selskapet sine vedtekter.

³⁹ Årsrapport Business Region Bergen 2012. s. 3.

⁴⁰ Årsrapport Business Region Bergen 2012. s. 3.

BRB gjennomfører også eigarmøte minst to gonger i året. Eit eigarmøte blir holdt rett i etterkant av generalforsamlinga og eit eigarmøte blir holdt i løpet av vinterhalvåret, fortrinnsvis i desember. I 2013 har BRB gjennomført tre eigarmøte. Eigarane kan ta initiativ til eigarmøte utover dei fastsette møta etter behov. Det blir ikkje skrive referat frå eigarmøta.

Styret i BRB opplever eigarmøta som ein viktig arena for dialog og informasjonsutveksling med eigarane.

4.1.4 Ethiske retningslinjer

BRB har utarbeidd ein etisk standard i 2013. Standarden er ikkje styrehandsama. Av føremålet til den etiske standarden går det fram følgjande:

«Business Region Bergen skal ha en høy etisk standard. Åpenthet og redelighet skal prege bedriftens virksomhet og være grunnlaget for tillit mellom kollegaer og i forholdet i eierne og kunder.»⁴¹

Tema som er tatt opp i standarden er; samfunnsansvar og yrkesetikk, habilitet, teieplikt, rolle i sosiale medier, personlege fordelar (gåver m.v.), varsling av kritikkverdige forhold og etikk i det daglege.

4.1.5 Offentlegheit

BRB opplyser at selskapet etter ei vurdering har konkludert med at offentleglova gjeld for selskapet, og at selskapet fører journal over inn- og utgåande korrespondanse.

4.1.6 Avvikssystem

BRB har ikkje etablert eit formelt system for registrering av HMS-avvik og/eller kvalitetsavvik. Selskapet registrerer imidlertid IT-avvik.

4.2 Rolle- og ansvarsfordeling

4.2.1 Ansvarsforhold og samhandling mellom administrasjonen og styret

Av intervju med tilsette og representantar frå styret i BRB blir det gjeve uttrykk for at det i hovudsak er ei tydeleg rolle- og ansvarsfordeling mellom administrasjonen og styret i BRB. Samstundes kommenterer styreleiar at det er rom for å avklare rollene ytterlegare

Det er førebels ikkje utarbeidd ein skriftlege fullmaktsstruktur for funksjonar i selskapet, men administrasjonen i BRB meiner likevel at det har vore avklart kva mynde dei har med utgangspunkt i vedtatt budsjett og årleg verksemdplan for selskapet. Det blei i styremøte 05. september 2013 lagt fram eit forslag til fullmaktsstruktur for selskapet.⁴² Administrasjonen i BRB opplyser at utfallet av saka var at styret bestemte at det skal utarbeidast ein ny fullmaktsstruktur der også styret sine fullmakter går fram.

Styreleiar gjev uttrykk for at det er eit godt samarbeid mellom styret og den daglege leiinga for selskapet, og at administrasjonen legg godt til rette for arbeidet til styret og leverer det styret ber om.

⁴¹ Etisk standard for Business Region Bergen. Udatert.

⁴² Fullmaktsstruktur for Business Region Bergen. Styresak nr. 33/2013, datert: 05.09.2013.

Administrasjonen i BRB meiner styret har ei tett oppfølging av drifta i selskapet, og er opptatt av å ha ryddige ansvarsforhold og tydelege styringslinjer. Dei tilsette opplever at det er ein klar grenseoppgang mellom det som er styret og det som er administrasjonen sine oppgåver.

Rapportering til styret

Styret får lagt fram kvartalsvise økonomirapportar på kontonivå, opp mot budsjett og rekneskapet for sist år. Styret får også kvartalsvis rapportert status for utvalte SNP-tiltak og andre prosjekt frå selskapets årlege verksemdsplan. Styret fekk tidlegare rapportert status for alle prosjekta, men bad i 2012 om mindre detaljert rapportering.⁴³

Også av intervju med styreleiar går det fram at styret opplever at det har vore mykje detaljert rekneskapsrapportering, men at rapporteringa i større grad bør fokusere på dei mest vesentlege nøkkel- og måltala, slik at det blir enklare for styret å kunne vurdere om selskapet driv på den mest føremålstenlege måten. Styret har sakna økonomiske prognosar/analysar og økonomiplanar som viser forventa utvikling på lenger sikt, til dømes i eit femårs-perspektiv.

4.2.2 Ansvarsforhold og samhandling mellom Business Region Bergen og eigarane

I intervju gjev dei tilsette i BRB uttrykk for at eigarkommunane sine forventningar til selskapet varierer og at det er behov for å presisere rolle- og ansvarsdelinga mellom BRB og eigarkommunane ved neste revidering av samarbeidsavtalane med eigarkommunane. Medan nokre av kommunane har eigen næringsavdeling med næringsssjef, har ikkje andre eigarkommunar næringsavdeling i det heile. For einskilde kommunar fungerer BRB som deira næringsutøvande administrative organ, medan BRB fungerer som ein samarbeidsaktør for andre eigarkommunar. Dei tilsette meiner at strategiarbeidet som har vore gjennomført har medverka til å tydeleggjere BRB sin rolle ovanfor eigarkommunane.

Av intervju med styreleiar går det fram at eigarkommunane sin intensjonen ved opprettinga av BRB var at ein skulle overføre tenester frå eigarkommunane til selskapet. Styreleiar meiner utviklinga har gått i ei retning der både eigarkommunane og andre organisasjonar (inkludert BRB) arbeider med dei same oppgåvene. Styreleiar trur det vil bli ein diskusjon framover om i kva grad oppgåvene BRB utfører for eigarkommunane, er dei mest føremålstenlege.

Rapportering til eigarkommunane

BRB leverer årsrapport og årsrekneskap til alle eigarane. I tillegg gjev BRB overordna rapportering av økonomiske tal og utviklinga av prosjekt i eigarmøta to gonger i året. Denne rapporteringa skjer munnleg og ofte med en powerpoint-presentasjon.

BRB sender i tillegg ut fleire digitale nyhendebrev årleg som går til mellom anna eigarkommunane. Her blir det informert om kva prosjekt BRB arbeider med. Det inngår også ulike rapporter som BRB har utarbeidd eller har fått utarbeidd av andre.

Administrasjonen i BRB har kontinuerlege samtalar med eigarkommunane, særleg med Bergen kommune og med Hordaland fylkeskommune.⁴⁴ BRB har også faste møte med nettverksorganisasjonane, der næringsansvarlege i kommunane ofte er invitert.

Av eigarane er det berre Hordaland fylkeskommune som har bedt om skriftleg rapportering (utover årsrapport og årsrekneskap) og som mottar dette. Det blir årleg rapportert skriftleg til Hordaland fylkeskommune på bruk av drift- og prosjektmidlar. I tillegg har næringsssjefane i

⁴³ Status for enkeltprosjekter – Strategisk næringsplan og virksomhetsplan for 1. kvartal 2013. Styresak nr.24/2013, Business Region Bergen, datert: 18. april 2013. s. 6.

⁴⁴ Notat: Kommunikasjon med eierkommunene. Notat til revisjonen frå Business Region Bergen. Datert: 27. juni 2013.

Bergen kommune og i Hordaland fylkeskommune bedt om å få oversendt styrepapirer og protokollar frå BRB.

4.3 Styrings- og måldokument for Business Region Bergen

I intervju gjev administrasjonen i BRB uttrykk for at Strategisk næringsplan (SNP) saman med vedtektene gjev klare styringsrammer og retning for selskapet. Samstundes meiner dei tilsette at det har vore behov for ei spissing av selskapet sine fokusområde, noko dei meiner er oppnådd gjennom nyleg gjennomført strategiarbeid, initiert av selskapet sitt styre.

4.3.1 Vedtekter

Vedtektene for Business Region Bergen AS er sist vedtatt 04. juni 2009. Dei som er intervjuar opplever vedtektene til selskapet som relevante og oppdaterte, men styreleiar kommenterer at det i samband med revisjon av SNP i 2014 vil vere naturleg å vurdere om det er behov for å revidere vedtekter og aksjonæravtale for selskapet. Han meiner at det t.d. kan vere behov for å vurdere føremålsparagrafen og aksjonæravtalen opp mot moglegheitene BRB har for å tilby meir differensierte tenester til eigarane, samt opning for nye aksjonærar.

Representantane som er intervjuar gjev uttrykk for å oppleve at drifta i BRB er i samsvar med vedtektene.

4.3.2 Samarbeidsavtaler med eigarkommunane

BRB har inngått samarbeidsavtalar med kvar ein skilde eigarkommune. I samband med ekstraordinær generalforsamling 17. desember 2009 blei det inngått nye samarbeidsavtalar med alle eigarar. Bakgrunnen for dette var at selskapet blei definert som eit momspliktig selskap, noko som medførte at midlane eigarane tidlegare hadde gjeve som tilskot eller støttebeløp måtte bli endra til tenestekjøp. Dette er spegla i dei nye samarbeidsavtalane.⁴⁵

Samarbeidsavtalane er nokså likelydande og skildrar BRB sin tenesteleveranse til eigarkommunane. Av avtalen går følgjande hovudtenester fram⁴⁶:

- **Samarbeid om næringspolitikk** – *bidra til at kunde blir delaktig i regionen sitt arbeid med koordinering og felles overordna næringspolitiske mål, strategiar og tiltak, herunder mellom anna utvikling av «Strategisk næringsplan for bergensregionen for periode 2010-2020».*
- **Relasjons- og nettverksbygging** – *initiere til prosjekt som fører til vekst og verdiskaping for kunde, samarbeide med private aktørar og offentlege mynde på vegne av kunde, årleg initiere og arrangere konferansen Grow*
- **Marknadsføring og profilering** – *marknadsføre kunde nasjonalt og internasjonalt gjennom merkevarebygging, profilering, utvikling av informasjonsmateriell, utvikling av arenaer og utstillingsvindauge og synleggjere kunde på viktige arenaer, messer, konferansar mv.*
- **Bidra til vekst, nyskaping og trivsel** – *fremje infrastrukturlysingar som kan auke konkurransekraft og redusere reisetid/transportkostnader, bidra til at Bergensregionen blir rangert som den beste kompetanseregionen i Europa innan næringar der regionen har særlege fortrinn, bidra til å styrke og vidareutvikle entreprenørskapskulturen i Bergensregionen saman med offentlege og private aktørar, herunder bidra til å utvikle Etablerertenesta i eigarkommunane saman med samarbeidsaktørar og vidareutvikle GROW.⁴⁷*

⁴⁵ Informasjonen går fram av saksframstillinga til saka: Ny avtale mellom Bergen kommune og Business Region Bergen, Byråds sak 1253-2/12, datert:

⁴⁶ Eit utdrag av tenesteskildringane er omtalt i kursiv.

⁴⁷ Avtale om samarbeid og leveranse av tjenester mellom Business Region Bergen AS og Askøy kommune. Datert: 02.11.2009.

For alle eigarane, med unntak av Bergen kommune og Stord kommune, blei samarbeidsavtalane inngått for ein femårsperiode frå 2009.⁴⁸ I 2012 blei det inngått ny samarbeidsavtale med Bergen kommune for perioden 2012 til oktober 2015. I denne samarbeidsavtalen er oppfølging av tiltak og målsettingar i SNP tatt inn som ein konkret tenesteleveranse:

«Leverandør skal være utøvende aktør og bidra til gjennomføring av Kundes næringspolitikk, gjennom å bidra til at de felles overordnede næringspolitiske mål, strategier og tiltak, definert i SNP, blir oppnådd.»⁴⁹

4.3.3 Strategisk næringsplan for Bergensregionen 2010-2014

Strategisk næringsplan (SNP) er eit felles plandokument for BRB sine eigarkommunar, som samanfatar målsettingar og strategiar for næringsutvikling i Bergensregionen. Representantar frå eigarkommunane til BRB har vore med å utarbeide planen. Hovudmålet i SNP er følgjande:

«Bergensregionen skal innen 2025 være ledende i Norge på kunnskapsbasert, bærekraftig næringsutvikling innen de næringer hvor regionen har spesielle fortrinn.»⁵⁰

I planen er det prioritert fem næringer der ein meiner at regionen har spesielle fortrinn, og det er valt ut sju område som regionen skal ha fokus på. For kvar av næringane og fokusområda er det gjeve ein presentasjon av ståstad i Bergensregionen, ei skildring av framtidsutsikter, samt skissert ei overordna målsetting og strategiar.

Tabell 1: Prioriterte næringer og utvalte fokusområde i Strategisk næringsplan⁵¹

Prioriterte næringer	Fokusområde
Energinæringane	Infrastruktur
Maritime næringer	Næringsvennleg offentleg sektor
Marine næringer	Marknadsføring
Opplevelse, kultur og reiseliv	Internasjonalisering
Media og kulturbasert næringsliv	Kompetanseutvikling
	Innovasjon og entreprenørskap
	Klima og miljø

Vidare i planen er det definert tilrådde tiltak for kvart av fokusområda. Til saman er det vedtatt 29 likt prioriterte tiltak, som regionen i fellesskap skal arbeide med. Av planen går det fram at arbeid med tiltaka skal bidra til at mål og strategiar i planen blir nådd.⁵² Kvart av tiltaka er sett opp med ein eller fleire tiltakseigarar, som er ansvarleg for å ta initiativ til prosjekta og invitere inn sentrale aktørar.⁵³ BRB har ansvaret for å koordinere gjennomføringa av fellestiltak i SNP.⁵⁴

Det går fram av SNP at dei prioriterte tiltaka i planen skal bli evaluert årleg⁵⁵, og at det i denne samanhengen skal bli utarbeidd tiltaksplanar for to år av gongen. Fyrste runde med revisjon av tiltaka i SNP blei gjennomført i 2011. Av intervju går det fram at dette skjedde som eit samarbeid mellom BRB, dei næringsansvarlege i eigarkommunane og ansvarlege i nettverksorganisasjonane. Med utgangspunkt i revisjonen av SNP blei det utarbeid ein **tiltaksdel**

⁴⁸ For Bergen kommune og for Stord kommune blei samarbeidsavtalane inngått med varigheit fram til kommunevalet 2011.

⁴⁹ Avtale om samarbeid og leveranse av tjenester mellom Business Region Bergen AS og Bergen kommune. Udatert eksemplar.

⁵⁰ *Strategisk næringsplan for Bergensregionen 2010-2014. Perspektiver mot 2025.* Business Region Bergen, s.12.

⁵¹ *Strategisk næringsplan for Bergensregionen 2010-2014. Perspektiver mot 2025.* Business Region Bergen, s.12 og s.37.

⁵² *Strategisk næringsplan for Bergensregionen 2010-2014. Perspektiver mot 2025.* Business Region Bergen, s.53.

⁵³ *Tiltakene 2012-2013. Tiltaksdel til Strategisk næringsplan for Bergensregionen 2010-2014.* Business Region Bergen, s. 2.

⁵⁴ *Strategisk næringsplan for Bergensregionen 2010-2014. Perspektiver mot 2025.* Business Region Bergen, s.53.

⁵⁵ *Strategisk næringsplan for Bergensregionen 2010-2014. Perspektiver mot 2025.* Business Region Bergen, s.53.

for 2012-2013 som er lagt fram til orientering for eigarmøte i BRB. Tiltaksdelen vil bli nærare omtalt under punkt 4.4.

SNP gjeld for perioden 2010-2014 og vil dermed bli revidert i 2014. Administrasjonen i BRB har starta å planlegge eit opplegg for dette, og opplever at dei er i rute med dette arbeidet.

4.3.4 Årleg verksemdplan

For kvart år blir det utarbeidd ein verksemdsplan for BRB. Av verksemdsplanen for 2013 går det fram at verksemdsplanen saman med SNP er selskapet sine styrande dokument, og danner grunnlag for selskapet sine prioriteringar for kommande år.⁵⁶

Av verksemdsplanen for BRB 2013 går det fram at BRB skal arbeide med (1) *tiltaksdelen i SNP* (åtte særskilte tiltak der BRB anten er tiltakseigar eller pådrivar) og (2) *andre prioriterte oppgåver* (regional næringsutvikling, etablererteneste, profilering og marknadsføring).⁵⁷ Det går vidare fram at BRB skal ha eit særleg fokus på følgjande fire fokusområde i 2013: *infrastruktur, marknadsføring og profilering, kompetanse og internasjonalisering*.⁵⁸ Dette er fire av dei sju fokusområda i SNP.

Årleg verksemdplan blir vedtatt av styret, og lagt fram som orientering for eigarane i eigarmøte.

4.3.5 Strategiarbeid 2012-2013

Av dokumentasjon og av intervju går det fram at styret i BRB initierte ein strategiprosess i 2012. Av årsrapport 2012 går det fram følgjande:

«Styret har satt i gang en strategiprosess, hvor målet er å utarbeide en langsiktig strategi for selskapet. En viktig oppgave blir å spisse selskapets aktiviteter samt rydde i prioriterte prosjekt og tiltak. Prosessen er igangsatt. Ny strategi skal være klar til eiermøtet i juni 2013.»⁵⁹

Administrasjonen opplyser i intervju at bakgrunnen for strategiarbeidet var endringa av styret der ein fekk inn politisk representasjon frå eigarkommunane. Etter endringa var det viktig for styret å evaluere kva eigarane faktisk oppnådde med BRB og om BRB følgde opp eigarane sine forventningar i tilstrekkeleg grad. Strategiarbeidet har vore presentert i to eigarmøte, eit møte midt i prosessen og eit møte der ny strategi blei forkankra (eigarmøte 7. juni 2013).

Av intervju går det fram at det har blitt gjennomført både ein intern prosess med administrasjonen og styret, og ein ekstern prosess med eigarane og med omgjevningane/interessentane for selskapet.⁶⁰ Det blir opplyst at både den interne og den eksterne evalueringa konkluderte med at det var behov for ei oppstramming i selskapet sine fokusområde og ei tydelegare retning for selskapet.

Gjennom strategiprosessen er det utarbeidd ein eigen visjon for selskapet: «Business Region Bergen skal være drivkraft for kompetansebasert næringsutvikling i regionen». Styret har i tillegg valt ut tre av sju fokusområde i SNP som skal prioriterast av BRB i tida framover. Desse fokusområda er:

- **Næringsvennleg offentleg sektor** som medfører meir interkommunal koordinering og samarbeid.

⁵⁶ Virksomhetsplan Business Region Bergen 2013. s. 3.

⁵⁷ Virksomhetsplan Business Region Bergen 2013. s. 6.

⁵⁸ Virksomhetsplan Business Region Bergen 2013. s. 6.

⁵⁹ Årsrapport Business Region Bergen 2012. s. 8.

⁶⁰ I strategiprosessen har Deloitte Consulting bidratt med fasilitering av arbeidsprosesser. Deloitte Consulting har ikkje fatta avgjersler eller vedtak i samband med dette arbeidet.

- **Marknadsføring og profilering av regionen** som tydelegare synleggjer regionen som eit attraktivt sted å drive næring og bu.
- **Internasjonalisering** som bidrar til å trekkje til seg nye verksemder og kompetanse til regionen ved å leggje til rette for etablering.⁶¹

Samanlikna med fokusområda i BRB sin verksemdplan for 2013 er *næringsvennleg offentleg sektor* kome til, medan *infrastruktur* og *kompetanse* ikkje er prioritert (sjå punkt 4.3.4.).

Av intervju går det fram at administrasjonen i BRB for tida arbeider med å operasjonalisere dei utvalte fokusområda til konkrete mål og oppgåver, samt å gjere ei prioritering av SNP-tiltaka der BRB er tiltakseigar. Resultatet av dette arbeidet skal inngå i selskapet sin verksemdplan for 2014. Verksemdplanen vil bli forankra hjå eigarane i neste eigarmøte i desember 2013. Av intervju med styreleiar går det fram at det er sentralt at det blir færre tiltak i den nye verksemdplanen sett i forhold til tidlegare verksemdplanar der nær tretti tiltak har vore ramsa opp som prosjekt BRB skal arbeide med kommande år.

Både frå styret og administrasjonen i BRB blir det presisert at SNP framleis utgjer grunnlaget for BRB sitt arbeid og innhaldet i den nye strategien. Styreleiar kommenterer i intervju at han opplever at selskapet sin rolle i forhold til SNP har blitt tydelegare gjennom strategiprosessen

Administrasjonen meiner at styret gjennom strategiarbeidet har vedtatt tydelege prioriteringar og ei tydeleg retning for selskapet. Dei tilsette meiner i tillegg at strategiarbeidet har medverka til at det i større grad er ei felles oppfatning mellom eigarane og selskapet om kva som er dei overordna måla for BRB.

4.4 Oppfølging av Strategisk næringsplan og verksemdplanar

Revisjonen får opplyst frå BRB at det ikkje ligg føre skriftleg rapportering til eigarane på alle SNP-tiltaka i samla form.⁶² Det blir rapportert om status for utvalte tiltak i selskapet sin årsrapport, og administrasjonen i BRB rapporterer munnleg om status på tiltaka på overordna nivå i eigarmøta. I intervju opplyser administrasjonen at styret og administrasjonen i BRB har hatt større fokus på gjennomføring og rapportering på dei prosjekta som er vedtatt gjennom selskapet sin verksemdplan (her inngår SNP-tiltaka der BRB er tiltakseigar), enn på ansvaret for å rapportere og sikre at heile tiltaksporteføljen blir gjennomført.

Det finst ikkje noko dokument som gjev samla oversikt om utviklinga i SNP-tiltak, der det går klart fram kva tiltak som er gjennomført, kva tiltak som er omdefinert og kva tiltak som eventuelt har kome til. Av tiltaksdelen for 2012-2013 går det fram at fleire av tiltaka frå 2010 er gjennomførte, utan at det blir nemnt spesifikt kva tiltak dette er. Det går vidare fram at ein skilde av tiltaka er omdefinert i den nye tiltaksdelen for 2012-2013, og at det er kome til sju nye tiltak. Det går ikkje fram kva spesifikke tiltak dette gjeld. I planen er det presentert 25 tiltak som regionen skal arbeide med i perioden 2012-2013.⁶³ Administrasjonen opplyser at tiltak som blei strøket i samband med tiltaksdelen 2012-2013 anten var tiltak som var fullført og avslutta, eller tiltak ikkje lengre hadde noko prioritering hjå tiltakseigar. I samband med verifisering av rapporten opplyser administrasjonen i BRB at det for styret har vore mogleg å følgje utviklinga av SNP-tiltaka gjennom dei kvartalsvise styrerapportane. Administrasjonen opplyser også at styrerapportane tidlegare innehaldt ein kort skriftleg kommentar om progresjonen i prosjekta, men at denne blei tatt ut frå og med andre kvartal 2012 etter ønskje frå styret. Administrasjonen kommenterer også at næringsansvarlige i eigarkommunane har deltatt i revideringsarbeidet av SNP og utarbeiding av tiltaksplan 2012-2013.

⁶¹ *Ny strategi vedtatt*. Pressemelding fra Business Region Bergen. Datert: 10. juni 2013.

⁶² I årleg rapportering til Hordaland fylkeskommune blir det rapportert om ressursbruk og progresjon for tiltaka. Denne rapporteringa går ikkje til dei andre eigarane.

⁶³ *Tiltakene 2012-2013*. Tiltaksdel til *Strategisk næringsplan for Bergensregionen 2010-2014*. Business Region Bergen.

Av rapportering til Hordaland fylkeskommune på drift og prosjekt i 2011 går det fram følgjande om endringar i dei opphavelge SNP-tiltaka:

- Tiltak 7 (*vidareføre samfunnsprosjektet i samband med Mongstad utbygginga*), 19 (*gjere TCM til eit internasjonalt senter*) og 26 (*TCM regional samhandling*) er slått saman.
- Tiltak 5 (*fakta om regionen*) er overført til prosjektstyrt driftsoppgåve i BRB
- Tiltak 14 (*gjenkjøpsavtalar*), 24 (*inkubatorer og næringshager*) og 25 (*økt bruk av nærings Ph.D.*) er tatt ut i tiltaksplanen for 2012-2013
- Tiltak 15 (*konferanse/messe for offshore vindkraft*) er gjennomført og tatt ut
- Tiltak 17 (*kompetansesenter for maritimt og offshore drift og vedlikehald*) er gjennomført
- Tiltak 23 (*Grow-konferansen*) er overført til prosjektstyrt driftsoppgåve i BRB

Administrasjonen i BRB rapporterte på 25 SNP-tiltak til styret i april 2013. Revisjonen har undersøkt om desse SNP-tiltaka var del av opphavelge SNP eller har kome til seinare. Resultatet går fram av tabell 2 under. I rapporteringa til styret er det også sett ein tidsfrist som angjev kva år arbeidet med tiltaket skal avsluttast. Det går ikkje fram av den skriftlege rapporteringa kva status er, sett i høve til tidsfristen, og om prosjekta som skulle ha vore ferdig i 2012 faktisk er det. I samband med verifisering av rapport har revisjonen bede administrasjonen i BRB om å oppgje status for kvart av dei 25 tiltaka. Status per 17.10.2013 går fram av tabellen under.

Tabell 2: Eksisterande SNP-tiltak per april 2013:⁶⁴

Nr	Tiltak	Tiltakseigar	Kommentar	Status per 17.10.2013
1	Nytt messesenter	Bergen kommune	Inngjekk i opphavelge SNP Planlagt ferdig i 2013	Det er gjort sondering, men prosjektet er ikkje sett i gang Prosjektet vil bli vurdert ved revisjon av SNP
2	Arealtilbod for næringslivet	BRB	Inngjekk i opphavelge SNP Planlagt ferdig i 2013	I rute
3	Praksisnær undervisning (etablere matematisk simuleringsspill)	RegionVest	Inngjekk i opphavelge SNP Planlagt ferdig i 2013	I rute
4	Samlokalisering av medieaktørar	Bergen kommune	Nytt tiltak i tiltaksdelen 2012-2013 Planlagt ferdig i 2014	I rute
5	Tiltrekke seg bedrifter til regionen	Bergen kommune	Nytt tiltak i tiltaksdelen 2012-2013 Planlagt ferdig i 2013	I rute, men mogleg forlenging i samarbeid med Innvest Norge
6	Oslokontor (etablere «lyttepost» for regionen i Oslo)	BRB	Inngjekk i opphavelge SNP Planlagt ferdig i 2012	Ferdigstilt Utarbeidd rapport
7	Ny industrisatsing på Mongstad	Lindås kommune	Inngjekk i opphavelge SNP (tre tiltak blei slått saman til ett i 2012) Planlagt ferdig i 2014	I rute
8	Einheitleg profilering av regionen	BRB	Inngjekk i opphavelge SNP Planlagt ferdig i 2014	Endra til programsatsing

⁶⁴ Status for enkeltprosjekt – Strategisk næringsplan og virksomhetsplan for 1. kvartal 2013. Styresak nr.24/2013, Business Region Bergen, datert: 18. april 2013. s. 5.

9	Arrangementskontor (greie ut modeller for eit arrangementskontor)	Bergen Reiselivslag	Inngjekk i opphavelg SNP Planlagt ferdig i 2012	Det er gjort sondering, men prosjektet er ikkje sett i gang Prosjektet vil bli vurdert ved revisjon av SNP
10	Bruk av regionen sine kvalitetsprodukter	Fiskeriforum Vest / Bergen kommune	Inngjekk i opphavelg SNP Planlagt ferdig i 2013	Unesco-søknad sendt i 2013 Blir programsatsing om søknad blir godkjent
11	Kunnskaps- og opplevessenter for sjømat	Fiskeriforum Vest	Inngjekk i opphavelg SNP Planlagt ferdig i 2012	Ferdigstilt
12	Styrking av INN (International Network of Norway) for hele regionen	Bergen næringsråd	Inngjekk i opphavelg SNP Planlagt ferdig i 2012	Over i driftsfase
13	Etablere modell for en profesjonalisert vertskapsrolle for besøkende delegasjoner	BRB	Inngjekk i opphavelg SNP Planlagt ferdig i 2012	Ferdigstilt
14	Regionalt samarbeid innan reiseliv	Bergen Reiselivslag	Tiltaket er kome til etter tiltaksdelen for 2012- 2013 Planlagt ferdig i 2014	I rute
15	Fokus på nordområda (strategi for bergensregionen)	BRB	Nytt tiltak i tiltaksdelen 2012-2013 Planlagt ferdig i 2014	I rute
16	Tilbyde internasjonale masterprogram	Maritimt Forum	Inngjekk i opphavelg SNP Planlagt ferdig i 2014	I rute
17	Felles rekruttering til Bergensregionen	RegionVest	Nytt tiltak i tiltaksdelen 2012-2013 Planlagt ferdig i 2014	I rute
18	Marin klyngeutvikling (etablere arena for næring, forskning og verkemiddelaktørar innan marin sektor)	BRB	Inngjekk i opphavelg SNP Planlagt ferdig i 2012	Rapport levert i 2012 Oppfølging av konklusjonar i 2013- 2015
19	Master i strategisk design	Design Region Bergen	Inngjekk i opphavelg SNP Planlagt ferdig i 2012	Ikkje gjennomført Inngår i Arenaprogram for design, oppstart hausten 2013
20	Styrke CNC og robotklyngen i Bergensregionen	Osterøy kommune	Inngjekk i opphavelg SNP Planlagt ferdig i 2014	I rute
21	Infosenter for sjømatnæringa	Fiskeriforum Vest	Inngjekk i opphavelg SNP Planlagt ferdig i 2012	BRB har ikkje tilstrekkeleg informasjon om status for tiltaket
22	Elevbedrifter i utdanninga	Ungt Entreprenørskap	Inngjekk i opphavelg SNP Planlagt ferdig i 2014	I rute
23	Marin tripel helix	Fiskeriforum Vest	Nytt tiltak i tiltaksdelen 2012-2013 Planlagt ferdig i 2014	I rute
24	Miljøteknologiklynge i Sunnhordland (vidareføre miljøteknologiprojekt)	SNU – Samspelsforum for næringsutvikling	Inngjekk i opphavelg SNP Planlagt ferdig i 2012	Gjennomført Etablert som eit Arenaprojekt

25	Bærekraftig sameksistens lakseoppdrett/villaks	Vaksdal kommune	Inngjekk i opphavelag SNP Planlagt ferdig i 2012	Gjennomført
----	--	-----------------	---	-------------

Oversikta over tiltakseigarar i rapporteringa til styret (per april 2013) viser at det har vore nokre endringar jamfør oversikta over tiltakseigarar i tiltaksdelen for 2012-2013. Det er også to av prosjekta som inngår i tiltaksdelen 2012-2013 som ikkje er rapportert på til styret i 2013. Revisjonen har ikkje funne dokumentasjon der det går fram om desse prosjekta er gjennomført eller ikkje. Dette gjeld tiltaka:

- Forsterke det regionale samarbeidet innen reiselivet - Tiltakseigar: Bergen Reiselivslag (nytt tiltak i tiltaksdelen 2012-2013)
- Satsing på design i marin sektor – Tiltakseigar: Fiskeriforum Vest og Design Region Bergen (nytt tiltak i tiltaksdelen 2012-2013)

I samband med verifisering av rapporten opplyser administrasjonen i BRB at det fyrste tiltaket er pågåande og omhandlar å kunne bistå destinasjonsselskapa rundt Bergen. Det andre tiltaket er ikkje sett i gong som følgje av at tiltakseigar har beslutta å ikkje starte opp prosjektet. Det blir opplyst at BRB ikkje har vore involvert i arbeidet med desse to tiltaka.

4.4.1 Samhandling med andre tiltakseigarar og samarbeidsaktørar

Av intervju med dei tilsette i BRB går det fram at det har vore utfordrande å organisere ei felles oppfølging av tiltaka i planen. Det blir vist til at det er ei rekkje aktørar som er involvert og at ansvarlinjene for oppfølging av tiltaka ikkje er tilstrekkeleg avklarte. Det føreligg ikkje noko dokument som avklarar kva konkret ansvar kommunane har i oppfølgingsarbeidet, og om det skal bli utarbeidd kommunale/regionale handlingsplanar for å følgje opp SNP. I samband med verifisering av rapporten opplyser administrasjonen i BRB at fleire av kommunane og delregionane har vidareført felles SNP gjennom eigne handlingsplanar, som byggjer på felles mål og strategi frå SNP. Dette gjeld for Bergen kommune, Regionrådet Vest⁶⁵, i tillegg til kommunane Austrheim og Lindås. Administrasjonen i BRB har deltatt aktivt i alle desse tre prosessane. Det blir vidare opplyst at BRB er invitert inn i ein tilsvarande prosess for Nordhordland frå hausten 2013.

Av intervju går det fram at einskilde av samarbeidspartane (t.d. nettverksorganisasjonar) som ein forventar skulle følgje opp SNP-tiltak, over tid har fått svekka eigarskap til tiltaka. Anten ved at det har vore utskiftingar av sentrale personar og/eller at det er etablert «konkurrerende» styringsdokument for desse organisasjonane i etterkant av SNP. Det blir også kommentert at einskilde SNP-tiltak endå ikkje er operasjonalisert og må konkretisast før dei kan bli gjennomført.

Dei tilsette gjev uttrykk for at det er positivt at eigarane har eit «felles verktøy» gjennom SNP, men at det er sentralt at det blir utarbeidd ordningar som sikrar ryddige ansvarlinjer for oppfølginga av SNP-tiltak.

4.4.2 Måling av resultat og rapportering på SNP-tiltak

I SNP går det fram følgjande om måling av resultat for SNP-tiltaka:

«Dette er den første Strategisk næringsplan for hele Bergensregionen og en har lagt vekt på samhandling og kvalitative målsettinger. Ved senere revisjoner vil det også være naturlig å formulere mer kvantitative målsettinger. I planperioden kan eksisterende

⁶⁵ Regionrådet Vest er eit rådgjevande og koordinerande organ for kommunane Askøy, Fjell, Sund og Øygarden.

verdskapingsindikatorer brukes for å måle effekten av gjennomførte strategier og tiltak, samt rapportere på fremdrift og gjennomføring av enkelttiltak.»⁶⁶

Både frå administrasjonen og styret i BRB blir det gjeve uttrykk for at det har vore utfordrande å fastsette konkrete mål og gode måleindikatorar for oppfølging av tiltaka i SNP og for selskapet sitt arbeid generelt. Administrasjonen gjev uttrykk for at fleire «prosjektresultat» ikkje er direkte målbare. Styreleiar kommenterer i intervju at det i tida framover vil vere viktig å sjå nærare på korleis ein kan måle effektane av arbeidet på ein betre måte.

Av verksemdplanen til BRB går det fram at BRB skal rapportere total status av det arbeidet som blir gjort av alle aktørane som er involvert i SNP-prosjekta.⁶⁷ BRB har jamlege møte med nettverksorganisasjonane og næringsansvarlege i eigarkommunane der det blir informert om kva dei ulike partane arbeider med. I tillegg gjennomfører BRB tiltaksmøte med alle tiltakseigarane der det blir rapportert særskilt om status på oppfølging av tiltak. Administrasjonen gjev uttrykk for at det er etablert tilstrekkelege rapporteringsarenaer når det gjeld oppfølginga av SNP-tiltak.

4.4.3 Arbeid med andre prioriterte oppgåver i verksemdplanen

I BRB sin verksemdplan er prosjekt delt inn under SNP-tiltak og under tiltak «utover SNP». Av intervju med tilsette i BRB går det fram at *andre prioriterte prosjekt* (utover SNP) i verksemdplanen er prosjekt som anten er omdefinerte SNP-tiltak eller prosjekt som i stor grad samsvarar med fokusområda i SNP, men som ikkje direkte kan bli plassert under eit av dei definerte SNP-tiltaka. Administrasjonen viser til at det er styret i BRB som vedtek kva prosjekt administrasjon skal prioritere gjennom verksemdsplanen, i tillegg til prosjekta i SNP. Det blir opplyst at administrasjonen ikkje set i gong vesentlege prosjekt eller investeringar utover innhaldet i verksemdplanen før styret (ev. styreleiar) er konsultert. Av tabell 3 under går det fram ei oversikt over prosjekt utover SNP frå BRB sin verksemdplan for 2013.

Tabell 3: Andre prioriterte prosjekt i BRB per 2013:

Nr	Tiltak/prosjekt	Kommentar
1	GROW (Innovasjons- og entreprenørskapskonferanse)	Tiltak i opphavelag SNP som er overført til prosjektstyrt driftsoppgåve i BRB Inngår i samarbeidsavtalen med eigarkommunane
2	Faktaprojektet (utvikle og tilgjengeleggjere faktabasert kunnskap om regionen)	Tiltak i opphavelag SNP som er overført til prosjektstyrt driftsoppgåve i BRB
3	Kompetansesenter drift og vedlikehald (etablere kompetansesenter for maritime og offshore operasjonar)	I samband med verifisering av rapporten opplyser administrasjonen i BRB at tiltaket er gjennomført, og at selskapet er oppretta med to tilsette
4	Offshore Technology Conference (OTC) (gjennomføre delegasjonsreise og seminar under OTC Houston)	Høyrar til tiltak 8 i SNP («enhetlig profilering av regionen»), men blir gjennomført som eige prosjekt
5	China Summit (gjennomføre konferanse)	Høyrar til tiltak 8 i SNP («enhetlig profilering av regionen»), men blir gjennomført som eige prosjekt
6	Samferdsel (utarbeide rapport om regionale verknader av Intercity tog mellom Stavanger-Bergen)	
7	Kultur Vest (synleggjering og formidling av kultursektoren si betydning)	Yte prosjektstøtte til Kultur Vest I samband med verifisering av rapporten

⁶⁶ Strategisk næringsplan for Bergensregionen 2010-2014. Perspektiver mot 2025. Business Region Bergen, s.10.

⁶⁷ Virksomhetsplan Business Region Bergen 2013. s. 9.

	for Bergensregionen sin attraktivitet og utvikling)	opplyser administrasjonen i BRB at det er utarbeidd ein rapport om verdiskaping av kultur, i samarbeid med Kultur Vest, Bergen Næringsråd og Bergen Reiselivslag
8	Fiskeriforum Vest (FFV) (støtte opp under tiltak som European seafood exposition)	Høyrar til tiltak 8 i SNP («enhetlig profilering av regionen»), men blir gjennomført som eige prosjekt
9	ONS (kvart andre år) (i samband med ONS i Stavanger har BRB saman med Bergens næringsråd og HOG lagt til rette for arrangement for bedrifter med gjestar)	Høyrar til tiltak 8 i SNP («enhetlig profilering av regionen»), men blir gjennomført som eige prosjekt
10	RIO (kvart andre år) (deltaking på oljemessa Rio Oil & Gas)	Høyrar til tiltak 8 i SNP («enhetlig profilering av regionen»), men blir gjennomført som eige prosjekt
11	Etablerersenteret	Inngår i samarbeidsavtalen med eigarkommunane
12	Tall ship race	
13	International school	
14	Så Korn fond	
15	Intern strategi	Strategiarbeid initiert av styret i BRB
16	Ikkje definerte/frie prosjektmiddel	Prosjektkostnader utan prosjektkonto i budsjett/rekneskap

Administrasjonen gjev i intervju uttrykk for at alle prosjekt som BRB arbeider med har ei forankring i mål og strategiar vedtatt i SNP, og at alle prosjekta vil finne seg innanfor eit av dei vedtatte fokusområda i SNP.

Av intervju med styrleiar går det fram at styret har diskutert korleis ein skilde nye tiltak som ikkje var ein del av opphavelig SNP⁶⁸, har dukka opp som nye tiltak/prosjekt i BRB i etterkant. Ein skilde nye tiltak som BRB arbeider med har, så langt styrleiar kjenner til, berre vore lagt fram som orientering for eigarmøte, og styrleiar stiller spørsmål ved om dette er tilstrekkeleg i forhold til tiltaka som allereie er vedtatt i SNP.

Styrleiar opplyser at styret i det vidare arbeidet ønskjer å undersøke om det er ein tydeleg samanheng mellom det som er vedtatt gjennom SNP og dei tiltaka selskapet arbeider med. Samstundes meiner styrleiar at det er viktig å finne ei passende form og eit forum for rullering av SNP-tiltaka, utan at kvart tiltak i planen må bli vedtatt på nytt av alle kommunestyra i eigarkommunane.

4.5 Økonomistyring og ressursbruk

4.5.1 Rutinar for utarbeiding av budsjett og rekneskap

BRB har ikkje utarbeidd eigne skriftlege rutinar for utarbeiding av budsjett og rekneskap, men praksisen i selskapet er skildra i eit notat til revisjonen.⁶⁹

Av notatet går det fram at budsjettprosessen i selskapet byggjer på strategiar forankra i SNP og årleg verksemdplan for BRB. Styret har strategisamling om hausten der budsjettet er diskusjonssak, og i etterkant av samlinga bearbeider administrasjonen styret sine innspel i utforminga av forslag til budsjett.

⁶⁸ Og dermed er politisk vedtatt.

⁶⁹ Notat: Økonomirutiner. Notat til revisjonen frå Business Region Bergen. Datert: 27. juni 2013.

Forslag til budsjett samt årleg verksemdplan blir handsama og vedtatt av styret, som oftast i årets nest siste styremøte, anten i oktober eller november. Dersom styrehandsaminga fører til endringar i budsjettet blir det lagt fram for ny handsaming på årets siste styremøte.⁷⁰ Det kan førekomme budsjettmessige endringar i løpet av året, som oftast på hausten. Årsaka kan vere at prosjekt er forseinka eller at det oppstår andre endringar.⁷¹ I budsjettet har BRB ein budsjettpost med «frie prosjektmidlar», som blir nytta dersom det oppstår nye prosjekt i løpet av budsjettåret eller dersom det oppstår overskridingar på eksisterande prosjekt. Av rapportering til Hordaland fylkeskommune går det fram at BRB nytta kr. 1 227 674 til andre prosjektaktivitetar i 2011 og kr. 121 976 til dette føremålet i 2012.⁷²

Frå og med 2012 har timane tilsette i BRB arbeider på prosjekt blitt registrert som prosjektkostnad i rekneskapen, basert på ein fastsett timepris per arbeidstime. Timeprisen er den same for alle tilsette, og baserer seg på lønnskostnader, sosiale kostnader og driftskostnader dividert på antall årsverk. BRB nyttar eit webbaserert program for timeregistrering, der dei tilsette registrerer timane sine direkte på dei ulike prosjekta eller på «administrasjon».⁷³ Av intervju går det fram at praksisen med internprising gjev eit klarare kostnadsbilete over kvart prosjekt, ved at både dei interne og dei eksterne prosjektkostnadene går fram av budsjett og rekneskap.

BRB har frå 2012 sett eit administrativt mål om at 75 % av tida som dei tilsette i BRB arbeider skal bli registrert på prosjekt. Av intervju går det fram at BRB ikkje har nådd dette målet, og at målet nyleg har blitt redusert til 70 %.⁷⁴ Det blir opplyst at dette i hovudsak skuldast at ei rekkje av oppgåvene som dei tilsette gjer ikkje kan relaterast til eit konkret prosjekt, dette kan vere kundekontakt og møte, administrative oppgåver, styrearbeid og rapportering.⁷⁵ Av intervju går det fram at retningslinjene for kva arbeid som kan førast direkte på prosjekt kunne ha vore tydelegare, og at det nok er tid som kunne ha vore ført på prosjekt som i dag blir registrert som «administrasjon» (som reknast som ein driftskostnad). I samband med verifisering av rapporten kommenterer administrasjonen at BRB ikkje hadde noko bakgrunnsgrunnlag då det administrative målalet blei sett til 75 % for 2012.

I intervju gjev styreleiar uttrykk for at det er behov for å leggje betre til rette for fleire strategiske drøftingar mellom administrasjon og styre i perioden før budsjettet skal bli utarbeidd. Styreleiar meiner også at det er føremålstenleg at ein planlegg framover med eit lengre perspektiv enn det neste rekneskapsåret, og at det blir utarbeidd prognosar og utført gode analysar. Styreleiar gjev også uttrykk for at det kan vere føremålstenleg å ha eit kritisk blick på kva arbeidsoppgåver som blir prosjektorganisert og ikkje. Styreleiar meiner det må vere rom for løpande driftsoppgåver, slik som å vere tilgjengeleg som eit rådgjevingsorgan for eigarkommunane, i tillegg til prosjektarbeid.

4.5.2 Rutinar for prosjektstyring

BRB har ikkje utarbeidd retningslinjer knytt til prosjektstyring, men har eit malverk for prosjekt som er under utvikling. Selskapet har førebels ikkje sett krav til at malverket skal bli nytta på alle prosjekt. Administrasjonen opplyser at prosjektstyring er eit område selskapet nyleg har auka fokuset på. På sist styremøte presenterte administrerande direktør «Innføring av systematisert arbeidsmetodikk» som også inkluderer risikovurdering av prosjekt og ein felles prosjektmetodikk.

Det blir ikkje ført egne prosjektrekneskap for alle prosjekta i BRB, men det blir alltid ført prosjektrekneskap for prosjekt med ekstern finansiering (t.d. midlar frå Regionalt

⁷⁰ Notat: Økonomirutiner. Notat til revisjonen frå Business Region Bergen. Datert: 27. juni 2013.

⁷¹ Notat: Økonomirutiner. Notat til revisjonen frå Business Region Bergen. Datert: 27. juni 2013.

⁷² Rapportering til Hordaland fylkeskommune på drift og prosjekt i 2012. Datert: 27. juni 2013.

⁷³ BRB starta med internrekneskap med timeregistrering på alle prosjekt i 2012. Før dette hadde ein berre ført internrekneskap for prosjekt med finansiering frå RUP-midlar eller midlar frå Innovasjon Norge, sidan dette var eit krav.

⁷⁴ Dette går også fram av følgjande styresak: Status for enkeltprosjekt – Strategisk næringsplan og virksomhetsplan for 1. kvartal 2013. Styresak nr.24/2013, Business Region Bergen, datert: 18. april 2013. s. 6.

⁷⁵ Denne informasjonen går også fram at Notat: Økonomirutiner. Notat til revisjonen frå Business Region Bergen. Datert: 27. juni 2013.

Utviklingsprogram/RUP). For prosjekt med ekstern finansiering finst det klare retningslinjer for føring av prosjektrekneskap, men ikkje for prosjekta som BRB finansierer med egne budsjettmidlar (salsinntekter frå eigarane mv.).

4.5.3 Business Region Bergen sin økonomiske situasjon

Nøkkeltal i perioden 2008-2012

Av tabell 4 under går økonomiske nøkkeltal for selskapet i perioden 2009-2012 fram.

Tabell 4: Nøkkeltal for selskapet (NOK – runda av til næraste tusen)⁷⁶

Nøkkeltal	2012	2011	2010	2009
Sum inntekter	20 463 000	20 397 000	21 474 000	20 751 000
Driftsresultat	- 488 000	1 462 000	-731 000	2 156 000
Resultat før skatt	- 389 000	1 543 000	-698 000	2 172 000
Eigenkapital	4 960 000	5 349 000	3 835 000	4 533 000
Likviditetsgrad ⁷⁷	2,08	2,98	1,94	1,53

BRB hadde i 2012 inntekter på kr. 20 463 000 og kr. 20 396 000 i 2011. Størsteparten av selskapet sine inntekter kjem frå salsinntekter frå eigarkommunane. I 2012 utgjorde salsinntekter frå aksjonærane om lag 87 % av selskapet sine inntekter.⁷⁸ Dei resterande inntektene kjem frå andre salsinntekter (som billettinntekter frå konferanser som Grow og RUP-midlar), tilskot til etablerertenesta, deltakaravgift i samband med delegasjonsreiser og andre offentlege tilskot (m.a. frå Innovasjon Norge).

Driftsresultatet i 2012 blei negativt med kr. - 488 000 mot eit overskot i 2011 på kr. 1 462 000. Etter finanspostane er årsregnskapet gjort opp med eit underskot på kr. - 388 700 i 2012, mot eit overskot på kr. 1 543 000 i 2011. Av årsrapport 2012 går det fram at hovudårsaka til det negative resultatet i 2012 fyrst og fremst er knytt til at prosjektkostnader budsjettert i 2011 blei skjøve til 2012. Dette gjeld i særleg grad Vekstlandet-satsinga. Dette medførte at deler av overskotet frå 2011 blei nytta i 2012. Det blir vidare opplyst at likviditeten i selskapet har vore tilfredsstillande gjennom året.⁷⁹

Revisjonen har gjennomgått revisjonsmeldingane for selskapet frå 2010-2012, og desse er gjeve utan presiseringar eller atterhald.

4.5.4 Ressursbruk i Business Region Bergen

Føringar frå eigarane og prioriteringar i selskapet

Av intervju med administrasjonen går det fram at det ikkje er gjeve føringar frå eigarane om kor stor andel av tildelte midlar som skal nyttast direkte på SNP-tiltak, utover øyremerkte midlar frå Bergen kommune.⁸⁰ Av intervju går det fram det at BRB har hatt stor handlefridom til å prioritere ressursane slik dei ønskjer på dei ulike tiltaka frå SNP og verksemdplanen til BRB. Det blir kommentert at styret er opptatt av å følgje opp at administrasjonen arbeider med dei prosjekta som blir prioritert i verksemdsplanen som styret vedtar.

⁷⁶ Informasjonen i tabellen er henta frå: www.ravninfo.no og www.proff.no

⁷⁷ Dette er eit mål på korr mykje kortsiktige middel føretaket har i forhold til forpliktingar selskapet har på same tidshorisont (www.proff.no)

⁷⁸ Dette inkluderer både dritsinntekter og prosjektrelatert inntekt frå aksjonærane. *Årsrapport Business Region Bergen 2012*. s. 14.

⁷⁹ *Årsrapport Business Region Bergen 2012*. s. 13.

⁸⁰ Avtala mellom BRB og Bergen kommune inneber at halvparten av tenestekjøpet frå kommunen er direkte knytt opp til prosjekt som BRB skal gjennomføre på vegne av kommunen. Dette er prosjekt som Bystyret årleg vedtar i «Handlingsplan for næringsutvikling i Bergen».

Av budsjettet for 2013 går det fram at BRB har budsjettert med underskot på kr. - 983 016 for 2013. I intervju gjev tilsette i BRB uttrykk for at dette skuldast eit ønske frå styret om at selskapet skal byggje ned sin eigenkapital. I samband med verifisering av rapporten opplyser administrasjonen i BRB at selskapet verken har eller har hatt som mål om å gå med overskot og byggje opp eigenkapitalen. Det blir også poengtert at det budsjetterte underskotet skuldast prosjektsvingingar og tidsforskyvningar i ressursbruk på ulike prosjekt. Mellom anna har det vore forseinkingar i lanseringa av Vekstlandet-kampanjen som følgje av tidkrevande forankringsarbeid, slik at aktivitetar budsjettert i 2012 har blitt utsett til 2013.

Gjennomgang av ressursbruk i 2012

Av dei totale kostnadene i 2012 på kr. 20 951 549 hadde BRB projektkostnader på tilsaman kr. 13 417 772. Av *prosjektkostnadene* var kr. 6 286 472 eksterne projektkostnader (om lag 47 %) og kr. 7 131 300 interne projektkostnader (om lag 53 %).⁸¹ Dei *eksterne projektkostnadene* i 2012 inkluderte leige av arena, tekniske tenester, servering, kulturelle innslag, reise- og transport, salg- og reklamekostnader, web-kostnader, frakt toll og spedisjon samt underentreprise (sjå underoverskrift «innleige av eksterne ressursar» for nærare omtale). Dei *interne projektkostnadane* er basert på faktisk førte timar på kvart prosjekt i BRB sitt timeregistreringssystem. Her er timeprisen som BRB har sett for interne arbeidstimar, nytta for å kome fram til dei interne projektkostnadane.

I rapporteringa til Hordaland fylkeskommune for driftsåret 2012 rapporterte BRB om ressursbruken på totalt 40 prosjekt. Dette inkluderte alle SNP-tiltaka, også dei tiltaka der BRB ikkje er tiltakseigar. Revisjonen har, basert på rapporteringa, laga ei oversikt over dei ti prosjekta der BRB har hatt høgast ressursbruk i 2012. Som tabell 5 under viser hadde BRB i 2012 projektkostnader knytt til desse ti prosjekta på totalt kr. 12 106 202. Dette utgjer om lag 90 % av dei totale projektkostnadane på kr. 13 417 772 i 2012.

Tabell 5: Oversikt over dei ti prosjekta med høgast ressursbruk i 2012

Nr	Tiltak/prosjekt	Kommentar	Eksterne projektkostnader	Interne projektkostnader	Samla projektkostnader
1	Einheitleg profilering av regionen	SNP-tiltak (BRB tiltakseigar)	3 962 603	1 661 000	5 623 603
2	GROW – Innovasjons- og entreprenørskapskonferanse	«Annet prosjekt» i verksemdplanen Inngår i samarbeidsavtalane	675 743	1 049 000	1 724 743
3	Etablerersenteret	«Annet prosjekt» i verksemdplanen Inngår i samarbeidsavtalane	173 185	1 510 000	1 683 185
4	Offshore Technology Conference (OTC)	Høyrar til tiltaket «enhetlig profilering av regionen», men gjennomføres som eige prosjekt	256 274	592 000	848 274
5	RIO (kvart andre år)	Høyrar til tiltaket «enhetlig profilering av regionen», men gjennomføres som eige prosjekt	231 153	336 300	567 453

⁸¹ Rapportering til Hordaland fylkeskommune på drift og prosjekt i 2012. Datert: 27. juni 2013.

6	Arealtilbod for næringslivet	SNP-tiltak (BRB tiltakseigar)	221 398	309 000	530 398
7	Marin klyngeutvikling	SNP-tiltak (BRB tiltakseigar)	89 553	370 000	459 553
8	China Summit	Høyrar til tiltaket «enhetlig profilering av regionen», men gjennomføres som eige prosjekt	8 276	365 000	373 276
9	Profesjonalisert vertskapsrolle for besøkande delegasjonar	SNP-tiltak (BRB tiltakseigar)	7 717	189 000	196 717
10	Fokus på nordområda	SNP-tiltak (BRB tiltakseigar)	69 000	30 000	99 000
SUM			5 694 906	6 411 300	12 106 202

Av dei ti prosjekta med høgast ressursbruk i 2012 er fire prosjekt (nr. 1, 4, 5 og 8 i tabell 5) knytt til SNP-tiltaket «enhetlig profilering av regionen». I tillegg til desse fire prosjekta høyrer også prosjekta *Fiskeriforum Vest* og *ONS* i BRB si samla prosjektoversikt til SNP-tiltaket «enhetlig profilering av regionen» (sjå punkt 4.4.3 for oversikt over prosjekt). Samla prosjektkostnader for alle prosjekta knytt til SNP-tiltaket «enhetlig profilering av regionen» var i 2012 kr. 7 758 001. Dette utgjør om lag 58 % av dei totale prosjektkostnadene på kr. 13 417 772.

Av verksemdplanen og budsjettet for 2012 går det fram at det totalt blei budsjettert med eksterne prosjektkostnader på kr. 3 147 000 til SNP-tiltaket «enhetlig profilering av regionen» inkludert dei fem prosjekta som høyrar til tiltaket (sjå tabell 6 under). Dei samla eksterne prosjektkostnadene for SNP-tiltak 8 inkludert tilhøyrande prosjekt var i 2012 kr. 4 525 701. Dette er kr. 1 378 701 meir enn budsjettert. Som det går fram av tabellen under er det nytta vesentleg mindre midlar på tiltaka *Fiskeriforum Vest* og *ONS* enn budsjettert, medan det er nytta vesentleg meir midlar på SNP-tiltak 8 «enhetlig profilering av regionen», med kr. 1 712 603 meir enn budsjettert.

Tabell 6: Oversikt eksterne prosjektkostnader knytt til SNP-tiltak 8 i 2012

Tiltak	Budsjetterte eksterne prosjektkostnader 2012	Rekneskap eksterne prosjektkostnader 2012	Avvik
SNP-tiltak 8 «enhetlig profilering av regionen»	2 250 000	3 962 603	- 1 712 603
Offshore Technology Conference (OTC)	287 000	256 274	30 726
RIO	175 000	231 153	- 56 153
China Summit	40 000	8 276	31 724
Fiskeriforum Vest (FFV)	185 000	26 445	158 555
ONS	210 000	40 950	169 050
SUM	3 147 000	4 525 701	- 1 378 701

I budsjettet for 2012 blei ikkje dei interne kostnadane i BRB fordelt på prosjekt, men er lagt samla under drift.

I Strategisk næringsplan for Bergensregionen 2010-2010 er tiltaket «enhetlig profilering av regionen» omtalt på følgjande måte:

«Initiere et program som skal samordne og tilrettelegge for enhetlig profilering av regionen gjennom ulike medier og portaler, samt ulike arenaer og arrangementer. Blant annet gjennom bruk av internett og sosiale medier.»⁸²

Av BRB si rapportering til Hordaland fylkeskommune for driftsåret 2012 går det fram at arbeidet med tiltaket «enhetlig profilering av regionen» er delt opp i følgjande underprosjekt: Region Bergen profil, kampanjen Vekstlandet, delegasjonsreiser og anna informasjonsmateriell.

Vekstlandet

Vekstlandet er ein rekrutteringskampanje som skal byggje «omdømme for regionen gjennom å rekruttere unge flinke mennesker til næringslivet og det offentlige».⁸³ Av verksemdplan for 2013 går det fram at BRB er initiativtakar og prosjektsekretariat for kampanjen, som er eit treårig initiativ. Det går også fram at den overordna målsettinga for Vekstlandet er å synleggjere eit bredt næringsliv i heile regionen.⁸⁴

Administrasjonen opplyser at arbeidet med konkretisering av ein kampanje starta i begynnelsen av 2011, og at sjølve Vekstlandet-konseptet ble utarbeidd hausten 2011. Av verksemdplanen for 2012 går det fram at BRB som ein del av tiltaket «enhetlig profilering av regionen» ønskjer å gjennomføre åtte delprosjekt, der det eine av desse er ein nasjonal synleggjeringskampanje.

Av dokumentasjon mottatt frå administrasjonen i BRB går det fram at styret i BRB fekk førelagt sak om Vekstlandet for fyrste gong i januar 2012, og av protokollen går det fram at styret var samla positive til kampanjekonseptet. Saka var også oppe på neste styremøte i mars 2012. Av protokollen går det fram at det har vore essensielt å sikre ei god forankring og samhandling med viktige aktørar i regionen. Administrasjonen opplyser til revisjonen at dette både gjaldt privat næringsliv og eigarkommunane.

På eigarmøte i desember 2011 blei det rapportert til eigarane at BRB arbeidde med «ulike ideer til kampanjer for 2012 som vil synleggjøre regionen på en måte som alle aktørar profilerer på at blir gjort». Vekstlandet-kampanjen blei for fyrste gang presentert for eigarane på eigarmøtet i juni 2012, men det var ikkje fokus på ressursbruk i presentasjonen. I dokumentasjon mottatt frå administrasjonen blir det gjeve uttrykk for at «Vekstlandetkampanjen hadde eit betydeleg fokus» på eigarmøte i desember 2012. I dokumentet gjev administrasjonen i tillegg uttrykk for at det heile tida har vore formidla til eigarane at selskapet sine kostnader til kampanjen er innafor styret sine godkjente budsjett for selskapet, og at det blir arbeidd med å skape tilleggsfinansiering frå private aktørar.⁸⁵

I samband med verifisering av rapporten framlegger administrasjonen dokumentasjon som viser at det har vore gjennomført ulike dialogmøter og workshops knytt til Vekstlandet-kampanjen med både representantar frå eigarkommunane og næringsliv. BRB har også sendt ut eit nyhendebrev med skildring av organisering av arbeidet for synleggjering av Bergensregionen. Det blir vidare opplyst at det har vore oppretta eit samarbeidsråd for synleggjering av Bergensregionen og ei prosjektgruppe for Vekstlandet-kampanjen som hadde fyrste møte 26. april 2012. Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune har hatt ein representant i kvar av desse gruppene. Dei øvrige eigarkommunane til BRB har hatt ein representant i samarbeidsrådet og to representantar

⁸² *Strategisk næringsplan for Bergensregionen 2010-2014. Perspektiver mot 2025.* Business Region Bergen, s.55.

⁸³ *Årsrapport Business Region Bergen 2012.* s. 6.

⁸⁴ *Virksomhetsplan Business Region Bergen 2013.* s. 8.

⁸⁵ *Dokumentasjon til aktuelle spørsmål fra revisor.* E-post frå Business Region Bergen til revisjonen. Datert: 03.oktober 2013.

i prosjektgruppa. Frå administrasjonen i BRB blir det opplyst at dei opplever at gruppene har fungert etter intensjonen, og det blir opplyst at prosjektgruppa har vore samla fleire gonger.

Då nytt styre var på plass i 2012 blei dei førelagt ei sak om Vekstlandet og det blei fatta følgjande vedtak i saka:

«Styret tar saken til etterretning og godkjenner at Business Region Bergens andel av finansieringen økes med kr. 1 000 000. Styret forutsetter at prinsippet om en 50/50 deling av kostnadene mellom det offentlige og næringslivet opprettholdes. [...]»⁸⁶

Av intervju med styreleiar går det fram at det i dette møtet blei det gjort klart frå det nye styret at BRB skulle bremse utgiftene til Vekstlandet-kampanjen. Styret presiserte at det var viktig at det ikkje blei nytta ein større del offentlege midlar (i hovudsak tilskot frå eigarkommunane) enn midlar tildelt frå det private næringsliv på Vekstlandet-kampanjen. I tillegg signaliserte styret at utgiftene til kampanjen ikkje måtte overdrivast. Styret var også opptatt av at kampanjen måtte vere klart forankra i næringslivet.

I samband med verifisering av rapporten presiserer administrasjonen i BRB at styrevedtaket omtalt ovanfor var knytt til ei ekstra løyving frå BRB sitt ordinære driftsbudsjett på ein million kroner. Det blir kommentert at BRB heile vegen har arbeidd etter eit prinsipp om ein kostnadsdeling på 50/50 mellom intern og ekstern finansiering for Vekstlandet-prosjektet.

Av årsrapport 2012 går det fram at store delar av budsjettet til SNP-tiltak 8 «enhetlig profilering av region» blei nytta til Vekstlandet-kampanjen.⁸⁷ Av saksframlegg til styremøte 03. september 2013 går det fram at dei totale *eksterne* prosjektkostnadene på Vekstlandet-kampanjen frå oppstart hausten 2011 og frem til i dag ligg på om lag 6,9 millionar kroner. Dette er fordelt på 0,2 millioner kroner i 2011, om lag 3,3 millionar kroner i 2012 og 3,4 millionar kroner så langt i 2013.⁸⁸ Dei eksterne prosjektkostnadene på 6,9 millionar kroner samsvarer med summen som er utbetalt til oppdragsgjevarane som har bistått med Vekstlandet-kampanjen (sjå punkt 4.6). Administrasjonen opplyser at dei *interne* prosjektkostnadene knytt til Vekstlandet-prosjektet er ført på SNP-tiltak 8. Prosjektleiar for BRB har ført eit prosjektrekneskap for Vekstlandet-prosjektet. Rekneskapet har vore til internt bruk, og har ikkje vore lagt fram for styret eller eigarane i selskapet.

Det går vidare fram av saksframlegget at det er henta inn ekstern finansiering på 2,2 millionar kroner frå privat næringsliv, hvorav 0,3 millionar kroner blei inntektsført i 2012. Utover dette kom ein million kroner i ekstra løyving frå Hordaland fylkeskommune, inntektsført med henholdsvis 500 000 kroner i 2012 og i 2013.⁸⁹ I samband med verifisering av rapporten viser administrasjonen til at den eksterne finansieringa på til saman 3,2 millionar kroner utgjør 46 % av dei påløypte *eksterne* prosjektkostnadene til Vekstlandet så langt.

Det går vidare fram av sakframlegget at BRB har lagt ned mykje arbeid når det gjeld å forankre og å selje inn deltaking frå næringslivet i denne satsinga, utan at selskapet har lukkast heilt med det. Det blir også opplyst at dei fleste bedriftene som har fått Vekstlandet-satsinga presentert, har vore positive til viktigheita og behovet for en slik synleggjeringskampanje. Det blir opplyst at sju partnerbedrifter er med på kampanjen på ulike nivå, og at total 30 bedrifter deltar med på såkalla støttoppakker à kr. 10 000.⁹⁰

⁸⁶ Dokumentasjon til aktuelle spørsmål fra revisor. E-post frå Business Region Bergen til revisjonen. Datert: 03.oktober 2013.

⁸⁷ Årsrapport Business Region Bergen 2012. s. 6.

⁸⁸ «Vekstlandet» – status og vidare arbeid. Styresak nr. 34/2013, datert: 3. september 2013

⁸⁹ «Vekstlandet» – status og vidare arbeid. Styresak nr. 34/2013, datert: 3. september 2013

⁹⁰ «Vekstlandet» – status og vidare arbeid. Styresak nr. 34/2013, datert: 3. september 2013

I intervju gjev styreleiar uttrykk for at etableringa av Vekstlandet-kampanjen kan definerast innanfor dei oppgåvene som BRB er tillagt, men meiner samstundes at det ikkje har vore tydelege nok rammer for kor mykje midlar selskapet skulle bruke på prosjektet.

Av rapporteringa til Hordaland fylkeskommune for driftsåret 2012 går det fram at Vekstlandet vil bli gjennomført som eige prosjekt i 2013 på grunn av satsinga sin størrelse. Av budsjettet for 2013 går det fram budsjettmidla til SNP-tiltak 8 «enhetlig profilering av regionen» på kr. 5 862 041 inkluderer Vekstlandet, men det går ikkje fram kor mykje av desse midlane som er tiltenkt Vekstlandet-kampanjen. Slik informasjon går heller ikkje fram av verksemdplanen for 2013. Av saksframlegg til styremøte 03. september 2013 går det fram at BRB har budsjettet med om lag tre millionar kroner til eksterne prosjektkostnader for SNP-tiltak 8 «enhetlig profilering av regionen» og at hovudtyngda av desse budsjettmidlane er øyremerka Vekstlandet-satsinga.⁹¹

Innleige av eksterne ressursar

BRB leiger inn eksterne ressursar for delar av prosjektarbeidet. Av dei eksterne prosjektkostnadane på totalt kr. 6 286 472 i 2012 utgjorde kostnader til underentreprise (innleige av eksterne) kr. 4 944 128, noko som utgjer nærare 80 % av dei eksterne prosjektkostnadene i 2012. I dei tilfella selskapet vel å leige inn eksterne, er dette basert på eit behov for fleire ressursar enn det BRB sjølv rår over, eventuelt for å få tilgang til kompetanse som selskapet sjølv ikkje har. I intervju gjev BRB uttrykk for at dei har bestillerkompetanse som medverkar til å sikre at selskapet får nytta eksterne ressursar på ein optimal måte. Det blir samstundes kommentert at det kan dukke opp situasjonar der ikkje alle spørsmål i samband med avtalar og oppgåveskildringar er avklarte.

4.6 Rutinar for innkjøp

Av notat til revisjonen⁹² går det fram at BRB er underlagt regelverket om offentlege anskaffingar. BRB har derfor som rutine at kontraktar som er forventa å vere på over NOK 500 000 blir kunngjort. I tilfelle der BRB forventar at kontrakten vil vere på mellom NOK 100 000 - 500 000 inviterer BRB tre eller fleire tilbydarar til å levere tilbod. Slike innkjøp skal også protokollførast. BRB har utarbeidd skriftleg mal for tilbodsinnbydelse og anskaffelsesprotokoll.⁹³ BRB har ikkje utarbeidd overordna skriftlege rutinar for korleis innkjøp skal bli gjennomført, som skildrar når dei nemnte malane skal takast i bruk. I denne samanheng peikar tilsette i BRB på at dei er ein liten organisasjon og at det nær sagt alltid er ein intern dialog når ein sender ut tilbodsinnbydingar. Av notatet går det vidare fram at BRB også protokollfører einskilte innkjøp med verdi under 100 000,-. Det blir opplyst at BRB generelt er opptatt av konkurranse, og at selskapet som oftast gjer ei undersøking av kven som kan levere det beste tilbodet, også når kostnaden er under terskelverdien.⁹⁴

Malen for tilbodsinnbydingar (konkurransegrunnlag) har rom for å føre inn mellom anna informasjon og reglar om konkurransen, samt ein mal for HMT-eigenerklæring og mal for anskaffingsprotokoll.

Revisjonen har gjennomført stikkprøve for seks innkjøp som er gjennomført av BRB i 2012. Revisjonen har fått informasjon om innkjøpa frå BRB og gått gjennom protokollar for dei av innkjøpa som er konkurranseeksponerte. Ei oversikt over stikkprøvene går fram av tabell 7 under:

⁹¹ «Vekstlandet» – status og vidare arbeid. Styresak nr. 34/2013, datert: 3. september 2013

⁹² Notat: Innkjøp. Notat til revisjonen frå Business Region Bergen. Datert: 27. juni 2013.

⁹³ Notat: Innkjøp. Notat til revisjonen frå Business Region Bergen. Datert: 27. juni 2013.

⁹⁴ Notat: Innkjøp. Notat til revisjonen frå Business Region Bergen. Datert: 27. juni 2013.

Tabell 7: Stikkprøve av innkjøp over kr. 100 000

Leverandør	Utbetalt i 2012	Type innkjøp	Konkurransesponert	Dokumentasjon
1	490 000	Profilering/ annonsebilag	Ja	Protokoll
2	593 000	IT-anskaffingar/ IT-drift	Nei	Ikkje aktuelt sidan innkjøpet ikkje er konkurranseeksponert
3	96 000	Drift av web-sider	Ja	Protokoll
4	270 000	Profilering/ Marknadsføring	Ja	Protokoll og utlysing på Doffin (same avtale som innkjøp nr. 5)
5	2 091 000	Profilering/ marknadsføring	Ja	Protokoll og utlysing på Doffin (same avtale som innkjøp nr.4)
6	271 000	Profilering/ marknadsføring	Nei	Ikkje aktuelt sidan innkjøpet ikkje er konkurranseeksponert

Innkjøp frå leverandør nr. 2 og leverandør nr. 6 er ikkje konkurranseeksponert. Administrasjonen i BRB forklarar at innkjøp frå **leverandør nr. 2** er ei blanding av drift/vedlikehald av IKT, samt innkjøp av maskinvare. BRB har nytta same leverandør sidan 2008, men gjer undersøkingar i marknaden ved innkjøp av nytt utstyr. Administrasjonen opplyser vidare at dei ser at totalleveransen er såpass høg at det vil vere naudsynt å setje avtalen ut på anbod i framtida.

Kjøp frå leverandør nr. 6 består av to separate innkjøp, der det eine har ein verdi under 100 000,-, og dermed ikkje har blitt lyst ut. Det andre innkjøpet gjeld analysetenester til ein verdi over 100 000,-. Administrasjonen i BRB opplyser at denne leverandøren leverte tilsvarende tenester til BRB i 2010, etter ein konkurranse som blei utlyst til tre tilbydarar. Det blir opplyst at innkjøpa i 2012 ikkje blei lyst ut fordi det var vurdert at det ville vere ressursparande å gi oppdraget til same leverandør som hadde gjort same oppdrag før (pris ved å bruke den aktuelle leverandøren blei vurdert til å vere omlag halvparten av prisen for å gjennomføre oppdraget på nytt med annan aktør). Administrasjonen opplyser at sistnemte avtale blei utlyst på nytt i 2013.

Innkjøpa frå leverandør nr. 1, leverandør nr. 3, leverandør nr. 4 og leverandør nr. 5 er konkurranseeksponerte.

Kjøp frå leverandør nr. 4 og 5 er del av ein avtale som blei inngått i 2009, der dei to leverandørane har gått saman med eit tredje selskap om å levere marknadsførings- og profileringstenester til BRB. Verdivurderinga som går fram av anskaffingsprotokollen, altså den førehandsberekna verdien av kontrakten, er på 1,6 millionar kroner eks. mva, når alle eventuelle opsjonar er rekna med. Det går fram av konkurransegrunnlaget at innkjøpet gjeld å utvikle visuell identitet og kommunikasjonskonsept. Vidare står det skildra at ein etter utviklinga av identitet og konsept skal gå over i ein "produksjonsfase og implementering av kommunikasjonskonseptet".

Kontraktssvarigheit for avtalen med **leverandør nr. 4 og 5** skal i følgje konkurransegrunnlaget vare frå oktober 2009 til oktober 2011, med opsjon for forlenging i 1 + 1 år. Av protokollen og avtalen går det fram at verdien på valt leverandør sitt tilbod i «fase 1» er på kr 700 000 og at det i «fase 2» skal betalast timeprisar og fastpris for «en del mulige tiltak». I løpet av kontraktperioden er det utbetalt kr. 700 000 i «fase 1» og 6,9 millionar kroner i fase 2 til oppdragsgevarane.

Kontrakten varte til 1.12.2011, og blei forlenga to gonger, med varigheit på eitt år for gongen. Når det gjeld kva verdivurdering som blei gjennomført på desse tidspunkta, opplyser administrasjonen at opsjonen for forlenging av avtala blei innløyst før administrasjonen såg omfanget av Vekstlandet-kampanjen (som leveransen frå leverandørane er knytt til). Administrasjonen vurderte at det var vanskelig å avslutte avtalen på dette tidspunktet og lyse ut det vidare arbeidet med profileringskonseptet på nytt. Administrasjonen forklarer at dei vurderte at dei var bunde av inngått kontrakt til å nytte leverandørane i det vidare profileringsarbeidet sjølv om kostnaden hadde gått vesentleg over det som var estimert i konkurransegrunnlaget. Revisjonen sin gjennomgang syner at det til mellom 1.1.2012 og 1.12.2012 var utbetalt 1 843 000 til leverandør 5 og 270 000 til leverandør 4.

4.7 Etablering av BRB vekst

Styret i BRB vedtok 25. januar 2013 å stifte eit heileid dotterselskap, som skal fokusere på den delen av verksemda som rettar seg mot andre kundar og interessentar enn BRB sine eigarar.⁹⁵ Bakrunnen for dette er den allereie auka innteninga frå privat næringsliv og andre eksterne aktørar. Dotterselskapet BRB vekst blei stifta 04. april 2013, med ein aksjekapital på kr. 200 000. Styret i BRB vekst er det same som styret i BRB.⁹⁶

Følgjande føremål er vedtatt for BRB vekst:

«Drive regional næringsvirksomhet, etablerertjenester, profilering og markedsføring og andre tjenester som naturlig faller sammen med dette, herunder å ha et aktivt forhold til regionens nettverksorganisasjoner innen utvalgte næringssegmenter. Selskapet skal være prosjektdrevet.

Selskapet har ikke erverv som formål. Selskapet skal ikke utdele utbytte.»⁹⁷

Årsaka til at BRB vekst blei oppretta er knytt til reglar om «eigenregi». For at tenestene BRB leverer til eigarkommunane skal kunne baserast på «eigenregi», utan utlysing i marknaden, kan berre ein svært liten del av selskapet si omsetning vere knytt til andre kundar enn eigarane. Dersom omsettinga frå andre kundar blir for stor fordrar regelverket at eigarane må konkurranseutsette alle kjøp av tenester frå BRB.⁹⁸ Av intervju går det fram at BRB Vekst skal gjennomføre tiltak som til dømes Vekstlandet og Grow, og andre prosjekt der private aktørar er med å betaler for tenestene.

Av saksframlegget for styresak nr. 3/2013 i BRB Vekst i september 2013, går det fram at BRB Vekst ikkje skal ha ein eigen dagleg leiar, men at det er aktuelt å dele ein av dei tilsette i BRB sin stillingbrøk mellom BRB og BRB Vekst. Av saksframlegget går det fram at BRB har mottatt juridisk rådgjeving frå Deloitte Advokatfirma AS som understrekar at BRB må etablere ei løysing som sikrar at det ikkje skjer tenesteleveranse frå BRB AS til BRB Vekst AS (t.d. ved at ein tilsett har 100 % stilling i BRB og i tillegg arbeider ulønna i BRB Vekst AS). Av saksframlegget går det vidare fram at administrasjonen vil kome tilbake til styret med ei løysing til styremøte i november.⁹⁹ Av protokoll frå styremøte i BRB Vekst 11. september 2013 går det fram at styret

⁹⁵ Business Region Bergen har arbeidd med problemstillinga knytt til «eigenregiinntaket» frå 24. mars 2011. Business Region Bergen har mottatt rådgjeving frå Deloitte Advokatfirma AS i denne prosessen.

⁹⁶ Informasjonen er henta frå: www.proff.no.

⁹⁷ Informasjonen er henta frå Brønnøysundregisteret: www.brreg.no.

⁹⁸ Årsrapport Business Region Bergen 2011. s. 9.

⁹⁹ Vurdering av eventuelle virkninger av foreslått vedtak om daglig ledelse av BRB Vekst AS. Utvidet saksfremlegg sak 3/2013.

fatta vedtak om å tildele administrerende direktør i BRB prokura¹⁰⁰ i BRB Vekst på kr. 1 000 000.¹⁰¹

Eigarkommunane til BRB har ikkje fått førelagt sak om oppretting av BRB Vekst, men det har blitt orientert om opprettinga av selskapet i eigarmøte i desember 2012.¹⁰² I samband med verifisering av rapporten opplyser administrasjonen i BRB at problemstillinga omkring eigenregi har vore oppe ein rekkje gonger i styret. Det blei også gjeve ei orientering om problemstillinga for generalforsamlinga i juni 2011. Administrasjonen kommenterer at dette inneber at eigarane tidleg blei gjort merksamme på problemstillinga knytt til eigenregiinntaket, og at selskapet arbeidde med å finne ei løysing.

4.8 Oversikt relevante praksisar

I tabellen under har revisjonen samla ein del tilrådde praksisar frå KS (sjå punkt 3.4) for å vise i kva grad BRB har etablert relevante praksisar.

Tabell 8: Oversikt over tilrådde praksisar i Business Region Bergen

Tilrådd praksis	Business Region Bergen
Gjennomføre eigarmøte	Ja
Utarbeide etiske retningslinjer	Ja
Etablere valkomité	Ja
Grunngje innstilling på kandidatar til styret	Nei
Gje tilbod om opplæring til styrerepresentantar	Ja
Registrere styreverv i styrevervregisteret	To av ni representantar
Utarbeide styreinstruks	Nei
Utarbeide årleg plan for styret	Ja
Gjennomføre eigenevaluering av styret	Nei
Utarbeide plan for kompetanseutvikling for styret	Nei
Utføre rapportering til eigarorgan (utover årsrapport og årsrekneskap)	Ja

¹⁰⁰ Dette inneber at administrerende direktør i BRB kan inngå avtalar på vegne av BRB Vekst på inntil kr. 1 000 000, utan at det trengs styrevedtak.

¹⁰¹ *Protokoll fra styremøte i BRB Vekst av 11. september 2013.* Business Region Bergen.

¹⁰² Dokumentasjon til aktuelle spørsmål fra revisor. E-post frå Business Region Bergen til revisjonen. Datert: 03.oktober 2013.

5. Vurderingar

5.1 I kva grad driv Business Region Bergen i samsvar med vedtektene?

Det er revisjonen si vurdering at BRB utøver drifta i samsvar med gjeldande vedtekter og at vedtektene tilfredsstillar krav til innhald i aksjelova. Selskapskontrollen viser at dei som er intervjuja opplever at vedtektene for selskapet er tilstrekkeleg oppdaterte og relevante for drifta av selskapet

BRB har oppretta dotterselskapet BRB Vekst, for å tilfredsstillere regelverket knytt til offentlege anskaffingar. Opprettinga av dotterselskapet er ikkje handsama i generalforsamling, og det er viktig at opprettinga av BRB Vekst har tilstrekkeleg forankring hos eigarane. Revisjonen vil også understreke at det er viktig at selskapet fullfører arbeidet med å etablere system og rutinar som sikrar at det ikkje skjer overføring av ressursar frå BRB til BRB Vekst anten gjennom personell eller andre tenester, som kan gje BRB Vekst konkuransmessige fortrinn.

5.2 Har selskapet ei tydeleg rolle- og ansvarsfordeling mellom eigarar, styret og selskapet si daglege leiing?

Det er førebels verken utarbeidd ein fullmaktsstruktur for selskapet eller ein styreinstruks for styret som regulerer forholdet mellom styret og administrasjonen i BRB. Det er imidlertid starta opp eit arbeid med å utarbeide slike dokument, og revisjonen meiner dette kan medverke til å klargjere rolle- og ansvarsfordelinga mellom partane i større grad.

Per i dag har BRB inngått nokså likelydande samarbeidsavtalar med dei 20 eigarkommunane. Likevel varierer forventningane eigarane har til rolle- og ansvarsfordeling mellom selskapet og kommunen. Revisjonen meiner samarbeidsavtalane i større grad kan avklare roller og forventningar mellom partane enn det som er tilfellet i dag. BRB gjennomfører uformelle eigarmøte (i tillegg til generalforsamlinga) to gonger i året. Dette er ein viktig arena for dialog og informasjonsutveksling mellom partane, og det bør vurderast om denne arenaen i større grad kan bli nytta til å avstemme roller og forventningar mellom eigarane og selskapet.

5.3 Har selskapet etablert system og rutinar for å sikre at selskapet driv i samsvar med aksjelova?

5.3.1 I kva grad gjennomfører selskapet generalforsamlingar i samsvar med føresegner i aksjelova?

Revisjonen meiner at BRB har etablert rutinar som bidrar til å sikre at generalforsamlingar i selskapet blir gjennomført i samsvar med føresegner i aksjelova. Selskapskontrollen har ikkje avdekket avvik frå føresegner i aksjelova.

5.3.2 I kva grad utøver styret sitt tilsynsansvar i samsvar med føresegner i aksjelova?

Det er revisjonen si vurdering at styret i BRB utøver sitt tilsynsansvar i samsvar med aksjelova. Selskapskontrollen viser at styret har etablert ei systematisk og tett oppfølging av selskapet, og at

selskapet har etablert rutinar som sikrar at styret får tilgang til relevant styringsinformasjon. Samstundes er det viktig at styret og administrasjonen er samde om kva type rapportering som er mest føremålstenleg for styret, slik at styret kan ta i vare sine oppgåver på best mogleg måte. I selskapskontrollen blir det opplyst at styret ønskjer at rapporteringa frå administrasjonen i større grad fokuserer på dei mest vesentlege nøkkel- og måltala, slik at det blir enklare for styret å kunne vurdere om selskapet driv på den mest føremålstenlege måten. Styret saknar også økonomiske prognosar/analysar og økonomiplanar som viser forventna utvikling på lenger sikt.

Det er i tillegg viktig at det i tilstrekkeleg grad blir lagt til rette for strategiske drøftingar mellom administrasjonen og styret i forkant av utarbeiding av budsjett, slik styreleiar uttrykker ønskje om. Revisjonen vil peike på at det er viktig at det er ei tydeleg rolle- og ansvarsfordeling når det gjeld prioritering av ressursmidlar.

5.3.3 Har selskapet eit system for å kartleggje og setje i verk tiltak for å sikre at krav i regelverket blir overhaldne?

Offentlege anskaffingar

BRB har utarbeidd malar for tilbodsinnbydelse og for anskaffingsprotokoll. Malen for anskaffingsprotokoll samsvarar med krava som går fram av anskaffingsforskrifta.¹⁰³ Revisjonen meiner det er føremålstenleg om selskapet i tillegg utarbeider skriftlege rutinar for innkjøp og kontraktsoppfølging, som kan bidra til å sikre at regelverket knytt til offentlege anskaffingar blir følgt.

Revisjonen har gått gjennom innkjøp frå seks leverandørar som BRB har betalt ut til 2012. To av seks innkjøp er ikkje konkurranseeksponert. BRB pliktar å gjennomføre innkjøp på ein kostnadseffektiv måte basert på konkurranse, og revisjonen meiner desse to innkjøpa bryt med desse krava i innkjøpsregelverket (jf. LOA § 5 og FOA § 3-1). Eitt av innkjøpa frå leverandør 6 har ein verdi på noko over kr. 100 000 og gjeld kjøp av tenester. BRB forklarar at dei venta at det ville bli dyrare om ein valte andre leverandørar. Revisjonen vil peike på at regelverket uansett sett krav til tilstrekkeleg dokumentasjon og gjennomsiktighet (jf. LOA § 5), og meiner BRB burde ha dokumentert at ein hadde undersøkt prisar med andre leverandørar i ein anskaffingsprotokoll (jf. FOA § 3-2). Innkjøp frå leverandør 2 gjeld IT-drift og – utstyr. Verdien på innkjøpet er over kr. 500 000 i 2012, og BRB har gjort innkjøp frå leverandøren sidan 2008. Revisjonen vurderer at dette er ein type innkjøp der store delar av utbetalingane må reknast som del av same innkjøp. Den samla verdien på over kr. 500 000 i 2012 medfører etter revisjonen si vurdering at anskaffinga burde blitt gjennomført etter del 2 i forskrift om offentlege anskaffingar, bl.a. med krav om utlysing av anbod i Doffin.

I tillegg stiller revisjonen spørsmål ved om verdivurderinga ved innkjøp frå leverandør 4 og leverandør 5 (begge innkjøpa er del av same avtale) var forsvarleg (jf. krav i FOA § 2-3). BRB vurderte prosjektet til å koste 1,6 millionar kroner, og det enda med å koste 7,6 millionar kroner. Revisjonen meiner ein burde forvente at utbetalingane følgde det som går fram av protokoll og kontrakt, dvs. at ein i fase 2 av prosjektet ikkje betalte meir enn kr. 900 000 og slik heldt seg innanfor totalramma på 1,6 millionar kroner. Innkjøp til ein verdi over 1,6 millionar skal følgje kapittel III i anskaffingsforskrifta. Kapittel III stiller strengare krav til å kunne gjennomføre anskaffingar med forhandling og det blir stilt krav om utlysing i EØS-området. Revisjonen meiner at dersom selskapet hadde gjort ein riktig verdivurdering skulle anskaffinga ha vore utført i samsvar med kapittel III i forskrifta, noko som ville hatt vesentlege følgjer for konkurransegjennomføringa.

BRB har gjeve tilbakemelding til revisjonen der dei peikar på at dei først i 2012 såg at innkjøpet kom til å bli meir omfattande enn forventna, og at ein då vurderte situasjonen til at ein var bunde

¹⁰³ vedlegg 3 i anskaffingsforskrifta.

av kontrakt. Kontrakten med leverandørane blei fornya to gonger etter kontrakten gjekk ut i desember 2011. Revisjonen kan ikkje sjå at føresetnadene i kontrakt og konkurransegrunnlag tilseier at BRB hadde forplikingar til å betale så store summar til leverandørane, og oppfattar at ei eventuell forpliking av BRB må vere knytt til ytterlegare avtalar eller bestillingar inngått etter den opphavslege kontrakten frå 2009. Revisjonen vil understreke at BRB burde ha vore merksamme på desse problema ved siste fornying av kontrakt i 2012, då det går fram av rekneskapen at det berre for året 2012 var betalt ut over to millionar til to av leverandørane i avtalen (dette kjem i tillegg til det som har vorte betalt ut over avtalen frå 2009 til 2011). Revisjonen meiner dette viser at BRB ikkje har gjennomført ein tilfredsstillande kontraktsoppfølging i avtaleperioden, og at selskapet ikkje i tilstrekkeleg grad har følgd føresetnadene som låg til grunn for innkjøpet.

Offentleglova

BRB har gjennomført ei vurdering og konkludert med at selskapet er underlagt offentleglova. Selskapet fører journal over inn- og utgåande korrespondanse, dette er i samsvar med § 10 i offentleglova.

Avvikssystem

BRB har ikkje etablert eit system for registrering av HMS-avvik, kvalitetsavvik og/eller avvik frå krav i regelverk. Registrering og oppfølging av avvik er viktige tiltak for å sikre læring og forbetring i selskapet.

KS sine tilrådde praksisar

Selskapskontrollen viser at fleire av KS sine tilrådde praksisar ikkje er etablert i selskapet (sjå punkt 4.8). Berre to av ni styrerepresentantar har registrert sitt styreverv, det er ikkje utarbeidd styreinstruks, det blir ikkje gjennomført årleg eigenevaluering av styret og styret har ikkje utarbeidd plan for kompetanseutvikling. Revisjonen meiner at selskapet bør etablere rutinar i samsvar med KS sine tilrådingar.

5.4 Er resultatet og ressursbruk i samsvar med dei måla som er sett opp for selskapet?

5.4.1 I kva grad er det sett konkrete mål for selskapet?

Det er i stor grad sett konkrete mål for selskapet gjennom SNP, dei årlege verksemdplanane og gjennom nyleg gjennomført strategiprosess. Både representantar frå administrasjonen og frå styret opplever at strategiprosessen har medverka til at måla for selskapet har blitt tydelegare. Det blir også gjeve uttrykk for at strategiprosessen har medverka til at det i større grad er ei felles oppfatning mellom selskapet og eigarane om kva som er dei overordna måla for BRB.

Selskapsavtalen, samarbeidsavtalane og Strategisk næringsplan (SNP) er dei dokumenta som inneheld sentrale føringar frå eigarane til selskapet når det gjeld tillagte arbeidsoppgåver. Selskapsavtalen og samarbeidsavtalane er ikkje reviderte etter at SNP blei vedtatt av alle eigarkommunane i 2010. *Oppfølging* av tiltaka i SNP er dermed ikkje ein aktivitet som går spesifikt fram av lista over tenesteleveransar frå selskapet til eigarkommunane i samarbeidsavtalane. Unntaket her er samarbeidsavtalen med Bergen kommune, som blei revidert i 2012. Revisjonen meiner det kan vere føremålstenleg å revidere samarbeidsavtalane slik at forventinga om oppfølging av SNP blir tydeleggjort som ein tenesteleveranse frå selskapet.

5.4.2 I kva grad følgjer Business Region Bergen opp fylkeskommunale / kommunale vedtak og andre føringar?

Selskapskontrollen viser at fleire av dei SNP-tiltaka som administrasjonen rapporterte på til styret per april 2013 er ferdigstilt, og at administrasjonen i BRB opplever at fleirtalet av tiltaka som er planlagt å vere ferdig i 2013 eller 2014 er i rute.

Selskapskontrollen viser samstundes at det ikkje er tilstrekkeleg avklarte ansvarlinjer mellom tiltakseigarane og samarbeidsaktørar når det gjeld ansvar for å følgje opp tiltak i SNP. Det er sentralt at ansvarlinjene blir tydeleggjort i samband med den planlagde revisjonen av SNP i 2014.

Rapportering til eigarane om status på tiltaka i SNP skjer i hovudsak munnleg i eigarmøta, i tillegg til at eit utval av tiltaka blir kommentert særskilt i årsrapporten til BRB. Hordaland fylkeskommune er den einaste av eigarane til selskapet som har sett krav til rapportering på bruk av tildelte midlar årleg. Hordaland fylkeskommune får dermed rapportering om ressursbruk og progresjon for alle SNP-tiltaka. Revisjonen meiner det vil vere føremålstenleg at denne rapporteringa går til alle eigarkommunane (sjå også punkt 5.4.3).

Det er vidare viktig at utviklinga av SNP-tiltak går tydelegare fram av rapporteringa til eigarane. Sidan SNP blei vedtatt i 2010 er einskilde tiltak gjennomførte, einskilde tiltak omdefinerte og nokre nye tiltak er kome til, utan at det er dokumentert særskilt ovanfor eigarane kva tiltak dette gjeld. Revisjonen meiner det vil vere føremålstenleg at rapporteringa frå BRB når det gjeld SNP-tiltak er knytt til tiltaka i opphavelag SNP, slik at det på ein enkelt måte er mogleg å få oversikt over korleis desse tiltaka er følgt opp.

Både administrasjonen og styret i BRB er opptatt av å følgje opp eigarane sine føringar, og prosjekta som BRB arbeider med er i stor grad initiert med utgangspunkt i anten SNP eller andre tenester til eigarane som er skissert i samarbeidsavtalen (t.d. konferansen Grow og etablerertenesta). Selskapskontrollen har ikkje avdekkja fylkeskommunale/kommunale vedtak eller andre føringar frå eigar som ikkje blir følgt opp av BRB.

5.4.3 I kva grad har selskapet ei økonomisk forsvarleg drift sett i høve til fastsette mål?

Nøkkeltal for selskapet viser at selskapet har ein forsvarleg eigenkapital og ein tilfredsstillande likviditetsgrad. Revisjonsmeldingane for selskapet i perioden 2010-2012 er gjeve utan presiseringar eller atterhald. Samla sett meiner revisjonen at BRB har ei økonomisk forsvarleg drift. Når det gjeld ressursbruken sett i høve til fastsette mål meiner revisjonen likevel det er fleire område som kan forbetrast.

BRB sin ressursbruk er i hovudsak retta mot prosjekt som er initiert med utgangspunkt i anten SNP eller andre tenester til eigarane skissert i samarbeidsavtalen (t.d. konferansen Grow og etablerertenesta). Fleire av tiltaka i SNP og skildringane av tenester i samarbeidsavtalen er svært generelt utforma, og BRB har dermed hatt stor handlingsfridom når det gjeld å operasjonalisere tiltaka.

Eit døme på slik operasjonalisering er Vekstlandetkampanjen, som inngår under SNP-tiltak 8 «enhetlig profilering av regionen». Kampanjen er initiert av BRB og har stått for ein vesentleg del av BRB sine totale prosjektkostnadar i 2012. Revisjonen meiner det er grunnlag for å stille spørsmål ved om det er føremålstenleg at over halvparten av selskapet sine prosjektersursar/midlar, blir nytta til eitt prosjekt (Vekstlandet) som i rapportering til Hordaland fylkeskommune blir skildra som eit av fire delprosjekt under SNP-tiltak 8 «enhetlig profilering av regionen».

Selskapskontrollen viser at BRB har etablert faste praksisar knytt til budsjettering og oppfølging av budsjett, men at praksisane ikkje er nedfelt skriftleg. Revisjonen meiner det er viktig at det blir utarbeidd skriftlege rutinar for budsjettering og oppfølging av budsjett, og at desse rutinane inkluderer retningslinjer for rapportering om avvik frå budsjett.

BRB har i liten grad utarbeidd system og rutinar for prosjektstyring. Med bakgrunn i at prosjektkostnader utgjorde 64 % av selskapet sine totale kostnader i 2012, meiner revisjonen at det er viktig at BRB etablerer system og rutinar for prosjektstyring som kan bidra til å redusere risikoen for at prosjekt ikkje blir gjennomført i samsvar med vedtatte tids- og budsjетtrammer. BRB har ikkje budsjettert midlar konkret til Vekstlandet-prosjektet. Revisjonen meiner det er viktig at det blir etablert budsjетtrammer for prosjekt av denne storleiken, for å kunne føre kontroll med kostnadene at kostnadene i prosjektet er i samsvar med budsjett og for å redusere risikoen for meirforbruk.

Med bakgrunn i at innleige av eksterne ressursar (underentreprise) utgjorde nærare 80 % av BRB sine eksterne prosjektkostnader i 2012 meiner revisjonen meiner det er viktig at BRB utarbeider retningslinjer for bruk av innleigde ressursar. Retningslinjene bør omtale rolle- og ansvarsfordeling ved innleige og korleis kontrakter med leverandørar skal følgjast opp.

Frå og med 2012 har BRB starta med å registrere og rekneskapsføre intern ressursbruk (i form av registrert timearbeid) på prosjekt. Dette medfører at det totale kostnadsbildet for kvart prosjekt blir betre synleggjort. Revisjonen meiner dette er eit grep som på sikt vil kunne sikre meir realistisk budsjettering og eit betre grunnlag for budsjетtoppfølgning. Internrekneskapet vil også gi selskapet betre moglegheit til å føre kontroll med den totale kostnadsutviklinga i prosjekt.

Revisjonen meiner vidare at BRB med fordel kan ha større fokus på rapportering av ressursbruken i selskapet til eigarane. I dag er det berre Hordaland fylkeskommune som får detaljert rapportering på ressursbruk. Revisjonen meiner slik rapportering til alle eigarane vil gje eigarane betre føresetnader for å vurdere om ressursbruken i selskapet, og om den konkrete oppfølginga av SNP-tiltak og andre tenesteleveranser, er i samsvar med eigarane sine ønsker.

6. Tilrådingar

Revisjonen tilrår at Business Region Bergen:

1. Ferdigstiller arbeidet med å utarbeide fullmaktsstruktur for selskapet og styreinstruks for styret.
2. Sikrar at samarbeidsavtalane i tilstrekkeleg grad avklarar roller- og forventningar mellom partane.
3. I samband med revidering av Strategisk næringsplan i 2014 arbeider for å tydeleggjere ansvarslinjene mellom tiltakseigarar, eigarkommunane og andre samarbeidsaktørar når det gjeld oppfølging av tiltak i planen.
4. Utarbeider skriftlege rutinar for innkjøp og kontraktsoppfølging, og sikrar at innkjøp blir gjennomført i samsvar med regelverket om offentlege anskaffingar.
5. Etablerer eit system for å registrere og følgje opp avvik, som er tilpassa selskapet sin storleik og risikoforholda for verksemda.
6. Vurderer å innføre følgjande praksisar tilrådd av KS:
 - styrevervregistrering
 - gjennomføre årleg eigenevaluering av styret
 - utarbeide plan for kompetanseutvikling
7. Utarbeider skriftlege rutinar for budsjettering og oppfølging av budsjett, som inkluderer retningslinjer for rapportering om avvik frå budsjett.
8. Etablerer system og rutinar for prosjektstyring, og fastsett budsjettrammer for prosjekt av ein vesentleg storleik.
9. Utarbeider retningslinjer for bruk av innleigde ressursar.
10. Vurderer om det er behov for at selskapet i større grad rapporterer til alle eigarane om ressursbruken i selskapet (jf. praksis med rapportering til Hordaland fylkeskommune).

Vedlegg 1: Høyringsuttale frå Business Region Bergen AS



Deloitte AS
Damsgårdveien 135
5892 Bergen

Business Region Bergen

Strandgaten 6
NO-5013 Bergen
Norway

T: +47 56 90 11 50
F: +47 56 90 11 51

post@brb.no
www.brb.no

Organisasjonsnr.:
992159790 MVA

Bankgironr.:
3624.24.55880

Bergen 31. oktober 2013

Høringsuttalelse på Selskapskontroll av Business Region Bergen

Vi henviser til mottatt Høringsutkast den 24.oktober 2013 vedrørende selskapskontroll av Business Region Bergen på bestilling fra kontrollutvalget i Hordaland Fylkeskommune og kommunene Askøy, Bergen, Samnanger, Austevoll, Fusa og Os.

Business Region Bergen opplever at Deloitte har gjennomført en grundig og profesjonell selskapskontroll. Administrasjonen har i prosessen brukt tid og ressurser på samtaler med Deloitte og oversendelser av dokumentasjon som Deloitte har etterspurt. Dette har bidratt til en grundig prosess og et dokument som vil være til stor nytte for selskapet i det videre arbeid med å utvikle selskapet. Vi synes det er påkrevd å påpeke at selskapet har 8,7 faste årsverk. I rapporten fremkommer et høyere tall grunnet midlertidig ansettelse på det tidspunkt målingen fant sted.

Selskapets formål er å drive regional næringsutvikling, etablerertjeneste, profilering og markedsføring, samt andre tjenester som naturlig faller sammen med dette. Selskapet skal også ha et aktivt forhold til regionen sine nettverksorganisasjoner innen utvalgte næringssegment. Selskapet har i dag en stor prosjektportefølje. Styre har våren 2013 gjennomført en strategiprosess som vil gi Business Region Bergen en tydeligere retning. Det er derfor høsten 2013 igangsatt en justering av selskapets prosjektportefølje. Samtidig er det også under utarbeiding nye verktøy for prosjektstyring, prosjektgjennomføring og risikovurdering. Dette vil gi selskapet enda bedre rutiner for prosjektgjennomføring.

Business Region Bergen har generelt lite ressurser til administrative oppgaver, selskapet har et egenpålagt krav om at 70% av tiden skal tilegnes prosjekter. En ulempe i et lite offentlig eid selskap er at en ikke har stordriftsfordeler, men samtidig er pålagt rapportering og byråkrati som en stor offentlig virksomhet. Dette kan for små offentlige virksomheter være en utfordring.

Rapporten peker på ti punkter hvor selskapet har et forbedringspotensial. Hovedsakelig dreier det seg om administrative oppgaver, men det er også noen prosjektrelaterte punkter. Selskapet har og vil selvsagt ta tak i revisjonens tilrådninger samt iverksette tiltak for å få dette gjennomført. Rapporten vil bli presentert som egen sak til selskapets styre, med forslag til tiltak for å imøtekomme de tilrådninger som fremkommer av rapporten.

Med vennlig hilsen



Ole Hope
Administrerende direktør.
Business Region Bergen

Vedlegg 2: Oversikt over sentrale dokument og litteratur

Lover, forskrifter og veiledere til disse

- Fornyings- og administrasjonsdepartementet (FAD). *Lov om offentlige anskaffelser*. LOV-1999-07-16 nr. 69
- Fornyings- og administrasjonsdepartementet (FAD). *Forskrift om offentlige anskaffelser*. FOR-2006-04-07 nr. 402
- Justis- og beredskapsdepartementet (JD): *Lov om aksjeselskaper (aksjeloven)*, LOV 1997-06-13 nr. 44
- Justis- og beredskapsdepartementet (JD). *Offentleglova*. LOV-2006-05-19 nr. 16
- Fornyings- og administrasjonsdepartementet (FAD). *Rettleiar til reglane om offentlege anskaffingar*. 2006

Dokument frå Business Region Bergen AS

- *Aksjonæravtale for Business Region Bergen*. Justert 2012
- *Avtale om samarbeid og leveranse av tjenester mellom Business Region Bergen AS og Bergen kommune*. Udatert eksemplar
- *Dokumentasjon til aktuelle spørsmål fra revisor*. E-post frå Business Region Bergen til revisjonen. Datert: 03.oktober 2013
- *Fullmactsstruktur for Business Region Bergen*. Styresak nr. 33/2013, datert: 05.09.2013
- *Notat: Kommunikasjon med eierkommunene*. Notat til revisjonen frå Business Region Bergen. Datert: 27. juni 2013
- *Notat: Økonomirutiner*. Notat til revisjonen frå Business Region Bergen. Datert: 27. juni 2012
- *Ny avtale mellom Bergen kommune og Business Region Bergen*, Byrådssak 1253-2/12
- *Ny strategi vedtatt. Pressemelding fra Business Region Bergen*. Datert: 10. juni 2013
- *Protokoll frå styremøte i BRB Vekst av 11. september 2013*. Business Region Bergen.
- Protokoller frå styremøte og representantskapsmøte 2012 og 2013

- *Rapportering til Hordaland fylkeskommune på drift og prosjekt i 2012.* Datert: 27. juni 2013
- *Status for enkeltprosjekter – Strategisk næringsplan og virksomhetsplan for 1. kvartal 2013.* Styresak nr.24/2013, Business Region Bergen, datert: 18. april 2013
- *Strategisk næringsplan for Bergensregionen 2010-2014. Perspektiver mot 2025.* Business Region Bergen
- *Tiltakene 2012-2013. Tiltaksdel til Strategisk næringsplan for Bergensregionen 2010-2014.* Business Region Bergen
- *Vedtakter for Business Region Bergen AS.* Sist vedtatt 04. juni 2009
- *«Vekstlandet» – status og videre arbeid.* Styresak nr. 34/2013, datert: 3. september 2013
- *Verksemplan Business Region Bergen 2012 og 2013*
- *Vurdering av eventuelle virkninger av foreslått vedtak om daglig ledelse av BRB Vekst AS.* Utvidet saksfremlegg sak 3/2013.
- *Årsregnskap og årsrapport 2010, 2011 og 2012*

Anna litteratur

- *Anbefaling om eierskap, selskapsledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak.* KS, februar 2011
- RSK 001, standard for forvaltningsrevisjon, 2011
- *Selskapskontroll – fra a-å ("Praktisk veileder").* NKRF 2010
- *Kontrollutvalgsboken.* Kommunal- og regionaldepartementet 2010

Nettsider

- www.brb.no
- www.brreg.no
- www.ravninfo.no
- www.proff.no

Deloitte refers to one or more of Deloitte Touche Tohmatsu Limited, a UK private company limited by guarantee, and its network of member firms, each of which is a legally separate and independent entity. Please see www.deloitte.com/no/omoss for a detailed description of the legal structure of Deloitte Touche Tohmatsu Limited and its member firms.

Deloitte provides audit, tax, consulting, and financial advisory services to public and private clients spanning multiple industries. With a globally connected network of member firms in more than 150 countries, Deloitte brings world-class capabilities and deep local expertise to help clients succeed wherever they operate. Deloitte's approximately 200,000 professionals are committed to becoming the standard of excellence.

© 2013 Deloitte AS



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Ragnhild Lønningdal	Arkivkode: FE-143, FA-M50
Arkivsaksnr: 10/197	Løpenr: 13/5096
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Naturutvalet	16.10.2013	060/13	RLØ
Kommunestyret	18.12.2013	069/13	RLØ

VEDTAK AV FORSKRIFT OM HANDTERING AV HUSHALDSAVFALL

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommunestyre vedtek «Forskrift om handtering av hushaldsavfall» i samsvar med vedlagde framlegg frå BIR. Ny forskrift tek til å gjelda etter offentleg kunngjering. «Forskrift for handtering av hushaldsavfall m.m.» av 16.05.07 vert oppheva frå same tidspunkt.

16.10.2013 NATURUTVALET

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

NAT-060/13 VEDTAK:

Samnanger kommunestyre vedtek «Forskrift om handtering av hushaldsavfall» i samsvar med vedlagde framlegg frå BIR. Ny forskrift tek til å gjelda etter offentleg kunngjering. «Forskrift for handtering av hushaldsavfall m.m.» av 16.05.07 vert oppheva frå same tidspunkt.

Dokument som er vedlagt:

Revidert forskrift om hushaldsavfall - til vedtak - med merknadar.pdf

Nynorsk versjon av veileder, endelig.pdf

Dokument som ikkje er vedlagt:

Høyringsframlegg til revidert forskrift om hushaldsavfall er å finna i innkalling/sakskart til naturutvalsmøte 30.10.2012, under sak **072/12**:

<https://www.samnanger.kommune.no/Filnedlasting.aspx?MIId=152&FilId=886>

Lenkje til gjeldande forskrift av 16.05.07:

<http://www.bir.no/birkonsernet/Sider/Loverogforskrifter.aspx>

Kva saka gjeld:

Forskrifter om handtering av hushaldsavfall har heimel i forureiningslova §§ 30, 31, 33, 34, 37, 48, 49, 50, 79, 83 og 85.

BIR Privat AS har gjennomført ein revisjonsprosess for den gjeldande «Forskrift for handtering av hushaldsavfall m.m.» av 16.05.07. Nytt framlegg til forskrift vart sendt på høyring til kommunane 30.08.2012. Samnanger kommune gav følgjande uttale:

”Forskriftsutkastet ligg berre føre på bokmål, før vedtak ynskjer me at den også ligg føre på nynorsk.

Den reviderte forskrifta er meir oversiktleg enn den gamle. Det er eit godt grep at forskrifta er gjort meir overordna og at nærare detaljar og retningsliner skal koma i ein eigen rettleiar.

Definisjonar er sortert ut i eit eige innleiande kapittel, dette gjer resten av forskrifta meir lettlest og forståeleg.

Reglane for næringsavfall er presisert, dette rettar opp i at formuleringane i den gjeldande forskrifta er direkte misvisande til kva som er kjem innunder definisjonen av næringsavfall.

Krav om renovasjonsteknisk plan for utbyggjarar er kome til, dette er svært positivt. Det har i mange planar og byggjesaker vore manglar på dette området.

Reglar om kontroll er nye, og gjer det såleis enklare for BIR å handheva forskrifta.

Forskrifta må endrast slik at barnehagar og skular får same vilkår for sortering av plastikk som hushaldningsabonmentane.”

BIR kjem i oversendingsbrevet med følgjande svar til Samnanger si oppfordring om å endra forskrifta for barnehagar og skular:

Kommentarer til høringsutsegn frå Samnanger kommune

BIR har motteke høringsutsegn fra Samnanger kommune 08.11. 2012. I utsegna krev Samnanger at forskrifta må endrast slik at barnehagar og skular får same vilkår for sortering av plastikk som hushaldningsabonmentane.

Forurensningsloven § 30 gjev heimel for forskrift om avfall frå hushald. Avfall frå barnehagar og skular vert etter lova definert som næringsavfall. BIR kan med andre ord ikkje setje vilkår for sortering av denne type avfall i forskrifta.

Kommunane Bergen, Fusa, Os, Osterøy, Samnanger, Sund og Vaksdal gav uttale til høyringa, og BIR har no gjort endringar på bakgrunn av desse uttalane, samt nokre juridiske- og avfallsfaglege

vurderingar. Forskriftsutkastet ligg no også føre på nynorsk. Det nye framlegget til forskrift er godkjend av styra i BIR Privat AS og BIR AS.

For at forskrifta skal ta til å gjelda må den vedtakast av kommunestyra i BIR-kommunane, samt at den må kunngjerast i tråd med reglane i forvaltingslova § 38.

Vurderingar og konsekvensar:

Endringane som er gjort etter høyringsrunden er i stor grad presiseringar. Det er også utarbeidd ein rettleiar til forskrifta som gjev uttrykk for korleis BIR tolkar ordlyden i forskrifta og korleis denne vert følgd opp i praksis. Det er berre forskrifta som skal vedtakast av kommunestyret, medan rettleiaren ikkje er eit juridisk bindande dokument.

Ein del av teksten i forskrifta er i noko grad omformulert i høve til den teksten me hadde til høyring, men innhaldet er i all hovudsak det same, med unnatak av eitt punkt (under § 5): «Abonnten vert kravd for kostnaden dersom han eller ho blir pålagd å auke volumet.» Dette gjeld i tilfelle der kunden ikkje har opplyst om rett tal på bueiningar og deretter vert pålagd å ha behaldarvolum i samsvar med det rette talet på bueiningar. Punktet hadde i høyringsframlegget, og tidlegare forskrift, den meir uklåre formuleringa «Abonnten kan helt eller delvis belastes kostnaden ved pålegg om økt volum.»

Nokre av paragrafane er omstrukturerte og det har blitt teke inn nokre nye punkt, desse er markerte med gult i det vedlagde forskriftsdokumentet. Dei nye punkta er alle presiseringar eller utfyllingar.

Administrasjonen rår til at forskrifta vert vedteken slik BIR har utforma den.

Forskrift om handtering av avfall frå hushald

Utkast

Forskrift gitt med heimel i lov om vern mot forureining og om avfall (forureiningslova) §§ 30, 31, 33, 34, 37, 48, 49, 50, 79, 83 og 85.

Saks-
handsamar
sine
merknadar i
margen.

Kapittel 1: Innleiande krav

§ 1 Formål og verkeområde for forskrifta

Forskrifta gjeld for oppsamling, innsamling og behandling av avfall frå hushalda i det geografiske området som BIR er tildelt ansvar for¹, og skal sikre at dette blir gjort på ein forsvarleg måte med tanke på miljø, økonomi og helse. Forskrifta gjeld alle bustader i dette området.

Forskrifta skal vere med på å realisere dei pliktene som er gitte kommunen ved lov, medrekna å krevje inn avfallsgebyr. I tillegg skal ho gi grunnlag for å nå dei måla kommunen til kvar tid har sett i plandokumenta sine.

Næringsavfall er ikkje omfatta av denne forskrifta.

Somme typar næringsavfall kan leverast til BIR sine mottaksanlegg på særlege vilkår.

Forskrifta gjeld det ansvarsområdet kommunen er tildelt for hushaldsavfall etter forureiningslova.

§ 2 Definisjonar

Med *abonment* er det her meint eigar eller festar av registrert grunneigedom eller seksjonert del av slik eigedom med oppsett bustad som er omfatta av denne forskrifta.

Med *avfall* er det her meint kasserte lausøyregjenstandar eller stoff (jf. forureiningslova § 27).

Med *avfallsmottak* er det her meint gjenvinningsstasjon eller anna tillate mottak av avfall, både betent og ikkje betent.

Med *bustad* er det her meint kvar ei sjølvstendig bueining som gir rom for kvile og matstell.

Bueininga er omfatta av forskrifta dersom ho er permanent oppsett som bustad eller har hatt funksjon som bueining i tre månader eller meir. Ein bustad kan innehalde fleire bueingar.

Omgrepet bustad/bueining omfattar i denne forskrifta, utanom permanent oppsett byggverk, også burettslagshusvære, hybel eller rom i bufellesskap, hytte, fritidseigedom, campingvogn, brakke og andre liknande einingar som kvalifiserer gjennom funksjonskrav og tidskrav nemnde over.

Med *farleg avfall* er det her meint avfall som ikkje på teneleg vis kan handterast saman med anna hushaldsavfall eller næringsavfall på grunn av avfallstypen, eller fordi det kan føre til forureining og/eller skade på menneske og dyr.

Med *hushaldsavfall* er det her meint alt avfall frå bustad, medrekna større gjenstandar, som inventar og liknande.

¹ Kommunane har delegert ansvaret for forureiningslova § 30 til BIR AS. BIR AS har delegert dette ansvaret vidare til relevante dotterselskap.

Forskrift om handtering av avfall frå hushald

Utkast

Med *kunde* er det her meint den som leverer eller etterlèt hushaldsavfall til særskilt mottak for avfall eller til oppsamlingseiningar utlånte av BIR. Kunden kan vere leigetakar hos ein abonnent.

Med *næringsavfall* er det meint avfall frå offentlege eller private verksemder², organisasjonar, foreiningar og institusjonar.

Med *oppsamlingseiningar* er det her meint alle behaldarar, sekker, konteinarar eller nedkastpunkt m.m. som BIR brukar til oppsamling og innsamling av avfall.

Med *retteleiing* er det her meint rettleiingsmateriell som i nærare detalj forklarar korleis BIR tolkar forskrifta, og som gjer greie for den praksisen BIR har når avfallet blir samla inn. Retningslinjene skal vere tilgjengelege for abonnentar og kundar, og dei skal vere oppdaterte etter gjeldande praksis.

Med *returpunkt* er det her meint samleplass for levering av kjeldesorterte avfallstypar.

Kapittel 2: Kommunen sitt ansvar

§ 3 Hovudregelen om innsamling av hushaldsavfall

Kommunen har gitt det interkommunale selskapet BIR einerett på å samle inn hushaldsavfall. BIR kan vidare tildele denne eineretten innanfor dei ulike delane av avfallshandteringa til heileigde dotterselskap.

Nytt punkt

Utan samtykke frå BIR skal ingen andre samle inn hushaldsavfall. BIR kan fastsette nærare retningslinjer om kriterier for tildeling av samtykke og oppfølging.

Alle bustader som fell inn under verkeområdet til denne forskrifta, skal vere knytte til renovasjonsordninga og pliktar å betale avfallsgebyr.

Kapittel 3: Pliktene til BIR

§ 4 BIR sitt ansvar for renovasjonstenesta

BIR skal sørge for oppsamlingseiningar, innsamling og transport av hushaldsavfall i tråd med føringar gitt i gjeldande avfallsplan. Investering i – og drift av – avfallssystem i utbyggings-, transformasjons-, og fornyingsområde skal dekkjast av utbyggjar dersom ikkje anna er avtalt.

BIR kan gi særlege retningslinjer eller inngå avtalar for å presisere ansvarstilhøve og bruk knytte til oppsamlingseiningar omtalte i denne forskrifta.

Nytt punkt

BIR skal i kvar enkelt kommune ha avfallsmottak/gjenvinningsstasjon for store avfallseiningar, større mengder avfall, elektrisk og elektronisk avfall (EE-avfall) og farleg avfall frå bustader³.

BIR skal i kvar enkelt kommune ha returpunkt for kjeldesorterte avfallstypar frå hushald.

² Burettslag og verksemder som eig ein eigedom og driv utleige av bustad på eigedommen, er omfatta av denne forskrifta, jf. definisjonane i § 2 i forskrifta.

³ Plikt til mottak gjeld også avfall med opphav i mindre verksemder i samsvar med avfallsforskrifta kapittel 1, 11 og 14.

Nye punkt/
presiseringar

Forskrift om handtering av avfall frå hushald

Utkast

BIR skal informere om høvet til kjeldesortering og om bruken av dei ulike avfallsløysningane.

Nytt punkt

BIR kan utarbeide rettleiar med presisering av krava i forskrifta.

Kapittel 4 Pliktene til abonnentar og kundar**§ 5 Abonnentane/kundene si plikt til bruk av og betaling for renovasjonstenesta.**

Abbonnten/kunden skal bruke BIR si teneste for å samle opp og samle inn hushaldsavfall i tråd med denne forskrifta.

Større einingar, farleg avfall og elektrisk og elektronisk avfall (EE-avfall) skal ikkje kastast i oppsamlingseininga, men leverast til ein gjenvinningsstasjon.

Abbonnten pliktar å betale for bruk av renovasjonstenesta. Dette gjeld renovasjonsgebyr jf. § 9 og betaling for levering på gjenvinningsstasjonar.

Abbonnten/kunden har plikt til å opplyse om talet på bustader og bueingar som er knytte til tenesta. BIR kan auke volumet på oppsamlingseininga(ne) ut ifrå avfallsmengd og tal på bueingar.

Abbonnten vert kravd for kostnaden dersom han eller ho blir pålagd å auke volumet.

Søknad om fritak frå renovasjonstenesta skal rettast til BIR. BIR kan godkjenne søknaden på visse vilkår.

Innstramma ordlyd.

Høyringsdokumentet hadde

ordlyden "helt eller delvis belastes kostnaden".

§ 6 Ansvar for abonnenten og kunden har for oppsamlingseininga

Abbonnten/kunden er ansvarleg for at BIR sine oppsamlingseiningar for avfall blir plasserte og brukte i samsvar med denne forskrifta eller retningslinjer gitt med heimel i denne.

Abbonnten/kunden er ansvarleg for å setje fram oppsamlingseiningar til hentestad på tømmedag eller levere avfall til felles oppsamlingseining, slik BIR har tilvist, eller som er skriftleg akseptert av BIR. Abonnenten/kunden må innrette seg etter saklege endringar av hentestad. Oppsamlingseininga skal ikkje stå på fortau eller offentleg veggrunn utanom tømmedagen.

Abbonnten/kunden er ansvarleg for å plassere oppsamlingseininga slik at det ikkje vert vanskeleg for renovatøren å komme til og handtere den. Abonnenten/kunden er ansvarleg for at oppsamlingseininga ikkje fører til skade på omgivnadene. Oppsamlingseininga skal vere rein og plassert på ein slik måte at det ikkje er til sjenanse for omgivnadene.

Abbonnten er økonomisk ansvarleg for oppsamlingseiningar som er komne bort eller øydelagde utover normal slitasje, og tap som følgje av aktlaus bruk.

Forskrift om handtering av avfall frå hushald

Utkast

Kapittel 5 Tekniske føresegner

§ 7 Planarbeid og krav om renovasjonsteknisk plan

BIR skal gi uttale til planforslag⁴ i samband med kommunens handsaming og før endelig vedtak.

Nytt punkt

Ved planlegging av ny infrastruktur for avfall i bustadområde under utbygging eller fornying, skal det utarbeidast ein renovasjonsteknisk plan (RTP). BIR skal gi uttale til RTP før kommunal handsaming av byggjesaken.

RTP skal gjere greie for avfallsløysinga. Han skal innehalde informasjon om talet på bustader, korleis kjeldesortering vert teken hand om, kvar oppsamlingsutstyr blir plassert, og kva type oppsamlingsutstyr som skal brukast og kapasiteten på det. Nærare spesifikasjonar er gitte i BIRs renovasjonstekniske norm (RTN)⁵.

§ 8 Krav til køyring på privat veg

Det skal vere råd å køyre på private tilkomstvegar som BIR nyttar fram til hentestad for oppsamlingseiningar. Dei skal vere forsvarlege for bruk av større køyretøy og ha stor nok plass til at større køyretøy kan snu. Ved bruk av privat tilkomstveg kan BIR krevje at det blir inngått skriftleg avtale om rett til bruk av vegen for å samle inn hushaldsavfall. Avtalen skal vere mellom BIR og vegeigar.

Kapittel 6 Administrative føresegner

§ 9 Avfallsgebyr

Avfallsgebyret vert fastsett årleg av kommunen i eige gebyrvedtak.

Avfallsgebyret skal så langt det er mogleg vere differensiert slik at betalinga avspeglar bruken av tenesta.

Avfallsgebyret gjeld pr. heile kalendermånad. Gebyrplikta for nytt abonnement gjeld frå den første i månaden etter at abonnenten er omfatta av forskrifta. Lov om eigedomsskatt § 25 3. ledd, § 26 og § 27 gjeld tilsvarande for oppgjer og innkrevjing av avfallsgebyret.

Avfallsgebyret er sikra med legalpant etter Lov om pant § 6-1.

§ 10 Kontroll

BIR kan utføre kontroll og gransking for å sikre at reglane i denne forskrifta blir gjennomførte.

Framgangsmåten ved kontroll skal følgje lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningslova) § 15, med mindre heimel for anna ligge føre.

⁴ Jf. plan og bygningsloven kapittel 11 om kommuneplan og kapittel 12 om reguleringsplan.

⁵ Se BIRs nettsider www.bir.no under renovasjonsteknisk norm (RTN).

Forskrift om handtering av avfall frå hushald

Utkast

BIR kan kontrollere oppsamlingseiningar for misbruk og forsøpling. Dersom avfall er sett vekk ulovleg og det er råd å spore avfallet tilbake til ein person eller verksemd, vil den eller dei som har sett frå seg avfallet, kunne bli belasta for å rydde opp etter denne forskrifta § 11, 2. ledd.

Om-
strukturert
og presisert

Når abonnenten/kunden leverer avfall ved avfallsmottak, kan BIR krevje dokumentasjon for at avfallet er frå hushald. BIR kan også kontrollere opplysningane som er gitt.

§ 11 Pålegg om opprydding og heimel for kostnadsdekning og straff.

BIR kan gje pålegg om at den som har etterlate, tømt eller lagra avfall i strid med forureiningslova § 28 eller denne forskrifta, skal fjerne avfallet og rydde opp innan ein viss frist.

Dersom det er naudsynt at BIR utfører fjerning og opprydding, skal den som har brote denne føresegna, dekkje rimelege kostnader BIR har hatt til dette arbeidet.

Alvorlege brot på denne forskrifta kan straffast med bøter.

§ 12 Delegert mynde til å fatte einskildvedtak m.m.

Mynde til å fatte einskildvedtak etter denne forskrifta er delegert frå kommunen til BIR med heimel i forureiningslova § 83 andre ledd.

Kommunen si oppgåve med å krevje inn gebyret kan delegerast til BIR.

§ 13 Høve til å klage

Reglane i forvaltningslova gjeld for behandling av saker etter denne forskrifta.

Klage på einskildvedtak med heimel i denne forskrifta skal sendast til BIR. Dersom BIR held vedtaket ved lag, vert klaga send til ei særskild klagenemnd. Nemnda er politisk oppnemnd av eigarkommunane i BIR. Vedtak i klagenemnda kan ikkje påklagast.

§ 14 Tilhøvet til anna lovgiving

Denne forskrifta grip ikkje inn i regelverk i helselovgiving og forskrifter gitte med heimel i slik lovgiving som regulerer forureining og handtering av avfall.

§ 15 Iverksetjing

Denne forskrifta vert vedteken i dei respektive kommunestyra/bystyra/heradstyra og tek til å gjelde etter offentleg kunngjering. Frå same tid vert forskrift for handtering av hushaldsavfall o.a. av 16. mai 2007 oppheva.

Kunden og BIR

Rettleiar til forskrift om handtering av avfall frå hushald

Innhald

Om BIR.....	3
Formålet med rettleiaren.....	4
Korleis rettleiaren er bygd opp.....	4
Kapittel 1: Innleiande informasjon.....	5
Formål og verkeområde.....	5
Definisjonar.....	5
Kapittel 2: Ansvar til kommunens.....	8
Relevante rettskelder.....	8
Om det ansvaret kommunen har.....	8
Spesielt om einerett og krav til samtykke.....	8
Kapittel 3: BIRs plikter.....	10
Innsamling av hushaldsavfall.....	10
Oppsamlingseiningar, returpunkt, attvinningsstasjonar m.m.	10
Rettleiings- og informasjonsansvar.....	12
Avgrensing mot investering i og drift av avfallssystem.....	13
Kapittel 4: Plikter for abonnenten og kunden.....	13
Abonnenten/kunden sin bruk av tenesta.....	13
Plikt til å betale avfallsgebyr.....	14
Rettleiing for handtering av oppsamlingseiningar.....	17
Abonnenten sitt ansvar for oppsamlingseininga.....	18
Særlege retningslinjer eller avtalar knytte til bossug, nedgravne fellesløysingar og liknande.....	20
Kapittel 5: Teknisk informasjon.....	21
Krav om renovasjonsteknisk plan.....	21
Køyring på privat veg.....	21
Kapittel 6: Administrative reglar.....	23
Avfallsgebyr.....	23
Kontroll og handheving av forskrifta.....	24
Enkeltvedtak og klage.....	25
Forskrifta i høve til anna lovgiving.....	25
Tilhøvet til andre styringsorgan og etatar.....	26

Om BIR

BIR er ei forkorting for Bergensområdet interkommunale renovasjonsselskap. BIR er eitt av dei største renovasjonsselskapa i Noreg og er ansvarleg for den lovpålagde innsamlinga av hushaldsavfallet til dei nesten 350 000 innbyggjarane i dei ni kommunane som eig BIR.¹

Funksjonen BIR har som interkommunalt selskap, følger av [forureiningslova § 30](#). Denne føresegna gir kommunane ansvaret for å samle inn hushaldsavfall og er grunnen til at BIR i si tid blei oppretta. Ved at eigarkommunane våre har tildelt BIR einerett, har BIR fått rett til å samle inn og behandle hushaldsavfall for alle innbyggjarane i dei ni kommunane. Dette inneber at ingen andre enn BIR kan samle inn hushaldsavfall i desse kommunane. Den eineretten som BIR har fått frå eigarkommunane, er gitt vidare til relevante dotterselskap. Dette gjeld særleg BIR Privat, som skal ha den praktiske gjennomføringa av det ansvaret kommunen har etter forureiningslova.

BIR som konsern består av fleire selskap som har ulike oppgåver innanfor avfallshandtering: Liste opp selskap og oppgåver med lenkjer.

¹ Askøy, Bergen, Fusa, Kvam, Os, Osterøy, Samnanger, Sund, og Vaksdal.

Formålet med rettleiaren

Forskrift om handtering av avfall frå hushald er gitt med heimel i forureiningslova § 30. Forskrifta er eit kommunalt vedtak og gjeld rettar og plikter for BIR som tenesteleverandør og abonnenten/kunden som mottakar. Forskrifta gjeld i den aktuelle kommunen som har vedteke forskrifta.²

Rettleiaren er utarbeidd av BIR og er ikkje ein del av forskrifta. Han gjer likevel greie for korleis BIR tolkar reglane i forskrifta, og han gjer greie for kva praksis BIR har når avfall skal samlast inn, og når BIR skal ta seg av andre funksjonar som er delegerte i samsvar med forskrifta. Vi håper at brukarane av rettleiaren får svar på spørsmål som ikkje kjem klart fram i forskrifta.

Det er eit mål at rettleiaren skal vere tilgjengeleg på nett og lett å bruke. Innhaldet blir halde oppdatert.

Vi ber om tilbakemeldingar på innhaldet i rettleiaren, og om det er noko vi bør gjere tydelegare.

Korleis rettleiaren er bygd opp

Rettleiaren følgjer same strukturen som kapitla i forskrifta. Vi vonar at dette skal gjere det lett å finne fram til relevant informasjon. Til kvart kapittel er det oppgitt relevante rettskjelder med link til Lovdata.

² Dette vil i praksis vere kommunane som eig BIR, jf. note 1.

Kapittel 1: Innleiande informasjon

Relevante rettskilder: Forureiningslova §§ 30, 31, 32 og 33. [\[link\]](#)

Forskrift om handtering av avfall frå hushald §§ 1 og 2. [\[link\]](#)

Formål og verkeområde

Forskrift om handtering av avfall frå hushald er ei kommunal forskrift gitt med heimel i forureiningslova § 30. Forskrifta gjeld for BIR og innbyggjarane i dei aktuelle eigarkommunane.

Forureiningslova kapittel 5 har reglar om avfall (blant anna eit generelt forbod mot forsøpling i § 28). I dette kapittelet står § 30, som pålegg kommunane ansvaret for å samle inn hushaldsavfall.

§ 1 i forskrifta presiserer kva ansvar og mål kommunen har for å samle opp, samle inn og behandle avfallet innanfor området til kommunen.

§ 1 i forskrifta gjer også ei avgrensing mot næringsavfall. Denne avfallstypen blir ikkje omfatta av ansvaret som forureiningslova § 30 pålegg kommunen. Næringsavfall blir derfor ikkje regulert i forskrifta. Skiljet mellom hushaldsavfall og næringsavfall er nærare forklart i avsnittet om hushaldsavfall nedanfor.

I denne samanhengen presiserer vi likevel at den som har næringsavfall, sjølv er ansvarleg for å levere inn eller inngå henteordningar for næringsavfallet, medrekna farleg avfall. Dette inneber også at den som har avfall, er ansvarleg for at det går til tillate behandlingsanlegg eller anna godkjend sluttbehandling. Somme typar næringsavfall kan leverast til BIRs mottaksanlegg på særlege vilkår.

Utanom denne forskrifta kan kvar enkelt kommune også ha anna regulering for avfallsområdet. Førespurnader om desse forskriftene må de rette til kommunen.

Definisjonar

§ 2 i forskrifta definerer fleire sentrale omgrep som blir brukte i forskrifta. Sidan nokre av definisjonane er samansette og ein må sjå dei i ein bestemt samanheng, skal vi kommentere desse nedanfor.

HUSHALDSAVFALL

Omgrepet hushaldsavfall skil seg ut frå dei andre definisjonane i § 2 sidan dette omgrepet er sentralt for å fastsetje rammer både for det ansvaret kommunen har etter forureiningslova § 30, og for verkeområdet for forskrifta. Avfall som ikkje blir definert som hushaldsavfall og dermed fell utanfor forskrifta, er for eksempel ikkje gebyrpliktig.

Omgrepet hushaldsavfall består av fleire element. For det første er det avgrensa i høve til anna forureining ved at det blir presisert at det er avfall som blir regulert. Avfall er definert som «kasserte løsoverstander eller stoffer»³. Med «kassert» meiner vi her gjenstandar som eigaren eller brukaren har gitt opp; eller sagt på ein annan måte: gjenstandar som eigaren eller brukaren ønskjer å kvitte seg med fordi dei ser på gjenstanden som overflødig og/eller ubrukeleg. Gjenstandar som

³ Forureiningslova § 27, 1. ledd.

eigar/brukar ikkje definerer som avfall, kan for eksempel komme inn under andre innsamlingsordningar, som Fretex, UFF og loppemarknader.⁴

Vidare er det avgrensa ved at den innsamlinga som blir omfatta av forskrifta, berre gjeld avfall frå hushald. Hushaldsavfall er definert i § 2 i forskrifta, og omfattar alt avfall frå bustad. Merk at definisjonen er uavhengig av om avfallet får plass i oppsamlingseininga. Dersom hushaldsavfall ikkje får plass i oppsamlingseininga som er knytt til bueininga, er abonnenten/kunden ansvarleg for å levere avfallet til returpunkt, attvinningsstasjon eller andre avfallsinnsamlarar som har samtykke til å samle inn hushaldsavfall. (Sjå side 8.)

Bustad er også definert i § 2 i forskrifta. Kjernen i denne definisjonen er at bustaden kan ha fleire bueiningar som gir rom for kvile og matstell.

Det er viktig å merke seg at denne definisjonen også omfattar fritidseigedommar, som hytter, naust og brakker. Når det gjeld bueiningar som også kan brukast som anna enn bustad, gjeld det eit krav om at eininga må vere brukt som bustad i meir enn tre månader. For bueiningar som i utgangspunktet skal brukast som bustad, gjeld likevel definisjonen frå det tidspunktet bustaden blir teken i bruk.

Den viktigaste avgrensinga mot definisjonen av hushaldsavfall, og dermed mot verkeområdet for forskrifta, er næringsavfall. Dette er i praksis avfall frå offentlege eller private verksemdar, organisasjonar, foreiningar og institusjonar. Vi presiserer at farleg avfall kan oppstå både i hushald og i næring. §§ 4 og 5 i forskrifta regulerer korleis farleg avfall frå hushald skal handterast. Det blir nærare omtalt i kapittel 3 og 4 i rettleiaren.

SÆRLEG OM MOBILE BUEININGAR

Campingvogner, mobile brakker og båtar kan definerast som bueining og dermed bli omfatta av forskrifta. Vilåret er likevel at eininga gir rom for kvile og matstell, og at ho har hatt funksjon som bueining i tre månader eller meir.

KUNDE ELLER ABONNENT

Forskrifta skil mellom omgrepa abonnent og kunde. Abonnent er den personen eller verksemda som eig eller festar grunneigedommen som bustaden står på. Kunde er den personen som avfallet oppstår hos.

Skiljet mellom abonnent og kunde er viktig for dei pliktene som forskrifta fastset i kapittel 4, §§ 4 og 5. Mange av pliktene fell saman for abonnent og kunde, men det er abonnenten som har plikt til å betale avgiftsgebyr, og som er ansvarleg for oppsamlingseiningane og tap som oppstår som følge av aktlaus bruk.

OPPSAMLINGSEININGAR

⁴ Kassert gjenstandar, klede m.m. frå for eksempel Fretex eller loppemarknad blir definerte som næringsavfall.

Den klassiske oppsamlingseininga for hushaldsavfall er behaldarar og BIR-sekker. Den definisjonen BIR nyttar på oppsamlingseining, er likevel ikkje avgrensa til desse to alternativa, men omfattar også oppsamlingseiningar som behaldarar ved returpunkt, konteinarar, bossug og nedgravne løysingar. Dette området utviklar seg stadig, og BIR kjem til å ta i bruk nye løysingar i tida framover.

Kapittel 2: Ansvar til kommunens

Relevante rettskilder: Forureiningslova §§ 30 og 34. [\[link\]](#).

Forskrift om handtering av avfall frå hushald § 3. [\[link\]](#).

Om det ansvaret kommunen har

Kommunen har ansvaret for å samle inn hushaldsavfallet.⁵ Historisk er det også kommunen som har utført denne innsamlinga.

Krav til kvalitet og kostnadseffektivitet i tilknytning til offentlege tenester har i dei seinare åra ført til at mange kommunar har vurdert om det finst alternative måtar å organisere renovasjonsverksemda på. Fleire har i samband med dette funne det formålstenleg å opprette eigne selskap. Dette kan vere interkommunale selskap eller aksjeselskap som éin eller fleire kommunar eig.⁶

Forureiningslova byggjer blant anna på prinsippet om at forureining og avfallsproblem først og fremst skal løysast ved kjelda, og at den som ureinar, skal bere kostnadene ved å hindre eller avgrense avfallsproblema.

Når det gjeld å handtere hushaldsavfall har desse prinsippa komme til uttrykk ved at alle bustader i kommunen skal vere knytte til den kommunale innsamlingsordninga for hushaldsavfall.

Alle som produserer hushaldsavfall, skal vere med og dekkje kostnadene for renovasjonsordninga ved at dei betaler avfallsgebyr. I forskrifta er ansvaret for å betale avfallsgebyr knytt til abonnenten på grunnlag av opplysningar i grunnboka.

Spesielt om einerett og krav til samtykke

Som nemnt i punktet over, har kommunen ansvar for all innsamling av hushaldsavfall. Dersom andre skal samle inn hushaldsavfall, må det liggje føre eit eksplisitt løyve frå kommunen.⁷

Kommunane Askøy, Bergen, Fusa, Kvam, Os, Osterøy, Samnanger, Sund og Vaksdal har gitt BIR einerett til å samle inn i desse kommunane. Tildeling av einrett føreset at kommunane ikkje kan gi andre aktørar løyve til å samle inn hushaldsavfall.

Det kan likevel oppstå situasjonar der det er formålstenleg at andre aktørar enn BIR samlar inn. I desse tilfella har kommunen gjennom forskrift delegert mynde til BIR, slik at BIR kan vurdere søknader og eventuelt gi samtykke.

Eit eksempel på ein situasjon der det kan vere formålstenleg at andre enn BIR samlar inn hushaldsavfall, er der abonnent/kunde har leigd ein konteinar for å kvitte seg med større gjenstandar – trevirke, møbel osv., eller farleg avfall og elektrisk og elektronisk avfall (EE-avfall). Når avfallet har oppstått i ein bustad, blir det definert som hushaldsavfall. Selskapet som leverer konteinaren, skal da ha samtykke for å kunne samle inn dette avfallet.

⁵ Dette er slått fast i forureiningslova § 30, 1. ledd.

⁶ Som nemnt i innleiinga er BIR eit aksjeselskap som er eigd av ni kommunar.

⁷ Forureiningslova § 30, 3. ledd, 2. setning.

Grunngivinga for krav om samtykke er at kommuane skal kunne sikre at dei oppfyller det ansvaret som forureiningslova pålegg dei. Dette for å kunne føre kontroll med at innsamling og behandling av hushaldsavfall er forsvarleg ut ifrå krav knytte til miljø, økonomi og helse.

Kapittel 3: BIRs plikter

Relevante rettskilder: Forureiningslova §§ 30, 31, 32 og 33. [\[link\]](#).

Forskrift om handtering av avfall frå hushald § 4. [\[link\]](#).

Innsamling av hushaldsavfall

BIR har etter forskrifta som hovudansvar å samle inn hushaldsavfall i dei kommunane der forskrifta er vedteken. Denne tenesta tek utgangspunkt i at kvar bueining har oppsamlingseiningar for restavfall, papir/papp/drikkekartong og plastemballasje. Eininga blir tømd i renovasjonsbilar som køyrer i periodiske ruter.

Avfallshandtering er ei samfunnskritisk teneste. Helsestyresmaktene har derfor rådd til at oppsamlingseining for restavfall må tømst minimum éin gong i månaden. Jamleg tømning er viktig for å sikre reine og trivelege bumiljø.

Det å tømme og transportere vekk hushaldsavfallet jamleg er med andre ord ein viktig del av pliktene BIR har. Blir BIR hindra frå å komme på avtalt tømmedag av feilparkerte bilar, manglande brøyting/strøing, gravearbeid og liknande, skal BIR derfor prøve igjen innan tre vyrkedagar.

Dersom behaldaren ikkje blir tømd etter to forsøk på grunn av for dårleg vegstandard eller vinterføre, kan vi endre hentestad mellombels eller permanent. Ved slik endring varslar vi abonnenten om dette. Vi varslar med SMS og/eller talemelding.

Oppsamlingseiningar, returpunkt, attvinningsstasjonar m.m.

OPPSAMLINGSEININGAR

BIR eig og set ut oppsamlingseiningar til abonnentane. Standardbeholdar for éin husstand er 140 liter. Denne storleiken gjeld både for restavfall og papiravfall. For plastemballasje er det eigne plastsekker. Sekker til plastemballasje er gratis, og dei kan de få i daglegvarebutikkar og på attvinningsstasjon.

Det er mogleg å bytte til oppsamlingseiningar som er betre tilpassa behovet til bustaden. Det er også høve til å kjøpe ekstra avfallssekker. Sjå i samband med dette på nettsidene til BIR [\[link\]](#) eller ta kontakt med kundesenteret på telefon 815 33 030 eller e-post, bir@bir.no. Vi ber også nabolag som ønskjer felles oppsamlingseining, om å kontakte kundesenteret hos BIR.

BIR skal sjå til at alle eigarkommunane har attvinningsstasjonar som tek imot hushaldsavfall og farleg avfall som ikkje kan eller skal kastast i oppsamlingseininga. BIR skal også så langt det er praktisk mogleg, sjå til at alle kommunane har returpunkt for kjeldesorterte avfallstypar og hytterrenovasjon.

Nedanfor vil vi omtale dei nemnde ordningane meir utfyllande.

BOSSUG OG ANDRE LØYSINGAR FOR OPP- OG INNSAMLING AV HUSHALDSAVFALL

Bossug er eit transportsystem der avfallet blir transportert i røyr. Utgangspunktet er at restavfall og papiravfall blir kasta i eitt nedkastpunkt, som er felles for mange bueningar. I første omgang blir avfallet samla i ein lagringstank. Lagringstanken blir tømd av sugebil ved tilkoplingspunktet. ([link](#)).

I tillegg til bossugløysering er det i bustadområde med mange bueningar aktuelt å tilby for eksempel nedgravne løysering eller komprimerande konteinrar.⁸

MATAVFALL OG BLEIER

Matavfall er som nemnt restavfall, og det skal ikkje leverast til returpunkt eller attvinningsstasjon. Matavfall kan komposterast, for eksempel i eigen hage. BIR har eiga ordning med tilskot til å kjøpe inn kompostbinge ([link](#)). Ved kompostering er det viktig at det skjer på ein forsvarleg og hygienisk måte.⁹

For å avgrense mengda restavfall gir BIR også tilskot til kjøp av tøybleier ([link](#)).

RETURPUNKT

BIR har lagt til rette for å levere glas- og metallemballasje. Ved utvalde punkt har vi også sett ut konteinrar for papir/papp/drikkekartong og konteinrar for plastemballasje. Dette er ei bringeordning der kundar kan levere kjeldesortert hushaldsavfall.

Dersom konteinrane er fulle, ber vi om at det blir meldt frå til BIR. Det er ikkje lov å plassere avfall utanfor konteinrane. Dette er i strid med forskrifta og gir grunnlag for at BIR kan krevje inn kostnadene med å rydde opp. Alvorlege brot på forskrifta kan føre til at BIR melder saka til politiet. Dei som bryt reglane og blir melde til politiet, kan bli straffa med bøter. Dersom forsøplingsproblema gjentek seg fleire gonger, kan BIR avgjere å fjerne eller å flytte returpunktet.

ATTVINNINGSTASJON

BIR har elleve attvinningsstasjonar, minst éin i kvar kommune. Sjå nettsidene våre for opningstider og prisar ([link](#)). På attvinningsstasjonen kan kundar levere hushaldsavfall som ikkje kan eller skal plasserast i oppsamlingseiningane.

Kundar som leverer avfall på attvinningsstasjonar, må betale etter faste takstar. ([link til pristabell](#)) Inntektene dekkjer delar av kostnadene som knyter seg til å behandle avfallet og til å drive stasjonen. Dei resterande kostnadene blir dekte via det ordinære avfallsgebyret. Grunngevinga for dette er prinsippet om at forureinar skal betale.¹⁰

Offentlege og private verksemdar kan også levere ein del avfallstypar til attvinningsstasjonane. Attvinningsstasjonane er delfinansierte av renovasjonsgebyret. For å hindre kryss-subsidiering i strid med EØS-avtalen er det ulike prisar for hushaldsavfall og næringsavfall.

FARLEG AVFALL OG ELEKTRISK- OG ELEKTRONISK AVFALL (EE-AVFALL)

⁸ Sjå også §§ 6 og 7 i forskrifta og omtalen av desse.

⁹ Helsestyresmaktene kan gripe inn i tilfelle der det er fare for liv og helse.

¹⁰ Prinsippet er henta frå forureiningslova. Det inneber at dei som leverer mykje avfall, skal betale for dette.

Abonnentar/kundar skal levere farleg avfall, EE-avfall m.m. på attvinningsstasjonane, eventuelt i egne konteinrar på utvalde bensinstasjonar. Burettslag kan på visse vilkår låne ein konteinrar for å samle inn farleg avfall kostnadsfritt. EE-avfall kan også leverast hos forhandlarar og i daglegvarebutikkar, (sjå www.bir.no for utfyllande oversikt).

BIR tek hand om det kommunale ansvaret ved å sjå til at det i kvar enkelt kommune finst tilstrekkeleg tilbod for å ta imot farleg avfall frå hushald og verksemder med mindre mengder farleg avfall. Mottaksplikta er avgrensa til inntil 400 kilo totalt per år for kvar som har avfall.¹¹ BIR tek også hand om kommunens mottaksplikt for kasserte elektriske og elektroniske produker¹² og kasserte PCB-holdige isolerglassruter¹³. [[link til informasjon om stasjon for farleg avfall og den enkelte attvinningsstasjonen](#)]

HYTTERENOVASJON

BIR har lagt til rette for at hyttekundane kan levere hushaldsavfallet sitt. Felles oppsamlingseiningar er plasserte ved punkt knytte til aktuelle hytteområde. Oppsamlingseininga skal berre brukast av hytteeigarane i området.

Vi ber om at de melder frå til BIR dersom behaldarane er fulle. Det er ikkje lov å plassere avfall utanfor behaldarane. Dette er i strid med forskrifta og gir grunnlag for at BIR kan krevje inn kostnadene ved å rydde opp. Alvorlege brot på forskrifta kan føre til at BIR melder saka til politiet. Dei som bryt reglane og blir melde til politiet, kan bli straffa med bøter. Dersom forsøplingsproblema gjentek seg fleire gonger ved eit punkt, kan BIR også avgjere å flytte returpunktet.

Rettleiings- og informasjonsansvar

BIR har rettleiingsplikt etter forvaltningslova på dei områda der vi har fått delegert heimel til å fatte enkeltvedtak. Dette er i praksis vedtak om avfallsgebyr og pålegg om å fjerne eller rydde opp i avfall.¹⁴

Sjølv om det er kommunane som har vedteke denne forskrifta, har BIR også, på grunn av kompetansen sin og verksemda si, god føresetnad for å informere og rettleie om praksis og sakstilhøve knytte til forskrifta. Denne rettleiaren er nettopp eit forsøk på å gi ei utfyllande framstilling av korleis BIR tolkar og praktiserer reglane i forskrifta.

For å formidle kunnskap om avfallshandtering generelt og verksemda vår spesielt, har vi lagt mykje informasjon ut på internettsidene våre: www.bir.no [[link til BIR Privat](#)] og på mobil.bir.no. [[link](#)] Der finst blant anna ei oversikt over dei vanlegast stilte spørsmåla med svar. Vi gir også regelmessig ut kundebladet *Bossanova* for å oppdatere kundane våre.

Dersom tenestene våre blir endra, prøver vi etter beste evne å informere kundane våre på førehand.

For å svare på konkrete førespurnader har BIR Privat eit eige kundesenter med telefon 815 33 030, e-post bir@bir.no, og ei eiga facebookside: facebook.com/BIRrenovasjon.

¹¹ Avfallsforskrifta § 11-10.

¹² Avfallsforskriften § 1-7.

¹³ Avfallsforskriften § 14-3.

¹⁴ Forvaltningslova § 1, siste setning.

Avgrensing mot investering i og drift av avfallssystem

Einerett til å samle inn hushaldsavfall gir ikkje plikt til å investere i eller drifte avfallssystem i utbyggings-, transformasjons- og fornyingsområde. Dette ansvaret ligg hos den aktuelle utbyggjaren og blir normalt løyst gjennom ein utbyggingsavtale¹⁵ mellom kommune og utbyggar.

Sjå likevel krav til utarbeiding av renovasjonsteknisk plan i § 7 i forskrifta og kapittel 5.

Kapittel 4: Plikter for abonnenten og kunden

Relevante rettskilder: Forureiningslova §§ 30, 31, 33 og 34. [\[link\]](#)

Forskrift om handtering av avfall frå hushald §§ 5 og 6. [\[link\]](#)

Abonnenten/kunden sin bruk av tenesta

I Noreg har alle bustader og bueiningar plikt til å vere knytte til offentleg renovasjon. Når det gjeld hushaldsavfall, er rammene for denne plikta regulerte i forureiningslova kapittel 5, særleg §§ 28, 29 og 30. Plikt til å bruke kommunen sine renovasjonstenester går fram av §§ 5, 1. ledd og 5, 2. ledd i denne forskrifta.

KJELDESORTERING

BIR skil mellom mange ulike typar avfall. For ei enkel oversikt sjå sorteringsguiden frå BIR [\[link\]](#). Sjå også presiseringane i dette kapittelet.

BIR har som mål å leggje til rette for brukarvennlege løysingar for at det skal vere enkelt å levere sortert avfall. Vi samlar inn restavfall, papir, papp og drikkekartong, og plastemballasje ved bustaden eller fastsett innsamlingsstad. Dette gjeld med unntak for bykjernen i Bergen, der vi berre hentar restavfall hos kunden. Dette kjem blant anna av problem med plass og å komme seg fram. Abonnentar/kundar må derfor levere papir, papp, drikkekartong og plastemballasje til returpunkt eller attvinningsstasjon. Dette er kostnadsfritt.

For glas- og metallemballasje har BIR sett ut fleire returpunkt i dei aktuelle kommunane. EE-avfall (elektronisk avfall m.m.) skal leverast til forhandlarar av tilsvarande type produkt eller attvinningsstasjon. Batteri og lyspærer kan for eksempel leverast i mange daglegvarebutikkar. Dette er kostnadsfritt.

MERK: Vi er avhengige av at kunden kjeldesorterer rett. Blir for eksempel plast- eller papiravfallet ureina av restavfall, kan det ikkje nyttast til materialeattvinning, og det går da som restavfall til energianlegget.

PLASTEMBALLASJE

Ved plastinnsamling bruker vi hovudsakleg plastsekker. Hovudregelen er at all plastemballasje skal leverast i plastsekkene. Emballasjen må vere rein. Dersom du må bruke varmt vatn og/eller såpe for å gjere platen rein, så kast han heller i restavfallet. Da blir platen vunnen att som energi. Plast som ikkje er emballasjeplast, skal ikkje sorterast i plastavfallet. Sjå bir.no [\[link\]](#) for tips om korleis du skal sortere platen.

¹⁵ Plan og bygningslova kapittel 17, sjå spesielt § 17-3, 3. ledd.

Plastsekker kan de hente på alle attvinningsstasjonane til BIR og i dei fleste daglegvarebutikkane. Spør gjerne dei tilsette om du ikkje ser sekkene i butikken. Plastsekker set du ved sida av oppsamlingseininga for papiravfall på hentedagen for papir. Kundar med fellesløysing må via vaktmeister eller styret ta kontakt med BIR for å avtale henting.

PAPIR, PAPP OG DRIKKEKARTONG

Papir, papp og drikkekartong kastar du i oppsamlingseininga for papir, som blir tømd kvar fjerde veke. Papir er stort sett aviser, magasin, tidsskrift og reklame. Papir, papp og drikkekartongar legg du rett i oppsamlingseininga utan plastpose. Dersom papiret blir vått, aukar bakterieveksten. Dette gir dårleg kvalitet på returpapiret som skal resirkulerast. Set derfor ikkje papir eller papp utanfor oppsamlingseiningane.

NB! Det er kostnadsfritt å få opp til éin 240 liters papirbeholdar per bueining.

AVFALL SOM IKKJE BLIR SAMLA INN FRÅ BUSTADEN

Hushaldsavfall som ikkje kan plasserast i restavfallet eller dei andre returordningane, skal du levere til attvinningsstasjonane.

I praksis er dette ofte kvitevarer, elektriske apparat, møbel og inventar, trevirke, gips, metall, asbest/eternitt, tekstil/skotøy, hageavfall og farleg avfall.

For meir informasjon om kva som kan kjeldesorterast, kva avfallstypar som skal kastast kvar, og kva som skjer etter at avfallet er levert, viser vi til bir.no og «Det nytter» [\[link\]](#).

Plikt til å betale avfallsgebyr

Forureiningslova § 34, 4. ledd slår fast at «gebyr skal betales av den som eier en eiendom, som omfattes av ordning for innsamling av avfall ...». Rammene for å betale gebyr er nærare presiserte i § 5, 3. og 4. ledd, § 9 og § 12 i forskrifta.

I alle BIR-kommunane utanom Bergen blir abonnentane fakturerte etter kor mange gonger restavfallet blir tømt. Det er lagt inn eit minimumsgebyr som sikrar at abonnenten betaler for tømning minst éin gong i månaden. For å lese meir om betalingsmodellen sjå bir.no/husholdningskunder, [\[link\]](#).

I Bergen kommune blir restavfallet tømt minimum kvar 14. dag. Behaldarar for papir, papp, drikkekartong og plastemballasje blir tømd minimum kvar fjerde veke.

Alle abonnentar med bustader som produserer hushaldsavfall, skal betale gebyr. Sjå i samband med dette definisjonen i § 2 i forskrifta og i kapittel 1 i rettleiaren.

Abbonnten pliktar å halde seg oppdatert om kor mange bueiningar som er registrerte på eigedommen hans eller hennar i BIR-registeret. Opplysningane skal normalt stå på fakturaen. Dersom opplysningane er uklare eller ikkje stemmer med tilhøva slik dei faktisk er, kan du kontakte kundesenteret i BIR.

(For nærare informasjon om korleis gebyra blir fastsette og kravde inn, sjå kommentarar til §§ 9 og 12 i forskrifta nedanfor. [\[link\]](#))

GENERELT OM FRITAK FRÅ PLIKT TIL Å BETALE GEBYR

Det generelle utgangspunktet er som nemnt at eigar av eigedom med bustad har plikt til å betale avfallsgebyr. Dersom du skal søkje om fritak, viser vi til rutinane BIR har for fritak og framstillinga nedanfor.

Forskrifta definerer bustad som ei sjølvstendig bueining som gir rom for kvile og matstell.¹⁶ BIR vurderer kor stort avfallsgebyret skal vere, og om vi eventuelt skal gi fritak, med utgangspunkt i den aktuelle bueininga. Vi kan ikkje gi fritak av sosiale grunnar knytte til abonnent eller kunde.

Dersom du skal søkje om fritak frå renovasjonsgebyret, skal du bruke eige skjema. Dette finn du på bir.no, eller du kan få det ved å vende deg til BIR [\[link\]](#). Dersom abonnenten er usikker på om det ligg føre høve til fritak, kan BIR vurdere saka konkret ved å sende kontrollør til den aktuelle eigedommen. BIR har også heimel til å sjølvstendig kontrollere grunnlaget for fastsetjing av – eller fritak frå – avfallsgebyret.¹⁷

Vi innvilgar fritak frå og med den 1. i månaden etter at vi har motteke datert søknad. Fritak har ikkje tilbakeverkande kraft. Vi kan gi samanhengande fritak frå renovasjonsavgifta for inntil 18 månader for bustad og inntil 12 månader for fritidsbustad.

Abbonnten/kunden har sjølv ansvar for å sende inn søknad om å forlengje fritaket når ein fritaksperiode går ut. I praksis sender likevel BIR varsel til abonnenten/kunden før fritaksperioden er over. Dersom abonnenten/kunden for eksempel har flytta eller har vore bortreist, kan det vere tilfelle der han eller ho ikkje får varselet. I desse tilfella gjeld hovudregelen om at abonnenten/kunden sjølv er ansvarleg.

Søknad om å forlengje fritak må setjast fram før sluttdatoen for det gjeldande fritaket. Dersom BIR ikkje får ny fritakssøknad innan sluttdatoen, blir det automatisk rekna ut gebyr frå sluttdatoen. Eventuelt nytt fritak kjem da til å gjelde frå og med den 1. i månaden etter at vi har motteke skriftleg søknad.

Fritak frå avfalsgebyr gir følgjande konsekvensar:

- Oppsamlingseiningar som er direkte knytte til den bueininga som det blir gitt fritak for, blir henta av BIR. MERK: Dersom BIR ikkje finn oppsamlingseiningane, opphevar BIR grunnlaget for fritak. BIR varslar i desse tilfella kunden skriftleg.
- Dersom vilkår/grunnlag for fritak blir endra eller fell bort før godkjend fritaksperiode er over, må abonnenten melde frå til BIR.
- Dersom grunnlaget for fritak ikkje er gyldig, blir fritak oppheva og gebyr rekna ut med tilbakeverkande kraft frå den datoen fritaket blei gitt.

NÆRARE OM DEI ENKELTE BUEININGANE OG FRITAKSGRUNNAR

Bustad og bueiningar

Bruksendring av bueininga kan føre til at renovasjonsgybyret må endrast – for eksempel dersom talet på bueiningar blir endra, eller dersom ho blir gjord om frå heilårsbustad til fritidsbustad. Søknad om bruksendring må sendast til den kommunen der eigedommen ligg. Når kommunen godkjenner bruksendringar, har abonnenten ansvar for å melde frå til BIR. Dette kan han eller ho gjere ved å sende kopi av bruksendringa på e-post til kundesenteret eller per post til BIR Privat [\[link til adresser\]](#).

¹⁶ Sjå fullstendig definisjon i § 2 i forskrifta og omtale av denne i kapittel 1 i rettleiaren.

¹⁷ Sjå § 5, 3. ledd og §10 i forskrifta.

Det kan vere grunnlag for fritak frå det ordinære avfallsgebyret dersom det kan dokumenterast at bustaden/bueininga ikkje skal vere i bruk i ein samanhengande periode på minimum seks månader. Dette kan for eksempel vere ei følgje av at eigaren av eininga er bortreist, at bueininga skal rehabiliterast, eller at ho skal brukast som ein del av ei anna bueining, for eksempel at hybel i kjellar blir gjort om til kjellarstove.

Vedtak om varig fritak ved samanslåing av éi eller fleire bueiningar krev at det blir lagt fram dokumentasjon på at anten vatn/avløp blir kopla frå eller plombert på kjøkenet og/eller kjøkeninnreiinga er fjerna og/eller at bueininga blir bygd om / opna opp / slått saman. Med andre ord må det godtgjerast at den samanslåtte bueininga ikkje kan brukast separat frå resten av bustaden.

Følgjande omstende gir ikkje grunn for fritak frå renovasjonsavgifta:

- lite bruk/lite avfall
- eigar bruker ikkje bueininga sjølv
- bueiningar blir berre brukte delvis gjennom året, utan at krav om samanhengande butid er oppfylt
- fritidsbustad
- bustader/bueiningar manglar oppsamlingseining
- bustader/bueiningar har lang ved til hentestad for oppsamlingseiningar
- økonomiske, helsemessige og sosiale omstende
- bueininga blir brukt av familiemedlemmer over 18 år

Hyblar og bufellesskap

Bustadrom – hybel, rom i bufellesskap og liknande – som gir rom for kvile og matstell, er gebyrpliktige. Gebyrplikta gjeld rom med eige kjøken, men også der det på annan måte er mogleg med matstell i tilknytning til rommet, for eksempel ved at det er knytt til eit kjøken som blir delt av fleire. Dersom fleire einingar deler kjøken, blir gebyret rekna ut i tråd med dette eksempelet: To hyblar som deler kjøken, blir rekna som éi bueining og blir kravde for eitt gebyr; tre hyblar som deler kjøken, blir rekna som to bueiningar og blir kravde for to gebyr; fire hyblar gir to gebyr, fem hyblar tre gebyr osv.

Merk: Det er abonnenten som betaler avfallsgebyr for talet på bueiningar. Dette gjeld sjølv om bueiningane blir leigde ut, og sjølv om abonnenten er ei verksemd.

Fritidsbustader, campingvogner eller liknande

Fritidsbustader, campingvogner eller liknande¹⁸ blir definerte som bustader/bueiningar, jf. krav til bustad i underkapittelet over. Eigar av eigeidom som inkluderer slike bueiningar, har plikt til å betale gebyr. Dersom denne typen bueiningar er ubrukelege til formålet, eller rivne, kan det søkjast om varig fritak frå gebyrplikt.

Det er BIR som vurderer om det er grunnlag for fritak, og vi avgjer i samband med dette kva som blir rekna som ubrukeleg bustad.

Når fritidsbustaden blir brukt som heilårsbustad, blir renovasjonsgebyret rekna ut frå bruken som heilårsbustad. Heilårsbustader som blir brukte som fritidsbustad, er gebyrpliktige på lik linje med heilårsbustader.

¹⁸ Båtar og mobile brakker jf. kapittel 2 over.

Følgjande omstende gir ikkje fritaksgrunn for fritidsbustader, campingvogner eller liknande:

- Eigar/leigetakar bur i nærleiken eller i same kommune
- Bueininga ligg avsides og/eller er vanskeleg tilgjengeleg
- Bueininga er ikkje isolert
- Bueininga er lite eller ikkje i bruk

KONTROLL

For å sikre at gebyrplikta blir halden, og at gebyret blir rett fastsett, kontrollerer BIR jamleg mot eigedomsregisteret og annan offentleg informasjon. BIR gjennomfører også områdekontrollar. Desse kan omfatte utvendig og innvendig synfaring av bustad.

Sjå elles § 10 i forskrifta og kapittel 6 i rettleiaren.

Rettleiing for handtering av oppsamlingseiningar

Med oppsamlingseiningar meiner vi behaldarar, sekker, konteinarar eller nedkastpunkt som BIR godkjenner til bruk i innsamlingsverksemda si.

Ansaret abonnenten har for desse, omfattar både ansvar for bruk, plassering og reinhald.

For at BIR skal kunne tømme oppsamlingseininga, må ho vere lett tilgjengeleg. Ei eining som står lett tilgjengeleg langs ruta, gjer arbeidet vårt meir effektivt og bidreg til at renovasjonsprisane kan haldast låge.

Eit vilkår for at abonnenten har krav på innsamling er at innsamlingseininga skal vere tilgjengeleg på hentestaden mellom kl. 06.00 og 22.00 på tømmedagen. Eininga skal ikkje vere fylt meir enn at lokket lett kan lukkast. Avfallet skal vere forsvarleg pakka inn, og det skal ikkje pakkast fastare enn at eininga kan tømmast utan vanskar. Det er ikkje tillate å fylle oppsamlingseiningane slik at vekta stig over 30 kg per 140-liters oppsamlingseining.^{19 20} På vinterstid er abonnenten/kunden ansvarleg for at avfallet ikkje er frose fast og dermed ikkje lèt seg tømme.²¹

BIR kan påleggje abonnenten å endre hentestad ved mellombelse eller varige hindringar. Dette kan for eksempel vere stengde vegar, graving, snø islagde vegar, gjentekne vanskar med parkerte bilar og liknande. BIR vil i desse tilfella varsle dei abonnentane/kundane dette gjeld. Ein avtale om å køyre på privat veg kan innehalde eit eige avtalepunkt om dette.

Eventuelt søl frå tømminga skal fjernast av BIR. Vi har likevel ikkje ansvar for å fjerne avfall som nokon har sett frå seg eller etterlate seg i strid med reglane i forskrifta. Dette gjeld også avfall som er sett utanfor/ved sida av oppsamlingseining, og avfall frå overfylte behaldarar som er drege utover av fuglar, dyr etc.

¹⁹ Vektgrensene er forskjellige for ulike typar behaldarar.

²⁰ Maksvekt for oppsamlingseiningar er under utgreiing i tilknytning til arbeidsmiljømessige og tekniske prinsipp, og kan endrast i framtida.

²¹ Renovatørane har av HMS-omsyn ikkje høve til å grave ut avfall fra behaldarane med hendene.

PLASSERING AV BEHALDARAR OG BIR-SEKKER

Følgjande generelle krav blir sette for å lette innhentinga av avfall:

- Behaldar og BIR-sekk skal stå tilgjengeleg ved offentleg eller privat veg på tømmedagen. Med tilgjengeleg meiner vi forsvarleg, ikkje trafikkfarleg, plassering i vegkant like ved offentleg eller privat veg.
- Dersom behaldar og sekk står ved ein privat veg, bør vegen vere godkjend av BIR for transport med tyngre køyretøy.²²
- BIR-sekker skal setjast ved sida av behaldaren på tømmedagen.
- Det er viktig at renovatøren får tilgang til og kan transportere behaldaren ved tømning. Kunden er ansvarleg for at bilar, sykklar, barnevogner, klessnorer, husdyr og liknande ikkje er unødige hindringar. Dører og portar må vere opne. Alle tersklar og vertikale hindringar må vere utstyrte med rampe eller liknande hjelpemiddel.
- Maksimal helling på transportveg for manuell transport av behaldaren på ramper er 25 prosent.

For plassering av konteinorar gjeld følgjande generelle krav:

- Hentestad for konteinar skal vere lett tilgjengeleg og ha eit plant og fast underlag. Det skal vere tilstrekkeleg areal rundt konteinaren slik at han kan tømast utan vanskar:
 - o Det må vere minimum 10 meter klaring framfor konteinaren.
 - o Det må vere minimum 4 meter klaring over konteinaren.
 - o Konteinaren kan ikkje stå over kumlokk.

Dersom burettslaget/sameiget ditt skal etablere nye avfallsløysingar, sjå den renovasjonstekniske rettleiaren vår [\[link\]](#). Her finn du BIR sine tilrådingar for kva avfallsløysingar du kan velje, og korleis du skal plassere dei.

Når det gjeld bossugløyser, må det vere nok plass til at bossugbilen kjem lett fram til det aktuelle sugepunktet.

Hentestad må ikkje etablerast slik at plassering av tømmebil kan vere trafikkfarleg eller kan vere til hinder for trafikken.

Abonnenten sitt ansvar for oppsamlingseininga

Med oppsamlingseiningar meiner vi behaldarar, sekker, konteinorar eller nedkastpunkt som BIR godkjenner til bruk i innsamlingsverksemda si. Det er abonnenten som har det økonomiske ansvaret for oppsamlingseininga.²³

OPPSAMLINGSEININGA OG BIR-SEKKEN

Abonnenten er sjølv ansvarleg for at oppsamlingseininga ikkje skader omgivnader eller miljø når ho blir sett fram på tømmedagen. Det er også viktig å tenkje over den brannfaren som særleg oppsamlingseiningar i plast kan ha når dei står plasserte inntil ein husvegg.

²² § 8 i forskrifta set krav til køyring på privat veg. Sjå også omtale av denne føresegna nedanfor.

²³ Forskrifta § 6, 4. ledd

For å unngå brann set forsikringselskapa krav i forsikringsavtalen til korleis avfallsbeholdarar skal plasserast. I hovudsak er det sett følgjande krav²⁴:

- Brennbart avfall og brennbart materiale som ligg fritt eller i avfallsbeholdarar, skal plasserast slik at brann i desse ikkje kan smitte til byggverk, og uansett minst fem meter frå yttervegg. Unngå i tillegg å plassere dei under tak, i skur eller på overdekte lasteramper. Sjekk med forsikringselskapet ditt om kva avstandskrav som gjeld i forsikringsavtalen din.
- Brennbart avfall og brennbart materiale kan likevel plasserast nærare bygning dersom det er oppbevart i lukka og låst avfallsbeholdar konstruert slik at brann ikkje kan spreie seg frå eininga.
- Når brann oppstår som følgje av brot på desse tryggleiksforskriftene, kan det føre til at erstatninga blir redusert.

Dersom oppsamlingseininga utgjer ein skaderisiko, for eksempel ved for mykje vind eller is, skal ho sikrast på ein eigna måte som ikkje er til større hinder for tilkomst eller tømning for renovatørane våre. Eventuelle permanente sikringar, der det er nødvendig, skal avtalast på førehand med BIR.

Abonnenten/kunden er ansvarleg for å trekkje oppsamlingseininga tilbake til eigen eigedom etter at ho er tømd. Oppsamlingseininga skal ikkje stå på offentlig veg eller fortau utanom på tømmedag.

Er oppsamlingseininga blitt øydelagd, kontakt BIR for å få reparert eller erstatta oppsamlingseininga. Er oppsamlingseininga øydelagd av andre årsaker enn normal slitasje, må abonnenten erstatte dette økonomisk. Dette omfattar for eksempel skadar som følgje av at eininga er merkt med måling eller liknande.

Abonnenten har ansvar for at det er rett oppsamlingseining som står ved eigedommen.

Adresse/gnr./bnr. står på etiketten som er klistra på sida av oppsamlingseininga. Ta kontakt med kundesenteret hos BIR på tlf. 815 33 030 dersom det er tvil om oppsamlingseininga tilhøyrer abonnenten.

Dersom oppsamlingseininga blir borte, oppfordrar vi til å søkje i nærområdet. Dersom det ikkje gir resultat, meld frå til kundesenteret hos BIR på tlf. 815 33 030. Oppsamlingseininga blir da registrert som sakna. Dersom det bortkomne oppsamlingseininga må erstattast, blir abonnenten belasta med eit gebyr som tilsvare kostnaden på oppsamlingseininga. Gebyret blir refundert dersom det sakna oppsamlingseininga kjem til rette innan éin månad etter at ho blei erstatta. Refusjon føreset at BIR blir informert om at den opphavlege oppsamlingseininga er kommen til rette.

Behaldaren er utstyrt med databrikke som identifiserer henne.²⁵ BIR vil derfor kunne registrere om behaldaren blir tømd ein annan stad. I slike tilfelle tek BIR kontakt med abonnenten som har meldt oppsamlingseininga som sakna.

Abonnenten er sjølv ansvarleg for å reinhalde oppsamlingseininga.

²⁴ Jf. informasjonsbrosjyre gitt ut av Norsk brannvernforening, Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap og Finansnæringens Fellesorganisasjon.

²⁵ RFID-brikke

VED SKADE

Er det skade på konteinar, meld frå til BIR [\[link\]](#).

Er det skade på bossuganlegg, meld frå til leverandør [\[link\]](#).

Særlege retningslinjer eller avtalar knytte til bossug, nedgravne fellesløysingar og liknande.

§ 6 i forskrifta regulerer kva ansvar abonnenten og kunden har for oppsamlingseiningane, og korleis dei skal bruke einingane.

Regulering av bruk og ansvar for bossug, nedgravne løysingar og liknande kan variere og byggjer derfor på ei konkret vurdering. I dei tilfella der BIR er eigar av eit innsamlingsanlegg, kan BIR fastsetje eigne retningslinjer. I dei tilfella der anlegget er eigd av andre, blir det inngått avtale.

Kapittel 5: Teknisk informasjon

Relevante rettskilder: Forureiningslova § 30. [\[link\]](#)

Forskrift om handtering av avfall frå hushald § 7 og 8. [\[link\]](#)

Krav om renovasjonsteknisk plan

Val av utstyr for å samle opp avfall kan få noko å seie i mange samanhengar. Val av stasjonær avfallsløysing er noko som burettslaget og/eller sameiget må leve med i mange år etter at det er installert. Det same må BIR, som skal stå for å tømme desse anlegga. Feil val kan derfor få økonomiske konsekvensar for begge partar.

BIR ønskjer å leggje til rette for ei innsamling og ein transport av avfall som er miljømessig god, økonomisk og effektiv. BIR har lang erfaring med og kunnskap om ulike renovasjonsløysingar. Vi er oppdaterte på ny avfallsteknologi og det framtida gir av befolkningsgeografisk utvikling i områda våre.

Denne kunnskapen, sammen med nødvendigheten av gode avfallsløysningar, medfører at BIR må være en aktiv rådgiver i kommunens planprosesser. BIR vil arbeide aktivt for å få på plass gode samhandlingsrutiner med kommunene for å sikre at avfallsløysningar vurderes i planprosessene og inkluderes i plantegningar og planbestemmelser i kommune- og reguleringsplaner.

Konkret inneber dette at BIR gir råd og rettleiing ved val av renovasjonsløysingar i nye utbyggings- og transformasjonsområde. Dette gjer vi for å sikre at kapasitet, teknologi, plassering m.m. skal høve til den typen bilar som skal hente avfallet, og at løysingane som blir valde, legg til rette for kjeldesortering.

For å sikre at utbyggjarar og burettslag har føreseielege vilkår i slike prosessar, krev BIR at det blir utarbeidd renovasjonsteknisk plan, og vi har utarbeidd ein renovasjonsteknisk rettleiar (RTV), og vil i tiden fremover arbeide for å utvikle en renovasjonsteknisk norm (RTN). [\[link\]](#).

Køyring på privat veg

BIR krev at privat veg som blir brukt fram til hentestaden, skal vere køyrande for større køyretøy og gi høve til at køyretøya skal kunne snu. Privat tilkomstveg skal tole akseltrykk på 13 tonn, ha vegbreidd på minimum 3,0 meter og fri høgd på minimum 4,0 meter.

I fleire av BIR-kommunane er oppsamlingseiningane blitt henta på privat veg i mange år. I den same perioden er bossbilane blitt større og meir avanserte. Vegane er likevel ikkje utbetra i takt med denne utviklinga. Det å køyre store, tunge bossbilar på dårlege vegar kan vere ein risiko både for personell og materiell, men også for omgivnadene vi ferdast i. BIR ønskjer ikkje å ta ein slik unødig risiko. Vi oppmodar derfor veglag og grunneigarar om å formalisere bruken av privat veg med oss. For å avgrense risikoen, krev BIR avtale med grunneigarar og/eller veglag om å køyre på private vegar.

Ein vegavtale skal sikre at kvaliteten på vegen blir vurdert med utgangspunkt i at han skal tole belastninga frå køyretøya frå BIR, og at tryggleik for mjuke trafikantar og menneskapa til BIR er tekna hand om på ein tilfredsstillande måte. I tillegg er det nødvendig med forsikringar om at vegen jamleg blir halden ved like, brøytta og strødd om vinteren. Der vegen ikkje står fram som sikker, eller der det

ikkje er råd å inngå vegavtale, kan BIR la vere å bruke vegen. Hentestaden for oppsamlingseininga blir da plassert på næraste forsvarlege stad eller ved næraste offentlege veg.

Framlegg til avtale om køyring på privat veg ligg på [bir.no](#), eller de kan få det ved å kontakte kundesenteret vårt [\[link\]](#).

Arbeidet med å inngå avtalar om køyring på privat veg er ein prosess som er i gang i BIR. Dette inneber at reglane i forskrifta ikkje tek til å gjelde med ein gong der det er etablert praksis for å hente avfall ved å bruke privat veg utan at det ligg føre ein avtale. Når det kjem nye førespurnader om å hente avfall ved å bruke privat veg, skal det likevel alltid inngåast avtale.

Kapittel 6: Administrative reglar

Relevante rettskilder: Forureiningslova §§ 34, 37, 48, 49, 50, 83 og 85. [\[link\]](#)

Forskrift om handtering av avfall frå hushald §§ 9, 10, 11, 12, 13, 14 og 15.

[\[link\]](#)

Avfallsgebyr

På området hushaldsrenovasjon må BIR følgje regelverket om sjølvkost. Sjølvkost inneber i utgangspunktet at prisen for tenesta ikkje skal vere høgare enn kostnaden for innsamlinga pluss behandlingsutgifter.

Sjølvkost kunne ha vore rekna ut direkte ut ifrå kvar enkelt abonnent på grunnlag av det han eller ho leverer av mengd og ulike typar avfall. Ei slik utrekning ville ha vore heilt i tråd med prinsippet om at forureinar skal betale. Avgrensingar i tilgjengeleg teknologi og prinsippet om at kostnadene skal reknast ut uavhengig av kommune og kvar eigedommen/bustaden ligg, fører til at det er svært vanskeleg og kostnadskrevjande å rekne ut avfallsgebyr for kvar abonnent. Tenesta er derfor prisa ut frå ein normert sats.

Kvart år fastset kommunestyre/bystyre/heradsstyre prisen for renovasjonstenesta i eit gebyrvedtak som gjeld for kvar enkelt kommune. Prisen reflekterer som nemnt dei kostnadene som er knytte til å levere tenesta til alle kundane våre. Resultatrekneskapen til BIR skal ut ifrå sjølvkost gå i balanse i eit perspektiv på frå tre til fem år. Dette inneber at overskot og underskot i denne perioden samla skal gå i null.

BETALINGSMODELLAR

Da denne rettleiaren blei utarbeidd (2013), hadde BIR to betalingsmodellar: éin for Bergen kommune og éin for dei åtte andre BIR-kommunane.

I Askøy, Fusa, Kvam, Os, Osterøy, Samnanger, Sund og Vaksdal blir renovasjonsgebyret rekna ut på grunnlag av talet på tømningar og kor stor oppsamlingseininga er (standard volum på oppsamlingseininga for bustad er 140 liter). Utrekninga av den delen av gebyret som skal dekkje kostnaden for oppsamlingseininga, blir gjord på grunnlag av faste prisar på papir, plast og restavfall. (For gjennomsnittsabbonnenten blir behaldaren tømd kvar 14. dag.)

I Bergen kommune er prisane fastsette på grunnlag av ulike typar abonnement. Storleiken på oppsamlingseininga, talet tømningar per måned, om det er fleire brukarar av eininga, og om bueininga komposterer avfall, er avgjerande for kor stort gebyret skal vere.

Det blir gjort påslag for delfinansiering av det røyrbaserte innsamlingsystemet i Bergen sentrum (Bossnett). Det blir også gjort kommunalt påslag for etterdrift av deponi og administrative gebyr.

BIR gir tilskot for tiltak som er med på redusere avfallsmengda, for eksempel kompostering av matavfall og bruk av tøybleier [\[link\]](#).²⁶

Avfallsgebyr for fritidsbustader er delt inn i fire kategoriar, der kategori éin er 100 prosent av standardgebyret.²⁷ Dei tre andre kategoriane er graderte med 25–50 prosent av standardgebyret vurdert ut ifrå om fritidsbustaden har innlagt vatn og straum, og avstanden frå køyrande veg eller

²⁶ Sjå framstilling under overskrifta matavfall i kapittel 3 over.

²⁷ Dette vil typisk vere hytter som er meir besøkte enn private familiehytter – for eksempel firmahytter, lagshytter og utleiehytter.

brygge. Campingvogner og liknande som blir brukte som fritidsbustad, blir alltid rekna ut i kategori nummer fire.

Fritidsbustader, campingvogner, brakker, båtar og liknande som blir brukte som ordinær bustad, betaler fullt standardgebyr.

Sjå utfyllande informasjon på bir.no eller ta kontakt med kundesenteret vårt på telefon 815 33 030 [[link](#)].

BETALING FOR Å LEVERE AVFALL PÅ ATTVINNINGSTASJON

Når det skal leverast avfall på attvinningsstasjon, betaler både hushaldskundar og næringskundar. Betalinga blir rekna ut på grunnlag av mengd avfall i kubikkmeter [[link til prisliste](#)].

Hushaldskundar betaler ein lågare sats sidan ein vesentleg del av kostnadene knytte til å behandle avfallet vidare og å drive attvinningsstasjonane blir dekte av renovasjonsgebyret.

Sidan det ikkje er renovasjonsgebyr knytt til næringsverksemd, betaler næringskundar ein høgare sats.

Kontroll og handheving av forskrifta

I formålsregelen i forskrifta²⁸ presiserer kommunane at eit formål med forskrifta skal vere å sikre ei miljømessig, økonomisk og helsemessig forsvarleg oppsamling, innsamling og behandling av hushaldsavfall, og bidra til å realisere dei pliktene som Stortinget har pålagt kommunane gjennom forureiningslova.²⁹

For å sikre at vedtaket i kommunen (forskrifta) blir implementert og følgt, er BIR delegert mynde til å kontrollere og granske.

Formålet med kontroll er å følgje opp forsøplingsproblematikk og korrekt brukarbetaling ved attvinningsstasjonane våre. Generelt sett skal kontroll hindre at renovasjonsordninga blir misbrukt. Vi skal kontrollere at alle bustader i kommunen er knytte til renovasjonsordninga.

BIR skal også føre kontroll med at verksemdar ikkje bruker dei ordningane som gjeld for hushaldsavfall, utan kostnadsdekning. Dette må ein sjå i samanheng med pliktene i EØS-avtalen og forbodet mot kryssubsidiering.

Omgrepet gransking tek utgangspunkt i forvaltningslova § 15, som fastset reglar for korleis blant anna husundersøking skal utførast. Reglane i forvaltningslova gjeld dersom BIR skal kontrollere innmeld bustad.

Dette inneber blant anna at kontrollørar som oppsøker ein privat eigedom, skal ha sendt ut førehandsvarsel om kontroll og kva oppdraget gjeld. Han skal legitimere seg ved oppmøte. Den som eig eigdommen/bueininga som skal granskast, har rett til å ha vitne til stades og har klagerett³⁰.

Når vi får melding om forsøpling på returpunkt og hentestader, vil kontrollørane våre om mogleg kontakte forsøplar med beskjed om å rydde opp innan rimeleg tid. Der det ikkje er klart kven avfallet

²⁸ § 1 i forskrifta

²⁹ Forureiningslova § 30, 1. ledd

³⁰ Forvaltningslova § 15, 1., 2. og 4. ledd.

skriv seg frå, vil kontrollørane rydde opp og eventuelt prøve å identifisere ansvarleg for forsøplinga ved å gå gjennom avfallet.

Dersom det ligg føre dokumentasjon som knyter avfallet til ein bestemt person, vil han eller ho stå for kostnadene ved å rydde opp i avfallet. Kostnaden skal dekkje dei faktiske utgiftene knytte til å rydde opp. Denne praksisen spring ut av prinsippet om at forureinar skal betale.

BIR kan også kontrollere opplysningar om opphavet til avfallet når det blir levert på attvinningsstasjonane. Dette blir gjort ved at kunden blir spurd kva bustad avfallet kjem frå. Kontrollørane våre kan da i etterkant oppsøkje den aktuelle bustaden for å stadfeste at for eksempel bygningsavfallet skriv seg frå ein eigedom som den som leverer avfallet, sjølv eig og bruker.

Dersom attvinningsstasjonane våre blir misbrukte av same kunden fleire gonger, kan vi avvise han eller henne.

BIR har ikkje heimel til å straffe, men vil vurdere å melde saker som vi ser på som alvorlege brot på forskrifta. Slike regelbrot kan straffast med bøter.³¹

Enkeltvedtak og klage

På somme område har BIR fått mynde til å gjere enkeltvedtak. Enkeltvedtak kan definerast som avgjerd eller vedtak som gjeld rettar og plikter til éin eller fleire bestemte personar.³² Dette kan for eksempel vere vedtak om å innvilge eller avslå søknad om fritak frå renovasjonsgebyr. Det kan også vere pålegg om å rydde og fjerne ulovleg plassert avfall, eller vedtak om å gjennomføre kontroll og gransking.

Når BIR gjer enkeltvedtak, gjeld reglane i forvaltningslova. Særleg viktig er retten til å klage på vedtaket.

Klage skal fremjast innan tre veker etter at vedtaket er motteke. BIR ber om at klaga blir fremja skriftleg for å sikre dokumentasjon. For å sikre at BIR gjer vedtak på rett grunnlag, er det viktig at klaga blir grunnlagt, og at det blir lagt fram dokumentasjon der det er mogleg.

Send klaga til:

BIR Privat AS, Marknadsavdelinga, Postboks 6004 Bedriftssenter, 5892 Bergen.

Klaga kan også sendes via e-post til: bir@bir.no

BIR skal svare på klaga så raskt som råd og innan rimeleg tid. Når det er fremja klage, vurderer BIR om det er grunnlag for å gjere om det opphavlege vedtaket. Dersom BIR avgjer å halde ved lag det opphavlege vedtaket, blir saka send over til klagenemnda i BIR. Det er ikkje råd å klage på vedtaka i klagenemnda. Medlemmene i klagenemnda er oppnemnde politisk av kommunane som eig BIR.

Forskrifta i høve til anna lovgiving

Forskrifta er gitt med heimel i forureiningslova § 30, 3. ledd. Dette hindrar likevel ikkje at anna spesiallovgiving kjem i bruk i einskildtilfelle.

³¹ Heimel for straff er forureiningslova § 79, 2. ledd.

³² Forvaltningslova § 2, bokstav b.

Tilhøvet til andre styringsorgan og etatar

Det ansvaret BIR har for hushaldsavfall, har både ei miljøside, ei helseside og ei estetisk side. Avfallshandtering er ei viktig samfunnsoppgåve. BIR samarbeider tett med kommunane, særleg innanfor helse, trafikk og brannvern.

BIR er også deltakar i ulike samarbeidsforum for å avgrense forureining og forsøpling. Dette gjer at vi tek kontakt med helsevernstyresmaktene der det er forsøpling og forureining som er så omfattande at det kan få konsekvensar for helse eller hygiene.

Det at andre etatar i kommunen har ansvar for tilgrensande område, fører til at ulike regelverk kjem inn. Eit eksempel på dette er politivedtektene for Bergen sentrum, der trafikketaten har mynde til å gi bøter. BIR kan handheve og krevje å få dekt kostnadene ved utgifter knytte til forsøpling rundt returpunkt, hyttepunkt, samlingsplassar for behaldarar og konteinarar i tillegg til bossuganlegg og andre hente- og leveringsstader.



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Jan Erik Boge	Arkivkode: FE-443
Arkivsaksnr: 13/220	Løpenr: 13/5749
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Kommunestyret	06.11.2013	056/13	JEB
Kommunestyret	18.12.2013	070/13	JEB

OPPFØLGING AV SAK I ARBEIDSMILJØUTVALET - FAKTAUNDERSØKING. FINANSIERING

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding frå rådmannen.

06.11.2013 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Heidi Gjerde (Ap) bad om å få gildskapen sin vurdert. Ho gjekk frå medan gildskapen hennar vart handsama. Odd Lønnebakken (Ap) tok plass i kommunestyret under handsaminga av gildskapen.

Birthe Skar-Moum (Ap) bad om å få gildskapen sin vurdert. Ho gjekk frå medan gildskapen hennar vart handsama.

På spørsmål frå kommunestyret under handsaminga orienterte Heidi Gjerde om at ho ønskte å vera ugild i saka. Heidi Gjerde vart samrøystes funnen ugild. Birthe Skar-Moum vart samrøystes funnen gild og tok plass att i kommunestyret.

Møtet vart deretter lukka medan kommunestyret diskuterte om saka skulle gå for opne eller lukka dører. Etter debatten vart dørene opna att for gjennomføring av røysting om eventuell lukking av møtet. Før røystinga tok Øyvind Røen (Sp) opp spørsmål om kva som kan opplysast til dei to partane om handsaminga/debatten i kommunestyret dersom møtet vert lukka. Møtet vart deretter lukka att medan kommunestyret heldt fram debatten om eventuell lukking av møtet og om kva som kan opplysast til partane frå debatten i eit lukka møte.

Møtet vart så opna att før røysting.

Sigmund Dyrhovden (Krf) sette fram munnleg framlegg om utsetjing av saka. Det vart vedteke med 11 mot 10 røyster å utsetja saka.

Følgjande representantar røysta for å utsetja saka:

- Birthe Skar-Moum (Ap)
- Heidi Totland Arnesen (Ap)
- Sigmund Dyrhovden (Krf)
- Roy Helge Haug (Frp)
- Norvald Gjerde (Frp)
- Morten Røen (Frp)
- Gunnar Bruvik (Frp)
- Monica Tjønnå (Sp)
- Øyvind Røen (Sp)
- Eva Hellevang (H)
- Miriam Hisdal Haga (H)

Følgjande representantar røysta for at saka ikkje skulle utsetjast:

- Marit Aase (Krf)
- Bjarne Hauge (Krf)
- Jens Harald Abotnes (Krf)
- Liv Berit K. Befring (Ap)
- Brigt Olav Gåsdal (Ap)
- Vidar Tveiterås (Ap)
- Odd Lønnebakken (Ap)
- Øyvind Strømmen (Bl)
- Anja Marken (Bl)
- Ragnfrid Aadland Olsnes (Bl)

Heidi Gjerde tok plass att i kommunestyret etter handsaminga av saka og Odd Lønnebakken gjekk frå.

Etter røystinga i saka orienterte Nils Asbjørn Lie og Borgny Gjørn frå Grend bedriftshelseteneste om temaet varsling og faktaundersøking.

Etter handsaminga av sak 056/13 var det matpause kl. 17.55 – 18.20.

KS-056/13 VEDTAK:

Saka vert utsett.

Dokument som er vedlagt:

Varslingsbrev datert 26.06.2013 (unnateke frå offentleg innsyn)

Tilleggsvarsling datert 01.07.2013 (unnateke frå offentleg innsyn)

Varslingsplakat for Samnanger kommune

Saksframlegg og vedtak AMU 04.07.2013 (unnateke frå offentleg innsyn)

Saksframlegg og vedtak formannskapet 10.09.2013

Tilleggsvarsling datert 23.09.2013 (unnateke frå offentleg innsyn)

Saksframlegg og vedtak formannskapet 30.09.2013 (unnateke frå offentleg innsyn)
Saksframlegg og vedtak AMU 02.10.2013 (unnateke frå offentleg innsyn)
Brev til Arbeidstilsynet datert 04.10.2013
Brev til Arbeidstilsynet datert 10.10.2013
Svarbrev frå Arbeidstilsynet datert 25.10.2013
Tilleggsvarsling datert 14.11.2013 (unnateke frå offentleg innsyn)

Dokument som ikkje er vedlagt:

Arbeidsmiljølova

Kva saka gjeld:

To tilsette i kommunen sende i sommar brev til Samnanger kommune v/arbeidsmiljøutvalet (AMU), med varsling om uforsvarleg arbeidsmiljø/mobbing. Varslinga går på at dei to tilsette opplever/meiner at dei har vorte mobba/trakassert av kommunestyret.

AMU vedtok 04.07.2013 at det skal gjennomførast ei faktaundersøking for å undersøkje forholda/påstandane i varslinga. Kostnaden for faktaundersøkinga vil vera om lag 200.000 kroner. AMU har ikkje eige budsjett. Faktaundersøkinga kan derfor ikkje startast opp utan at det vert løyvd nødvendige midlar.

Sak om finansiering av faktaundersøking har vore oppe til behandling i formannskapet to gongar, 10.09 og 30.09.2013. Formannskapet har per i dag ikkje løyvd nødvendige midlar til gjennomføring av faktaundersøking, men formannskapet har heller ikkje gjort noko endeleg vedtak om å ikkje løyva midlar.

Etter § 7-5 (5) i arbeidsmiljølova (AML) har AMU mynde til å vedta at arbeidsgjevar skal gjennomføra målingar eller undersøkingar av arbeidsmiljøet. I Samnanger kommune vil arbeidsgjevar i dette tilfellet vera kommunestyret eller formannskapet. Det går fram av AML § 7-5 (5) at dersom arbeidsgjevaren ikkje finn å kunne gjennomføra AMU sitt vedtak, skal spørsmålet utan ugrunna opphald leggast fram for Arbeidstilsynet til avgjerd.

I brev datert 04.10 og 10.10.2013 har kommunen, på bakgrunn av vedtak i AMU 02.10.2013, bedt Arbeidstilsynet om å ta avgjerd i spørsmålet om finansiering av faktaundersøking.

Arbeidstilsynet har i brev datert 25.10.2013 informert om at dei ikkje kan ta avgjerd i saka per i dag, fordi arbeidsgjevar ikkje har fatta endeleg vedtak om gjennomføring/finansiering av AMU sitt vedtak om faktaundersøking.

Saka om finansiering av faktaundersøking vert no lagt fram for kommunestyret.

Kronologisk oversikt over saksgangen til no:

Varsling

Samnanger kommune v/AMU mottok i juni 2013 eit brev frå to tilsette med tittelen: *"Varsling av uforsvarleg arbeidsmiljø i Eining for sosial og helse og i Sentraladministrasjonen. Tilsette vert mobba av øvste arbeidsgjevar kommunestyret."*

Den 01.07.2013 sende den eine av dei to tilsette eit nytt brev med tittelen *"Tilleggsvarsling – uforsvarleg arbeidsmiljø i eining for sosial- og helse"*.

Møte i AMU 04.07.2013

Det vart halde ekstramøte i AMU 04.07.2013, der dei to varslingane vart behandla. AMU gjorde følgjande vedtak:

- *AMU har motteke og handsama "Varsling om uforsvarleg arbeidsmiljø i eining for sosial og helse og sentraladministrasjonen. Tilsette vert mobba av øvste arbeidsgjevar kommunestyret".*
- *AMU bestiller ei faktaundersøking i tråd med temahefte "Mobbing i arbeidslivet", utgitt av idebanken.org.*
- *Vedtak i AMU 6. juni 2013 om å gjennomføra arbeidsmiljøkartlegging for kommunehuset og helsetunet vert sett på vent.*

Pristilbod på faktaundersøking

Grend bedriftshelseteneste er pr. i dag ikkje sertifisert til å gjennomføra faktaundersøkingar. På bakgrunn av AMU sitt vedtak har rådmannen derfor innhenta eksterne pristilbod på faktaundersøking. Dei innkomne tilboda indikerer at sannsynleg kostnad for å gjennomføra faktaundersøking i den aktuelle saka vil vera om lag 200.000 kroner. Faktaundersøkinga vil då verta gjennomført av eksternt firma med nødvendig sertifisering og erfaring.

Møte i formannskapet 10.09.2013

Sak om løyving av midlar til gjennomføring av faktaundersøkinga vart lagt fram for formannskapet 10.09.2013. Formannskapet gjorde der følgjande vedtak:

- *Saka vart utsett til etter kommunestyremøtet. Formannskapet handsamar saka i ekstramøte.*

Ny tilleggsvarsling

Dei to aktuelle tilsette sende 23.09.2013 ei ny tilleggsvarsling til AMU, med tittelen *"Tilleggsvarsling om uforsvarleg arbeidsmiljø i Eining for sosial- og helse og i Sentraladministrasjonen. Formannskapet held fram med å mobba tilsette"*.

Bakgrunnen for tilleggsvarslinga var formannskapet sitt vedtak 10.09.2013 om å utsetja saka om løyving av midlar til faktaundersøking.

Møte i formannskapet 30.09.2013

På ekstramøte i formannskapet 30.09.2013 vart saka om løyving av midlar teken opp til ny behandling. Det vart gjort følgjande vedtak:

- *Ein sender saka tilbake til AMU og ber dei vurdere nye moment i saka. AMU bør også vurdere ei breiare utgreiing. Ein løyver ikkje midlar pr. i dag.*

204 av 243

Bakgrunnen for at formannskapet 30.09.2013 vedtok å senda saka tilbake til AMU

Slik kommuneadministrasjonen forstår vedtaket i formannskapet 30.09.2013, var det følgjande hovudårsaker til at saka vart sendt tilbake til AMU:

- I den eksterne granskinga som skal gjerast av barnevernet i haust, vil det mellom anna bli sett på arbeidsmiljøet i barnevernstenesta. Er det nødvendig å gjennomføra faktaundersøking i tillegg?
- Kommunestyret behandla 25.09.2013 sak om interpellasjon datert 09.04.2013 om brot på teieplikta. Kommunestyret sin konklusjon var at det ikkje har funne stad brot på teieplikta. Formannskapet spør på bakgrunn av kommunestyret sitt vedtak 25.09.2013 om grunnlaget for varslinga frå ein av dei tilsette no har falle vekk.
- Den førespegla kostnaden for faktaundersøking er svært høg. Er det mogleg å gjennomføra ei eventuell undersøking på ein annan/billegare måte?
- Formannskapet ber AMU vurdere ei breiare utgreiing. Kommuneadministrasjonen forstår dette slik at formannskapet meiner at det kan vera behov for å undersøkje andre forhold enn dei som vert tekne opp i varslinga(ne), til dømes om folkevalde har vore utsett for mobbing/trakassering frå tilsette.

På bakgrunn av formannskapet sitt vedtak 30.09.2013 vart varslingssaka teken opp som ekstrasak på møte i AMU 02.10.2013. I saksutgreiinga til møtet 02.10.2013 gjekk det fram kva som var bakgrunnen for at formannskapet valde å senda saka tilbake til AMU.

Møte i AMU 02.10.2013

På møte i AMU 02.10.2013 vart det gjort følgjande vedtak:

- *Arbeidsmiljøutvalet (AMU) viser til vedtak i AMU sak 009/13, 4. juli, vedtak i formannskapet sak 033/13, 10. september og formannskapet sitt vedtak i sak 037/13, 30. september og vedtek å senda sak om varsling til Arbeidstilsynet for vidare oppfølging med heimel i arbeidsmiljølova § 7-2. Brev med tilleggsvarsling dagsett 23.9.2013 er relevant for saka og vert lagt ved til oppfølging.*

Brev til Arbeidstilsynet 04.10 og 10.10.2013

På bakgrunn av AMU sitt vedtak 02.10.2013 vart det 04.10 og 10.10.2013 sendt brev til Arbeidstilsynet. Der vart Arbeidstilsynet bedt om å ta avgjerd om eventuell gjennomføring av AMU sitt vedtak om faktaundersøking i den aktuelle varslingssaka.

Brev frå Arbeidstilsynet 25.10.2013

I svarbrev datert 25.10.2013 skriv Arbeidstilsynet at dei per dags dato ikkje kan ta avgjerd om eventuell gjennomføring av AMU sitt vedtak om faktaundersøking. Arbeidstilsynet skriv at dei ikkje kan ta avgjerd før arbeidsgjevar eventuelt fattar endeleg vedtak om å avvisa AMU sitt vedtak om å gjennomføra faktaundersøking.

Kopiar av dokument i saka

Det vert vist til vedlagte kopiar av dokumenta i saka for utfyllande informasjon om kva saka gjeld og kva som er gjort i saka til no.

Vurderingar og konsekvensar:Generelt

Kommuneadministrasjonen har 29.10.2013 vore i kontakt med Fylkesmannen i Hordaland v/seniorrådgjevar Hugo Morken og KS-advokatene v/Gry Brandshaug Dale, mellom anna for å sjekka om det har vore tilsvarende varslingsaker i andre kommunar. Verken Morken eller Dale kjenner til tilsvarende saker i andre kommunar.

Vurdering av gildskap i kommunestyret

Kommuneadministrasjonen har også bedt Hugo Morken og Gry Brandshaug Dale om råd knytt til eventuelle spørsmål om gildskap i denne saka. Ingen av dei har gjeve klare svar, men dei har kome med nokre innspel om forhold knytt til gildskap som kommunestyret bør diskutera/ta stilling til:

1. Det er ikkje heilt uproblematisk at Samnanger kommunestyre behandlar sak om finansiering knytt til ei varslingsak der det er kommunestyret sjølv som vert skulda for mobbing/trakassering. Det er likevel vanskeleg å sjå andre alternativ enn at saka vert behandla i kommunestyret eller eventuelt i formannskapet.
2. Er nokon kommunestyreprerantar nemnt spesielt i varslingane? Er desse i så fall ugilde når sak om finansiering av faktaundersøking kjem opp i kommunestyret?
3. Er det eventuelt andre enkeltrepresentantar i kommunestyret som kan vera ugilde i saka?

Har arbeidsgjevar nokon tidsfrist på å gjera vedtak om finansiering av faktaundersøking?

Etter AML § 7-2-(2) skal AMU setja ein tidsfrist for gjennomføringa av vedtak om målingar eller undersøkingar av arbeidsmiljøet. I AMU sitt vedtak 04.07.2013 vart det ikkje sett nokon tidsfrist for gjennomføring av faktaundersøkinga. Kommuneadministrasjonen reknar med at årsaka var at det på dette tidspunktet var usikkert kor raskt det ville vera mogleg å få gjennomført ei faktaundersøking. Kommuneadministrasjonen reknar vidare med at AMU sin intensjon var at faktaundersøkinga skulle gjennomførast så snart som praktisk mogleg.

Det er no gått meir enn fire månader sidan kommunen mottok varslinga, og enno er forholda/påstandane som vart teken opp i varslinga ikkje undersøkt. Ei så lang saksbehandlingstid i varslingsaker er ikkje i tråd med intensjonane i AML eller i kommunen sin varslingsplakat. AMU har gjennom vedtaket sitt 02.10.2013 gjort det klart at utvalet held fast på vedtaket frå 04.07.2013 om å gjennomføra faktaundersøking. Ut frå dette er det viktig at det snarast råd vert gjort endeleg vedtak i spørsmålet om finansiering av faktaundersøking. Arbeidsgjevar (løyvande myndigheit) må anten løyva midlar til å gjennomføra AMU sitt vedtak, eller gjera vedtak om å ikkje løyva midlar og deretter oversenda saka til Arbeidstilsynet for avgjerd.

Nye opplysningar i saka (etter kommunestyremøtet 06.11.2013):Tilleggsvarsling

Dei to tilsette som saka gjeld sende 14.11.2013 ei tilleggsvarsling til arbeidsmiljøutvalet, med tittelen: *"Tilleggsvarsel om uforsvarleg arbeidsmiljø i Eining for sosial- og helse og i Sentraladministrasjonen. Kommunestyret held fram med å mobba tilsette."* Kopi av tilleggsvarslinga følgjer som vedlegg til saksframlegget. (Tilleggsvarslinga er unnateken frå offentleg innsyn og vert derfor sendt i posten).

Bakgrunnen for tilleggsvarslinga er primært to vedtak gjort av kommunestyret 06.11.2013:

1. Vedtak om at interpellasjon om brot på teieplikta skal gjennomgåast på nytt av ein annan advokat.

2. Vedtak om å utsetja sak om finansiering av faktaundersøking.

Arbeidsmiljøutvalet (AMU) behandla tilleggsvarslinga 04.12.2013 og gjorde følgjande vedtak:

Arbeidsmiljøutvalet (AMU) står ved tidlegare vedtak om å få gjennomført faktaundersøking for å finna løysing i varslarsaka. Saka om finansiering vert fremja på ny for kommunestyret 18. des.

Med positivt vedtak i kommunestyret vert faktaundersøking straks sett i verk. Dersom kommunestyret ikkje løyver midlar til faktaundersøking, vert saka sendt Arbeidstilsynet for vidare oppfølging, jf skriv frå Arbeidstilsynet dagsett 1. november.

Vedlegg 1

Varslingsbrev datert 26.06.2013

Vedlegget er unnateke frå offentleg innsyn.

Vedlegg 2

Tilleggsvarsling datert 01.07.2013

Vedlegget er unnateke frå offentleg innsyn.

Vedlegg 3

Varslingsplakat for Samnanger kommune



VARSLINGSPLAKAT FOR SAMNANGER KOMMUNE

Arbeidsmiljølova § 2-4: Arbeidstaker har rett til å varsle om kritikkverdige forhold i virksomheten. Arbeidstakers fremgangsmåte ved varslingen skal være forsvarlig. Arbeidstaker har uansett rett til å varsle i samsvar med varslingsplikt eller virksomhetens rutiner for varslingsplikt. Det samme gjelder varslingsplikt til tilsynsmyndigheter eller andre offentlige myndigheter. Arbeidsgiver har bevisbyrden for at varslingsplikt har skjedd i strid med denne bestemmelsen.

1. Kva er varslingsplikt?

Å varsle er å gå vidare med kritikkverdige forhold på arbeidsplassen til nokon som kan gjera noko med det.

2. Kva er eit kritikkverdig forhold?

Kritikkverdige forhold er brot på lovreglar, brot på interne reglar eller brot på etiske normer/prinsipp.

Det kritikkverdige kan relatera seg til mange ulike typar forhold.

Døme på dette kan vera

- dårleg fysisk eller psykisk arbeidsmiljø
- dårleg samarbeidsklima på arbeidsplassen, mobbing og trakassering
- maktmisbruk
- diskriminering
- korrupsjon, tjuveri eller annan økonomisk kriminalitet
- forhold som kan medføre fare for liv eller helse
- brot på teieplikt

3. Mål

Det er eit mål for Samnanger kommune at kritikkverdige forhold skal avdekkast og følgjast opp.

4. Varslingsplikt er positivt

Varslingsplikt av kritikkverdige forhold er bra for kommunen og for samfunnet, fordi det er viktig at kritikkverdige forhold vert avdekkast og retta opp. Tilsette som er villige til å varsle er ein viktig ressurs for Samnanger kommune.

5. Rett og plikt til å varsle

Den enkelte tilsette vert oppfordra til å varsle om kritikkverdige forhold, fordi det kan medverka til å utvikla Samnanger kommune positivt. Tilsette som er underlagt varslingsplikt handlar alltid ansvarleg dersom dei varslar i samsvar med varslingsplikta.

6. Korleis kan du varsle?

Varslingsplikt skal skje forsvarleg. Med det meinest at intern varslingsplikt skal vera prøvd før eventuell ekstern/offentleg varslingsplikt. Det er også eit krav at innhaldet i varslingsplikt, så langt som varslaren veit, er i samsvar med dei faktiske forhold. D.v.s. at varslaren må vera i "god tru" når det gjeld sanninga i det han/ho varslar om.

7. Intern varslingsplikt

Varslingsplikt skal fortrinnsvis skje tenesteveg. Dersom ein meiner at dette ikkje passar, kan ein varsle til tillitsvald, verneombod eller varslingsgruppa (ref. pkt. 13). Dersom varslingsplikt gjeld politisk eller administrativ leiing i kommunen (ordførar eller adm.sjef), kan ein eventuelt varsle kontrollutvalet v/leiar. Dersom forholdet ein varslar om gjeld varslaren sin næraste leiar, er det høve til å varsle leiaren på neste nivå (d.v.s. næraste leiar sin leiar).

8. Ekstern/offentleg varslingsplikt

Tilsette har rett til å varsle offentlege myndigheiter og tilsyn om forhold som er relevante for desse. Intern varslingsplikt skal normalt vera prøvd først.

Varslingsplikt til media er eit alternativ berre dersom ein ikkje når fram internt, når ein vurderer at slik varslingsplikt vil tena saka og varslingsplikt ivaretek andre personar sitt rettsvern.

Forsvarlegheit ved ekstern/offentleg varslingsplikt er avhengig av at saka har ein viss samfunnsmessig betydning og ikkje er av triviell karakter.

9. Varslingsplikt si form

Alle varslingsplikt bør for å vera forsvarlege, formulerast skriftleg, sakleg og nøkternt. Det er utarbeidd eit eige varslingsplikt som kan brukast (sjå baksida av denne varslingsplakaten). Dersom varslingsplikt ikkje er skriftleg, bør den tilsette likevel notera kven ein varslar og kva tid ein gjer det.

10. Etter at du har varsle

Den personen/det organet ein varslar til, har ansvar for å sjå til at saka vert undersøkt eller rapportert vidare til rette vedkomande i kommunen.

Forholdet/forholda som det er varsle om skal undersøkjast. Forholdet/forholda skal også så langt som mogleg ryddast opp i dersom dette vert vurdert som nødvendig. Varslaren skal ha tilbakemelding innan to veker etter varslingsplikt om kva som er gjort/planlagt gjort. Det er den som har ansvaret for saka som har ansvar for å gi tilbakemelding til varslaren.

Dersom varslingsplikt viser seg å vera grunnlaus, skal varslaren likevel ha tilbakemelding.

Leiinga har ansvar for å ta vare på både varslaren og den/dei som eventuelt er ramma av varslingsplikt.

11. Forbod mot å straffa varslaren

Det er forbode å straffa varslaren eller å sanksjonera mot tilsette som har varsle "forsvarleg". Avstraffing av varslarar medfører erstatningsansvar for kommunen. Dette gjeld også avstraffing av tilsette som planleggjer å varsle, til dømes ved innhenting av dokumentasjon i samband med den planlagte varslingsplikt. Varslarar som opplever slikt må orientera tillitsvalde, verneombod, kommuneleiinga eller varslingsgruppa om dette.

12. Anonymitet og fortrulegheit

Varslingsplikt kan gjerast anonymt, men åpenheit vil gjera det lettare å få til ei god behandling av saka. Varslaren sin identitet er uansett eit forhold som skal behandlast med fortrulegheit av alle involverte partar. Varslaren sin identitet kan ikkje gjerast tilgjengeleg utan varslaren sitt samtykke.

13. Varslingsgruppa

- Opptretr uavhengig
- Har ansvar for å undersøkja saka tilstrekkeleg.
- Vurderer om det skal gåast vidare med saka og på kva måte dette i så fall skal gjerast.
- Rapporterer tilbake til varslar kva som er gjort i saka (gjeld saker der varselet er sendt til varslingsgruppa)

Følgjande personar er med i varslingsgruppa:

- Hovudverneombodet
- Ein representant utnemnt av fagforeiningane
- Ein representant utnemnt av administrasjonssjefen

Kontaktperson i varslingsgruppa er hovudverneombod Åse Waage Tveit, Samnanger helsetun (tlf. 56 58 91 07).

Vedlegg 4

Saksframlegg og vedtak AMU 04.07.2013

Vedlegget er unnateke frå offentleg innsyn.

Vedlegg 5

Saksutgreiing og vedtak formannskapet 10.09.2013



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Tone Ramsli	Arkivkode: FE-443
Arkivsaksnr: 13/220	Løpenr: 13/4486
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Formannskapet	10.09.2013	033/13	TR

OPPFØLGING AV SAK I AMU - FAKTAUNDERSØKING. FINANSIERING

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det vert gjennomført faktaundersøking i tråd med vedtak i AMU sak 9/13. Undersøkinga vert finansiert ved at det vert gjort fylgjande budsjettendringar: Konto nr 14901.1202.1800 avsett til lønsauke vert sett ned med kr 200.000 Konto nr 12700.1202.1800 konsulent vert auka med kr 200.000

10.09.2013 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Eva Hellevang fekk permisjon frå møtet kl. 19.00 før det vart gjort vedtak. Øyvind Røen (Sp) bad at formannskapet utsett saka til etter kommunestyremøtet den 25 september i eit ekstra møte.

4 røysta for Røen sitt framlegg og 2 imot.

FORM-033/13 VEDTAK:

Saka vart utsett til etter kommunestyremøtet. Formannskapet handsamar saka i ekstramøte.

Dokument som er vedlagt:

Sak om varsling av uforsvarleg arbeidsmiljø/mobbing

Dokument som ikkje er vedlagt:

Førespurnad og tilbod på faktaundersøkinga.

Kva saka gjeld:

Arbeidsmiljøutvalet, AMU har i møte 04.07.2013 fatta fylgjande vedtak:

AMU-009/13 VEDTAK:

- *AMU har motteke og handsama "Varsling om uforsvarleg arbeidsmiljø i eining for sosial og helse og sentraladministrasjonen. Tilsette vert mobba av øvste arbeidsgjevar kommunestyret".*
- *AMU bestiller ei faktaundersøking i tråd med temahefte "Mobbing i arbeidslivet", utgitt av idebanken.org.*
- *Vedtak i AMU 6. juni 2013 om å gjennomføra arbeidsmiljøkartlegging for kommunehuset og helsetunet vert sett på vent.*

Det vert vist til vedlagde saksutgreiing til AMU om bakgrunnen for vedtaket. Representantane i kommunestyret er i brev av 08.07.2013 gjort kjend med dette vedtaket.

Med utgangspunkt i vedtaket i AMU vart det teke kontakt med professor Ståle Einarsen ved institutt for samfunnspsykologi UiB. Det er dette miljøet som har størst kompetanse på området. Einarsen har teke på seg å vera rådgjevar for kommunen, m.a. har han vist oss til dei tre firma/miljøa som er førespurd om å gjennomføra faktaundersøkinga.

Faktaundersøking er ein metode som vert nytta for å sjekka ut påstandar om evt. brot på Arbeidsmiljølova. Gjennom intervju med involverte partar vil alle få fram sine oppfatningar av dei påstandane som er sett fram. På basis av desse intervju vert det laga ein rapport som må handterast vidare.

Etter råd frå Einarsen vart det teke kontakt med fylgjande firma:

Arsana a.s
Stamina Census
Arbeidsrettsadvokatene.

Me har fått inn tilbud frå to av dei. Desse er til vurdering. Det er lagt til grunn administrativ tildeling av arbeidet.

Ut frå innkomne tilbud samt betaling for konsulenttenester vil kostnaden med dette arbeidet koma opp mot 200.000 kroner. Det er då lagt til grunn intervju av 10 personar. 6 av dei er politikarar (gruppeleiarane i kommunestyret).

Vurderingar og konsekvensar:

Regelverket knytt til varsling om evt. brot på arbeidsmiljølova er klar. Arbeidsgjevar har plikt til å fylgja opp varslinga. Kva måte det skal skje på er sjølv sagt opp til arbeidsgjevar. Rådet me har fått både frå bedriftshelsetenesta vår – Grend – og frå Ståle Einarsen er at metoden faktaundersøking er det rette.

Rådmannen foreslår finansiering ved bruk av midlar avsett til lønsoppgjering. For 2013 er lønstingingar gjennomført for dei fleste tilsette. Oppgjering vart rimelegare enn budsjettert, og det er derfor mogleg å nytta midlar avsett på denne kontoen til betaling av faktaundersøkinga.

Vedlegg 6

Tilleggsvarsling datert 23.09.2013

Vedlegget er unnateke frå offentleg innsyn.

Vedlegg 7

Saksframlegg og vedtak formannskapet 30.09.2013

Vedlegget er unnateke frå offentleg innsyn.

Vedlegg 8

Saksframlegg og vedtak AMU 02.10.2013

Vedlegget er unnateke frå offentleg innsyn.

Vedlegg 9

Brev til Arbeidstilsynet datert 04.10.2013



Arbeidstilsynet
Postboks 4720 Sluppen
7468 TRONDHEIM

Vår referanse:
13/220/13/5248/INT/JEB

Arkivkode:
FE-443

Dykkar referanse:

Dato:
04.10.2013

FRAMLEGGING AV SAK TIL AVGJERD HOS ARBEIDSTILSYNET - GJENNOMFØRING AV VEDTAK I ARBEIDSMILJØUTVALET

Arbeidsmiljøutvalet (AMU) i Samnanger kommune ber Arbeidstilsynet ta avgjerd om gjennomføring av faktaundersøking knytt til ei varslings sak i kommunen.

Problemstillinga er at AMU har vedteke å gjennomføra ei faktaundersøking, men at løyvande myndigheit i kommunen ikkje har gitt midlar til dette.

Bakgrunnen for at saka vert sendt til Arbeidstilsynet er reglane i arbeidsmiljøloven § 7-2 (5): *Hvis arbeidsgiver ikke finner å kunne gjennomføre utvalgets vedtak, skal spørsmålet utan ugrunnet opphold forelegges til Arbeidstilsynet for avgjørelse.*

Kva saka gjeld:

To tilsette i Samnanger kommune sende 26.06.2013 eit brev til AMU med tittelen ”*Varsling av uforsvarleg arbeidsmiljø i Eining for sosial og helse og i Sentraladministrasjonen. Tilsette vert mobba av øvste arbeidsgjevar kommunestyret*”.

AMU hadde varslinga oppe til behandling 04.07.2013. AMU vedtok då å bestilla ei faktaundersøking for å undersøka forholda/påstandane som vart tekne opp i varslinga.

Rådmannen innhenta på bakgrunn av AMU sitt vedtak pristilbod på faktaundersøking. Pristilboda vart innhenta i august 2013. Sannsynleg kostnad på faktaundersøkinga er om lag 200.000 kroner. Faktaundersøkinga kan ikkje gjennomførast før det er løyvd nødvendige økonomiske midlar.

På grunn av at AMU ikkje har eige budsjett eller mynde til å løyva midlar, måtte sak om finansiering av faktaundersøkinga takast opp i Samnanger formannskap. Dette vart gjort 10.09.2013. Formannskapet vedtok då å utsetja saka til etter kommunestyremøte 25.09.2013.

Formannskapet behandla saka på nytt 30.09.2013. Det vart då vedteke å senda saka tilbake til AMU. Formannskapet bad i vedtaket AMU om å vurdera nye moment i saka, samt om å vurdera ei breiare utgreiing.

220 av 243

AMU behandla saka på nytt 02.10.2013. AMU stod der fast på vedtaket frå 04.07.2013 om å gjennomføra faktaundersøking. Det vart på bakgrunn av dette vedteke å senda saka til Arbeidstilsynet for avgjerd.

Samnanger kommune v/rådmann Tone Ramsli har tidlegare vore i kontakt med Arbeidstilsynet om denne saka. Kontaktperson i Arbeidstilsynet har vore seniorinspektør Evy Dale.

Som vedlegg til dette brevet følgjer kopi av diverse dokument i saka. Eventuelle spørsmål kan rettast til Åse Waage Tveit (tlf. 56 58 91 07) eller Jan Erik Boge (tlf. 56 58 74 20).

Me ber om at Arbeidstilsynet så raskt som mogleg tek avgjerd i spørsmålet om gjennomføring av AMU sitt vedtak om faktaundersøking.

Med helsing

Jan Erik Boge
stabssjef/sekretær i arbeidsmiljøutvalet

Åse Waage Tveit
leiar i arbeidsmiljøutvalet/hovudverneombod

Vedlegg:

Varslingsbrev datert 26.06.2013
Tilleggsvarsling datert 01.07.2013
Varslingsplakat for Samnanger kommune

Saksframlegg og vedtak AMU 04.07.2013
Saksframlegg og vedtak formannskapet 10.09.2013
Tilleggsvarsling datert 23.09.2013
Saksframlegg og vedtak formannskapet 30.09.2013
Saksframlegg og vedtak AMU 02.10.2013

Kopi til:

Seniorinspektør Evy Dale

Vedlegg 10

Brev til Arbeidstilsynet datert 10.10.2013



Arbeidstilsynet
postboks 4720 Sluppen
7468 TRONDHEIM

Vår referanse:
13/220/13/5363/ORD/MAA

Arkivkode:
FE-443

Dykkar referanse:

Dato:
10.10.2013

FRAMLEGGING AV SAK TIL AVGJERD HOS ARBEIDSTILSYNET - GJENNOMFØRING AV VEDTAK I ARBEIDSMILJØUTVALET

Samnanger kommune sendte i skriv av 4.10.2013 ei oppmoding til arbeidstilsynet å sjå nærare på ei problemstilling som galdt gjennomføring av vedtak i AMU.

Eg stadfester med dette at oppmodinga kjem frå Samnanger kommune v. ordføraren.

Me voner på ei snarleg tilbakemelding.

Med helsing

Marit Aksnes Aase
ordfører

Kopi til:
Arbeidstilsynet v. Evy Dale

Vedlegg 11

Brev frå Arbeidstilsynet datert 25.10.2013



SAMNANGER KOMMUNE
v/Ordfører Marit Aksnes Aase
Tyssevegen 217
5650 TYSSE

Fremlegging av sak til avgjørelse hos Arbeidstilsynet

Det vises til tidligere korrespondanse i forbindelse med henvendelse fra arbeidsgiver i Samnanger kommune. Sist i brev av 10.10.2013. I dette dokumentet stiller ordfører seg bak den henvendelsen som kommunens Arbeidsmiljøutvalg (AMU) har sendt Arbeidstilsynet i brev av 4. oktober 2013.

Saken relaterer seg til vedtak AMU-009/13 og anmodning om at Arbeidstilsynet "tar avgjerd i spørsmål om gjennomføring av AMU sitt vedtak om faktaundersøking".

I sakens anledning finner Arbeidstilsynet det nødvendig å informere om følgende betingelser knyttet til arbeidsmiljølovmessige forhold;

- Arbeidsmiljøloven § 3-1, bokstav c) pålegges arbeidsgiver å kartlegge farer og problemer og på denne måten vurdere risikoforhold i virksomheten, utarbeide planer og iverksette tiltak for å redusere risikoen. Utgangspunktet vil derfor være at pågående situasjon i tilknytning til AMU-009-13 blir fulgt opp av arbeidsgiver.
 - Dersom arbeidsgiver beslutter ikke å tilrettelegge for vedtak "AMU-009-13" så må dette begrunnes. Begrunnelsen bør inneholde arbeidsgivers vurdering av undersøkelsens betydning for å finne ut av eventuell helsefare.
 - Videre vises det til at Samnanger kommune har utviklet en "Varslingsplakat" der prosedyren i forbindelse med varslinger blir beskrevet. Dette omhandler blant annet definisjon av begrepet "varsling" og beskrivelser som blant annet angår målsetting med varslingsplakaten (prosedyren), rettigheter og plikter, varslingsform og opprettelse av "varslingsgruppe".
 - Varslingsplakaten er et styringsverktøy i virksomhetens internkontrollsystem og betinger at arbeidsgiver behandler "varslingssaker" ut fra arbeidsmiljølovens krav og i sammenheng med kommunens egen "Varslingsplakat".
2. Arbeidsmiljøloven setter vilkår for Arbeidstilsynets behandling av oversendt sak fra AMU:
- Med hjemmel i arbeidsmiljøloven § 7-2, femte ledd, andre setning, kan AMU vedta at *arbeidsgiver skal utføre målinger eller undersøkelser av arbeidsmiljøet for å kartlegge om det foreligger helsefare.*

Det er viktig å understreke at denne bestemmelsen er en "spesialhjemling" som gir



AMU mulighet for å fatte vedtak som synes påkrevet for å verne arbeidstakernes liv og helse.

- Med hjemmel i arbeidsmiljøloven § 7-2, femte ledd kan saker fremlegges fra arbeidsgiver til Arbeidstilsynet dersom arbeidsgiver ikke finner å kunne gjennomføre AMU sitt vedtak.

Arbeidstilsynet har vurdert saken ut fra den informasjon og de fakta som fremkommer av oversendte saksdokumenter. Ut fra dette kan vi ikke se at arbeidsgiver på nåværende tidspunkt har fattet en endelig beslutning om ikke å gjennomføre AMU sitt vedtak. I sitt vedtak "FORM-037/13" har arbeidsgiver imidlertid bedt om at AMU "*vurderer nye moment i saken og om å vurdere ei breieare utgreiing. Ein løyver ikkje midlar pr i dag*", det vil si den 30.09.2013.

Av overfor nevnte forhold kan Arbeidstilsynet per dags dato ikke ta avgjørelse knyttet til AMU sitt vedtak om faktaundersøkelse. Før vi eventuelt tar avgjørelse, må arbeidsgiver fatte endelig vedtak om å avvise AMU sin beslutning om gjennomføring av faktaundersøkelse knyttet til varslings sak. Dersom dette blir gjort, kan arbeidsgiver oversende saken til Arbeidstilsynet for avgjørelse.

Dette til orientering.

Vi ber om at du oppgir vårt referansenummer 2013/33520 ved svar.



Med hilsen
Arbeidstilsynet

Marita Scott
tilsynsleder
(sign.)

Evy Dale
seniorinspektør
(sign.)

Dette brevet er godkjent elektronisk i Arbeidstilsynet og har derfor ingen signatur.

Kopi til:
Virksomhetens hovedverneombud

Vedlegg 12

Tilleggsvarsling datert 14.11.2013

Vedlegget er unnateke frå offentleg innsyn.



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Jan Erik Boge	Arkivkode: FE-033, TI-&58
Arkivsaksnr: 10/267	Løpenr: 13/6315
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Kommunestyret	18.12.2013	071/13	JEB

KRAV OM LOVLEGKONTROLL AV KOMMUNESTYRETVEDTAK I SAMNANGER 06.11.2013

Dokument som er vedlagt:

Krav om lovlegkontroll

Dokument som ikkje er vedlagt:

Kommunelova

Lov og forskrift om offentlege anskaffelser

Kommunal- og regionaldepartementet sin rettleiar for lovlegkontroll

Innkjepsreglement for Samnanger kommune

Kva saka gjeld:

Kommunestyret handsama 25.09.2013 sak 047/13 ”gjennomgang av interpellasjon om brot på teieplikta”. Interpellasjonen som var grunnlaget for saka kom inn til kommunestyremøtet 17.04.2013. Saksutgreiinga i sak 047/13 vart gjort av setjerådmann/kommuneadvokat frå Fjell kommune. Kommunestyret vedtok 25.09.2013 å godta setjerådmannen sin konklusjon om at det ikkje var funne brot på teieplikta. Vedtaket vart gjort med 12 mot 9 røyster.

Til kommunestyremøtet 06.11.2013 kom det inn ein interpellasjon med tittelen ”interpellasjon vedrørande teieplikt og hendingar i kommunestyret 06.03.2013”. Det vart i interpellasjonen stilt spørsmål ved setjerådmannen sitt arbeid/saksutgreiing i sak 047/13. Interpellantane foreslo at det skal gjerast ein ny gjennomgang av interpellasjonen om brot på teieplikta og at ”brev om hendingar

i kommunestyret 06.03.2013” vert vedlagt saka. Det vart vidare foreslått at advokat Harald Hove skal setjast til denne oppgåva.

Kommunestyret vedtok 06.11.2013 at interpellasjonen om brot på teieplikta skal gåast gjennom på nytt, og at advokat Harald Hove vert sett til oppgåva med å vurdera interpellasjonen og omtalen av hendingar i kommunestyret 06.03.2013. Vedtaket vart gjort med 13 mot 8 røyster.

Tre kommunestyrerepresentantar, Liv Berit Kvernes Befring, Brigte Olav Gåsdal og Øyvind Strømmen, har sendt brev til ordføraren med krav om lovlegkontroll av kommunestyret sitt vedtak 06.11.2013. Kravet vart motteke av ordføraren 27.11.2013. Befring, Gåsdal og Strømmen ber om følgjande:

1. At det vert kontrollert om kommunestyret gjennom vedtaket 06.11.2013 har brote lov/forskrift om offentlige anskaffelser.
2. At det vert kontrollert om det er høve til at kommunestyrerepresentantar overtek oppgåver som ”rådmannen skal ha”.
3. At iverksetjing av kommunestyret sitt vedtak 06.11.2013 vert utsett til ein har fått gjennomgang av lovlegkontroll av vedtaket.

Generelle reglar om lovlegkontroll

Lovlegkontroll er heimla i § 59 i kommunelova. Etter § 59.1 kan tre eller fleire medlemmer av kommunestyret bringa vedtak gjort av folkevalt organ eller den kommunale administrasjonen inn for departementet til lovlegkontroll. I praksis vert lovlegkontroll av kommunale vedtak i mange tilfelle gjort av fylkesmannen.

Krav om lovlegkontroll skal etter kommunelova § 59.2 setjast fram for det organet som har gjort det aktuelle vedtaket. Dersom dette organet opprettheld vedtaket, vert saka oversendt til departementet/fylkesmannen.

Etter kommunelova § 59.3 medfører ikkje krav om lovlegkontroll at iverksetjinga av vedtaket som det er klaga på vert utsett med mindre kommunestyret sjølv eller departementet/ fylkesmannen gjer vedtak om dette.

Etter § 1 i forskrift om tidsfrist for krav om lovlighetskontroll er fristen for å krevja lovlegkontroll tre veker etter at vedtaket er gjort.

Reglar om lovlegkontroll av vedtak om ”offentlige anskaffelser”

Etter kommunelova § 59.1 kan spørsmål om det ligg føre brot på bestemmelsar gitt i eller i medhald av lov om offentlege anskaffelser ikkje gjerast til gjenstand for lovlegkontroll.

I punkt 6.1.6 i Kommunal- og regionaldepartementet sin rettleiar for lovlegkontroll står mellom anna følgjande om dette unnataket:

Dette innebærer ikke at kommunale avgjørelser om offentlige anskaffelser unntas lovlighetskontroll i sin helhet. Det vil fortsatt være adgang til å kontrollere om det eventuelt foreligger brudd på andre offentligrettslige regler, for eksempel om det har skjedd brudd på forvaltningsloven eller kommunelovens bestemmelser i forbindelse med kommunens håndtering av anskaffelsen. Det er kun spørsmål om det foreligger brudd på anskaffelsesregelverket som ikke lenger kan gjøres til gjenstand for kontroll etter § 59 nr. 1.

Lovlighetskontroll av kommunestyrevedtak i Samnanger 6.11.2013

Frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet.

Veileder og regler for offentlig anskaffelse.

"14.2.1 Innledning Kjøp etter forskriftens del I omtales ofte som «direkte anskaffelser».

Departementet mener dette begrepet kan være misvisende, fordi det leder tanken hen på at oppdrags-giver kan gå direkte til én leverandør, uten å avholde en konkurranse.

Utgangspunktet er imidlertid at det skal være en reell konkurranse forut for anskaffelsen.

For å unngå mis-forståelser velger derfor departementet å benytte samlebegrepet «kjøp etter forskriftens del I» for disse anskaffelsene.

Forskriftens del I inneholder ikke de samme detaljerte krav til prosedyren som del II og III i forskriften. Det stilles blant annet ikke eksplisitte krav til kunngjøring, eller hvordan konkurransegrunnlag eller tilbud skal utformes. Lovens formål om effektive anskaffelser tilsier at oppdragsgiver gis større fleksibilitet til å bestemme hvordan disse anskaffelsene skal gjennomføres.

Oppdragsgiver må imidlertid følge de grunnleggende kravene i anskaffelsesregelverket, jf. lovens § 5 og forskriftens § 3-1. Dette innebærer blant annet et krav om konkurranse så langt det er mulig, at en skal følge god forretningsskikk, likebehandle leverandører, og sikre forutberegnlighet, gjennomsiktighet og etterprøvbarhet. Videre følger det av forholdsmessighetsprinsippet at konkurransen skal gjennomføres på en måte som står i forhold til anskaffelsen. For en nærmere gjennomgang av de grunnleggende prinsippene vises det til kapittel 5.

5.1.2 Forholdsmessighet Oppdragsgiver skal gjennomføre konkurransen på en måte som står i forhold til anskaffelsen, jf. forskriftens § 3-1 femte ledd. Dette blir ofte kalt forholdsmessighetsprinsippet eller proporsjonalitetsprinsippet.

Det følger av dette prinsippet at kravene til oppdragsgivers fremgangsmåte øker proporsjonalt med anskaffelsens verdi. Prinsippet kommer derfor inn ved fortolkningen av de øvrige grunnleggende prinsippene som gjennomgås nedenfor.

Forholdsmessighetsprinsippet har fått sitt uslag i flere av forskriftens bestemmelser. Det er blant annet i samsvar med prinsippet at oppdragsgiver ikke må oppstille mer omfattende krav til leverandørene enn det som er nødvendig og rimelig i forhold til anskaffelsen, jf. forskriftens § 8-4 annet ledd og § 17-5 annet ledd. Se for øvrig departementets Beste Praksis-veileder.

Eksempel: Kommune A skal kjøpe inn to nye spesialtilpassede kontorstoler til en beregnet verdi på 10 000 kr, mens kommune B skal anskaffe møbler til det nye rådhuset til en beregnet verdi på 450 000 kr. Begge anskaffelsene følger forskriftens del I. Det følger av forholdsmessighetsprinsippet at kravene til oppdragsgivers fremgangsmåte øker proporsjonalt med anskaffelsens verdi. Forholdsmessighetsprinsippet tilsier derfor at det stilles strengere krav til anskaffelsesprosessen i kommune B, enn til kommune A, da anskaffelsen har høyere verdi. For eksempel vil forholdsmessighetsprinsippet kunne tilsi at kommune B må invitere flere leverandører til konkurransen enn kommune A.

5.1.3 Krav til konkurranse Oppdragsgiver plikter å sørge for at anskaffelsen så langt som mulig baserer seg på konkurranse, jf. lovens § 5 annet ledd og forskriftens § 3-1 første ledd. Bakgrunnen for kravet er at konkurranser anses som et egnet virkemiddel for å sikre

en mest mulig effektiv ressursbruk i det offentlige, og bidra til økt verdiskapning i samfunnet i samsvar med lovens formål.

Kravet til konkurranse gjelder uavhengig av anskaffelsens art og verdi. Oppdragsgiver plikter derfor også «så langt det er mulig» å sikre konkurranse om anskaffelser som følger fremgangsmåten i forskriftens del I, for eksempel for anskaffelser med en verdi under 500 000 kr. Se veilederens kapittel 14.2 om anskaffelser etter forskriftens del I.

Forholdsmessighetsprinsippet tilsier at kravet til hvordan konkurransen skal gjennomføres, og hvor mange aktører som skal være med i konkurransen, øker med anskaffelsens verdi og betydning, se kapittel 14.2."

Det overnemnte er henta fram med tanke på det vedtaket som vart fatta i Kommunestyret onsdag 6.11.2013 der interpellasjon frå Øyvind Røen, Sigmund Dyrhovden, Eva Hellevang og Ragnfrid Olsnes, vart sett fram. (sjå vedlegg til møteprotokoll frå 6.11.13)

Frå møteprotokollen:

"Interpellasjon vedrørande teieplikt og hendingar i kommunestyret 06.03.2013

Marit Aase (Krf) bad om å få vera ugild i handsaminga av interpellasjonen og om at varaordførar Brigt Olav Gåsdal (Ap) leia møtet under handsaminga.

Marit Aase gjekk frå medan gildskapen hennar vart handsama. Annbjørg Oma Langeland (Krf) tok plass i kommunestyret under handsaminga av Marit Aase sin gildskap. Marit Aase vart funnen ugild med 19 mot 2 røyster. Monica Tjønnå (Sp) og Øyvind Røen (Sp) røysta for at Marit Aase skulle vera gild i saka. Dei andre representantane røysta for at ho skulle vera ugild.

Brigt Olav Gåsdal leia kommunestyret under handsaminga av interpellasjonen.

Eva Hellevang (H) vart etter framlegg frå Brigit Olav Gåsdal samrøystes vald som setjevaraordførar under handsaminga av interpellasjonen.

Ein av interpellantane, Sigmund Dyrhovden (Krf), la fram interpellasjonen for kommunestyret. Han informerte om at interpellantane ønskte å gjera ei endring i framlegget sitt til vedtak. Endringa går på at Sigmund Dyrhovden, Øyvind Røen og Birthe Skar-Moum ikkje skal verta "utnemnde til å ha den løpande kontakten med advokat Harald Hove", men at dei i staden skal vera "ansvarlege for å overlevera alle tilgjengelege dokument og for å vera tilgjengelege til å svara på spørsmål frå advokat Harald Hove".

Brigt Olav Gåsdal la fram ordføraren sitt svar på interpellasjonen. Han orienterte om at det var følgjande feil i det som står i ordføraren sitt svar:

Det står i eit avsnitt i ordføraren sitt svar at Birthe Skar-Moum er ein av interpellantane.

Dette er ikkje rett. Det viser seg at brevet som er lagt ved interpellasjonen ikkje er ein omarbeidd versjon av det opprinnelege brevet om hendingar i kommunestyret 06.03.2013. Brevet som er lagt ved interpellasjonen er det opprinnelege brevet som kommunestyrerepresentantane skreiv etter kommunestyremøtet 06.03.2013.

Ein av interpellantane, Øyvind Røen (Sp), orienterte om at det berre er interpellasjonen om brot på teieplikta som vert foreslått gjennomgått på nytt, ikkje interpellasjonane mot ordføraren og rådmannen.

Heidi Totland Arnesen (Ap) orienterte på vegner av seg sjølv og Janne Drevsjø (Bl) om korleis dei har opplevd hendingane i kommunestyret 06.03.2013 og det som har skjedd i tida etterpå. Ho sa det var viktig for dei at saka vert avslutta så snart som mogleg. Ho bad om å få ei offentleg orsaking på det som skjedd i kommunestyret 06.03.2013 og det som har skjedd i tida etterpå.

Heidi Gjerde (Ap) leverte inn ein protokollmerknad i saka, på vegner av seg sjølv, Brigit Olav Gåsdal (Ap), Liv Berit K. Befring (Ap) og Vidar Tveiterås (Ap). Protokollmerknaden vart lest opp av Heidi Gjerde i møtet og følgjer som vedlegg til møteprotokollen.

Det vart gjennomført todelt røysting i saka. Det vart først gjennomført røysting der det første avsnittet i ordføraren sitt framlegg til vedtak vart sett opp mot framlegget til vedtak i del 1 i interpellasjonen. 13 representantar røysta for framlegget i interpellasjonen, medan 8 representantar røysta for ordføraren sitt framlegg. Birthe Skar-Moum (Ap) bad om at brevet om hendingar i kommunestyret 03.06.2013 vert underskrive før det vert offentleggjort.

Følgjande representantar røysta for framlegget i del 1 av interpellasjonen:

Bjarne Hauge (Krf)
Sigmund Dyrhovden (Krf)
Birthe Skar-Moum (Ap)
Heidi Totland Arnesen (Ap)
Eva Hellevang (H)
Miriam Hisdal Haga (H)
Øyvind Røen (Sp)
Monica Tjønnå (Sp)
Roy Helge Haug (Frp)
Morten Røen (Frp)
Norvald Gjerde (Frp)
Gunnar Bruvik (Frp)
Janne Drevsjø (Bl)

Følgjande representantar røysta for første avsnitt i ordføraren sitt framlegg:

Brigt Olav Gåsdal (Ap)
Liv Berit Kvernes (Ap)
Vidar Tveiterås (Ap)
Heidi Gjerde (Ap)
Jens Harald Abotnes (Krf)
Annbjørg Oma Langeland (Krf)
Anja Marken (Bl)
Øyvind Strømmen (Bl)

I den andre delen av røystinga vart det siste avsnittet i ordføraren sitt framlegg sett opp mot framlegget til vedtak i del 2 av interpellasjonen. Før røystinga påpeika rådmann Tone Ramsli at det etter reglane i kommunen sitt innkjøpsreglement så langt som mogleg skal innhentast pristilbod frå 2-3 leverandørar for innkjøp/kontrakter med verdi mellom 30 000 og 100 000 kroner.(mi understreking)

13 representantar røysta for framlegget i interpellasjonen, medan 8 representantar røysta for ordføraren sitt framlegg.

Følgjande representantar røysta for framlegget i del 2 av interpellasjonen:

Bjarne Hauge (Krf)
Sigmund Dyrhovden (Krf)
Birthe Skar-Moum (Ap)
Heidi Totland Arnesen (Ap)
Eva Hellevang (H)
Miriam Hisdal Haga (H)
Øyvind Røen (Sp)
Monica Tjønnå (Sp)
Roy Helge Haug (Frp)
Morten Røen (Frp)
Norvald Gjerde (Frp)
Gunnar Bruvik (Frp)
Janne Drevsjø (Bl)

Følgjande representantar røysta for andre avsnitt i ordføraren sitt framlegg:

Bright Olav Gåsdal (Ap)
Liv Berit Kvernes (Ap)
Vidar Tveiterås(Ap)
Heidi Gjerde (Ap)
Jens Harald Abotnes (Krf)
Annbjørg Oma Langeland (Krf)
Anja Marken (Bl)
Øyvind Strømmen (Bl)

Etter handsaminga gjekk Annbjørg Oma Langeland frå. Marit Aase tok plass att i kommunestyret og overtok møteleiinga. Brigit Olav Gåsdal gjekk inn att som varaordførar og Eva Hellevang gjekk frå som setje-varaordførar.

VEDTAK:

Brevet om hendingar i kommunestyret 06.03.2013 vert offentleggjort slik det ligg føre i dag.

Interpellasjonen om brot på teieplikta vert gått gjennom på nytt. Vedlagt saka vert brev om hendingar i kommunestyret 06.03.2013, slik brevet framstår i dag, i tillegg til sjølve interpellasjonen.

Advokat Harald Hove vert sett til oppgåva med å vurdera interpellasjonen og omtalen av hendingar i kommunestyret 06.03.13 på nytt. Det vert sett ei økonomisk ramme på kr 50 000. Pengane vert henta frå midlar avsett til lønsoppgjeret.

Sigmund Dyrhovden, Øyvind Røen og Birthe Skar-Moum vert ansvarlege for å overlevera all nødvendig dokumentasjon og vere tilgjengelege for adv. Hove ved eventuelle praktiske spørsmål".

Sitat slutt.

Kommunestyrerepresentantarane Liv Berit Kvernes Befring, Brigit Olav Gåsdal og Øyvind Strømen ber om lovlighetskontroll av vedtaket i dene saka, ut frå § 59 i Kommunelova.

Grunngjeving:

"Ved lovlighetskontroll skal det tas stilling til om avgjørselen

- a. er innholdsmessig lovlig,
- b. er truffet av noen som har myndighet til å treffe slik avgjørelse, og
- c. er blitt til på lovlig måte" (Kommunelova § 59)

Som det går fram av møteprotokollen, så vart det her vedteke å gå gjennom sak om brot på teieplikt på nytt og at ein skulle be Advokat Hove å gjennomgå og vurdere intepelasjonen og omtalen av hendingar i kommunestyret 06.03.13, med ei kostnadsramme på kr. 50 000. Til trass for rådmannen si påpeiking om Kommunen sitt eige innkjøpsreglement, vart det ikkje sett fram forslag om å rette forespurnad til fleire . Vedtkaket om at det skal gå direkte til Advokat Hove fekk fleirtal.

Som vi har vist frå veileder til Lov om offentleg anskaffelse henta frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet, så er her verken følgt lov eller lov og forskrift om offentleg anskaffelse, heller ikkje kommunen sitt eige reglemang for innkjøp, dette er vedteke av kommunestyret.

Underteikna ynskjer ein gjennomgang av vedtaket og kontroll av om Kommunestyret her bryt loven ved å ikkje konkuransetsetje dette oppdraget gitt til Advokat Hove, uten at andre har fått anledning til å tilby sine tenester, dette for å kunne ettergå denne gjennomgangen. "Dette innebærer blant annet et krav om konkurranse så langt det er mulig, at en skal følge god forretningsskikk, likebehandle leverandører, og sikre forutberegnlighet, gjennomsiktighet og etterprøvbarhet" (Frå veileder om off.anskaffelser Kommunal- og administrasjonsdep). Som det går fram av vedtaket så er det tre kommunestyrerepresentantar som skal styre dette, uten kontroll av administrasjonen. Det er ikkje stilt krav til kva ramme vedkommande advokat skal jobbe innanfor og kva kompetanse han har på eit slikt felt.

Ei anna viktig sak er at denne saka allerie er belyst frå Setjerådmann frå Fjell (viser her til referat frå denne saka i møte 25.09.2013 frå Kommuneadvokat Dag-Heine Bjørndal sitt arbeide i saka), det var eit vedtak om dette i Kommunestyret, som fekk fleirtal og som er

lagt fram for Kommunestyret etter behandling av denne saka så vart det fleirtal for å ta denne gjennomgangen av "brot på teieplikt" til etterretning. Setjerådmann frå Fjell fann at det ikkje hadde foregått brot på teieplik i denne saka.

1. Kan Kommunestyret på ein slik måte omgå reglar om offentleg innkjøp?
2. Kan representantar i Kommunestyret på ein slik måte overta oppgåver rådmannen skal ha?
3. Ein vil også be om utsett iverksetting av vedtaket til ein har fått gjennomgang av lovlegkontroll av vedtaket.

Sitat frå Komm.- og regionaldep. § 59

"Det organet som har truffet avgjørelsen, overordnet organ eller departementet, kan bestemme at avgjørelsen ikke skal iverksettes før lovlighetsklagen er avgjort, jf. § 59 nr. 3. Normalt vil det ikke være aktuelt å ta stilling til utsatt iverksettelse av avgjørelsen så lenge dette spørsmålet ikke er reist.

Det har vært reist spørsmål om slik utsatt iverksettelse kan bestemmes av Fylkesmannen i forbindelse med at en sak tas opp til kontroll av eget initiativ. Det har blant annet vært pekt på at bestemmelsens plassering i loven kan ha betydning. Bestemmelsen om utsatt iverksettelse står i nr. 3, mens bestemmelsen om kontroll av eget tiltak står i nr. 5. Departementet legger til grunn at dette i seg selv ikke kan ha avgjørende betydning. Innholdet i prøvingsretten fremgår av nr. 4, men gjelder selvsagt også ved overprøving etter nr. 5 (eget tiltak). Også i de tilfellene hvor Fylkesmannen tar opp en sak på eget initiativ etter § 59 nr. 5, kan det vurderes om iverksettelse av avgjørelsen skal utsettes.

Departementet vil likevel presisere at konsekvensene av utsatt iverksetting bør vurderes nøye før slik beslutning treffes i slike tilfeller.

Spørsmålet om utsatt iverksettelse vil mest sannsynlig først bli aktuelt der Fylkesmannen har rimelig gode indikasjoner på at avgjørelsen er ulovlig. Utsatt iverksettelse må vurderes i forhold til avgjørelsens innhold, der vurderingstemaet blir om det har uheldige virkninger at avgjørelsen blir stående tross ulovlighet. Slik utsatt iverksettelse vil i noen tilfeller være av stor betydning, for eksempel der avgjørelsen går ut på at en bygning skal rives eller et større anleggsarbeid skal igangsettes". Sitat slutt

I dette tilfelle er me bekymra for at ein slik gjennomgang vil gå ut over tilliten til korleis ei undersøkjing og måten tildeling og oppdraget har foregått på. Vidare skal vedtaket kunna etterprøvast.

Liv Berit Kvernes Befring

Brigt Olav Gåssdal

Øyvind Strømmen



Informasjonsnotat / orientering

Til:

Kommunestyret

Frå:

Marit Aksnes Aase

KOMMUNEREFORM/KOMMUNESTRUKTUR*Saknr/Journalnr*

13/783/13/6545/ORD/MAA

Arkivkode

FE-002

Dato:

11.12.2013

Kommunestyret ynskjer ein debatt om kommunereform/kommunestruktur. Dette for sjølv i god tid å kunna gje innspel til korleis Samnanger skal forhalda seg til ulike kart og meiningar om kven me skal samhandla vidare med, den dagen me evt ikkje skal vera eigen kommune lengre.

Dei siste signala frå regjeringa er at statsministeren og kommunalministeren nyleg har hatt møte med dei parlamentariske leiarane i Stortinget om prosessen for ei kommunereform. Slik eg ser dette møtet referert vart det ikkje teke nokon konklusjon på dette første møtet, men partia vart einige om å halda fram med diskusjonane om prosessen i kommunalkomiteen. Stortinget og KS skal få gje innspel framover, seier kommunalminister Jan Tore Sanner. Stoltenberg vert sitert på at han meiner drøftingane om sjølve innhaldet i reforma må skje i Stortinget, ved at regjeringa legg fram sitt forslag, på same måte som førre regjering la fram forslag til pensjonsreform og klimapolitikk, med ynskje om breie forlik.

Det er såleis venta at det utover våren skal koma nokre overordna signal om tidsplan og innhald i vidare prosessar, også dei prosessane som skal gå lokalt. Det er lite som tyder på at kommunestrukturen kjem til å endra seg gjennom såkalla tvang med det første.

Stikkord for moment som treng avklarast og som er spelt inn både frå dei ulike partia og KS er i hovudsak følgjande:

Fylkesmannen og fylkeskommunen sin framtidige status.

Kva skal ein kommune vera – innhald/ oppgaver/ tal innbyggjarar.

Demokratiaspektet.

Skal storbyane ”fredast” for deltaking i prosessane.

På grunn av mange saker som er komne på sakskartet til 18.12.13 vert den innleiande debatten omkring dette temaet sett opp på det første kommunestyremøte i 2014. Formannskapet oppsummerer då sitt arbeid så langt. Slik eg ser det må me ha eit nytt større debattmøte når Storting og regjering har gitt tydelegare ”bestilling” på kva me skal få meina noko om og kunna ha ein reell medverknad i høve til.



Informasjonsnotat / orientering

Til:

Ordfører

Frå:

Jan Erik Boge

MØTEPLAN FOR 2014*Saknr/Journalnr*

13/320/13/6546/INT/JEB

Arkivkode

FE-033

Dato:

11.12.2013

Som vedlegg til dette notatet følger møteplan for kommunestyret og politiske utval for 2014. Det er førebels ikkje sett opp møtedatoar for arbeidsmiljøutvalet, eldrerådet, ungdomsrådet og rådet for personar med nedsett funksjonsevne.

Vedlegg:

Møteplan 2014 - oppdatert 10.12.2013



Møteplan for politiske møte 2014

Dei ulike politiske utvala	Januar	Februar	Mars	April	Mai	Juni	Juli	August	September	Oktober	November	Desember
Kommunestyret			5		7	18			24		5	17
OO		18		8	20				2	14	25	
Natur		19		9	21				3	15	26	
Formannskap		12		28/29		4			10	22	12/13	3*
Adm-utvalet		12				4			10	22		3*
AMU												
Kontrollutvalet			11	23					11	28		2
Eldrerådet												
Ungdomsrådet												
Rådet for personar med nedsett f. evne												

* møtet vert dersom det er naudsynt

OO tirsdagar, natur, formannskap og kommunestyret onsdagar

Sendt: 11. desember 2013 12:21

Til: Marit Aksnes Aase

Emne: Re: Status på arbeidet i høve vedtak i kommunestyret 06.11.13 "Interpellasjon om brot på teieplikta vert gått gjennom på nytt".

Ordfører Marit Aase

Om arbeidet med ny gjennomgang av interpellasjon om brot på teieplikta

Gruppa som vart vald 6.11, har hatt to møte; eitt planleggingsmøte og eitt møte med advokat Harald Hove i Bergen. Hove har teke på seg oppdraget og reknar med å vera ferdig med arbeidet i midten av januar. Han har fått overlevert ein del dokument som vedrører saka, og vil planleggja vidare framgangsmåte ut frå desse.

Gruppa drøfta med Hove at det er kravd legalitetskontroll av vedtaket 6.11. Han er klar på at arbeidet hans ikkje skal stogkast av dette kravet. (Han har visstnok skrive om dette i ei lærebok.)

Elles seier Harald Hove at eit mål for han vil vera å hjelpa kommunen med reglane for offentlegheit og levera ein rapport som heile kommunestyret kan festa lit til. Frå gruppa si side var me tydelege på at me ikkje ønskte ein partsadvokat for fleirtalet i kommunestyret, men ei objektiv drøfting på grunnlag av tilgjengelege fakta i saka. Dette i motsetnad til arbeidet Dag Heine Bjørndal gjorde.

Øyvind Røen